




FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

TILRÅDING

Framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal

1. OKTOBER 2016





Innhald

FORORD	side 3
<hr/>	
1. Innleiing- Bakgrunn for oppdraget	side 4
2. Fylkesmannen sitt arbeid med kommunereforma	side 6
3. Tilråding- Framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal	side 8
4. Drøfting	side 12
5. Faktadel	
- Fylket	side 32
- Kommunane	side 39
Vedlegg: (elektroniske lenker- www.fylkesmannen.no/mr)	side 184
• Kommunane sine endelege vedtak våren 2016	
• Intensjonsavtalane	
• Interkommunale samarbeid	
Kjelder	side 184

Forord

Fylkesmannen har fått i oppdrag frå Stortinget å gi ei tilråding om framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal, jf. [Kommuneproposisjon 2015](#).

I [oppdragsbrevet](#), datert 24. juni 2014, frå [Kommunal- og moderniseringsdepartementet](#) (KMD) til Fylkesmennene står det mellom anna;

«Kommunene skal fatte kommunestyrevedtak innen sommeren 2016, og disse skal meldes inn via Fylkesmannen. I tillegg skal Fylkesmannen på selvstendig grunnlag gjøre en vurdering av de samlede kommunestyrevedtakene der det legges vekt på helheten i regionen og fylket. I Fylkesmannens tilbakemelding til departementet bes det om at det blir gjort en vurdering om vedtakene er i tråd med hovedmålene i reformen, jf. kap. 4 i kommuneproposisjonen for 2015.»

Behovet for ei kommunereform har sin bakgrunn i store endringar i det norske samfunnet dei siste 50 åra. Kommunane har gjennom desse åra fått fleire og meir kompetansekreivande oppgåver, flyttestraumen mot store og mellomstore byregionar har auka, og geografiske føresetnadar har endra seg gjennom nye kommunikasjonsløysingar.

I følge [Perspektivmeldinga 2013](#) vil kommunane stå framfor store demografiske utfordringar i åra framover, og med auka krav til kapasitet og kompetanse på ei rekke kommunale tenesteområde.

I [Statistisk Sentralbyrå](#) sine framskrivingar tyder det på at dei fire største byregionane i landet vil få ein folketalsauke på 27 prosent fram mot 2030, og 36 prosent fram mot 2040. For dei 16 mellomstore byregionane er tilsvarande tal 21 prosent og 29 prosent. Dette vil gi store utfordringar også i vårt fylke rundt byane med omsyn til areal, infrastrukt-

tur og ikkje minst kommunane sine lovpålagde oppgåver overfor innbyggerane. Samstundes veit vi at det er nedgang/stagnasjon i folketalet i dei fleste landkommunane våre, færre unge og færre yrkesaktive i kombinasjon med ei auka aldrande befolkning gir utfordringar med å tilby gode og likeverdige tenester til innbyggerane.


Som nemnt over har kommunane og Fylkesmannen fått kvar sine oppdrag i arbeidet med kommunereforma. Fylkesmannen er imponert over innsatsen som kommunane har lagt inn i dette arbeidet – både internt i eigen kommune og i samarbeid med sine nabokommunar.

Fylkesmannen vil takke kommunane for eit godt samarbeid omkring kommunereforma, ein spesiell takk til kontaktpersonar, ordførarar og rådmenn. Ein stor takk også til regionråda, styringsgruppa, Tenketanken, prosjektgruppa og ulike samarbeidsgrupper. Fylkesmannen rettar også ein takk til [KS lokalt](#), [Møre og Romsdal fylkeskommune](#), inklusiv Ungdomspanelet, [NIVI analyse](#) og [Distriktsenteret](#) som alle har hatt viktige bidrag inn til arbeidet med kommunereforma.

Molde 1. okt. 2016



Lodve Solholm



1. Innleiing

bakgrunn for oppdraget

1.1 Nasjonale mål og kriterium for å vurdere framtidig kommunestruktur

Kommunereforma skal legge til rette for at fleire kommunar slår seg saman til større og meir robuste kommunar. Hovudmålet er å skape færre og større kommunar som gir betre kapasitet til å ivareta og vidareutvikle lovpålagde oppgåver, betre moglegheiter til å utvikle berekraftige og gode lokalsamfunn, samt ivareta viktige frivillige oppgåver. Reforma tar utgangspunkt i generalistkommuneprinsippet, som tilseier at alle kommunar sjølve skal kunne løyse sine lovpålagde oppgåver. Kommunestrukturen skal legge til rette for ei heilskapleg og oversiktelege forvaltning.

Hovudmåla i kommunereforma

- Gode og likeverdige tenester
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Fylkesmannen vil understreke at endringar i kommunestrukturen ikkje er eit mål i seg sjølv. Fylkesmannen er beden om å vurdere kommunale vedtak om kommunestruktur opp i mot hovudmåla i kommunereforma ut i frå eit heilskapleg perspektiv.

Fylkesmannen har tatt utgangspunkt i, og legg til grunn i si vurdering, dei 10 faglege kriteria for god kommunestruktur som er utvikla og definert av [Regjeringa sitt ekspertutval](#) for kommunereforma. Kriteria er knytt opp mot fire roller som definerer dagens kommunar.

Roller som definerer dagens kommunar

- Lovpålagt tenesteyting
- Ansvar for samfunnsutvikling

- Ansvarleg for offentleg utøving av mynde
- Rolle som demokratisk arena for innbyggjarane

1.2 Grunnlaget for tilrådinga

Stortinget vedtok 18. juni 2014 at kommunane skulle sette i gang arbeid med ei kommunereform - gjennomføre gode prosessar og fatte eit endeleg vedtak innan 1. juli 2016 om framtidig kommunestruktur for eigen kommune. I [meldingsdelen til kommuneproposisjon 2015 \(Prop. 95 S\)](#) blir det skissert bakgrunn, mål og organisering for oppdraget til kommunane og fylkesmennene. Seinare har kommunane fått [utsett frist til 31. desember 2016](#), til å gjere nye vurderingar av sine endelege vedtak om framtidig kommunestruktur.

Fylkesmennene har gjennom egne oppdragsbrev frå KMD fått spesifisert oppdraget sitt i samband med kommunereforma. Kort skissert er oppdraget til Fylkesmannen å vere ein tilretteleggar og koordinator for kommunane sitt arbeid med kommunereforma – og innan 1. okt. 2016 gi si heilskaplege tilråding på sjølvstendig grunnlag om framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal til KMD.

Viktige element som er lagt til grunn for Fylkesmannen si tilråding omfattar:

- Nasjonale mål for kommunereforma og faglege kriterium utarbeidd av Ekspertutvalet som regjeringa har oppnemnt i samband med reforma
- Relevant statistikk og faktagrunnlag om utfordringar for fylket samla- og for kvar kommune
- Lokale prosessar og vedtak frå kommunane
- Intensjonsavtalar, utgreiingar og anna relevant forskning
- Fylkesmannen sin eigen kunnskap om kommunane ut i frå tilsyn, plan-

arbeid, rettstryggleik og kontakt.

1.3 Tiltrådinga

Fylkesmannen si sjølvstendige tilråding går ut over dei forslag som det enkelte kommunestyre har vedtatt - og legg til grunn at det må arbeidast vidare med kommunereforma også i neste stortingsperiode. Vi viser til dei kommunale vedtaka i faktadelen om kommunane, sjå kap. 5.


Fylkesmannen skal ikkje - og har ikkje mynde til å overprøve kommunane sine vedtak om framtidig kommunestruktur for den einskilde kommunen. Fylkesmannen har fått i oppdrag å gi ei sjølvstendige tilråding ut i frå eit regionalt og heilskapleg bilde av kommunane i Møre og Romsdal. Tiltrådinga frå Fylkesmannen vil vere todelt:

• Tiltråding – framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal

Fylkesmannen drøftar kva som vil vere ei ideell løysing av kommunestrukturen ut i frå hovudmåla i kommunereforma, ekspertutvalet sine tilrådingar- og ikkje minst ut i frå lokal kunnskap om kommunane og fylket. Dette er eit råd til KMD og Stortinget som Fylkesmannen meiner er det beste for ein framtidig heilskapleg kommunestruktur i fylket.

• Endring av kommunestrukturen på kort sikt

Fylkesmannen drøftar her ei endring av kommunestrukturen på kort sikt. Fylkesmannen er innforstått med at det er ei frivillig reform som skal behandlast av Stortinget våren 2017. Dersom det blir ei kommunereform i fleire tidsfasar, vil Fylkesmannen peike på transaksjonskostnadene ved at nokre av kommunane kan risikere å bli involvert i fleire kommunesamanslåingar. Arbeidet med kommunereforma har



gitt kommunane og Fylkesmannen, betre og ny kunnskap om kvarandre og utfordringane vi har framfor oss. Tiltrådinga skal også kunne nyttast framover i tid, som beslutningsgrunnlag til nye vurderingar, endringar og utfordringar som heilt sikkert kjem. Fylkesmannen vel som vedlegg til dette dokumentet, å ta med oppdatert faktainformasjon frå fylket og kommunane. Dette i tillegg til vedtaka frå kommunane, intensjonsavtalar og søknader om grensejusteringar.

1.4 Vurderingsgrunnlag og tilnærming

Fylkesmannen si tilråding legg til grunn ei vurdering av sentrale faktorar for å gjennomføre ei heilskapleg kommunereform i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vil først gjere greie for si tilråding, og deretter gjere nærare greie for kva slags vurderingar og argumentasjon

som er lagt til grunn.

Fylkesmannen gjer i det følgande nærare greie for dei intensjonane som Regjering og Stortinget har lagt til grunn - og gir deretter si sjølvstendige vurdering av følgande viktige premissar:

- Behovet for ei kommunereform - og strukturelle hovudutfordringar i Møre og Romsdal
- Mål og kriterium for å vurdere framtidig kommunestruktur i fylket
- Vurdering av hovudutfordringar ved dagens kommunestruktur i fylket
- Vurdering av alternative løysingar til endringar i kommunestrukturen, inklusivt interkommunalt samarbeid
- Vurdering av kommunane sine egne reformprosessar – sett ut i frå mål og kriterium – og sett også ut i frå samla konsekvensar for kommune-

strukturen i fylket

Fylkesmannen vel å drøfte attståande utfordringar i fylket basert på dei lokale vedtaka frå kommunane per 1.7.2016 - og Fylkesmannen si tilråding under eitt. Eventuelle grensejusteringar og fylkesoverskridande utfordringar inngår også i drøftinga.

Vedlegga til tilrådinga er omfattande og viktige grunnlagsdokument. Fylkesmannen vil orientere i vedleggsdelen korleis ein finn fram til nærare fakta om den enkelte kommune eller fylket samla. I vedlegga finn ein fakta om fylket, eigne faktaark om kvar kommune, vedtaka frå kommunane, intensjonsavtalar, søknader om grensejusteringar mm.



FOTO: KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENTET

2. Fylkesmannen sitt arbeid med kommunereforma

2.1 Arbeidet med kommunereforma

Fylkesmannen i Møre og Romsdal starta formelt arbeidet med kommunereforma 3. januar 2014 med å vurdere framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal. Då inviterte Fylkesmannen sentrale aktørar frå offentleg og privat sektor, i tillegg til LO og NHO, til ei referansegruppe som fekk namnet TENKETANKEN.

Fylkesmannen har samla medlemmene i Tenketanken heile 10 gonger, og fått nyttige innspel og refleksjonar i arbeidet med kommunereforma. Sjølv starten for kommunereformarbeidet i Møre og Romsdal blei markert med ein oppstartskonferanse for kommunane 17. september 2014, og prosjektleiar vart tilsett 20. oktober same år.

Fylkesmannen har [prosjektorganisert arbeidet med kommunereforma slik:](#)

i Møre og Romsdal vedtok plan for arbeidet med kommunereforma fram til endelege vedtak våren 2016, og har gjennomført tiltak etter plan (eller revurdert plan), og endelege vedtak innan fristen 1. juli 2016.

Fylkesmannen bad hausten 2014 kommunane om å velge ein kontaktperson for kommunereforma. Kontaktpersonen har vore til god hjelp for Fylkesmannen i formidling av informasjon og tilrettelegging av arbeidet internt i kommunen – og i kontakten med nabokommunane og regionråda. Fylkesmannen har hatt eigne samlingar for kontaktpersonane saman med ordførarar og rådmenn.

Fylkesmannen har tildelt [skjønnsmiddel](#) til arbeidet med kommunereforma både i 2014, 2015 og 2016.

Kommunane har ønska at regionråda skulle støtte dei i å arrangere felles

for at denne arbeidsforma har vore effektiv og nyttig, noko Fylkesmannen også har hatt eit inntrykk av. Fylkesmannen har hatt eit nært samarbeid med prosjektleiarane i regionråda med å legge til rette og koordinere arbeidet med kommunereforma.

Fylkesmannen har gjeve ut informasjon om kommunereforma mellom anna gjennom media, nyhendeskriver, brev ut til kommunane og oppdatering av heimesida vår. Tilsvarende har kommunane på sine heimesider lagt ut oppdatert informasjon om kommunereformarbeidet.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har lagt ned ein stor og omfattande innsats i samband med kommunereforma. Fylkesmannen er særleg nøgd med at kommunane har tatt eigen kommune meir i «augesyn» sett ut i frå dagens og framtidens utfordringar, og også fått høve til å sjå utover eigen kommune. Dette inneber å løfte blikket og sjå utover seg sjølv, jf. [Regionale utviklingstrekk 2016](#).

Uavhengig av resultat - både i forhold til kva den einkilde kommune har vedtatt, og kva Stortinget vil vedta våren 2017 - vil kommunane og Fylkesmannen sitte igjen med nyttig kunnskap og erfaring til vidare arbeid med kommunale omstillings- og utviklingstiltak.



Figur 1: Prosjekt "Kommunereforma" hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Etter oppstartskonferansen sende Fylkesmannen ut eit brev til kommunane der det blei gitt ein del råd om vidare prosess, mellom anna ei oppmoding om at kommunen skulle utarbeide ein forpliktande plan for arbeidet med kommunereforma. Alle kommunane

møte, møteleiing, utgreiingar mm. omkring arbeidet med kommunereforma. Fylkesmannen har støtta denne arbeidsforma, og har derfor tildelt [skjønnsmiddel](#) til regionråda retta direkte mot arbeidet med kommunereforma. Kommunane har gitt uttrykk



Fylkesmannen og statsråden saman med ungdomsrepresentantar



Ungdomspanelet 30 januar 2015



Markering av vedtekne kommunesamanslåingar, juli 2016.



Bymøte 11. juni 2015



Siste møte i TENKETANKEN 31. august 2016



Gruppearbeid på kontaktpersonsamlinga 30. september 2015

3. Tilråding

Framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal

3.1 Tilråding av framtidig kommunestruktur

Fylkesmannen tilrår at framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal omfattar ein reduksjon frå 36 til 7 kommunar. I kvar av dei nye kommunane inngår to eller fleire av dagens kommunar.

Fylkesmannen har på bakgrunn av gjennomførte prosessar og eigne analysar, identifisert sju geografiske område i Møre og Romsdal som på sikt kan gi ein balansert og heilskapleg kommunestruktur. Det ligg godt til rette å slå saman kommunar som alle-reie er sterkt integrerte geografisk. På lengre sikt kan fleire kommunar bli

tettare integrert gjennom nye kommunikasjonsløyser og aktiv regionbygging. Dei sju områda det her blir peika på tilfredsstillar langt på veg nasjonale kriterium for god kommunestruktur. Fylkesmannen legg til grunn dei tolkingar og presiseringar av geografiske tilhøve som det blir gjort nærare greie for i drøftingskapitlet. Eventuelle justeringar av dagens kommunegrensar kan vere aktuelt for å gjere tilpassingar til dei nye kommunegrensene.

Fylkesmannen si tilråding om sju nye kommunar er basert på hovudmåla i kommunereforma og ekspertutvalet sine kriterium for god kommunestruktur. Tilrådinga er også basert på

Fylkesmannen sin lokale kunnskap om kommunane i fylket. Fylkesmannen har elles hatt tett og god dialog med kommunane undervegs i arbeidet med kommunereforma – og har såleis fått enda betre innsikt i kommunane sine utfordringar.

Fylkesmannen si tilråding om framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal, viser i kartet på neste side (fig.2) at Sunnmøre er delt inn i fire kommunar, Romsdal i ein og Nordmøre i to kommunar. Inndelinga av kommunane følger i stor grad dei naturlege bu- og arbeidsregionane (BA-regionar) og/eller arbeids- bu- og sørviseregionar (ABS-regionar).

Tilråding - framtidig kommunestruktur

	Kommune	Innbyggartal
1	Ålesund, Sula, Giske, Skodje, Haram, Ørskog, Stordal (med unntak av grunnkretsen Skotet) Norddal (med unntak av bygdene Norddal og Eidsdal), del av Stranda (medrekna bygda Liabygda), Sandøy (med unntak av øyane Orten, Sandøy og Ona).	83 541
2	Molde, Fræna, Aukra, Midsund, Vestnes, Rauma, Eide, Nesset, Gjemnes (med unntak av øya Bergsøya) del av Sandøy (medrekna øyane Orten, Sandøy og Ona)	65 085
3 ¹	Kristiansund, Averøy, Tingvoll, Aure, Halså, Smøla, del av Gjemnes (medrekna øya Bergsøya)	40 849
4	Ulstein, Hareid, Herøy, Sande, Vanylven	28 406
5	Ørsta, Volda samt Hornindal i Sogn og Fjordane	20 914
6	Sunndal, Surnadal	13 129
7	Stranda (med unntak av Liabygda), Sykkylven, del av Norddal (medrekna bygdene Norddal og Eidsdal) del av Stordal (medrekna grunnkretsen Skotet)	12 530
	Rindal kommune til nye Orkladal kommune i Sør-Trøndelag	

Tabell 1: Framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal. Innbyggartal pr. 1.1.2016. Kjelde SSB

¹⁾ Eit alternativ kan vere at kommunane Hemne og 1/3 av Snillfjord kommune i Sør-Trøndelag blir ein del av Nye Kristiansund kommune i Møre og Romsdal, jf. tilråding frå Fylkesmannen i Sør-Trøndelag




Kart - framtidig kommunestruktur



Figur 2: Kart - Inndeling av framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal

Innbyggertal - framtidig kommunestruktur



Figur 3: Innbyggertal - framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal

3.2 Endring av kommunestrukturen på kort sikt

Fylkesmannen vurderer her kva som bør vere ei endring av kommunestrukturen i Møre og Romsdal på **kort sikt**. Fylkesmannen er innforstått med at det er ei frivillig reform som skal behandlast av Stortinget våren 2017. Dersom det blir ei kommunereform i fleire tidsfasar, vil Fylkesmannen peike på transaksjonskostnadane ved at nokre av kommunane kan risikere å bli involvert i fleire kommunesamanslåingar.

Ny kommunestruktur i fylket på kort sikt, som vist i tabellen under (tab.2), omfattar 16 (17) kommunar. Ei slik

inndeling vil likevel bere preg av ein ubalanse mellom kommunane når det gjeld struktur, storleik og kompetanse. Endringane inneber likevel ei betring i høve til å nå dei nasjonale måla og kriterium for god kommunestruktur. Samstundes vil det vere behov for eit vidare arbeid for å skape ei heilskapleg og meir balansert kommunestruktur i fylket på lang sikt.

Fylkesmannen meiner det er behov for eit vidare arbeid med å avklare geografiske tilhøve og framtidig kommunestatus for kommunar som har gjort vedtak om å fortsette som eigne kommunar, og som også her er foreslått vidare åleine.

Fylkesmannen si vurdering her resulterer i at tal på kommunar i Møre og Romsdal kan bli redusert frå 36 til 16 kommunar våren 2017 (17 kommunar med Rindal til Orkladal kommune i Sør-Trøndelag). Fylkesgrensa blir justert både mot Sogn og Fjordane og Sør-Trøndelag.


Endring av kommunestruktur på kort sikt

	Kommune	Innbyggartal
1	Ålesund, Sula, Giske, Haram, Skodje, Sandøy; (med unntak av øyane Sandøy, Orten, Ona)	78816
2	Molde, Midsund, Nesset, Aukra, Gjemnes; (med unntak av øya Bergsøya), del av Sandøy; (medrekna øyane Sandøy, Orten, Ona)	37798
3	Kristiansund, Averøy, Tingvoll, del av Gjemnes; (medrekna øya Bergsøya)	33625
4	Ørsta, Volda og Hornindal (i Sogn og Fjordane)	20914
5	Ulstein, Hareid	13619
6	Fræna, Eide	13184
7	Sykkylven, Stranda (med unntak av bygda Liabygda), del av Norddal; (medrekna bygdene Eidsdal, Norddal på sørsida av Storfjorden)	12530
8	Herøy, Sande	11531
9	Rauma	7492
10	Sunndal	7160
11	Vestnes	6611
12	Surnadal	5969
13	Aure, Halså	5083
14	Ørskog, Stordal, Norddal, del av Stranda (medrekna bygda Liabygda)	4725
15	Vanylven	3256
16	Smøla	2141
(17)	Rindal til Orkladal kommune – Sør-Trøndelag	

Tabell 2: Endring av kommunestruktur på kort sikt. Innbyggartal pr. 1.1.2016. Kjelde SSB


²⁾ Eit alternativ kan vere at kommunane Hemne og 1/3 av Snillfjord kommune i Sør-Trøndelag blir ein del av Nye Aure og Halså kommune i Møre og Romsdal, jf. intensjonsavtale som blei utarbeidd av desse kommunane under arbeidet med kommunereforma, jf. tilråding frå Fylkesmannen i Sør-Trøndelag.

Kart - endring av kommunestruktur på kort sikt



Figur 4: Kart - Endring av kommunestruktur på kort sikt

Innbyggertal - endring av kommunestruktur på kort sikt



Figur 5: Innbyggertal - Endring av kommunestruktur på kort sikt

4. Drøfting

4.1 Behovet for ei kommune-reform - og strukturelle hovudutfordringar

Behovet for ei kommunereform har sin bakgrunn i store endringar i kommunane sine oppgåver og geografiske føresetnader etter kommunesamanslåingane på 1960-talet. I reforma er det peika på tre historiske utviklingstrekk som gjer det nødvendig å vurdere dagens kommunestruktur:

- Den sterke veksten i kommunane sine lovpålagde oppgåver som skal løysast på ein likeverdig måte av alle landets kommunar, uavhengig av storleik på kommunen
- Byane sin sterke vekst og utviklinga av samanvokste tettstadar/byar med store felles utfordringar
- Fragmentering av lokaldemokratiet som følge av mykje interkommunalt samarbeid og ei sterk statleg detaljstyring

Fylket har mange små kommunar i både areal og folketal, og med ein demografi som tilseier at mange av småkommunane i framtida vil få ei aldrende befolkning. Byane har vakse ut over sine administrative grenser, der auke i folketal og næringsvekst utfordrar etablert organisering og strukturar i desse kommunane. Dei fleste av kommunane i fylket er avhengig av interkommunalt samarbeid for svare ut alle sine lovpålagde oppgåver. Lokaldemokratiet kjem under press som følge av dei mange interkommunale samarbeida – og ei sterk statleg styring.

Kommunane har utvikla seg til å bli ein viktig tenesteleverandør til innbygarane sine. Det gjeld særleg overfor svake og sårbare grupper som treng kommunane sine tenester mest. Dei mange nye oppgåvene innan tenesteyting og samfunnsutvikling som Stortinget gjennom åra har pålagt

kommunane å løyse, er etter Fylkesmannen si oppfatning den viktigaste grunngevinga for at det er behov for ein gjennomgripande kommunereform i Noreg og Møre og Romsdal.

Kommunereforma er også nødvendig fordi kommunane må tilpasse seg framtidige utfordringar, der fleire viktige utviklingstrekk vil påverke alle kommunane i fylket. Det handlar om demografiske utfordringar med fleire eldre og færre unge, som vil innebere store utfordringar i kommunane sin tenesteproduksjon. Dei demografiske endringane går også i retning av auka forskjellar, som betyr at kommunane vil ha ulike faglege og økonomiske føresetnader for å sikre likeverdige tenester til innbygarane sine.

Det generelle utfordringsbildet ber også preg av store behov for kompetanseoppbygging og tenesteutvikling i alle kommunane, mellom anna som følge av den teknologiske utviklinga og stadig nye krav til kommunane si oppgåveløysing. Kommunane må framover rekne med at det vert stilt strengare krav til samordning og ressursbruk.

Den framtidige kommunestrukturen vil vere svært viktig for omfang og framtidige organisering av heile den offentlege forvaltninga i Møre og Romsdal.

Fylkesmannen vil peike på tre hovudutfordringar:

- Krav om større og sterkare fagmiljø, kvalitet i tenestetilbodet i kommunar med fallande folketal og sårbart næringsliv
- Krav om betre planlegging, samordning og felles mobilisering rundt byane og i kommunar med veksande folketal og næringsliv
- Krav om sterkare og meir utviklingskraftige kommunar i alle delar av fylket som kan svare på nasjonale hovudutfordringar og hevde seg som

regionale aktørar dei neste tiåra

4.2 Mål og kriterium for å vurdere framtidig kommunestruktur

4.2.1 Hovudmåla i kommune-reforma

Fylkesmannen er beden om å vurdere dei kommunale vedtaka om framtidig kommunestruktur i fylket opp i mot dei fire hovudmåla for reforma – som også vart omtale i innleiinga.

- Gode og likeverdige tenester
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

4.2.2 Kriterium for god kommunestruktur

Fylkesmannen har tatt utgangspunkt i, og legg til grunn i si vurdering, dei 10 faglege kriteria for god kommunestruktur som er utvikla og definert av Regjeringa sitt ekspertutval for kommune-reforma. Kriteria er knytt opp mot fire roller som definerer dagens kommunar.

Dette omfattar:

- lovpålagt tenesteyting
- ansvar for samfunnsutvikling
- ansvar for offentleg utøving av mynde
- rolle som demokratisk arena for innbygarane

Kriteria blir nærare presentert og systematisert i tabell 3 på neste side.

Kommunen sine roller og aktuelle kriterium for god kommunestruktur

Omsyn til samfunnet	Kriterium
TENESTEYTING	
<ul style="list-style-type: none"> • Kvalitet i tenestene • Effektiv bruk av samfunnet sine tenester • Likeverd 	<ul style="list-style-type: none"> • Tilstreккеleg kapasitet • Relevant kompetanse • Effektiv tenesteproduksjon • Økonomisk soliditet • Valfridom • Statleg rammestyning
UTØVING AV MYNDE	
<ul style="list-style-type: none"> • Rettstryggleik 	<ul style="list-style-type: none"> • Tilstreккеleg kapasitet • Relevant kompetanse • Tilstreккеleg distanse
SAMFUNNSUTVIKLING	
<ul style="list-style-type: none"> • Heilskapleg ivaretaking av areal- og transport-interesser tilpassa klima- og miljøomsyn • Tilrettelegging for positiv utvikling i lokalsamfunnet og storsamfunnet 	<ul style="list-style-type: none"> • Funksjonelle samfunnsutviklingsområde • Tilstreккеleg kapasitet • Relevant kompetanse
DEMOKRATISK ARENA	
<ul style="list-style-type: none"> • Viktige oppgåver og rammestyning • Lokal politisk styring • Levande lokalt folkestyre • Aktiv lokal politisk arena 	<ul style="list-style-type: none"> • Høg politisk deltaking • Lokal politisk styring • Lokal identitet • Brei oppgåveportefølje • Statleg rammestyning

Tabell 3: Kommunen sine roller og aktuelle kriterium for god kommunestruktur. Kjelde: [Sluttrapport frå Regjeringa sitt ekspertutval for kommunereforma](#). Desember 2014.

Fylkesmannen tar vidare utgangspunkt i ekspertutvalet sine faglege tilrådingar, der det er gjort nærare greie for to rettleiande inndelingsprinsipp:

1. Ein kommune bør ha minst 15-20.000 innbyggjarar for å sikre god oppgåveløysing
2. Kommunestrukturen bør i større grad nærme seg funksjonelle samfunnsutviklingsområde, konkretisert i to prinsipp:
 - a. Ein tettstad etter SSB sin definisjon bør vere avgrensa til éin kommune
 - b. Ein tett integrert arbeids-

marknad bør utgjere éin kommune. Ein arbeidsmarknad er tett integrert når rundt 25 prosent eller fleire av dei sysselsette bur i ein kommune og arbeider i regionens senterkommune.

Fire av fylket sine 36 kommunar har over 10.000 innbyggjarar (Ålesund, Molde, Kristiansund og Ørsta). Kommunestrukturen har ei sterk polarisering ved at halvparten av kommunane har under 5.000 innbyggjarar, men berre 18 prosent av samla innbyggjartal i fylket.

Den andre halvparten av kommunane har over 80 prosent av innbyggartalet og dei fire største kommunane har åleine 41 prosent av samla folketal. Sjå tabell 4 på neste side.

Størrelsesklassar	Tal kommunar	Prosent	Folketal 1.1.2016	Prosent	Kommunar
Under 2000	4	11,1	5 489	2,1	Stordal, Sandøy, Halså, Norddal
2001-3000	7	19,4	16 697	6,3	Rindal, Midsund, Smøla, Ørskog, Sande, Gjemnes, Nesset
3001-5000	7	19,4	26 098	9,8	Tingvoll, Vanylven, Eide, Aukra, Aure, Stranda, Skodje
5001-10.000	14	38,9	108 324	40,8	Hareid, Averøy, Surnadal, Vestnes, Sunndal, Rauma, Sykkylven, Giske, Ulstein, Sula, Herøy, Volda, Haram, Fræna
Over 10.000	4	11,1	108 682	41,0	Ørsta, Kristiansund, Molde, Ålesund
Totalt	36	100,0	265 290	100,0	

Tabell 4: Dagens kommunestruktur i Møre og Romsdal. Innbyggartal pr. 1.1.2016. Kjelde SSB

Fylkesmannen legg til grunn at verken Regjering eller Stortinget har fastsett ei absolutt grense for krav til tal på innbyggjarar i nye kommunar. Fylkesmannen meiner at det likevel bør leggast vekt på innbyggjartal av omsynet til fagleg og økonomisk berekraft. Eit innbyggjartal rundt 10 000 innbyggjarar kan brukast som ei rettleiande minimumsnorm for å bygge nye kommunar ut i frå måla i kommunereforma - og dei viktigaste kriteria om kompetanse og økonomi.

Fylkesmannen vil i det følgjande liste opp det som talar for ei rettleiande minstenorm på rundt 10 000 innbyggjarar for nye kommunar i fylket med omsyn til at:

- kommunen bør ha nødvendig kompetanse og kapasitet i eigen organisasjon til å yte likeverdige velferdstenester til innbyggjarane, med særleg vekt på lovpålagde oppgåver


og tenester overfor svake grupper

- kommunen har ein rolle som samfunnsutviklar, der nødvendig plankompetanse er viktig for å sikre ei effektiv og kompetent areal- og samfunnsplanlegging
- kommunen skal ha nødvendig system- og utviklingskompetanse knytt til dei kommunale kjerneoppgåvene, inkludert system for internkontroll og kvalitetsutvikling
- kommunen si utøving av mynde og ivaretaking av habilitet og rettstryggleik for eigne innbyggjarar
- Stortinget har varsla at ved overgangen til større kommunar vil kommunane kunne bli i stand til å ta på seg fleire oppgåver. Dette vil kunne medverke til mindre statleg detaljstyring, ved at nye oppgåver er varsla overført til kommunane frå staten.

4.2.3 Bu- og arbeidsmarknad

I Møre og Romsdal er det berre Ålesund tettstad som i dag er delt på fleire kommunar. Ålesund tettstad har om lag 50.000 innbyggjarar der ca. 42.000 er ein del av Ålesund kommune og ca. 8.000 er ein del av Sula kommune.

I fylket er det sju kommunar med over 25 prosent utpendling til ein senterkommune, medan tre kommunar ligg over 20 prosent:



Tabell over pendlartal frå dei 10 største innpendlingane i fylket i prosent

Innpendling til	Utpendling frå	Prosent
Ålesund	Sula	42
	Giske	37
	Skodje	39
	Ørskog	22
Ulstein	Hareid	29
Molde	Fræna	31
	Aukra	26
	Gjemnes	26
	Eide	22
	Neset	22

Tabell 5: Pendlingstal frå 2015

Fylkesmannen støttar inndelingsprinsippa som har som formål å medverke til sterke kommunar med hovudansvar for samfunnsplanlegging og samfunnsutvikling innafør felles bu- og arbeidsmarknad. Kommunegrenser bør ikkje dele opp tettstadar – slik dei til dømes i dag gjer i Ålesundregionen. Grenser for nye kommunar bør i størst mogleg grad falle saman med grenser for bu- og arbeidsmarknad. Døme på kommunar som i dag er sterkt integrert med utstrekkt pendling i mellom og interaksjon er landkommunane rundt bykommunane Molde, Ålesund og Kristiansund – også «tvillingnabokommunar» som Ulstein/Hareid og Ørsta/Volda.

Det ligg godt til rette for å slå saman kommunar som allereie er sterkt integrerte geografisk. På lengre sikt kan fleire kommunar bli tettare integrert gjennom nye kommunikasjonsløyser og aktiv regionbygging.

Fleire stadar i fylket vårt er det døme på område der framtidig kommunikasjonsutbygging og aktive integrasjons tiltak kan legge grunnlag for etablering av nye sterke regionkommunar.

4.3 Vurdering av hovudutfordringar ved dagens kommunestruktur

Dagens kommunestruktur i Møre og Romsdal er fastsett i ei anna tid med andre kommunikasjonar, eit anna busettingsmønster og eit anna næringsliv. Kommunane hadde vesentleg færre oppgåver og krava til kommunane som velferdsprodusentar og planmyndighet var lågare på 50- og 60-talet då det sist blei gjennomført kommunesamanslåingar i nasjonal regi.

4.3.1 Kort kommunehistorikk i Møre og Romsdal:

- Møre og Romsdal fekk 33 kommunar i 1837, blant desse tre bykommunar; Kristiansund, Molde og Ålesund.
- Tal på kommunar vaks til 68 kommunar før [Scheikomiteen](#) starta den nasjonale gjennomgangen av kommunesamanslåingar i 1957
- Frå 1967 fekk fylket 36 kommunar, ein nedgang på 32 kommunar samanlikna med kommunetalet før reforma.
- I 1968 blei Ålesund og Borgund slått saman til Nye Ålesund kommune. Dette var den siste kommunesamanslåinga i denne perioden
- I 1977 blei øya Sula, som tidlegare hadde vore ein del av Borgund kommune skilt ut som eigen kommune frå Ålesund I 1977 blei også Ørskog, Skodje og Stordal splitta og inndelt i dei tre opphavelge kommunane frå før kommunesamanslåingane i 1965
- I 2006 blei Aure og Tustna slått saman til dagens Aure kommune
- I 2008 blei Kristiansund og Frei

slått saman til dagens Kristiansund kommune

I heile perioden frå 1837 til i dag har det vore utført endringar i kommunestrukturen for å tilpasse den til nye geografiske føresetnader og nye oppgåver som skal løysast av kommunane. Senterstrid og fordelingskampar innanfor nye kommunar under Scheikomiteen var ei hovudårsak til to «skillemisser» i Møre og Romsdal (Sula/Ålesund og Ørskog/Skodje/Stordal). Også mange andre kommunar blei prega av interne stridar om lokalisering og fordeling, noko som illustrerer at interne spenningar har vore og vil vere ei utfordring ved kommunesamanslåingar.

Etter Fylkesmannen si vurdering oppfyller ikkje dagens kommunestruktur i Møre og Romsdal dei måla og intensjonane som er sett for kommunereforma. I eit overordna perspektiv legg Fylkesmannen vekt på at dagens kommunegrenser bør ha ein gjennomgang både geografisk og i forhold til oppgåvene kommunane har - dei fleste stadane i fylket.

Dagens kommunar speglar i liten grad eit felles bu- og arbeidsmarknadsområde som har blitt planlagt og utvikla under eitt. Fylket har fire funksjonelle byregionar; Ålesund, Molde, Kristiansund og Ørsta/Volda, som alle ber preg av oppsplitting og manglande samordning innanfor nært samanhøyrande område. Også andre delregionar i fylket omfattar fleire svært små kommunar i areal, og oppsplitting av geografisk nært samanhøyrande område. Dette gjeld særleg på Ytre Søre Sunnmøre, men også delar av Romsdal og Nordmøre.

Fylket er også kjenneteikna av mange små kommunar i folketal, der fleire er svært sårbare fordi dei står overfor ein

kombinasjon av langvarig nedgang i folketalet, og ei utvikling mot skeivare befolkningsamansetning med fleire eldre og med det eit auka omsorgsbehov. Topografiske og kommunikasjonsmessige hindringar gjer seg gjeldande særleg på indre delar av Sunnmøre, men også på Nordmøre og i Romsdal. Fleire kommunar ber preg av svært store reiseavstandar, svak senterstruktur og lite geografisk integrasjon mot byregionane. Fylket har også enkeltkommunar der det geografiske retningsvalet kan vere vanskeleg (Vanylven, Vestnes, Halså), og kommunar der deling eller grensejusteringar kan vere ei aktuell løysing (Gjemnes, Norddal, Stranda, Sandøy). Det er øykommunar (som Smøla) og kommunar med spørsmål om kva slags fylke ein skal høyre til (Rindal).

Vurdert i ein større regional og nasjonal samanheng er dagens kommunestruktur i Møre og Romsdal prega av tre hovudutfordringar:

- Små bykommunar og sterkt fragmenterte byregionar, som reiser spørsmål om bykommunane sin attraktivitet, regionale tyngde og kraft til å påverke den langsiktige samfunnsutviklinga
- Ei stor overvekt av små kommunar i folketal, som reiser spørsmål om desse kommunane sine framtidige oppgåver og rolle som likeverdige velferdsprodusentar for innbyggjarane
- Fleire tilfelle av lite hensiktsmessige kommunegrenser i forhold til dagens kommunikasjonar – med spørsmål frå innbyggjarane og næringslivet om kor dei faktisk høyrer til

Fylkesmannen meiner reformbehovet knytt til dagens kommunestruk-

tur gjeld alle delar av fylket. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg å tilrå berre dei endringane i kommunestrukturen som har fått fleirtal i dei lokale prosessane, jf. nærare omtale av kommunestyra sine reformforslag nedanfor.

Fylkesmannen meiner dei siste frivillige kommunesamanslåingane for Kristiansund og Aure har vore både nødvendige og riktige samanslåingar, sjølv om også desse tidvis kan ha medført interne spenningar og utfordringar. Fylkesmannen vektlegg at det er hausta viktige erfaringar i dei siste kommunesamanslåingane i fylket - som vil kome til nytte i det vidare arbeid med kommunal omstilling og kommunestruktur.

Fylkesmannen finn også grunn til å framheve at det har vore gjennomført relativt få grensejusteringar i fylket gjennom dei siste tiåra. I lys av kommunikasjonsutviklinga og endringane i bu- og arbeidsmarknadsområda blir dette igjen eit viktig tema i kommunereforma. Behovet for grensejusteringar vil gjelde både for kommune- og fylkesgrensene.

4.4 Drøftingar av alternative løysingar


Fylkesmannen finn grunn til å framheve ei rekke gode kvalitetar ved mange av dagens godt drivne kommunar i Møre og Romsdal. Små kommunar kan dra fordelar av å ha god lokalkunnskap og nærleik mellom innbyggjarane og dei folkevalde, god tilgjenge til kommunale tenester og oversiktlege styringsforhold. Fylkesmannen vil hevde at desse kvalitetane kan takast vare på innanfor ein større kommune gjennom god lokal organisering, utnytting av ny teknologi og etablering av nye arenaer for innbyggjarane si deltaking.

Fylkesmannen ser følgjande alternative løysingar til endringar i kommunestrukturen i Møre og Romsdal:

- Meir interkommunalt samarbeid om lovpålagde oppgåver og utviklingsoppgåver
- Oppgåvedifferensiering som kan innebere auka satsing på dei største bykommunane eller overføring av oppgåver frå kommunane til fylkeskommunen eller staten
- Meir omfattande og strengare statleg styring

Fylkesmannen legg til grunn at det er ønskeleg å vidareføre systemet med generalistkommunen. Det inneber at alle kommunar løysar dei same lovpålagde oppgåvene, og der kommunane er likestilte organ overfor staten. Differensiering av oppgåver og overføring av typiske innbyggjarorienterte oppgåver til fylkeskommunen eller staten vil innebere ei uønska form for sentralisering og nedbygging av det lokale folkestyret. Fylkesmannen legg vekt på at også ei strengare statleg styring med alle eller med nokre utvalde kommunar i fylket, t.d.. som følge av veksande ulikskap i lokal kompetanse og kapasitet, heller ikkje vil vere ei ønska utvikling.

Fylkesmannen meiner det er viktig at kommunereforma fører til meir eigenregi i den kommunale oppgåveløysinga og mindre avhengnad til interkommunalt samarbeid. Det er likevel slik at interkommunalt samarbeid framleis har ei viktig rolle i den vidare reformprosessen, dels for å sikre likeverdige tenester til innbyggjarane i alle delar av fylket - og dels for å møte nye oppgåver som er aktuelle å desentralisere likt til alle kommunar.



4.4.1 Interkommunalt samarbeid

Fylkesmannens syn på interkommunalt samarbeid kan samanfattast slik:

- Interkommunalt samarbeid bør ikkje oppfattast som eit generelt alternativ til kommunesamanslåing, av omsyn til direkte demokratisk styring, oversikt og ressursbruk i den offentlege forvaltninga. Målet bør vere at alle kommunar skal kunne løyse lovpålagde oppgåver inkludert viktige plan- og utviklingsoppgåver utan avhengnad til nabokommunen.
- Kommunesamanslåing bør vere hovudløysing i alle tilfelle der dei geografiske tilhøva ligg til rette for å skape ein større kommune ut i frå lokal senterstruktur, kommunikasjonar og reiseavstand
- Interkommunalt samarbeid kan vere ei hovudløysing for øykommunar og andre små kommunar med særleg lange reiseavstandar.
- Ein del interkommunale samarbeidsordningar kan vere ei midlertidig løysing. Til dømes kan det vere aktuelt i den førebuande prosessen å avklare ei planlagt kommunesamanslåing. Dette kan også gjelde i tidsrommet av ein kommande kommunikasjonsutbygging, nye former for tenesteyting (IKT) eller nye former for kommuneorganisering (lokalstyremodell).
- Det er behov for samordning og tydelegare retningslinjer for statleg støtte til utvikling av interkommunalt samarbeid. Statlege verkemiddel bør stimulere til samarbeid i faste geografiske samarbeidsområder som samsvarer med dei områda som er aktuelle for nye kommunesamanslåingar. Støtte til

infrastruktur, tenesteutvikling og felles kompetanseoppbygging bør prioriterast.

4.5 Vurdering av kommunane sine egne vedtak

Fylkesmannen vil her kort drøfte kommunane sine egne vedtak – sett ut i frå mål og kriterium – og sett ut i frå samla konsekvensar for kommunestrukturen i fylket. Fylkesmannen legg vurderingane og drøftingane som er nemnt over, til grunn for sine konklusjonar vidare

4.5.1 Nye kommunesamanslåingar i fylket etter vedtak pr. 1. juli 2016

Resultata frå kommunale vedtak pr. 1. juli 2016 om framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal har gitt følgjande nye kommunar:

1. Fræna og Eide
2. Ålesund, Skodje og Sandøy
3. Molde, Nesset og Midsund
4. Volda - og Hornindal i Sogn og Fjordane
5. Halså – med Hemne og del av Snillfjord i Sør-Trøndelag

Fylkesmannen vurderer at berre ei av desse samanslåingane er tenleg på kort sikt, nemleg samanslåing mellom Fræna og Eide. Dei andre vedtaka vil etter Fylkesmannen si oppfatning berre delvis vere i tråd med hovudmåla for kommunereforma, og kriterium for god kommunestruktur, jf. drøfting.

Ad 1.) Fylkesmannen vurderer at samanslåing mellom Fræna og Eide kan vere tenleg på kort sikt. Viser til drøfting i kap. 4.7.2 og kap. 4.8.6.


Ad 2.) Ei kommunesamanslåing mellom Ålesund, Skodje og Sandøy vil gi ein kommune som heng dårleg saman geografisk. Den nye kommunen vil bryte med grunnleggjande kriterium for geografisk struktur i ein kommune. Omsynet til heilskapleg samfunnsutvikling, kompetansebygging, effektiv ressursbruk – og ikkje minst Ålesundregionen si framtidige rolle i ei samla offentleg forvaltning – tilseier at fleire kommunar bør inngå i Nye Ålesund kommune. Viser til drøfting i kap. 4.7.1 og kap. 4.8.1.

Ad 3.) Fylkesmannen kan heller ikkje tilrå ei kommunesamanslåing berre mellom Molde, Midsund og Nesset. Etter Fylkesmannen si oppfatning bør også Aukra og delar av Gjemnes inngå i Nye Molde kommune. Viser til drøfting i kap. 4.7.2 og 4.8.2.

Ad 4.) Noverande kommunegrense mellom Volda og Ørsta svarar ikkje ut ei rekke av dei kriteriana som er skissert for god kommunestruktur. Kommunesamanslåing berre mellom Volda og Hornindal, utan Ørsta, vurderer Fylkesmannen ikkje som tenleg, jf. nærare drøfting seinare. Fylkesmannen ser det som positivt at Hornindal får ei god løysing med å slutta seg til Volda. Viser til drøfting i kap. 4.7.5 og 4.8.4.

Ad 5.) Fylkesmannen vurderer heller ikkje kommunesamanslåing mellom Halså, Hemne og ein del av Snillfjord kommune som tenleg. For det første er det ein svak integrasjon mellom kommunane over fylkesgrensa her, og dei er ikkje del av ein felles bu- og arbeidsmarknad.

Ut frå hovudmåla i kommunereforma og kriterium for god kommunestruktur, vil ein slik ny kommune ikkje kunne møte krava i framtida.



4.6 Vurdering av Fylkesmannen si tilråding om framtidig kommunestruktur

Fylkesmannen viser her til kva som er ideelle område for kommunestruktur i Møre og Romsdal. Det blir vist til vurderingar, grunngjeving og argumentasjon tidlegare i dette kapitlet. Fylkesmannen tilrår på bakgrunn av dette sju nye kommunar. På kort sikt gjer Fylkesmannen framlegg om ein kommunestruktur som omfattar 16 (17) kommunar

4.6.1 Nye Ålesund kommune

TILRÅDING	• Ålesund, Haram, Sula, Giske, Skodje, Ørskog, Stordal ³ , Norddal ⁴ og Sandøy ⁵
NY KOMMUNESTRUKTUR PÅ KORT SIKT (blir drøfta i kap. 4.7)	• Ålesund, Haram, Sula, Giske, Skodje, og Sandøy ⁵ • Ørskog, Stordal ³ og Norddal ⁴

Tabell 6: Nye Ålesund kommune

Omsynet til heilskapleg samfunnsutvikling, kompetanseoppbygging, effektiv ressursbruk og ikkje minst Ålesundsregionens framtidige rolle og betydning i den samla offentlege forvaltninga tilseier at Ålesund, Haram, Sula, Giske, Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal og Sandøy bør inngå i ei felles kommunesamanslåing til Nye Ålesund kommune så raskt som kommunane kan omstille seg til ei slik løysing.

Ålesund: Kommunen har i dag store utfordringar knytt til knappheit på areal. Ved at fleire kommunar i bu- og arbeidsmarknadsregionen går

saman til ein ny kommune, vil den nye kommunen i enda sterkare grad enn det Ålesund åleine klarer i dag, oppfylle dei ti kriteria for god kommunestruktur, ikkje minst i høve til samfunnsplanlegging og samfunnsutvikling. Det vil dessutan gi større høve for at staten vil gi den nye kommunen auka lokal politisk styring gjennom redusert statleg styring og overføring av oppgåver frå stat og fylke.

Sula: Denne kommunen er tettast integrert til Ålesund i forhold til busettingsmønster og arbeidsmarknad, med ei utpendling til Ålesund på 42 prosent.

Sula har ei arbeidsplassdekning på 62,2 prosent, godt under gjennomsnittet for fylket som er 96,4 prosent.

Giske: Kommunen er tett integrert til Ålesund og har ei utpendling til Ålesund på 37 prosent. Giske har ei arbeidsplassdekning på 61,1 prosent, godt under gjennomsnittet for fylket som er 96,4 prosent. Kommunen har dei siste 10 åra hatt ein sterk vekst i folketalet, som i stor grad skuldast veksten i arbeidsplassar i Ålesundsregionen, spesielt i Ålesund.

³⁾ Grunnkretsen Skotet på sørsida av Storfjorden bør inkluderast i Nye Stranda og Sykkylven kommune ut i frå geografiske føresetnader.

⁴⁾ Bygdene Eidsdal og Norddal i Norddal kommune har sendt inn ein søknad til Fylkesmannen der dei ber om ei grenseendring over til Stranda kommune. Slik Fylkesmannen vurderer denne søknaden kan det vere ei framtidig løysing for desse bygdene å bli ein del av noverande Stranda kommune, og ein framtidig ny kommune saman med Sykkylven.

⁵⁾ Øyane Orten, Sandøy og Ona i Sandøy kommune har sendt inn ein søknad til Fylkesmannen der dei ber om å bli grensejustert til Aukra kommune. Slik Fylkesmannen vurderer denne søknaden kan det vere ei framtidig løysing for desse øyane å bli ein del av Nye Molde kommune.

Skodje: Kommune har gjort vedtak om å vere med å bygge ein ny kommune rundt Ålesund, og Fylkesmannen støttar dette vedtaket. Med ein sterk vekst i folketalet dei siste åra, og høvesvis ei innpendling til Ålesund og arbeidsplassdekning på 39 prosent og 64,3 prosent og Skodje si geografiske plassering, meiner Fylkesmannen at Skodje har gjort eit riktig val.

Sandøy: Denne kommunen er den nest minste av kommunane i Møre og Romsdal, med 1270 innbyggjarar, og vil ikkje vere stor nok framover verken på kort eller lang sikt. Sandøy kommune har gjort eit frivillig vedtak om å bygge ein ny kommune saman med Skodje og Ålesund, og Fylkesmannen støttar vedtaket. Sandøy kommune er etter Fylkesmannen si meining for liten og sårbar til å kunne fortsette som eigen kommune utan systematisk avlastning på kompetansekreva oppgåver. Kommunikasjonsprosjektet Nordøyvegen er ei viktig satsing for å binde Sandøy saman med fastlandsdelen til

Haram kommune. Sandøy kommune bør ha same framtidige løysing/tilhøyrighet som Haram kommune

Haram: Kommunen vil bli liggande mellom Sandøy og Ålesund/Skodje. Dersom Haram kommune blir ståande åleine vil dei stenge for samfunnsutvikling og effektiv oppgaveløysing i nye Ålesund kommune. I kommuneproposisjon 2015, side 10 står det;

«I utarbeidelsen av beslutningsgrunnlag for Stortinget vil det bli lagt til grunn at enkelt-kommuner ikke skal kunne stanse endringer som er ønsket og hensiktsmessige ut fra regionale og nasjonale hensyn.»

Fylkesmannen meiner Stortinget bør gjere vedtak om samanslåing med Nye Ålesund kommune ut i frå omsyn til at Haram ikkje kan hindre utvikling av den nye kommunen.


Stordal, Norddal og Ørskog kommune er etter Fylkesmannen si meining for

små og sårbare til å kunne halde fram som eigne kommunar. Stordal og spesielt Norddal har i tillegg geografiske utfordringar i forhold til lange avstandar, mellom anna til regionsenter(Ålesund), flyplass (Vigra Lufthamn) og dagpendling til Ålesund. Ørskog har tett integrasjon til Ålesund med mellom anna ei innpendling til Ålesund på 22 prosent.

Stordal kommune er den minste av kommunane i Møre og Romsdal, med 1020 innbyggjarar. Kommunen er for liten og sårbar både på kort og lang sikt.

Bygdene Eidsdal og Norddal i Norddal kommune har sendt inn ein søknad til Fylkesmannen der dei ber om ei grenseendring over til Stranda kommune. Slik Fylkesmannen vurderer denne søknaden kan det vere ei framtidig løysing for desse bygdene å bli ein del av noverande Stranda kommune, og ein framtidig ny kommune saman med Sykkylven.





4.6.2 Nye Molde kommune

TILRÅDING	• Molde, Fræna, Aukra, Midsund, Vestnes, Rauma, Nesset, Eide og Gjemnes ⁶ , del av Sandøy ⁷
NY KOMMUNESTRUKTUR PÅ KORT SIKT (blir drøfta i kap. 4.7)	• Molde, Aukra, Midsund, Nesset, og Gjemnes, del av Sandøy .
	• Fræna og Eide
	• Vestnes
	• Rauma

Tabell 7: Nye Molde kommune

Molde, Fræna, Aukra, Midsund, Vestnes, Rauma, Nesset, Eide og Gjemnes bør inngå i ei felles kommunesamanslåing til Nye Molde kommune. Dette av omsyn til heilskapleg samfunnsutvikling, kompetanseoppbygging, og effektiv ressursbruk i Molderegionen. Desse kommunane bør så raskt som mogleg omstille seg til ei slik løysing. Når Møreaksen er på plass, vil det vere naturleg også for Vestnes og Rauma å vere med i Nye Molde kommune. For Rauma vil kommunikasjonsprosjekt over Langfjorden vere ei viktig utvikling for å knytte kommunen nærare saman med regionsenteret Molde.

Molde: Ved at fleire kommunar i bu- og arbeidsmarknadsregionen går saman til ein ny kommune, vil den nye kommunen i enda sterkare grad enn det Molde åleine klarer i dag, oppfylle dei ti kriteria for god kommunestruktur, ikkje minst i høve til samfunnsplanlegging og samfunnsutvikling. Det vil dessutan gi større moglegheit for at staten vil gi den nye kommunen auka lokal politisk styring gjennom redusert statleg styring og overføring av oppgåver frå stat og fylke.

Aukra: Fylkesmannen vektlegg at Aukra er ein kommune som er sårbar på kompetanse til trass for store finansielle ressursar – grunna vertskommunefunksjon for Nord-Europas største gassterminalanlegg. Kommunen er sterkt avhengig av interkommunalt samarbeid, og kommunen sine innbyggjarar er tett integrert i ein felles bu-, sørvis- og arbeidsmarknad med Molde som det naturlege regionsenteret. Det blir forventa aukande avhengnad til kompetanse og utviklingsressursar frå større nabokommunar. Aukra har ei utpendling til Molde på 26 prosent, og kommunen har ei arbeidsplassdekning sjølv på 84,5 prosent. Kommunen har dei siste 10 åra hatt ein sterk vekst i folketalet, som i stor grad skuldast veksten i arbeidsplassar i samband med gassterminalanlegget på Aukra.

Aukra kommune har også ein fastlandsdel som er sterkt retta til Molde på ulike område. Framtidige samferdselsløysingar, regionaløkonomiske fordelingsomsyn og heilskapleg samfunnsutvikling i Romsdal tilseier at Stortinget bør gjere vedtak om at Aukra blir ein del av Nye Molde kommune.

Midsund: Det blir lagt vekt på at Midsund kommune må ha ei langsiktig løysing av omsyn til stor fagleg og økonomisk sårbarheit. Det var vurdert ei kommunesamanslåing mellom Midsund og Aukra. Samanslåing med berre Aukra kommune vil etter Fylkesmannen sitt syn ikkje gi ei tilstrekkelig berekraftig løysing verken for Midsund eller Aukra. Midsund kommune har gjort vedtak om å slå seg saman med Molde og Nesset. Fylkesmannen støttar kommunen sitt val, og vektlegg også at det vil kunne forsterke samfunnsutviklinga og eit felles bu- og arbeidsmarknad i Romsdal med Molde som regionsenter.

Nesset: Kommunen er i ein liknande situasjon som Midsund når det gjeld kompetanse og har behov for større utviklingskraft. Nesset kommune har etter omfattande prosessar gjort vedtak om å slå seg saman med Molde og Midsund. Fylkesmannen støttar kommunen sitt val. Nesset vil som fleire kommunar rundt Molde forsterke ein felles bu- og arbeidsmarknadsområde i heile Romsdal.

⁶) Fylkesmannen rår til at Sunndalsfjorden/Bergsfjorden kan vere ein naturleg geografisk line mellom Nye Kristiansund kommune og Nye Molde kommune, der **Bergsøya** i Gjemnes kommune etter grensejusteringar går til Kristiansund.

⁷) Øyane **Orten, Sandøy og Ona** i Sandøy kommune har sendt inn ein søknad til Fylkesmannen der dei ber om å bli grensejustert til Aukra kommune. Slik Fylkesmannen vurderer denne søknaden kan det vere ei framtidig løysing for desse øyane å bli ein del av Nye Molde kommune.

Gjemnes: Kommunen vert vert historisk definert til Nordmøre. På grunn av geografiske avstandar og ein tett integrasjon med Molde bør hovuddelen av Gjemnes inngå i kommunesamanslåing med Molde. Gjemnes kommune har ein pendlarstraum til Molde på 352 personar, og tilsvarande til Kristiansund på 106 personar. Gjemnes har ei arbeidsplassdekning sjølv på 60,9 prosent, godt under gjennomsnittet for fylket som er 96,4 prosent.

Fylkesmannen legg vekt på at Gjemnes kommune er svært sårbar og at det er behov for ei snarleg avklaring av kor kommunen skal høyre til, også i spørsmålet til grensejusteringar. Fylkesmannen vektlegg at hovuddelen av innbyggjarane i Gjemnes allereie er sterkt integrert i bu- og arbeidsmarknaden rundt Molde. Ved at Nesset har valt å slå seg saman med Molde, samtidig som sjukehusutbygging og anna utbyggingsmønster i Molde vil bli forsterka i retning mot Gjemnes - kan det ventast ein sterkare integrasjon og avhengnad mot Molderegionen. Fylkesmannen legg

også vekt på at Nesset og Gjemnes er nære nabokommunar. Det bør kunne utviklast vidare gode løysingar av felles kommunale oppgåver mellom desse områda på bakgrunn av den geografiske nærleiken.

Kommunane Eide og Fræna har gjort vedtak om å slå seg saman. Fylkesmannen støttar kommunane sitt val, og vektlegg også at det vil kunne forsterke samfunnsutviklinga og eit felles bu- og arbeidsmarknad i Romsdal med Molde som regionsenter.

På lengre sikt vil likevel kommunesamanslåing for Fræna og Eide til Nye Molde kommune vere eit viktig skritt for å etablere ein meir heilskapleg regionkommune i Romsdal.

Fræna: Med kommunen si vekst i folketalet dei siste åra, ei innpendling til Molde på 31 prosent og ei arbeidsplassdekning på 67,9 prosent, og kommunen si geografiske plassering på kartet meiner Fylkesmannen at det ligg godt til rette for at Fræna blir ein del av Nye Molde kommune.

Eide: Like eins gjeld dette for Eide. Kommunen har ei innpendling til Molde på 22 prosent, ei arbeidsplassdekning på 67,4 prosent og med si geografiske plassering – så ligg det godt til rette for at Eide også blir ein del av Nye Molde kommune.

Rauma og Vestnes: Utfordringar i den kommunale oppgåveløysinga og omsynet til ei positiv samfunnsutvikling tilseier at Rauma og Vestnes bør vidareføre og forsterke samarbeidet mot resten av kommunane i Romsdal. Hovuddelen av kommunane sine samarbeidsordningar er i dag retta mot Molde og Romsdal, og med realisering av Møreaksen vil det aktualisere samanslåing med Nye Molde kommune. For Rauma vil kommunikasjonsprosjekt over Langfjorden vere ei viktig utvikling for å knytte kommunen nærare saman med regionsenteret Molde.



4.6.3 Nye Kristiansund kommune

TILRÅDING	• Kristiansund, Averøy, Tingvoll, Halså, Aure, Smøla, del av Gjemnes ⁸
NY KOMMUNESTRUKTUR PÅ KORT SIKT (blir drøfta i kap. 4.7)	• Kristiansund, Averøy, Tingvoll, del av Gjemnes ⁸
	• Halså, Aure
	• Smøla

Tabell 8: Nye Kristiansund kommune

Ei kommunesamanslåing mellom Kristiansund, Averøy, Tingvoll, Halså, Aure, Smøla og delar av Gjemnes, vil etter Fylkesmannen si vurdering vere den beste løysinga for Nordmørskommunane.

(Eit alternativ kan vere at kommunane Hemne og 1/3 av Snillfjord kommune i Sør-Trøndelag blir ein del av Nye Kristiansund kommune i Møre og Romsdal, jf. tilråding frå Fylkesmannen i Sør-Trøndelag).

Realisering av kommunikasjonsprosjekt over Halsafjorden er eit viktig prosjekt for å knytte Nordmørskommunane tettare saman.

Fylkesmannen vektlegg at ei slik samanslåing vil styrke Kristiansund som regionsenter og som regional utviklingsaktør på Nordmøre. Dette vil bli ein tyngre og meir kompetent leverandør av tenester overfor innbyggjarane -og til næringslivet.

Kristiansund: Omsynet til heilskapleg samfunnsutvikling, kompetanseoppbygging, effektiv ressursbruk og ikkje minst Kristiansundsregionen si framtidige rolle og betydning i den samla offentlege forvaltninga, tilseier at ein slik ny kommune vil kunne utvikle Nordmøre med Kristiansund som regionsenter. Det vil dessutan gi større moglegheit for at staten vil gi den nye

kommunen auka lokal politisk styring gjennom redusert statleg styring og overføring av oppgåver frå stat og fylke.

Averøy og Tingvoll: Averøy og Tingvoll er små og sårbare kommunar, samt at dei geografiske forholda ligg godt til rette for samanslåing etter ei omfattande kommunikasjonsutbygging rundt Kristiansund. Dette gjeld Krifasttunnelen frå Freiøya til Bergsøya med bruer over til fastlandet både til kommunane Tingvoll og Gjemnes. Like eins er det bygd undersjøisk tunnel som bind Kristiansund og Averøya saman – med vidare brusamband til fastlandet mellom Averøya og Eide kommune (Atlantehavsvegen).

Smøla: Kommunen er etter Fylkesmannen si meining for liten og sårbar til å kunne fortsette som eigen kommune, ut frå hovudmåla i kommunereforma og kriterium for god kommunestruktur. Kommunen si særskilte stilling som øykommune gjer at Smøla står overfor to val, anten omfattande vertskommuneavlasting frå ein kompetent vertskommune eller at kommunen vel å slå seg saman med andre kommunar på fastlandet til trass for vesentlege geografiske utfordringar. Fylkesmannen vil foreslå at Smøla blir ein del av Nye Kristiansund. Ei kommunesamanslåing vil truleg aktualisere etablering av eit lokalstyre med delegert mynde

for å ta vare på lokale oppgåver på Smøla.

Halså og Aure: Halså kommune er ein av dei minste kommunane i Møre og Romsdal, med 1547 innbyggjarar. Kommunen er for liten og sårbar både på kort og lang sikt. Fylkesmannen vektlegg også at Aure er ein kommune som er sårbar på kompetanse til trass for større finansielle ressursar enn ein samanliknbar kommune, grunna inntekter frå Tjeldbergodden Industri-anlegg. Det blir også i denne kommunen forventa aukande avhengnad til kompetanse og utviklingsressursar frå nabokommunar.

Fylkesmannen har merka seg at Kristiansund i fellesskap med Tingvoll, Averøy, Gjemnes, Aure og Halså har utvikla ein omfattande og godt grunnleggje intensjonsavtale; om prioriteringar, organisering og økonomisk fordeling innanfor ein ny kommune. Fylkesmannen meiner det omfattande faglege og politiske arbeidet som er gjennomført kan representere eit konstruktivt startpunkt for det vidare arbeidet med ei større samanslåing på Nordmøre.

⁸) Fylkesmannen rår til at Sunndalsfjorden/Bergsfjorden kan vere ei naturleg geografisk line mellom Nye Kristiansund kommune og Nye Molde kommune, der **Bergsøya** i Gjemnes kommune etter grensejusteringar går til Kristiansund.

4.6.4 Nye Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven kommune

TILRÅDING	• Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven
NY KOMMUNESTRUKTUR PÅ KORT SIKT <i>(blir drøfta i kap. 4.7)</i>	• Hareid og Ulstein
	• Herøy og Sande
	• Vanylven

Tabell 9: Nye Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven kommune

Omsynet til heilskapleg samfunnsutvikling, kompetanseoppbygging, effektiv ressursbruk og ikkje minst denne regionen si framtidige rolle og betydning i den samla offentlege forvaltinga tilseier at Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven bør inngå i ei felles kommunesamanslåing. Fylkesmannen vektlegg at det vil forsterke den positive nærings- og samfunnsutviklinga som føregår i denne regionen - og like eins forsterke eit felles bu- sørvis- og arbeidsmarknad med å bygge desse fem kommunane på Ytre Søre Sunnmøre saman til ein kommune.

Fylkesmannen har merka seg at desse fem kommunane i fellesskap har utvikla ein intensjonsavtale, som Fylkesmannen meiner kan representere eit konstruktivt startpunkt for det vidare arbeidet med ei samanslåing.

Herøy: Utfordringar i den kommunale oppgåveløysinga og omsynet til ei positiv samfunnsutvikling tilseier at Herøy bør vidareføre og forsterke samarbeidet mot resten av kommunane på Ytre Søre Sunnmøre. Kommunen har ei arbeidsplassdekning på 92,7 prosent. Ein stor del av sysselsettinga i Herøy er knytt til fiske og maritim verksemd. Dette kan vere sårbar for konjunktursvingingar.

Ulstein: Utfordringar i den kommunale oppgåveløysinga og omsynet til ei positiv samfunnsutvikling tilseier at kommunen bør inngå i ein ny kommune på Ytre Søre Sunnmøre. Kommunen har ei arbeidsplassdek-

ning på 123,8 prosent. Ein stor del av sysselsettinga i Ulstein er knytt til verftsindustri og eksportretta næring og dette kan vere sårbar for konjunktursvingingar.

Hareid: Kommunen har for liten kommuneorganisasjon til å kunne løyse sine lovpålagde oppgaver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid. Hareid har ei utpendling til Ulstein på 29 prosent, og ei arbeidsplassdekning på 79,1 prosent. Ein stor del av sysselsettinga i Hareid er knytt til industri i maritim sektor, denne kan vere sårbar for konjunktursvingingar.

Sande: Kommunen er etter Fylkesmannen si meining for liten og sårbar til å kunne fortsette som eigen kommune uti frå hovudmåla i kommunereforma og kriterium for god kommunestruktur. Fylkesmannen vektlegg at Sande kommune blir sårbar både på kort og lang sikt.

Vanylven: Kommunen står fram som ein ufrivillig liten kommune. Vanylven kommune er etter Fylkesmannen si meining for sårbar til å kunne fortsette som eigen kommune utan systematisk avlastning på kompetansekreivande oppgaver.

Vanylven vil gjerne gå saman med ein eller fleire av sine naboar i nord (Sande, Herøy, Ulstein og Hareid), men nabokommunane har ønska seg andre løysingar. Fylkesmannen meiner Vanylven kommune må ha ei langsiktig løysing for å sikre likeverdige velferd-

stenester og positiv samfunnsutvikling dei neste tiåra.

Samanslåing sørover på tvers av fylkesgrensa mot Nordfjord har vore drøfta, og intensjonsavtale blei inngått mellom kommunane Selje, Vågsøy og Vanylven. Dette alternativet sørover for Vanylven kan sjølvstundt også vurderast som ei framtidig løysing.

Fylkesmannen merker seg at eit fleirtal blant innbyggjarane i Vanylven kommune føler seg sterkast knytt til Sunnmøre og Møre og Romsdal fylke.

4.6.5 Nye Hornindal, Volda og Ørsta kommune

NY KOMMUNESTRUKTUR PÅ KORT SIKT (blir drøfta i kap. 4.7)	• Hornindal, Volda og Ørsta
--	-----------------------------

Tabell 10: Nye Hornindal, Volda og Ørsta kommune

Ørsta og Volda: Fylkesmannen vektlegg at Ørsta og Volda over tid har vakse tett saman, og har dei siste 20 åra gjort fleire konkrete forsøk på å slå seg saman. Dette stiller kommunane overfor store felles utfordringar, så vel som moglegheiter for regional mobilisering. Dei to kommunane utgjer eit felles bu- sørvis- og arbeidsmarknadsområde, og dei utfyller kvarandre på kompetanse og innan næringar. Kommunesamanslåing blei vurdert som svært viktig for den vidare samfunnsutviklinga og regionale mobiliseringa i denne delen av fylket. Kommunesamanslåinga vil etter Fylkesmannen si oppfatning skape grunnlag for samordning av

kompetanse og utviklingsressursar på heile det kommunale ansvarsfeltet. Ei samanslåing vil vere ein stor fordel for kommunane si rolle innanfor samfunnsutvikling og heile den offentlege forvaltninga. Den nye kommunen vil også stå sterkare finansielt og økonomisk i møte med stramme økonomiske budsjett.

Realisering av Voldatunnelen vil knyte dei to kommunesentra enda tettare saman. Ørsta og Volda har solid kompetanse knytt til kommunane si rolle som tenesteprodusent og samfunnsutviklar. Den nye Kvivsvegen har opna for tett dagleg kontakt mellom Hornindal og Ørsta/Volda.

Volda og Hornindal har gjort vedtak om samanslåing. Ørsta bør også naturleg høyre med i denne samanslåinga.

Fylkesmannen viser til at Ørsta og Volda i fellesskap har utvikla ein omfattande og godt grunngeve intensjonsavtale; om prioriteringar, organisering og økonomisk fordeling innanfor ein ny kommune. Fylkesmannen meiner det omfattande faglege og politiske arbeidet som er gjennomført kan representere eit konstruktivt startpunkt for det vidare arbeidet med ei samanslåing.

4.6.6 Nye Surnadal og Sunndal kommune

TILRÅDING	• Sunndal og Surnadal
NY KOMMUNESTRUKTUR PÅ KORT SIKT (blir drøfta i kap. 4.7)	• Sunndal • Surnadal

Tabell 11: Nye Surnadal og Sunndal kommune

Omsynet til heilskapleg samfunnsutvikling, kompetanseoppbygging, effektiv ressursbruk og ikkje minst denne regionen si framtidige rolle og betydning i den samla offentlege forvaltninga tilseier at Sunndal og Surnadal bør inngå i ei felles kommunesamanslåing. Fylkesmannen vektlegg at det vil kunne forsterke nærings- og samfunnsutviklinga som føregår i denne regionen - og like eins forsterke eit felles bu- sørvis- og arbeidsmarknad med å bygge desse to kommunane på Indre Nordmøre saman til ein kommune. Realisering av Trollheimstunnelen (Todalsfjordprosjektet) vil gi ferjefritt

samband mellom Surnadal og Sunndal. Det kan legge grunnlag for ein sterk regionkommune på Indre Nordmøre.

Surnadal og Sunndal: Begge kommunane står overfor demografiske utfordringar knytt til nedgang i folketal, og ei aldrande befolkning. Surnadal ligg i eit folketalssvakt område – og er avhengig av sine naboar for vekst og utvikling. Surnadal har ei arbeidsplassdekning på 93,5 prosent - og i tillegg til å vere ein stor jordbrukskommune er det eit variert næringsliv. Sunndal har ei arbeidsplassdekning på 107 prosent og næringslivet støtter seg i stor grad

til hjørnesteinsbedrifta Hydro Sunndal. Dette gjer at Sunndal er sårbar overfor konjunktursvingingar.

Begge kommunane har kvar for seg ein begrensa kommuneorganisasjon til å løyse alle sine lovpålagde oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid. Fagmiljø innanfor kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og mindre robuste på grunn av storleik.

4.6.7 Nye Sykkylven og Stranda kommune

NY KOMMUNESTRUKTUR PÅ KORT SIKT (blir drøfta i kap. 4.7)	• Sykkylven og Stranda ^{9, 10}
--	---

Tabell 12: Nye Sykkylven og Stranda kommune

Fylkesmannen meiner det er grunnlag for ein sterkare kommune på sørsida av Storfjorden mellom Stranda og Sykkylven.

Delen av Stranda som ligg på nordsida av Storfjorden, bygda Liabygda, blir foreslått grensejustert til Nye Norddal, Stordal og Ørskog kommune. Likeeins blir den sørlegaste delen av Norddal kommune, bygdene Eidsdal og Norddal, ein del av Nye Stranda og Sykkylven kommune. For at Stranda og Sykkylven

skal vere i stand til å møte både kort-siktige og langsiktige utfordringar, jf. måla i kommunereforma og kriterium for god kommunestruktur, bør Stortinget gjere vedtak om kommunesamanslåing.

Stranda og Sykkylven: Kommunane er demografisk sårbare og står overfor utfordringar knytt til nedgang i folketal, og ei aldrande befolkning. Begge kommunane har for liten kommuneorganisasjon til å kunne løyse alle

sine lovpålagde oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid. Stranda har ei arbeidsplassdekning på 97,7 prosent - og Sykkylven 93,2 prosent, og ein stor del av sysselsettinga i begge kommunane er knytt til industri.

Fylkesmannen viser til at det er forhandla fram ein intensjonsavtale mellom Sykkylven og Stranda som kan gi eit godt grunnlag for vidare drøftingar.

4.6.8 Rindal til Sør- Trøndelag

Rindal kommune er etter Fylkesmannen si oppfatning for liten og sårbar jf. måla i kommunereforma og kriteria for god kommunestruktur, og Fylkesmannen tilrår at Rindal inngår i ei kommunesamanslåing med Nye Orkladal kommune i Sør-Trøndelag.

Rindal kommunestyre har gjort vedtak om overføring til Trøndelag og med mogleg deltaking i kommunesamanslåing rundt Orkdal. Fylkesmannen vil framheve at Rindal sitt vegval har

konsekvensar for etablert samarbeid i forhold til i første rekke Surnadal og Halså, men også dei andre kommunane på Nordmøre.

Overføringa av Rindal til Trøndelag har som konsekvens at den noverande grensa mellom Surnadal og Rindal blir etablert som ny fylkesgrense. Fylkesmannen ser at det kan innebere ein mindre funksjonell grensedragning samanlikna med gjeldande fylkesgrense.

Fylkesmannen stiller seg likevel positiv til overføringa til Trøndelag, og er innstilt på samarbeid med Fylkesmannen i Sør-Trøndelag for å legge til rette for Rindal sitt ønske om overføring til Trøndelag.

Fylkesmannen vil tilrå at Rindal blir ein del av Nye Orkladal kommune i Sør-Trøndelag.

⁹⁾ Bygda Liabygda i Stranda kommune på nordsida av Storfjorden bør overførast til den foreslåtte nye kommunen på nordsida av fjorden på kort sikt; Ørskog, Norddal og Stordal

¹⁰⁾ Grunnkretsen Skotet på sørsida av Storfjorden bør inkluderas i Nye Stranda og Sykkylven kommune ut i frå geografiske føresetnader.

4.7 Vurdering av kommunestrukturrendringa på kort sikt

Fylkesmannen vurderer her kva som bør vere ei endring av kommunestrukturen i Møre og Romsdal på kort sikt. Fylkesmannen legg til grunn vurderingane og drøftingane som er nemnt over, god lokalkunnskap og samtalar med kommunane i sine konklusjonar vidare. Det meste av drøftingane om den enkelte kommune i kapitel 4.6 – blir ikkje repetert i dette kapitlet.

ENDRING AV KOMMUNESTRUKTUR PÅ KORT SIKT	
1	<p>Ålesund, Sula, Giske, Haram, Skodje, Sandøy; (med unntak av øyane Sandøy, Orten, Ona)</p> <p>Ein ny kommune rundt Ålesund bør etter Fylkesmannen si oppfatning på kort sikt omfatte minimum fem kjernekommunar der Ålesund, Sula, Giske, Skodje og Haram er naturlege inn i den nye kommunen. Det blir vektlagt her at Ålesund og Sula er ein del av same tettstad, og at kommunane Skodje, Giske og Haram inngår som ein naturleg del av byregionen Ålesund med mange felles utfordringar.</p> <p>Fylkesmannen vurderer at bygging av denne regionen saman til ein ny kommune rundt Ålesund, vil kunne forsterke nærings- og samfunnsutviklinga og eit felles bu- sørvis- og arbeidsmarknad. Viser til drøfting i kap. 4.6.1.</p>
2	<p>Molde, Midsund, Nesset, Aukra, Gjemnes; (med unntak av øya Bergsøya), del av Sandøy; (øyane Sandøy, Orten, Ona)</p> <p>Viser til drøfting i kap. 4.6.2. spesielt om Aukra og Gjemnes, og Fylkesmannen vurderer at ei samanslåing mellom desse fem kommunane bør gjennomførast på kort sikt.</p>
3	<p>Kristiansund, Averøy, Tingvoll, del av Gjemnes; (øya Bergsøya)</p> <p>Fylkesmannen vurderer at ei samanslåing av kommunane Kristiansund, Averøy og Tingvoll og del av Gjemnes, bør gjennomførast på kort sikt.</p> <p>Averøy og Tingvoll er små og sårbare kommunar, samt at dei geografiske forholda ligg godt til rette for samanslåing etter ei omfattande kommunikasjonsutbygging rundt Kristiansund. Viser til drøfting i kap. 4.6.3. spesielt for Tingvoll og Averøy.</p>
4	<p>Ørsta, Volda og Hornindal (i Sogn og Fjordane)</p> <p>Fylkesmannen tilrår at Stortinget fattar vedtak om samanslåing. Viser til kap. 4.6.5.</p>
5	<p>Ulstein, Hareid</p> <p>Kommunane Ulstein og Hareid har gjennomført omfattande prosessar fleire ganger om å slå seg saman, og Stortinget bør no fatte vedtak om kommunesamanslåing mellom desse to kommunane. Fylkesmannen legg vekt på at det er korte avstandar og eit nært og innarbeidd samarbeidsforhold mellom dei to kommunane. Samanslåing blir vurdert i dette tilfellet som viktig i forhold til framtidig oppgåveløysing. Fylkesmannen vurderer ikkje kommunesamanslåing mot Ålesund som like viktig og relevant, sjølv om kommunikasjonsprosjektet Hafast på lang sikt kan kome til å forsterke den regionale framveksten mot Ålesund.</p> <p>Fylkesmannen har merka seg at Ulstein og Hareid har utvikla ein intensjonsavtale om samanslåing for desse to kommunane. Fylkesmannen meiner det omfattande faglege og politiske arbeidet som er gjennomført kan representere eit konstruktivt startpunkt for det vidare arbeidet med ei samanslåing av desse to kommunane. Viser til kap. 4.6.4 spesielt for Ulstein og Hareid.</p>

ENDRING AV KOMMUNESTRUKTUR PÅ KORT SIKT	
6	<p>Fræna, Eide</p> <p>Samanslåing mellom Eide og Fræna vil kunne forenkle samarbeidsmønsteret i Romsdal, også i det vidare arbeid med å etablere ein meir heilskapleg regionkommune. Samanslåing mellom desse to kommunane blir vurdert i dette tilfellet som riktig i forhold til framtidig oppgåveløysing på kort sikt. Viser også til drøfting i kap. 4.6.2.</p>
7	<p>Sykkylven, Stranda (med unntak av bygda Liabygda), del av Norddal (bygdene Eidsdal, Norddal på sørsida av Storfjorden)</p> <p>For at Stranda og Sykkylven skal gjere seg i stand til å møte både kortsiktige og langsiktige utfordringar, jf. måla i kommunereforma og kriterium for god kommunestruktur bør Stortinget gjere vedtak om kommunesamanslåing våren 2017. Fylkesmannen viser til at det er forhandla fram ein intensjonsavtale mellom Sykkylven og Stranda som kan gi eit godt grunnlag for vidare drøftingar. Viser til kap. 4.6.7.</p>
8	<p>Herøy, Sande</p> <p>Fylkesmannen legg vekt på at Sande er ein svært sårbar kommune og at det ligg godt til rette for samanslåing med Herøy kommune både geografisk og når det gjeld oppgåveløysing. Vanylven kommune kan eventuelt inngå i samanslåinga dersom dei involverte kommunane ønsker det - og det blir tatt eit felles initiativ til dette, jf. fylkesmannens merknad om behov for nærare vurderingar for Vanylven kommune. Fylkesmannen vurderer samanslåing mellom Sande og Herøy som riktig i forhold til framtidig oppgåveløysing - og det vidare arbeid med ei større kommunesamanslåing mellom kommunane på Ytre Søre Sunnmøre. Viser til kap. 4.6.4.</p>
9	<p>Rauma</p> <p>Fylkesmannen vurderer at Rauma på kort sikt kan halde fram som eigen kommune. Utfordringar i den kommunale oppgåveløysinga og omsynet til ei positiv samfunnsutvikling tilseier at Rauma bør vidareføre og forsterke samarbeidet mot resten av kommunane i Romsdal. Hovuddelen av kommunen sine samarbeidsordningar er i dag retta mot Molde og Romsdal.</p> <p>For Rauma vil kommunikasjonsprosjekt over Langfjorden vere ei viktig utvikling for å knytte kommunen nærare saman med regionsenteret Molde. Betring av kommunikasjonar mot Vestnes med nye tunnellar og den nye Tresfjordbrua har aktualisert samarbeid mot Vestnes. Med den planlagde utbygginga av Møreaksen, vil dei geografiske forholda ligge godt til rette for ei samanslåing med Nye Molde kommune.</p> <p>Viser til kap. 4.6.2. Fylkesmannen er open for at også Rauma kommune allereie på noverande tidspunkt sjølv tar initiativ til deltaking i den føreslegne kommunesamanslåinga rundt Molde.</p>
10	<p>Sunnal</p> <p>Fylkesmannen vurderer som ei kortsiktig løysing at Sunndal fortsett som eigen kommune. Utfordringar i den kommunale oppgåveløysinga og omsynet til ei positiv samfunnsutvikling tilseier at kommunen bør forsterke samarbeidet spesielt mot Surnadal, jf. drøfting i kap. 4.6.6.</p> <p>Realisering av Trollheimstunnelen (Todalsfjordprosjektet) vil kunne gi ferjefritt samband mellom Surnadal og Sunndal. Det kan legge grunnlag for ein sterk regionkommune på Indre Nordmøre. Fylkesmannen er open for at Sunndal kommune allereie på noverande tidspunkt sjølv tar initiativ til deltaking i den føreslegne kommunesamanslåinga mellom Sunndal og Surnadal.</p>

ENDRING AV KOMMUNESTRUKTUR PÅ KORT SIKT	
11	<p>Vestnes</p> <p>Fylkesmannen vurderer som ei kortsiktig løysing at Vestnes held fram som eigen kommune. Føresetnaden for dette er utvida bilateralt og regionalt samarbeid med nye og sterkare nabokommunar. Det gjeld særlig samarbeid om kompetansekravende velferdstenester og samfunnsutvikling, som vil krevje ein langsiktig relasjon til faste samarbeidspartnarar. Hovuddelen av kommunen sine samarbeidsordningar er i dag retta mot Molde og Romsdal. Realisering av Møreaksen vil aktualisere samanslåing med Nye Molde kommune. Viser til kap. 4.6.2. Fylkesmannen er open for at Vestnes kommune allereie på noverande tidspunkt - sjølv tar initiativ til deltaking i den føreslegne kommunesamanslåinga rundt Molde.</p>
12	<p>Surnadal</p> <p>Surnadal kommune står fram som ufrivillig liten i lys av at nabokommunane Halså og Rindal har valt andre løysingar. Dette til trass for at dei tre kommunane har eit omfattande interkommunalt samarbeid seg imellom, samtidig som kommunane heng naturleg saman reint geografisk. Surnadal er ein potensiell senterkommune for Halså og Rindal, men kan også integrerast mot Sunndal. Realisering av Trollheimstunnelen (Totalsfjordprosjektet) vil kunne gi ferjefritt samband mellom Surnadal og Sunndal. Det kan legge grunnlag for ein sterk regionkommune på Indre Nordmøre. Viser til kap. 4.6.6.</p> <p>Fylkesmannen er open for at Surnadal kommune allereie på noverande tidspunkt sjølv tar initiativ til deltaking i den føreslegne kommunesamanslåinga mellom Surnadal og Sunndal.</p>
13	<p>Aure, Halså</p> <p>Samanslåing mellom Aure og Halså vil kunne forenkle samarbeidsmønsteret på Nordmøre, også i det vidare arbeid med å etablere ein meir heilskapleg regionkommune saman med nye Kristiansund. Viser til kap. 4.6.3. Fylkesmannen vurderer ein ny kommune på Ytre Nordmøre som samlar området som i dag består av Aure og Halså (5 083 innbyggjarar) på kort sikt.</p> <p>(Eit alternativ kan vere om kommunane Hemne og 1/3 av Snillfjord kommune – i Sør-Trøndelag blir ein del av Møre og Romsdal. Jf. Tilråding frå Fylkesmannen i Sør-Trøndelag).</p> <p>Fylkesmannen er open for at Aure og Halså kommune allereie på noverande tidspunkt tar initiativ til deltaking i den føreslegne kommunesamanslåinga rundt Kristiansund.</p>
14	<p>Ørskog, Stordal, Norddal, del av Stranda (bygda Liabygda)</p> <p>Fylkesmannen meiner det er grunnlag for ein sterkare kommune med ei samanslåing mellom Ørskog, Stordal og Norddal. Eksklusiv del av Norddal som består av bygdene Eidsdal og Norddal. Dette med unntak av den delen av Norddal kommune som omfattar av bygdene Eidsdal og Norddal på sørsida av fjorden. Liabygda, som ein del av Stranda, blir ein del av den nye kommunen – samtidig som grunnkretsen Skotet blir ein del av Nye Stranda og Sykkylven kommune. Føresetnaden er at Storfjorden blir brukt som framtidig kommunegrense.</p> <p>Ørskog ligg midt mellom Ålesund/Skodje og Norddal/Stordal og har tett integrasjon også til Ålesund med mellom anna ei innpendling til Ålesund på 22 prosent. Fylkesmannen ser det som tenleg i denne omgangen at Ørskog slår seg saman med Norddal og Stordal slik at det kan bli ein viss storleik på den nye kommunen. Likevel vil den nye kommunen ha behov for interkommunalt samarbeid på kompetansekravende oppgåver. Viser til kap. 4.6.1.</p>

ENDRING AV KOMMUNESTRUKTUR PÅ KORT SIKT

15	Vanylven Fylkesmannen vurderer som ei kortsiktig løysing at Vanylven held fram som eigen kommune, men då under føresetnad av at ein eller fleire av dei større nabokommunane kan vere tenesteleverandør på oppgåver som Vanylven manglar. Viser til kap. 4.6.4
16	Smøla Stortinget har vektlagt at det skal tas geografiske omsyn i kommunereforma, og det er venta ei nærare avklaring av utsette øy kommunar med spesielle utfordringar i den vidare handsaminga av kommunereforma. Med omsyn til Smøla sin spesielle geografiske plassering vurderer Fylkesmannen at kommunen enda ei stund kan halde fram som eigen kommune. Fylkesmannen er open for at også Smøla kommune allereie på noverande tidspunkt sjølv tar initiativ til deltaking i den føreslegne kommunesamanslåinga rundt Kristiansund. Viser til kap. 4.6.3.
17	Rindal til Sør-Trøndelag Rindal kommune er etter Fylkesmannen si oppfatning for liten og sårbar jf. måla i kommunereforma og kriteria for god kommunestruktur, og Fylkesmannen tilrår at Rindal inngår i ei kommunesamanslåing med Nye Orkladal kommune i Sør-Trøndelag, jf. tidlegare drøfting. Viser til kap. 4.6.8.

Ung medverknad

i Møre og Romsdal

«Ungdommen er framtida. Å bruke dei unge aktivt i arbeidet med kommunereforma har vore ein viktig del av Fylkesmannen i Møre og Romsdal si satsing på barn og unge.»

Fylkesmann i Møre og Romsdal,
Lodve Solholm

Kommunereforma er ei reform for framtida. Dei som er unge i dag er framtidas innbyggjarar; framtidas studentar, arbeidstakarar, foreldre, bebuarar på sjukeheim og brukarar av ei rekke kommunale tenester. Dette gjer det viktig å ta vare på det unge perspektivet - for å skape eit samfunn som dei unge ønsker å bu i, flytte tilbake til og vere med på å utvikle vidare. I Møre og Romsdal har det vore fokus på å legge til rette for at framtidas innbyggjarar skal komme til orde i arbeidet med kommunereforma.

Ungdomspanelet på besøk hos statsråden

Den 3. februar 2015 var ungdomspanelet i Møre og Romsdal på besøk i Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å møte statsråd Jan

Tore Sanner. Han hadde lagt merke til at ungdommar i Møre og Romsdal var engasjerte i kommunereforma.

Besøket vart ein viktig del av satsinga på den unge stemma i arbeidet med kommunereforma i Møre og Romsdal. Frå møtet med statsråden var budskapet til ungdomspanelet tydeleg: ei oppmoding til fylkesmennene i Norge om å la ungdommane få kome til i ein viktig debatt om framtida. Statsråden ønska seg film av innlegget til ungdomspanelet, som han kunne ta med seg og vise på møte om reforma.

«Filmen vi laga om kommunereforma har blitt vist på ulike samlingar, kommunestyremøte og politiske møte. Det har vore stort å få vere med på ei så omfattande reform, og å få påverke i stor grad. Ungdomspanelet har vore heldig med å få bety så mykje, og det har vore viktig å få med unge stemmer i denne prosessen.»

Leiar i ungdomspanelet,
Marthe Emilie Hansen

Fylkesmannen med eigen ungdomsmedarbeidar

Prosjektleiinga hos Fylkesmannen var tidleg opptekne av å sikre ungdomsmedverknad i sitt arbeid. Ei engasjert 19 år gamal jente frå ungdomspanelet blei difor tilsett i 20%stilling frå april 2015 til august 2016. Tanken var at ungdom kommuniserer best med ungdom.

Ungdomsmedarbeidaren har arbeidd tett med prosjektleiinga, og har saman med prosjektleiar for kommunereforma, forsøkt å legge til rette for at ungdommar i heile fylket har fått mogleg-



Filmen «Kommunereforma på eitt minutt»

heita til å seie si meining.

Ungdomsmedarbeidaren hos Fylkes



heita til å seie si mening.

Ungdomsmedarbeidaren hos Fylkesmannen kartla kva ungdommane i fylket hadde behov for å kunne om reforma, og korleis dei ønska å bli involvert i den. Lett tilgjengeleg og forståeleg informasjon var det mange som sakna.

Filmen «Kommunereforma på eitt minutt» hadde premiere 13. oktober 2015. Filmen vart vist 20.000 gonger på Facebook og YouTube. Filmen blei delt på fleire kommunenettsider og lokalaviser, og brukt i møte om kommunereforma rundt i fylket. Saman med informasjonsfilmen blei forslag til undervisningsopplegg og konkurranse om kommunereforma lagt ut på Fylkesmannen si nettside til fri bruk.

Skjønnsmiddel til kommunane

I november 2015 fekk kommunane i Møre og Romsdal 50.000 kr kvar i skjønnsmiddel. Desse midla var øyremerka ungdomsmedverknad, og blei brukt på ulike måtar. Fleire kommunar valde å bruke midla på konferanse for ungdom eller folkemøte der ungdom var særleg invitert. I Sandøy kommune arrangerte ungdomsrådet



Snapchat-konkurranse med reforma som tema, der premien var pengar til klassekassa.

Pakke for medverknad

1. juli hadde kommunane frist til å fatte sine vedtak, og våren 2016 var det derfor viktig å sikre reell ungdomsmedverknad. Å invitere ungdomsrepresentantar til prosjektgruppar og folkemøte var eit viktig første steg, like viktig var det å sørge for at deira syn kom tydeleg fram. Fylkesmannen oppmoda ungdomsråda i fylket til å ta pennen fatt. Fylkesmannen sendte ut pakkar med pennar og notatblokker til

kvart ungdomsrådsmedlem, og utfordra dei til å vere konkrete og tydelege på korleis dei såg for seg kommunestrukturen i framtida.

Fylkesmannen på besøk til ungdom – med tema kommunereform

Fylkesmannen og ungdomsmedarbeidaren var invitert til å halde innlegg på ein ungdomskonferanse i april 2016 for det vidaregåande skuletrinnet i Kristiansund. Tema var kommunereforma, og heile 1750 elevar frå heile Nordmøre fekk vere med på eit spennande opplegg med ulike foredragshaldarar.

Tankar frå ungdomsmedarbeidaren hos Fylkesmannen

Første dag på jobb blei eg fortald at «dette er nybrottsarbeid!» - og det har det verkeleg vore. I rommet for nytenking, har mykje spennande skjedd. Eg har i stor grad fått forme innhaldet i stillinga mi sjølv, i tett dialog med leiinga.

Med mi utfordring om å gjere kommunereforma interessant og relevant for unge, har det vore nødvendig å tenkje litt annleis. Det har resultert i latter, sprell og seriøs prat om kvarandre.

Om eg skal trekke fram noko som høgdepunktet, må det vere dialogen med ungdomsråda. Dei flinke folka i ungdomsråda har stort engasjement for å skape gode lokalsamfunn - akkurat det kommunereforma handlar om.



Solveig Sønnerland Buvik, 21 år

5. Faktadel Møre og Romsdal

5.1 Generelt

Møre og Romsdal fylke har 265 290 innbyggjarar pr. 01.01.2016, fordelt på 36 kommunar. Kommunane viser stor variasjonsbreidde i forhold til demografi og busettingsmønster, næringsliv og økonomi, natur- og ressursgrunnlag, transport og samferdsel, sosiale og kulturelle forhold m.v.

Fylket har eit samla areal på 15100 km². Det tek om lag 7 timar å køyre frå Vanylven sør i Fylket til Smøla heilt nord i fylket, inkl. 4 ferjer. Landskap, natur og klima er variert og mangfaldig med stor spennvidde, frå kyst- og øykommunar til fjord- og innlandskommunar. Med dette som utgangspunkt blir det frå ulike hald ofte peika på at Møre og Romsdal framstår som eit Noreg i miniatyr. Fylket grenser i nord og aust mot

Sør-Trøndelag, i aust mot Oppland og i sør mot Sogn og Fjordane.

Demografisk er det store skilnader mellom kommunane, frå Stordal med vel 1 000 innbyggjarar til Ålesund med om lag 46 000. Fylket har mange små kommunar; halvparten av kommunane har færre enn 5 000 innbyggjarar. Sjå figur 5.1 a.


Målt etter areal er det også store skilnader mellom kommunane. Innlandskommunane Sunndal, Rauma, Surnadal og Nesset er størst, alle over 1 000 km². Sjå fig. 5.1b.

Fylket er arealmessig kjenneteikna av mange svært små kommunar. Kystkommunane Sandøy, Giske, Sula og Aukra er dei minste. Men også folkerike bykommunar som Kristiansund og

Ålesund høyrer til i gruppa av kommunar med ei samla flatevidde på under 100 km². Heile 26 av dei 36 kommunane i fylket har ei flatevidde under 400 km². (Data nytta i faktadelen er i hovusak henta frå [fylkesstatistikk 2015, Møre og Romsdal](#)).

På oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal har NIVI Analyse gjennomført ei samla kartlegging av det interkommunale samarbeidet i alle kommunane i fylket (Vinsand og Langset, 2013). I alt blei det registrert 255 formelle interkommunale samarbeidsordningar i form av interkommunale styre og selskap, aksjeselskap med kommunal eigarmajoritet og avtalebasert samarbeid mellom kommunane. Dei tre store byane i fylket er vertskapskommune for godt over halvparten av dei samarbeidsavtalane dei tar

Figur 5.1 a - Folketalet 1. januar 2016 - kommunane i Møre og Romsdal



del i. Andre større kommunar fyller også viktige avlastingsfunksjonar for mindre nabokommunar. NIVI peikar på at det interkommunale samarbeidet er prega av samarbeidsformer som legg meir vekt på administrativ enn politisk styring. Det er vidare vanskeleg å identifisere ei fast regioninndeling for samarbeid, og situasjonen er iflg. NIVI-rapport prega av "praktisk, pragmatisk shopping" framfor breie regionale fellesløysingar.

Den tidlegare inndelinga av fylket i tre fogderi - Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre – kjem framleis til uttrykk i ulike samanhengar. Dette gjeld m.a. organiseringa av regionrådsstrukturen i fylket.

- Ordførar- og rådmannskollegiet på Nordmøre (ORKidé) omfattar 11 Nordmørskommunar. I tillegg har

Fræna og Nesset slutta seg til ORKidé sitt IKT-samarbeid.


- Romsdal Regionråd (ROR) omfattar ordførar- og rådmannskollegiet i dei 8 Romsdalskommunane, med unntak av Sandøy. Nordmørskommunen Eide er medlem både av ROR og ORKidé.
- Sunnmøre Regionråd (SR) er landets største regionråd og omfattar alle dei 17 kommunane på Sunnmøre, samt Romsdalskommunane Sandøy og Vestnes (sistnemnde er også medlem i ROR). SR vart etablert i 2013 ved at Ålesundsregionens Utviklingsselskap og Søre Sunnmøre Regionråd gjekk saman og danna eit felles regionråd for heile Sunnmøre.

Eit krevande samferdselsfylke

Topografien gjer Møre og Romsdal til eit krevande samferdselsfylke. Fjord og

fjell gir store utfordringar for kommunikasjon og transport på tvers av fylket. Vidare utbygging av gode samferdsel- og kommunikasjonsløysingar er ein viktig føresetnad for regional utvikling. Fleire større samferdselsprosjekt er igangsett eller under planlegging. Nye samferdselsprosjekt vil korte inn reisetida og opne opp for nye samband. Eit eksempel på dette er ferjefri E39, som del av gjennomfartsvegen frå Kristiansand til Trondheim. Dette nye stamvegprosjektet vil gi kortare reisetid mellom byane i fylket og føre til større og meir samanhengande bu- og arbeidsmarknadsregionar. Planlegging av fleire av delstrekningane gjennom fylket er godt i gang. Parallelt med dette er det også viktig å vidareføre arbeidet med tilrettelegging av gode tilkomstveggar som sikrar vidare integrering av bustad, handel og næringsverksemd.

Figur 5.1 b - Mange svært små kommunar i areal



Prinsippa nedfelt i dei nasjonale planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging vil her legge viktige føringar for vidare lokalt og regionalt plan- og utviklingsarbeid.

Møre og Romsdal har i dag 4 flyplassar, Ålesund, Molde, Kristiansund og Ørsta/Volda. Trafikken langs kysten er også viktig. Dette omfattar både gods-, cruise- og passasjertrafikk. M.a. går Hurtigruta innom dei tre byane Ålesund, Molde og Kristiansund, samt Geiranger i turistsesongen.

5.2 Demografi

Fylkesstatistikken viser at det ved inngangen til 2016 budde 265 290 personar i Møre og Romsdal. Folketalet auka med 1 571 personar i 2015, ein vekst på 0,6 %. Folketalet i Noreg auka med 0,9 % i same perioden.

Nettoinnvandringa frå utlandet betyr mest for folketalsveksten i fylket. I 2015 hadde Møre og Romsdal ei nettoinnvandring på 1 984 personar. Ved inngangen til 2015 var det 29 579 innvandrarar i Møre og Romsdal. Dette

utgjer 11,2 % av det samla folketalet i fylket.

Totalt har folketallet i Møre og Romsdal auka med om lag 19 000 personar, eller 7,8 % sidan 2005. Folketalet i Noreg auka med 12,1 % i same tiårsperiode. Folketalsveksten på kommunenivå dei siste 10 åra viser eit svært variabelt bilde; sjå figur 5.2. b, Kommunar med sterk vekst (over landsgjennomsnittet) omfattar bykommunen Ålesund med nabokommunane Giske, Sula, og Skodje, bykommunen Molde med nabokommunen Aukra, samt Sunnmørskommunane Volda og Ulstein.

Sterkast tilbakegang har det vore i kommunane Vanylven, Norddal og Halså. Alderssamansettinga i befolkninga har endra seg mykje dei siste åra. Hovudtendensen er at det blir fleire eldre og færre yngre.

Den sterkaste folketalsveksten har vore i aldersgruppene 60-69 år og 70-79 år. Denne tendensen er forventa å bli forsterka i åra framover. Likeeins er Møre og Romsdal prega av ei skeiv kjønnsfordeling, med fleire menn enn kvinner. Dette med unntak av dei aller eldste. Denne tendensen er også forventa å halde seg i åra framover; sjå figur 5.2. c.


I Møre og Romsdal fylkeskommune sin publikasjon *Utviklingstrekk i Møre og Romsdal (2015)*, basert m.a. på Fylkesstatistikk 2015, blir hovudtrekka knytt til demografi og befolkningsutvikling oppsummert slik:

- Fylket har ein god, men sårbar folketalsvekst. Framleis vekst er avhengig av innvandring, noko som igjen er avhengig av konjunkturar og behovet for arbeidskraft.
- Nokre stader i fylket handlar det om å legge til rette for folketalsvekst, andre stader om å halde oppe bustetjinga og folketallet.
- Negativ netto innanlandsflytting. Unge vaksne flyttar ut av fylket.

Figur 5.2 a - Folketalsveksten i Møre og Romsdal siste 10 åra 2006-2016



Figur 5.2 b - Venta folketalsvekst mot 2040, Alternativ MMMMM - Middels nasjonal vekst.



- **Sentraliseringa held fram. Møre og Romsdal er i folketal ein stadig mindre del av Noreg, vi taper samanlikna med regionar med større bysenter.**

- **Få unge kvinner og låge fødselstal.**
- **Fleire innvandrara gir eit større sosialt og kulturelt mangfald - behov for integrering.**

- **Prognosane seier at det blir kraftig auke i talet på eldre, ein liten auke personar i arbeidsfør alder.**

5.3 Næringsstruktur


Næringslivet i Møre og Romsdal er prega av stor breidde og variasjon. Figur 5.3 a, gir eit enkelt oversiktsbilde over næringsstrukturen i fylket, medan figur 5.3 b, viser næringsstruktur etter kjønn.

Tradisjonelt har næringar knytt til landbruk og fiske, gjerne i kombinasjon, stått sterkt i mange kommunar. Dette opna seinare for industri og handverksbedrifter knytt til landbruks- og fiskeri-næringane. Utover 1900-talet markerte fylket seg som eit viktig industrifylke, med nasjonale tyngdepunkt innan både møbel- og skipsindustri.

Møre og Romsdal er i dag eit viktig matfylke, og er landets største fiskerifylke målt i eksportverdi. Reiseliv og turisme er også viktige vekstnæringar. Teknologisk utvikling og veksten i offentleg og privat tenesteyting har elles gitt rom for ei rekke nye næringar og spesialitetar. Statistikk over sysselsetting og næringsliv viser likevel at både landbruk, fiske og industri framleis har ein sterk posisjon i fylket, og at andelen sysselsette i desse næringane ligg godt over gjennomsnittet for landet elles.

Fylket har ein svært kjønnsdelt arbeidsmarknad, og har elles relativt sett få statlege arbeidsplassar samanlikna med andre fylke. Store delar av næringslivet i Møre og Romsdal er


Figur 5.2 c- Folketal, historisk og framskrevet, etter kjønn og alder, Møre og Romsdal 1996, 2016 og 2036-hovedalternativ (SSB).



Figur 5.3 a. - Næringsstruktur




Figur 5.3 b. - Næringsstruktur etter kjønn.



Figur 5.4 a. - Arbeidsplassdekning 2016.



Figur 5.4 b. - Bu- og arbeidsmarknadsregionar Kjelde: NIBR-rapport 2013:1



internasjonalt retta gjennom fleire store eksportretta og oljerelaterte bedrifter. Møre og Romsdal er det nest største eksportfylket i landet. Med utgangspunkt i eksport av både varer

og tenester pr sysselsett plasserer fylket seg heilt i toppen. Eit eksportretta næringsliv krev kontinuerleg omstilling og innovasjon.

5.4 Arbeidsplassar og sysselsetting

Arbeidsplassdekninga varierer mykje kommunane i mellom. Bykommunane Ålesund og Molde kjem best ut saman med Ulstein, alle med ei arbeidsplassdekning på over 120 %. Den lågaste arbeidsplassdekninga finn vi i Nesset og Gjemnes. Statistikken viser også at omlandskommunane til Ålesund - Giske, Sula og Skodje - har låg arbeidsplassdekning; sjå figur 5.4 a.

Det er stor utveksling av arbeidskraft mellom kommunane og ulik næringsstruktur er drivkrafta for pendling. Kommunar med høg innpendling er gjerne kjenneteikna av høg arbeidsplassdekning – og motsett vil kommunar med stor utpendling ofte bere preg av låg arbeidsplassdekning. Figur 5.4 b, gir eit samla bilde for endringar på kommunenivå for arbeidsplassdekninga for perioden 2010 – 2015.

5.5 Kapasitet og kompetanse

Arbeidslivet og kompetansebehova er i kontinuerleg endring. Eit stadig meir kompetanseintensivt næringsliv aukar behovet for høgt utdanna arbeidskraft. På mange fagområde er det i dag medarbeidarar med mangelfull formalkompetanse. Dette gjeld m.a. innan kommunal tenesteproduksjon på oppvekst og skuleområdet, så vel som innan pleie og omsorg. Utdanningsnivået i Møre og Romsdal er lågare enn landsgjennomsnittet, men likevel med store variasjonar kommunane imellom. Fleire av dei mindre kommunane er gjerne prega av små og sårbare fagmiljø, og på sentrale kommunale tenestoområde vil manglande kapasitet og kompetanse vere ei stor utfordring.

Faktadel

om kommunane

Faktadelen inneheld kommunevis fakta om kommunane i Møre og Romsdal. Faktadelen er bygd opp likt for alle kommunane, der vi mellom anna går igjennom demografi, interkommunalt samarbeid, bu- og arbeidsmarknad, prosessen i kommunen med kommunereforma, kommunestyrevedtak og utfordringsbilde.

Fakta er mellom anna henta frå kommunane sine heimesider, Fylkesmannen sitt kommunebilde, Fylkeskommunen sin fylkesstatistikk og kommunestatistikk.

Utfyllande informasjon kan ein finne i kjeldehenvisninga lengst bak.

1502 Molde

1504 Ålesund

1505 Kristiansund

1511 Vanylven

1514 Sande

1515 Herøy

1516 Ulstein

1517 Hareid

1519 Volda

1520 Ørsta

1523 Ørskog

1524 Norddal

1525 Stranda

1526 Stordal

1528 Sykkylven

1529 Skodje

1531 Sula

1532 Giske

1534 Haram

1535 Vestnes

1539 Rauma

1543 Nesset

1545 Midsund

1546 Sandøy

1547 Aukra

1548 Fræna

1551 Eide

1554 Averøy

1557 Gjemnes

1560 Tingvoll

1563 Sunndal

1566 Surnadal

1567 Rindal

1571 Halså

1573 Smøla

1576 Aure



Molde

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1502 [Molde kommune](#)

Innbyggartal: 26 732

Areal av land og ferskvatn: 362,66 km²

Del busette i tettbygde strøk: 85,8 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Molde er regionsenter i Romsdal. Molde kommune er både ein by- og landkommune, og har potensial til meir vekst og utvikling – i tett samarbeid med kommunane i rundt seg.

I rådmannen si innstilling til endeleg vedtak om ny kommunestruktur står det mellom anna:

«En større kommune med bredere kompetanse i de kommunale tjenestene knyttet til blant annet arealbruk, samfunnsikkerhet- og beredskap, transport, næring, miljø og klima vil bedre forutsetningene for en styrket og samordnet lokal og regional utvikling. I forhold til dette målet hadde det vært særlig formålstjenlig om den nye kommunen i enda større grad var tilpasset dagens bo- og arbeidsmarkedsregion».

Nabokommunane grenser ganske nært til Molde - der Fræna, Eide og Gjemnes (lengst unna med 32 km til flyplass i Molde) ligg nærast, med Nesset lengst unna som har 48 km til flyplass i Molde, og Rauma med 51 km pluss ferjestrekning. Kommunane Aukra, Vestnes og Midsund (lengst unna med 38 km til flyplass i Molde) ligg også nært, men har ei ferjestrekning i tillegg. Hurtigruta har daglege avgangar i Molde, i tillegg nyttast Molde hamn til frakt- og cruisebåttrafikk. Arbeidet med å få på plass Møreaksen vil gi nye moglegheiter for vekst og utvikling i regionen.

Molde har eit breidt tilbod knytt til vidaregåande skule og høgare utdanning. Høgskulen har om lag 1500 studenter, og eit utdanningstilbod både på bachelor-, master og doktorgradsnivå. Møreforskning og Molde kunnskapspark representerer også viktige kunnskaps- og kompetanseinstitusjonar for den generelle samfunnsutviklinga i regionen.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2013 / arealdel: 2009



Ordfører (H)


Torgeir Dahl

Tlf.: 71 11 11 01/sentralbord: 71 11 10 00

Mob: 908 50 795

torgeir.dahl@molde.kommune.no

postmottak@molde.kommune.no



Demografi

Molde har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt moderat vekst i folketallet med 9,4 %, mot 7, 8 % for fylket samla og 12,1 % for landet.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet; 21 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 11,6 mot 12 for fylket samla. I Molde er det i 2016 3,9 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 12,8 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,6 yrkesaktive pr. person over 67 år og 6,6 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 27.000 innbyggjarar vil kommunen kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester.

Interkommunale samarbeid 2013

Molde kommune deltek i til saman 55 ulike interkommunale samarbeid, og i dei aller fleste samarbeida er det Molde som er «motor» og ofte vertskommune.


Næringsstruktur

Molde kommune har varierte arbeidsplassar innan industri, handel, privat og offentlig tenesteyting. Molde er regionalt senter og vertskap for fylkesadministrasjonen, og har sjukehus. Molde blir ofte peika på som eit naturleg geografisk sentrum i Møre og Romsdal med gode kommunikasjonar som flyplass, gjennomfartsvegen E39, ferje og hurtigrutesamband. Som dei to andre største byane i fylket har Molde ein betydeleg varehandel.



FOTO: MOLDE KOMMUNE

Figur 2- Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Molde har ei arbeidsplassdekning på 127 %. dvs at det er stor innpendling frå nabokommunane. Det er ei målsetting i kommunereforma at kommunegrensane i større grad vert tilpassa naturlege bo- og arbeidsmarknadsregionar.

Frå ekspertutvalet er det gitt råd om at der det er 25% innpendling til ein annan kommune, så bør desse slå seg saman. Nabokommunane har følgjande innpendling til Molde:

- Nesset: 22 %
- Gjemnes: 25 %
- Midsund: 12 %
- Aukra: 27 %
- Fræna: 32 %
- Eide: 22 %
- Vestnes: 8 %
- Rauma: 8 %

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Gjennom hausten 2014, heile 2015 og våren 2016 har Molde kommune, saman med alle ROR-kommunane, følgt denne felles milepælsplanen

- Haust 2014 og vår 2015: Utgreiingsfase med dei fire delrapportane og sluttrapport 20. mai 2015. Ein rekke møter vart arrangert for å diskutere innretning i utgreiingane og resultat av utgreiingane.
- Juni 2015: Vedtak i kommunestyra om å inngå i sonderings- og forhandlingsfase
- 10.08.15: Første sonderingsmøte
- 01.11.15: Førebuande samtalar sluttført
- 15.11.15: Innleiande forhandlingsfase starta opp
- 01.02.16: Innleiande forhandlingsfase ferdig
- 14.02.16: Politisk vedtak i kommunestyret om å inngå i prosess om intensjonsavtale og med kva kommunar
- 14.02.16: Igangsetting utarbeiding av intensjonsavtalar
- 01.04.16: Intensjonsavtale og beskriving av ny kommune ferdig
- 01.05.16: Innbyggjarhøyring og evt. folkerøysting ferdig
- 01.07.16: Vedtak i kommunestyret om ny kommune

Utgreiingar

Kommunane i Romsdal Regionråd samarbeidde om ei felles utgreiing i

kommunereformarbeidet våren 2015. Denne vart laga av Telemarksforskning og NIVI analyse i tett samarbeid med kommunane. I samband med kvar delrapport var det politiske møter med 4 representantar frå kvar kommune og kommunane presenterte og diskuterte kvar delrapport i eige kommunestyre, råd og utval. Telemarksforskning leverte fire delrapportar og ein slutt-rapport. Totalt 12 ulike alternativ for nye kommunar er greidd ut frå måla med reforma som er satt av Storting og Regjering:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftig og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati og gi større kommunar fleire oppgåver

Molde kommune har inngått i 5 av dei alternativa som var med i utgreiinga:

- Heile ROR
- Romsdalshalvøya
- Molde – Fræna – Eide
- Molde – Fræna
- Molde – Aukra

Rapportane frå utgreiinga ligg på nettsida til Romsdal Regionråd: <http://www.romsdalregionrad.no/kommunereformen>

Val av alternativ

Kommunen valde to alternativ som dei mest aktuelle for Molde kommune å gå vidare med. Dette vart det fatta vedtak om i kommunestyret 18.02.2016 – PS 1/16.

- Romsdalshalvøya, inkl. Rauma
- Ein eller fleire Romsdalskommunar

Intensjonsavtalar

Molde kommune er med i tre intensjonsavtalar; Romsdalsalternativet mellom Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Midsund, Nesset og Rauma (3. mars 2016), Midsund-Molde (13. mai 2016) og Gjemnes, Molde og Nesset (19. mai 2016).

Involvering av innbyggjarar

Molde kommune hadde ei innbyggjarhøyring 11.05.-20.05.15. Dei hadde folkemøte 4., 5. og 6. april 2016 og informasjonsmøte for alle dei tre vidaregåande skulane 4. april 2016. Ei ny innbyggjarhøyring knytt til Romsdalsalternativet vart halde i perioden 11.04.-18.04.16.

Resultat av innbyggjarhøyringa

Nøkkeltal frå innbyggjarhøyringa i Molde kommune 2016:

- 1500 respondentar
- Romsdalsalternativet: 71 %
- Aleine: 16 %
- Vet ikkje: 13 %


Innbyggjarhøyring

Resultat frå innbyggjarhøyringa bestilt av Molde kommune utført av Opinion i perioden 11. - 18. april 2016.

Spørsmål: Molde kommune har signert ein intensjonsavtale om å lage ein ny kommune saman med Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Midsund, Nesset og Rauma, med Molde som kommunesenter. Ønsker du at den nye kommunen blir etablert?



Spørsmål: Dersom nokre kommunar vel ikkje å gå vidare med denne intensjonsavtalen, kva bør Molde kommune gjere då?



Antall spurte:

1500



FOTO: MOLDE KOMMUNE

KOMMUNESTYREVEDTAK 23. JUNI 2016

1. Molde kommune har gjennomført en prosess med utgreiing av ulike alternativer til ny kommunestruktur. Det er fremforhandlet 3 intensjonsavtaler, og det er gjennomført innbyggerundersøkelser og folkemøter. Molde kommunestyre gir sin tilslutning til det arbeidet og de prosessene som er gjennomført, som grunnlag for å fatte vedtak i denne saken.

2. Molde kommunestyre vedtar å etablere en ny kommune sammen med Midsund kommune, Gjemnes kommune og Nesset kommune under forutsetning av tilsvarende vedtak i de

respektive kommunene. De inngåtte intensjonsavtalene legges til grunn for det videre arbeidet med å etablere den nye kommunen.

3. Dersom alternativet til en ny kommune med disse fire kommunene ikke blir mulig på bakgrunn av utfallet av den politiske behandlingen i de øvrige kommunene, vedtar Molde kommunestyre at Molde kommune skal etablere en ny kommune sammen med de av kommunene som gjør vedtak om å slå seg sammen med Molde kommune.

4. Molde kommunestyre vil, som følge av ønsket om å etablere en størst

mulig ny kommune på Romsdalshalvøya, stille seg positiv i tida fram til 01.10.2016 til søknader/henvendelser frå evt. andre kommuner om å slå seg sammen med de kommunene som har gjort vedtak om å etablere nye Molde kommune.

5. Molde kommunestyre er av den oppfatning at dersom ingen av de aktuelle kommunene på Romsdalshalvøya ønsker å slå seg sammen med Molde kommune, vil Molde kommune likevel ha en størrelse og nødvendige forutsetninger for å møte framtidige utfordringer innen de kommunale oppgavene.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Molde kommune er avhengig av innpendling frå nabokommunane for å få tiltrekkelige kompetanse og kapasitet til arbeidsplassane i kommunen.

Arealdisponering, samfunnssikkerheit, beredskap, transport og næring i Romsdalsregionen vil vere ei utfordring å samordne utan ein større bykommune.

Molde deltar i 55 interkommunale samarbeid (IKS) og er vertskommune for dei fleste av desse. Det kostar å

vere vertskommune for mange IKS, dessutan svekker eit stor tal IKS politisk styring og kontroll.

Etter endeleg vedtak pr. 1. juli 2016 har kommunane Nesset, Midsund og Molde, bestemt seg for å slå seg saman til Nye Molde kommune.

Ordfører (Ap)

Eva Vinje Aurdal
 Tlf: 70 16 20 22/sentralbord 70 16 20 00
 Mob: 922 94 785
 eva.mariann.vinje.aurdal@alesund.kommune.no
 postmottak@alesund.kommune.no

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1504 Ålesund kommune

Innbyggartal: 46 747

Areal av land og ferskvatn: 98,62 km²

Del busette i tettbygde strøk: 95,1 % (fylkessnitt 70,4 %)

Kommunebilde (sjå url i kildelista).

Fylkesstatistikk/kommunestatistikk

Generelt om kommunen

Ålesund er regionsenter på Sunnmøre. Ålesund kommune er både ein by- og landkommune, og har potensial til meir vekst og utvikling – i tett samarbeid med kommunane rundt seg – men har ikkje nok tilgang på areal til at byen kan vekse innanfor eigne grenser. Ålesund er den største byen i Møre og Romsdal.

I rådmannen si innstilling til endeleg vedtak om ny kommunestruktur står det mellom anna:

«Det er sett opp ti kriterier som viser kva som skal til for at kommunen på ein god måte skal kunne oppfylle sine fire roller (tenesteytar, utøving av mynde, samfunnsutviklar, demokratisk arena) og løyse dei oppgåvene som er knytt til desse.


Kriteria er: 1. Tilstreккеleg kapasitet. 2. Relevant kompetanse. 3. Tilstreккеleg distanse. 4. Effektiv tenesteproduksjon. 5. Økonomisk soliditet. 6. Valfridom. 7. Funksjonelle områder for samfunnsutvikling. 8. Høg politisk deltaking. 9. Lokal politisk styring. 10. Lokal identitet.

Ved at fleire kommunar i bu- og arbeidsmarknadsregionen går saman til ein ny, vil den nye kommunen i enno sterkare grad enn Ålesund åleine klare å oppfylle dei ti kriteria, ikkje minst nr. 3 – 7. Det vil dessutan gi større høve for at staten vil gi kommunen auka lokal politisk styring gjennom redusert statleg styring og overføring av oppgåver frå stat og fylke»

Nabokommunane til Ålesund er Sula, Giske og Skodje. Haram og Ørskog er også kommunar med kort avstand til Ålesund. Ålesund - Vigra lufthamn ligg i Giske kommune 20 km frå sentrum i Ålesund. Sandøy er ein øykommune i nord som også har tett samarbeid med Ålesund.

Hurtigruta har daglege avgangar til og frå Ålesund, i tillegg nyttast Ålesund hamn til frakt- og cruisebåttrafikk. Ålesund har ei av dei største cruisebåthamnene i landet. Arbeidet med å få på plass Møreaksen vil gi nye moglegheiter for vekst og utvikling i regionen.

Ålesund har eit breitt tilbod knytt til vidaregåande skule



og høgare utdanning. Ålesund har utdanningstilbod både på bachelor-, master- og doktorgradsnivå, og er ein del av NTNU i Trondheim. Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK), Møreforskning og Ålesund kunnskapsark representerer også viktige kunnskaps- og kompetanseinstitusjonar for den generelle samfunnsutviklinga i regionen.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2016 / arealdel: 2008

Demografi

Ålesund har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt sterk vekst i folketalet med 14,9 %, mot 7, 8 % for fylket samla og 12,1 % for landet.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg rett under fylkesgjennomsnittet; 21,9 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 10,5 mot 12 for fylket samla.

I Ålesund er det i 2016 4,6 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 14 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,9 yrkesaktive pr. person over 67 år og 7,7 yrkesaktive pr. person over 80 år.



FOTO: ÅLESUND KOMMUNE

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 47 000 innbyggjarar vil kommunen i stor grad kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester.


Interkommunale samarbeid 2013

Ålesund har om lag 49 interkommunale samarbeid (IKS). Ålesund er vertskommune for 38 iks på Sunnmøre og er med sin storleik eit naturleg samlingspunkt og ein motor for regionen.

Næringsstruktur

Ålesund kommune har varierte arbeidsplassar innan industri, handel, privat og offentlig tenesteyting. Ålesund har ein stor prosentandel med offentlege arbeidsplassar og har det største sjukehuset i Møre og Romsdal. Det er gode kommunikasjonar med flyplass i nærleiken, gjennomfartsvegen E39, ferje og hurtigrutesamband. Som regionsenter har Ålesund ein betydeleg varehandel.

Figur 2- Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Ålesund har ei arbeidsplassdekning på 114,4 %. dvs at det er stor innpendling frå nabokommunane. Det er ei målsetting i kommunereforma at kommunegrensane i større grad vert tilpassa naturlege bo- og arbeidsmarknadsregionar. Frå ekspertutvalet er det gitt råd om at der det er 25% innpendling til ein annan kommune, så bør desse slå seg saman. Nabokommunane med størst innpendling til Ålesund:

Sula: 41,2 %
 Skodje: 38,8 %
 Giske: 26,8 %
 Ørskog: 22,1 %

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Ålesund kommune har vore ein del av kommunereformprosjektet «Regionkommunen Ålesund», som starta etter initiativ Haram kommune og Ålesund kommune. Innleiingsvis var følgande kommunar ein del av prosjektet;

Ålesund kommune, Haram kommune, Sandøy kommune, Giske kommune, Skodje kommune, Ørskog kommune, Stordal kommune, Norddal kommune, Stranda kommune, Sykkylven kommune, Sula kommune, Hareid kommune og Ulstein kommune. Totalt 13 kommunar.

Dette kommunereformprosjektet har levert arbeid etter følgande milepælar:

- Oppstart prosjekt - Måndag 16. mars 2015
- Sluttrapport for utgreiing – Fredag 21. august 2015
- Sonderingsarbeid ferdig – Onsdag 3. februar 2016
- Signering av intensjonsavtale – Fredag 18. mars 2016

Utgreiingar

Arbeidet med utgreiingar på Sunnmøre har blitt gjort som ein felles innsats mellom politikarar og administrative tilsette i dei involverte kommunene. Dette har medført at deltakarane har opparbeidd seg ein solid kompetanse på kommunereforma, og dei utfordringane som dei ulike kommunane har inn

mot prosessen på reforma. Det har blitt skapt ein unik interkommunal kompetanse, gjennom kjennskap, vennskap og samhandling.

Utgreiinga i «Regionkommunen Ålesund» har blitt delt i fire arbeidsgrupper, for å svare på dei fire målsettingane i reformarbeidet. Kvar gruppe leverte delrapport, og denne vart satt saman til ein felles rapport.

Intensjonsavtalar

Ålesund kommune har signert intensjonsavtale med kommunereformprosjektet «Regionkommunen Ålesund». Intensjonsavtalen er inngått mellom kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Involvering av innbyggjarar

Undervegs i utgreiingsarbeidet med kommunereforma har Sunnmøre Regionråd IKS på vegne av alle eigarkommunane gjennomført to innbyggjarundersøkingar for å måle temperaturen på befolkninga. Dette har blitt nytta som innspel i framdrifta i arbeidet. Første gjennomføring i september 2014, og ei oppfølging oktober 2015. Resultata har begge gangar blitt presentert på Arena Sunnmøre, som er ein møteplass for alle formannskapspolitikarane på Sunnmøre.

Ålesund kommune har også valt å nytte folkemøte, nettsider og informasjonsbrosjyre for å informere innbyggjarane om kommunereforma. Det har også blitt gjennomført høyring med val av innbyggjarundersøking, og moglegheit til å sende inn høyringssvar til kommunen. Vidare har politikarane vore aktive i lokalmedia for å formidle sitt syn på kommunereforma.

Resultat av innbyggjarhøyring


Innbyggjarundersøkinga som vart gjennomført av Opinion viser at ålesunderane er positive til intensjonsavtalen om kommunereforma. 57% er svært eller ganske positive til avtalen mellom 10 kommunar, men nær to av tre trekk fram Sula og Giske kommunar som dei viktigaste å få med.

Undersøkinga vart gjennomført i perioden 2. til 11. mai 2016. 1000 personar over 16 år var spurt.

Innbyggjarhøyring

Resultat frå innbyggjarhøyringa bestilt av Ålesund kommune utført av Opinion i perioden 2. – 11. mai 2016.

Spørsmål: Dei 10 kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund har inngått ein intensjonsavtale om å gå saman for å skape ein ny kommune i regionen. Korleis stiller du deg til at desse kommunane ønskjer å samle seg til ein ny kommune?



Antall spurte:

1000



KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Ålesund kommune ser det ikkje som framtidsretta å halde fram med dagens kommunestruktur i vår region. Dagens administrative grenser fell i liten grad saman med dei funksjonelle områda for framtidsretta og samordna samfunnsutvikling sett i lys av bu- og arbeidsmarknadsregionen Ålesund er ein del av.

2. Ålesund kommune ønskjer å få etablert ein ny regionkommune som utgjer eit funksjonelt administrativt område med visjon og mål slik det er skissert i intensjonsavtalen av 18.03.16 mellom dei 10 kommunane Giske, Haram,

Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

3. Ålesund kommune erkjenner at ikkje alle dei 10 kommunane som er nemnt i pkt. 2 ovanfor, vil delta i etableringa av den nye regionkommunen. Ålesund vil derfor som eit alternativ etablere ein ny kommune saman med kommunane Haram, Sandøy og Skodje. Grunnlaget for den nye kommunen er intensjonsavtalane av 18.03.16 og 15.06.16 Der det er konflikt mellom dei to avtalane, gjeld avtalen av 15.06.16.

4. Ønskjer fleire av dei kommunane som er nemnt i pkt. 2 ovanfor, i tida

fram mot Stortinget gjer sitt vedtak våren 2017, å slutte seg til den nye kommunen nemnt i pkt. 3, stiller Ålesund seg positiv til dette.

5. Så snart Fylkesmannen gir sin tilråding til Stortinget om ny kommunestruktur i Møre og Romsdal, vil Ålesund kommune invitere kommunane nemnt i pkt. 3 ovanfor, jf. pkt. 4, til å opprette ei fellesnemnd til å starte arbeidet med førebuingane fram mot etableringa av den nye kommunen.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Ålesund si største utfordring er mangel på tilgjengeleg areal.

Folketilveksten har dei siste åra auka kraftig. Dette gir mellom anna utfordringar i høve til tilgjengeleg areal for bustadbygging, fortetting, næringsutvikling, kollektivtransport med meir.

Kommunen er innpendlingskommune for ei rekke nabokommunar og utgjer

ein del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion. Det er eit behov for samordna areal- og samfunnsplanlegging som strekker seg utover dei eksisterande kommunegrensene.

Ålesund er den kommunen på Sunnmøre som er vertskommune for flest interkommunale samarbeid (IKS). Det kostar å vere vertskommune for mange IKS. Mange IKS svekker politisk styring

og kontroll med desse tenestene.

Etter endeleg vedtak pr. 1. juli 2016 har kommunane Ålesund, Skodje og Sandøy bestemt seg for å slå seg saman til ein ny kommune.



Kristiansund



Ordfører (Ap)

Kjell Neergaard
Tlf: 71 57 40 70 / sentralbord: 71 57 40 00
Mob: 915 39 396
kjell.neergaard@kristiansund.kommune.no
postmottak@kristiansund.kommune.no

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1505 [Kristiansund kommune](#)

Innbyggartal: 24 526

Areal av land og ferskvatn: 87,38 km²

Del busette i tettbygde strøk: 90,6 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Kristiansund er regionsenter på Nordmøre. Kristiansund kommune er både ein by- og landkommune, og har potensial til meir vekst og utvikling – i tett samarbeid med kommunane rundt seg.

Kommunen fekk sine noverande grenser i 2008 då Kristiansund og Frei blei slått saman til ein kommune.

Kommunen har dei siste åra hatt ei auke i folketalet saman med nabokommunen Averøy, men nordmørskommunane ligg samla sett dårlegare an enn landssnittet i demografisk sårbarheit. Innvandring er den viktigaste enkeltfaktoren til folketaletsveksten. Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen har færre unge enn landsgjennomsnittet, medan talet på eldre ligg høgare.


RV681 og RV70 er vegane frå Kristiansund som knytt dei til E39 og fastlandet (med tunnel). Nabokommunane grenser ganske nært til Kristiansund – der Averøy (16 km til Bruhagen), Tingvoll (57 km) og Gjemnes (36 km til Batnfjordsøra) er dei næraste naboane.

Hurtigruta har daglege avgangar i Kristiansund, i tillegg nyttast Kristiansund hamn til frakt- og cruisebåttrafikk.

Kristiansund har eit breidt tilbod knytt til vidaregåande skular, og det ligg sjukehus i kommunen.

Kristiansund lufthamn er den einaste flyplassen på Nordmøre, og har direkteruter innanlands til Oslo, Bergen, Trondheim, Molde, Florø og Stavanger.

For å styrke regionen som vekstområde har Kristiansund saman med nabokommunane deltatt i eit byregionprogram i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Programmet har tatt for seg tenestesamarbeid, nærings- og arealutvikling og korleis Kristiansund kan styrkast som regionsenter.



Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2012 / arealdel: 2011.

Demografi

Kristiansund har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt moderat vekst i folketalet med 9,8 %, mot 7,8 % for fylket samla og 12,1 % for landet.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet; 20,8 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 11,2 mot 12 for fylket samla.

I Kristiansund er det i 2016 4 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 14,2 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,5 yrkesaktive pr. person over 67 år og 6,3 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 25 000 innbyggjarar vil kommunen kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester.

Interkommunale samarbeid

Kristiansund har om lag 48 interkommunale samarbeid (IKS). Kristiansund er vertskommune for om lag 26 iks på Nordmøre og er med sin storleik eit naturleg samlingspunkt og ein motor for regionen.



FOTO:PETTER INGEBERG


Næringsstruktur

Kommunen har ei arbeidsplassdekning på 99,7 %, fylkessnittet er på 96,4 %. Næringsmiddelindustrien har tradisjonelt vore stor i Kristiansund. Bedrifter innan fisketilvirkning, hermetikk og fryserier har vore dei fremste drivarene i næringslivet i kommunen. Frå 1980-åra har kommunen også utvikla seg til å bli ein sentral drifts- og leve-

randørbase for offshore utanfor Midt-Norge.

Den viktigaste næringa i Kristiansund i dag er difor offshore- og oljebasert næring. I motsetning til dei fleste nabokommunane har Kristiansund høg skår på eit variert næringsliv og gunstig bransjestruktur. Som dei to andre store byane i fylket har Kristiansund ein betydeleg varehandel.

Figur 2- Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Kristiansund har ei arbeidsplassdekning på 99,7 %. Det er ei målsetting i kommunereforma at kommunegrensane i større grad vert tilpassa naturlege bo- og arbeidsmarknadsregionar. Frå ekspertutvalet er det gitt råd om at der det er 25% innpendling til ein annan kommune, så bør desse slå seg saman.

Kristiansund har ikkje så stor innpendling frå nabokommunane. Nabokommunar med størst innpendling til Kristiansund:

- Averøy: 19,5 %
- Tingvoll: 13,6 %
- Aure: 7,6 %

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Kommunane på Nordmøre har valt å organisere ein felles utgreiingsprosess gjennom ORKidé – Nordmøre Regionråd, og har laga ein felles framdriftsplan: Utgreiingsfase - haust 2014-haust 2015. Sonderingsfase – redusere tal på alternativ/innleie forhandlingar - Okt. 2015- feb 2016. Utarbeide intensjonsavtalar - mars 2016. Innbyggarkhøyringar - april 2016. Saksførebuingar og dialog etter innbyggarkhøyring - mai-juni 2016. Endeleg vedtak - Innan 1. juli 2016.

Kristiansund kommune starta arbeidet med kommunereforma rett etter fylkesmannens oppstartsmøte 17. september 2014. Prosjektleiari Petter Ingeberg fekk i oppdrag å leie prosessen fram til kommunestyrebehandling innan utgangen av juni 2016.

Kristiansund tok initiativ til et felles formannskapsmøte mellom Nordmørskommunane 22. oktober 2014. Her blei kommunene oppfordra til å gi ein foreløpig løypemelding.

2. desember 2014 vedtok bystyret prosess og tidsplan fram til 2020 (Hurtigtog-alternativet). Prosjekteiar blei formannskapet medlemmer + øvrige gruppeleiarar. Styringsgruppe blei oppnevnt med representantar frå politisk og administrativ ledelse + tillitsvalgte, i tillegg referansegrupper. Våren 2015 blei det gjennomført nabo-prat med Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså, Aure og Smøla.

Utgreiingar

Telemarksforskning fekk våren 2015 oppdraget med å lage ei felles utgreiing for kommunane, ut frå dei fire måla i kommunereforma og kriteria frå det

nasjonale Ekspertutvalet. Fire delrapportar vart levert sommar og haust 2015, og sluttrapporten med forskarane sine anbefalingar blei presentert 5. november same år. I tillegg har Mind the Gap AS laga ei framtidsanalyse for Nordmøre, for å kaste lys over framtidig samfunnsutvikling.

Totalt greia Telemarksforskning ut 15 alternativ, basert på dei enkelte kommunane sine ønsker.

Kristiansund kommune har inngått i følgende alternativ:

- Storkommune Nordmøre: Kristiansund, Averøy, Eide, Gjemnes, Tingvoll, Aure, Smøla, Halså og Surnadal.
- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså, Aure og Smøla
- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså og Eide.
- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll

Her er samla oversikt over alternativ som er greia ut, og Telemarksforskning rapportar finnast på www.orki-deportalen.no/kommunereform.

Val av alternativ

Telemarksforskning tilrådde i sin slutt-rapport ein kommune beståande av Kristiansund, Averøy, Tingvoll og heile eller delar av Gjemnes. I slutten av november 2015 vedtok bystyret å forhandle med Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså, Aure, Smøla, Hitra, Frøya og Hemne om ein ny og stor kommune med Kristiansund som regionsenter. Hitra, Frøya og Hemne takka nei til å delta i samarbeidet. Etter initiativ frå Averøy blei det gjennomført sonderingar/forhandlingar mellom Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså, Aure og Smøla i perioden november 2015-februar 2016.

Intensjonsavtalar

29. februar 2016 blei det signert ein intensjonsavtale mellom Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså og Aure. Smøla kommune valde tidligare same månad å hoppe av prosessen. Innbyggarkhøyringane i nabo-kommunane ga eit nedslåande resultat for det vidare 6-kommunesamarbeidet. Det blei i mai 2016, etter at hovedsignala i nytt inntektssystem var gitt, tatt initiativ til nye samtalar med Gjemnes kommune. Intensjonsavtale mellom Kristiansund og Gjemnes blei signert 20. mai.

Involvering av innbyggjarar

Kristiansund kommune har involvert ulike innbyggargrupper på ei rekke måter: Kommunen har gitt informasjon om reformprosessen på kvart bystyremøte, og kommunereforma har vore eige tema i politikeropplæringa. Kommunereforma har vore fast tema i kommunen sitt nyhetsblad. Det er oppretta eit eige område om kommunereforma på kristiansund.no, og ei eigen facebookside.

Folkemøter om kommunereforma vart halde i mars 2015 og i april 2016, og i april 2016 blei det rykka inn ei to-siders annonse i Tidens Krav med ein kortversjon av 6K-intensjonsavtalen. Kommunens ungdomsråd har fått informasjon på kvart møte. I mai 2015 var det kommunereformdag på begge dei vidaregåande skulane i byen. I april 2016 var det møte om kommunereforma med alle elevane på Atlanten vidaregåande skole, Kristiansund vidaregåande skole samt 10-klassingane ved Atlanten ungdomsskole og Frei ungdomsskole.

Innbyggarkhøyring

Resultat frå innbyggarkhøyringa bestilt av Kristiansund kommune utført av Opinion i perioden 11. - 21. april 2016.

Spørsmål: Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså og Aure har signert ein intensjonsavtale om å lage ein ny og større kommune med Kristiansund som regionsenter. Ynskjer du at den nye kommunen blir etablert?



Antall spurte:

1200



FOTO: ALEXANDER LEHMAN, TIDENS KRAV

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Kristiansund kommune ser behovet for ny kommuneinndeling på Nordmøre. (Enstemmig).

2. Bystyret slutter seg til den signerte intensjonsavtalen mellom Kristiansund og Gjemnes datert 20. mai 2016. Realisering av avtalen gir positive ringvirkninger, og oppfyller de nasjonale målene i kommunereformen for de to kommunene. (Enstemmig)

3. Bystyret mener at en framtidig etablering av en ny og større kommune bestående av Kristiansund, Averøy, Tingvoll, Gjemnes (4K) blir en bære-

kraftig kommune som er i stand til å møte morgendagens utfordringer på en god måte. Den nye kommunen kan etableres med alle de fire kommunene, eventuelt noen av dem. (Vedtatt mot 1 stemme)

4. Ordføreren får fullmakt til å gå i dialog med Gjemnes kommune for å supplere intensjonsavtalen med følgende tilføyelse: Som et ledd i arbeidet med realisering av intensjonene i avtalen, og for å svare på oppfordringen i Tidens Krav 14. juni, foreslår Kristiansund, i tillegg til å opprettholde

omfanget av antallet arbeidsplasser på kommunehuset i Gjemnes, også å forplikte seg til at det gamle sykehjemsbygget brukes som kommunalt administrasjonsbygg. På denne måten vil antallet kommunale kompetansearbeidsplasser på Batnfjordsøra øke, og kan samtidig føre til økt lokal bosetting samt styrke elevgrunnlaget til Batnfjord skule. Prosjekteiermøtet foreslår at dette kommer som en tilføyelse i intensjonsavtalen. Eventuelt andre forhold kan også vurderes. (Enstemmig)

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Den største utfordringa for Kristiansund som regionsenter, er omlandet som har negativ folketalsutvikling.

Kommunen har eit konjunkturuttsett næringsliv og lite offentlege arbeidsplasser sett i forhold til folketallet.

Kristiansund er den kommunen på Nordmøre som har deltatt i flest interkommunale samarbeid.

Det kostar å vere vertskommune for mange interkommunale samarbeid. Mange interkommunale samarbeid

svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1511 [Vanylven kommune](#)

Innbyggartal: 3 256

Areal av land og ferskvatn: 385,21 km²

Del busette i tettbygde strøk: 11,9 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Vanylven kommune ligg ved kysten i den sørvestlege delen av Sunnmøre. Naturen og landskapet er variert og mangfaldig, prega av kystområde med øyar, holmar og fjordar, men også med innslag av skog, myr og fjellområde. Sande er nabokommune til Vanylven i nord. Kommunen grenser vidare i nord mot Herøy, mot Volda i aust og vidare mot Eid, Vågsøy og Selje kommune i Sogn og Fjordane i sør og sør-vest.

Kommunen har veg- og ferjesamband samband nordover via Sande til Herøy, Ulstein og Hareid – men også mot Volda. Frå Hareid er det ferjesamband vidare til Sula og Ålesund - og hurtigbåtsamband til Giske til Ålesund Lufthamn Vigra. Vidare nordover frå Volda langs E39 mot Ørsta ligg Ørsta-Volda Lufthavn Hovden. Mot sør har kommunen vegsamband til Måløy og Nordfjordeid. Frå kommunesenteret Fiskå er det om lag ein times reiseavstand til Ulsteinvik, Volda, Ørsta, Nordfjordeid og Måløy.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2009 / arealdel: 2014

Demografi

Vanylven har den siste 10-års perioden (2005-2015) hatt sterk nedgang i folketalet med -11,8 %, mot 7,8 % for fylket samla og 12,1 % for landet.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet; 18,9 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 17 % mot 12 % for fylket samla.



Ordførar (V)


Lena Landsverk Sande

Tlf: 70 03 00 01 / sentralbord 70 03 00 00

Mob: 452 27 168

lena.landsverk.sande@vanylven.kommune.no

postmottak@vanylven.kommune.no



I Vanylven er det i 2016 2,5 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 7,4 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 1,2 yrkesaktive pr. person over 67 år og 2,7 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 3 300 innbyggjarar vil kommunen ikkje kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Vanylven har om lag 33 interkommunale samarbeid (IKS) og er vertskommune for to av desse.

Næringsstruktur

Kommunen har ei arbeidsplassdekning på 82 %, under gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %.


Vanylven ligg under fylkessnittet i forhold til statlege, fylkeskommunale og kommunale arbeidsplassar. Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg over gjennomsnittet i fylket.

Tala for sekundærnæringane ligg under gjennomsnittet i fylket.



FOTO: MAGNE SANDNES

Figur 2- Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Vanylven utgjer ein eigen bu- og arbeidsmarknad. Kommunen har større ut- enn innpendling.

Ulstein er den viktigaste utependlingskommunen. Innpendlinga er størst frå Volda.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Gjennom hausten 2014, heile 2015 Vanylven kommune har vore ein av dei mest aktive kommunane i Møre og Romsdal i arbeidet med kommunereform. Dei starta tidleg nabopratar, gjennomført fleire innbyggjarundersøkingar, forhandla intensjonsavtale både i eige fylke og sørover til Sogn og Fjordane (Selje og Vågsøy).

Kommunestyret fatta oppstartsvedtak om kommunereform 9. september 2014. I kommunestyrevedtak den 9. desember 2014 fatta kommunen vedtak om milepælsplan, reformgruppe m.m. Vanylven sendte tidleg i prosessen invitasjonar til dei omliggande kommunane – og har hatt samtalar med alle unntatt Ørsta.

Utgreiingar

Kommunane i Romsdal Regionråd Utfordringsnotat kommunane på Sunnmøre, BDO/Sunnmøre Regionråd, februar 2015. Analyse av dagens kommunestruktur på Sunnmøre og anbefalingar til vidare lokale prosessar.

Runde kommune (Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid): SWOT-analyse (desember 2015) utarbeidd av formannskapsmedlemmer/ adm. leiding og Sunnmøre Regionråd. [Analyse Stadt kommune](#) (Vanylven, Selje, Vågsøy) vart utarbeid av lokal prosjektgruppe, og slutført i januar 2016.

Rapportane frå utgreiinga ligg på [nettsida til Romsdal Regionråd](#).

Val av alternativ

Kommunestyret gjorde 12.01.2016 vedtak om tre alternativ:

1. Ytre søre Sunnmøre med kommunane Sande, Ulstein, Herøy og Hareid
2. Nordfjord med kommunane Vågsøy og Selje.
3. Vanylven skal bestå som eigen kommune.

Det vart samtidig gjort vedtak om å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting over dei ulike alternativa.

Intensjonsavtalar

Vanylven kommune har utarbeidd intensjonsavtale med Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid: Nye Runde kommune. SWOT-analyse (formannskap, kommuneleiing): 3-4.12.15, Sæbø. Sonderingsmøter: 15/12, 6/1. Styringsgruppa: Møter 6/1, 25/1, 1/2, 8/2, 12/2, 22/2, 29/2. Forhandlingsmøter: 27/1, 4/3, 7/3, 11/3, 30/3. Signert avtale 30. mars 2016.

Involvering av innbyggjarar

Ope innbyggjarmøte (Open Space metodikk) 13. november 2014, folkemøte (Open Space) på Eidså 13. april 2015, folkemøte på Fiskå 29. februar 2016 med fleire hundre oppmøtte-<http://www.nermet.no/article/41529> Det vart utarbeidd brosjyre og informasjon på nettet. Ordførar deltok dessutan på folkemøte i Hareid, Ulstein, Herøy og Sande om alternativet Runde kommune. Folkerøystinga var 25.april 2016.

Resultat av innbyggjarhøyringa

Vanylven kommune gjennomførte lokal kretsbasert (7) innbyggjarhøyring september 2014 (NIVI/Respons Analyse). Hovudfunn var m.a. sterkt lokaltilhøyre, sterkt kommunetilhøyre, stor endringsvilje, positiv til kommunereform, usemje om geografisk retningsval. Dersom kommunesamanslutjing skulle bli aktuelt, svarte 25 % heile Søre Sunnmøre, 24 % vestover mot Sande, Herøy, Ulstein og Hareid, 17 % mot Volda og Ørsta, medan 21 % svarte mot Nordfjord. Tala varierte vesentleg mellom kretsane; i sørlege krets svarte 49 % sørover mot Nordfjord, i midtre krets dødt løp mellom ei orientering mot Sande, Herøy, Ulstein og Hareid og heile Søre Sunnmøre, og i nordaustre krets svarte 32 % mot Volda og Ørsta, og ein nesten like stor del mot Sande, Herøy, Ulstein og Hareid. Eit anna funn var at innbyggjarane tenker stort og nytt dersom endringar skal gjerast.

Vanylven kommune gjennomførte ny lokal innbyggjarhøyring oktober 2015 (NIVI/Respons Analyse). Den viste m.a. fallande oppslutning om ein større kommune. I tillegg var Vanylven med på dei to innbyggjarhøyringane til Sunnmøre Regionråd (september 2014, oktober 2015).

Endeleg vedtak i kommunestyret den 14. juni 2016. [Meir informasjon på kommunen si heimeside](#)

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Vanylven kommune 25. april 2016.


Ja til samanslåing

61%

Nei til samanslåing

37%

Av desse har **72,5%** gitt svar på at dei ønsker å slå seg saman med Sande, Herøy, Ulstein og Hareid - Runde kommune. **13 %** ønsker samanslåing med Selje og Vågsøy - Stadt kommune.



Antall røyster:

1740

Antall røysteføre:

2762



FOTO: VANYLVEN KOMMUNE

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Viser til resultat av folkeavstemminga om «Stadt» og «Runde» kommunar.
2. Nei frå Vanylven til «Stadt» kommune.
3. Ja frå Vanylven og Sande til «Runde» kommune.
4. Nei frå Herøy, Ulstein og Hareid til «Runde» kommune.
5. Intensjonsavtalane som er inngått mellom «Stadt» kommune og «Runde» kommune blir oppheva og lagt vekk.
6. Vanylven kommune består som ufri-villig eigen kommune.
7. Samarbeidet med dei nærliggande kommunane fortset og om mogleg blir utvida i åra som kjem.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Vanylven står overfor demografiske utfordringar knytt til nedgang i folketal og ei aldrande befolkning.

Vanylven ligg i eit folketalssvakt område, og er på alle måtar avhengig av sine naboar for vekst og utvikling.

Kommunen har for liten kommuneorganisasjon til å kunne løyse alle sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid.

Fagmiljø innanfor kommunal teneste-produksjon vil vere meir sårbare og

mindre robuste på grunn av storleik.

Kommunen har utfordringar med sine avstandsulemper, og er avhengig av gode vegstandardar og ferjesamband.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1514 [Sande kommune](#)

Innbyggartal: 2 559

Areal av land og ferskvatn: 93,21 km²

Del busette i tettbygde strøk: 34 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Sande kommune ligg ved kysten i den sørvestlege delen av Sunnmøre. Kommunen har eit samla areal på 91 km². Naturen og landskapet er variert og mangfaldig, prega av kystområde med øyar, holmar og fjordar, men også med innslag av skog, myr og fjellområde. Herøy er nabokommune til Sande i nord og nordaust. Kommunen grenser vidare mot Vanylven i sør og mot Stadlandet og Selje kommune i Sogn og Fjordane i sør-vest. Larsnes er kommunesenter.

Kommunen har vegsamband nordover til Herøy, Ulstein og Hareid. Frå Hareid er det ferjesamband vidare til Sula og Ålesund - og hurtigbåtsamband til Giske til Ålesund Lufthamn Vigra.

Frå Ulstein er det elles fastlandssamband via Eiksundtunnelen til Ørsta og Volda – og til Ørsta-Volda Lufthamn Hovden. Ferjesambanda Larsnes – Åram og Årvik - Koparnes opnar for kontakt vidare sørover gjennom nabokommunen Vanylven. Sande kommunen ligg såleis sentralt plassert i forhold til dei andre kommunane på Søre Sunnmøre, og utgjer slik ein naturleg del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion. For intern kommunikasjon i kommunen har ein ferjesambandet Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøy med 45 min reisetid Larsnes-Kvamsøy. Sambandet har 9 ordinære avgangar i døgnet med 2 timar intervall.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2009 / arealdel: 2016

Demografi

Sande har den siste 10-års perioden (2005-2015) hatt svak vekst i folketalet med 2,3 %, mot 7,8 % for fylket samla og 12,1 % for landet.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet;



Ordfører (H)


Dag Vaagen

Tlf: 70 02 67 90 / sentralbord: 70 02 67 00

Mob: 971 96 495

dag.vaagen@sande-mr.kommune.no

sande.kommune@sande-mr.kommune.no



18,7 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 15 mot 12 for fylket samla.

I Sande er det i 2016 3,0 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 8,0 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivninga viser at det i 2040 vert 1,8 yrkesaktive pr. person over 67 år og 4,6 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 2 600 innbyggjarar vil kommunen ikkje kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Sande har om lag 41 interkommunale samarbeid (IKS) og er vertskommune for ei av desse.

Næringsstruktur


Kommunen har ei arbeidsplassdekning på 98,2 %, rett over gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %.

Sande ligg under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg over fylkessnittet. Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg rett over gjennomsnittet i fylket. Tala for sekundærnæringane ligg godt over gjennomsnittet i fylket.



FOTO:GEIR MAGNE SÆTRE

Figur 2- Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Sande inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknad med Herøy, Ulstein og Hareid.

Kommunen har større ut- enn innpendling. Herøy er den viktigaste utependlingskommunen.

Innpendinga er størst frå Ulstein.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Sande kommune gjorde tidleg vedtak om løp II og har vore tett involvert i kommunereformarbeidet frå 2014. Kommunestyret ønska i vedtak frå september 2014 opphavelg ei utgreiing for heile Søre Sunnmøre, men dette fekk ikkje oppslutnad blant alle kommunane på Søre Sunnmøre. Sande har hatt nabopratar med alle kommunane på ytre Søre Sunnmøre.

Formannskapet var saman med dei fire andre kommunane i samarbeidet Ytre Søre Sunnmøre samla til eit todagars analysearbeid 3-4. desember 2015. Som oppfølging valde kommunestyret forhandlingsutval 17. desember 2015. Formelt vart retningsvalet fastsett i kommunestyrevedtak 26.januar 2016, der forhandlingsutvalet fekk mandat til å forhandle fram ein intensjonsavtale mellom kommunane på Ytre Søre Sunnmøre; Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid. Alternativet fekk seinare namnet Runde kommune.

- September 2014: Kommunestyret vektlegg samsvar mellom kommunal organisering og naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar. Ønsker greidd ut så breitt som mogleg heile Søre Sunnmøre, evt Ytre Søre Sunnmøre
- Desember 2014: Kommunestyret gir mandat til organisering av vidare arbeid
- 2014-15: Deltaking i mange fellesarrangement for kommunane; Arena Sunnmøre, studieturar, folkemøte,

nabopratar, m.m.

- 2015: Ørsta og Volda reservert til felles utgreiing for Søre. Workshop for kommunane på Ytre Søre i desember
- Desember 2015: Kommunestyret oppnemner forhandlingsutval
- Januar 2016: Retningsval. Kommunestyret gir forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram intensjonsavtale med 5YSS
- Mars 2016: Kommunestyret vedtek at innbyggjarane skal høyrast gjennom rådgivande folkerøysting. Intensjonsavtale ferdigforhandla og signert
- April 2016: Kommunestyret godkjenner intensjonsavtalen Runde kommune
- April/mai: Informasjonsbrosjyre, folkemøte
- Mai 2016: Rådgivande folkerøysting

Utgreiingar

Utfordringsnotat kommunane på Sunnmøre, BDO/Sunnmøre Regionråd, februar 2015. Analyse av dagens kommunestruktur på Sunnmøre og anbefalingar til vidare lokale prosessar.

Runde kommune (Sande, Vanylven, Herøy, Ulstein, Hareid): SWOT-analyse (desember 2015) utarbeidd av formannskapsmedlemmer/ adm. leiing og Sunnmøre Regionråd.

Val av alternativ

Sande kommune ønska opphavelg ei utgreiing for heile Søre Sunnmøre, men dette fekk ikkje oppslutnad blant alle kommunane på Søre Sunnmøre.

Kommunestyret i Sande gjorde formelt retningsval i januar 2016 om samarbeid med kommunane på Ytre Søre Sunnmøre, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid. Alternativet fekk seinare namnet Runde kommune.

Intensjonsavtalar

Sande, Vanylven, Herøy, Ulstein, Hareid: Ny Runde kommune. SWOT-analyse (formannskap, kommuneleiing): 3-4.12.15, Sæbø. Sonderingsmøter: 15/12, 6/1. Styringsgruppa: Møter 6/1, 25/1, 1/2, 8/2, 12/2, 22/2, 29/2. Forhandlingsmøter: 27/1, 4/3, 7/3, 11/3, 30/3. Signert avtale 30. mars 2016.

Involvering av innbyggjarar

To innbyggjarhøyringar Sentio Research/Sunnmøre Regionråd i september 2014 og oktober 2015.


Informasjonsmøter om kommunereform vår/sommar 2015. I staden for eigne informasjonsmøter om kommunereforma vår/sommar 2015, stilte kommuneleiinga seg til diposisjon for å informere om kommunereforma i bygdemøter, årsmøter, andre arrangement. Etter invitasjonar deltok kommuneleiinga med informasjon og i dialog om kommunereform i slike arrangement:

- 09.04.15: Årsmøte i Sandsøy Grendelag, 35 møtande
- 14.04.15: Årsmøte i Kvamsøy bygde- og næringslag, 50 møtande
- 11.05.15: Medlemsmøte i Sande

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Sande kommune 25. april 2016.

Ny kommune saman med ytre søre Sunnmøre	51,38%
Sande aleine	42,72%
Blank	5,88%



Antall røyster:

866

Antall røysteføre:

2036



FOTO:SANDE KOMMUNE

pensjonistlag, rådhuset, 32 møtande
20.06.15: Sommardagar, teltet,
Larsnes, 100 møtande

Folkemøte 2016:

Larsnes (kommunesenter) 26.4.2016,
145 møtande, + ca 60 følgde jamnt
livesending.

Krinsvise møter: 9.5. Gjerdsвика: 37
møtande

10.5. Gursken: 28 møtande

12.5. Kvamsøy: 42 møtande

Andre involveringstiltak 2016:

11.04.2016: Ungdomsrådet, kommu-
neleinga informerte/deltok i dialog om
kommunereforma

15.04.2016: Gursken oppvekstsenter.
Kommuneleinga møtte 10. klassingar
med informasjon og i debatt

21.04.2016: Informasjonsbrosjyre til
alle husstandane i Sande.

Folkerøysting 19.mai 2016.

Resultat av folkerøysting 19. mai 2016

- Valdeltaking: 42,5 %
- Runde kommune: 51,4 %
- Sande som eigen kommune: 42,7 %
- Blanke røyster: 5,9 %

Endeleg vedtak i kommunestyret
21.juni 2016.

Meir informasjon på [kommunen si heimeside](#).

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Kommunestyret viser til folke-
røystinga i Sande etter gjennom-
ført kommunereformprosess og
rår at Sande kommune i lag med
kommunane Vanylven, Herøy, Ul-
stein og Hareid skipar ei ny stor-
kommune på Ytre Søre Sunnmøre.

2. Kommunestyreterkjendmedresultata
av folkerøystingane i nabokommunane.

Vidare er ein kjend med stadfesting frå
Fylkesmannen på at kommunar fram-
leis har høve til å forhandle om aktu-
elle løysingar fram til september 2016.

Forhandlingsutvalet får mandat til å
vurdere grunnlag for-, samt gjennom-
føre, ev. nye forhandlingar.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Kommunen har for liten kommuneor-
ganisasjon til å kunne løyse alle sine
lovpålagte oppgåver sjølv, og er avhen-
gig av interkommunale samarbeid.

Sande kommune er med i mange inter-
kommunale samarbeid. Dette svek-
ker politisk styring og kontroll med
desse tenestene. Fagmiljø innanfor

kommunal tenesteproduksjon vil vere
meir sårbare og mindre robuste på
grunn av storleik.

Kommunen har utfordringar med
sine avstandsulemper til fastland, og
er avhengig av gode vegstandarar og
ferje/båtsamband.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1515 [Herøy kommune](#)

Innbyggartal: 8 972

Areal av land og ferskvatn: 119,52 km²

Del busette i tettbygde strøk: 72,1 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Herøy kommune ligg ytterst ved kysten i den sørvestlege delen av Sunnmøre. Naturen og landskapet er variert og mangfaldig, prega av kystområde med øyar, holmar, fjordar og sund, men også med innslag av skog, myr og fjellområde. Kommunen omfattar fleire bebudde øyar som alle er knytt saman med brusamband. Fosnavåg er kommunesenter. I tillegg omfattar kommunen fleire bygder/mindre tettstader.

Kommunen grenser i nordaust mot Ulstein og i sør mot Sande og Vanylven. Kommunen har veg- og ferjesamband nordover via Ulstein og Hareid – og austover mot Ørsta og Volda. Mot sør har kommunen vegsamband via Sande og Vanylven til Måløy og Nordfjordeid. Kommunen har daglege anløp av hurtigruta i Torvik.

Frå Fosnavåg til Ålesund Lufthamn Vigra er det 87 km, som inkluderar hurtigbåt/ferje. Mot aust gjennom den under-sjøiske Eiksundtunnelen ligg Ørsta-Volda Lufthamn Hovden som ligg 48 km frå Fosnavåg.

Herøy kommune saman med Hareid, Ulstein og Sande utgjer ein region på Ytre søre Sunnmøre med til saman knapt 25 000 innbyggjarar. Vanylven kommune med 3258 innbyggjarar som nabo i sør - blir også rekna inn i denne regionen vanlegvis, men her er det ferjesamband i mellom.

Rådmannen skriv i si saksframstilling til endeleg vedtak under punktet - Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar:

«Rolla som samfunnsutviklar er utfordrande, men kommunen har høg kompetanse og kapasitet innan dei aktuelle fagområda for å vere trygg på rolla som samfunnsutviklar. Kommunen har eit godt samarbeid med næringsliv, lag og organisasjonar som bidreg i fellesskap til utvikling av lokal-samfunnet. Det er også sterk politisk deltaking i utviklingsprosjekt. Byutviklingsprosjektet i Fosnavåg kan nemnast som det ferskaste eksempelet på felles planlegging med sterk politisk deltaking.



Ordfører (H)


Arnulf Goksøy

Tlf: 70 08 13 02 / sentralbord: 70 08 13 00

Mob: 901 07 135

ordforar@heroy.kommune.no

postmottak@heroy.kommune.no



Sjølv om kommunen har rolle som samfunnsutviklar i alle delar av kommune der ein kan vise til utvikling og tilrettelegging har ein utfordringar knytt til sentrum – periferiproblematikk og felles identitetskjennele.»

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2013 / arealdel: 2014

Demografi

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 22,6 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 12,2 mot 12 for fylket samla.

I Herøy er det i 2016 3,7 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 11,5 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,2 yrkesaktive pr. person over 67 år og 5,8 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 9 000 innbyggjarar vil kommunen i avgrensa grad kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.



FOTO:GURO KVALSUND AKSNES

Interkommunale samarbeid 2013


Herøy har om lag 39 interkommunale samarbeid (IKS) og er vertskommune for 5 av desse.

Næringsstruktur 2015

Kommunen har ei arbeidsplassdekning på 92,7 %, under gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %.

Herøy ligg under fylkessnittet i forhold til statlege, fylkeskommunale og kommunale arbeidsplassar. Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg over gjennomsnittet i fylket. Tala for sekundærnæringane ligg under gjennomsnittet i fylket.

Figur 2- Hovedstrømar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Herøy inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknad med Sande, Ulstein og Hareid. Kommunen har større ut- enn innpendling.

Ulstein er den viktigaste utpendlingskommunen med 11,5% og innpendlinga er også størst frå Ulstein med 8 %.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Herøy kommune gjorde tidleg vedtak om løp II og oppnemnde 17.12.2014 styringsgruppe og prosjektgruppe, seinare også eigen arbeidsgruppe med brei deltaking. Herøy hadde nabopartar med Ulstein, Sande og Hareid våren 2015, og seinare fleire kommunar på ytre Søre Sunnmøre i arbeidet med alternativet som etterkvart fekk namnet Runde kommune.

Kommunestyret vedtek 19.06.2014 at ein skal ha samtalar og sonderingar med andre kommunar på Søre Sunnmøre om kommunestruktur. I mai 2015 hadde kommunen 7 alternativ. Kommunestyret gjorde formelt retningsval 28.januar 2016, og gav forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram to intensjonsavtalar; med Sande og mellom kommunane på ytre søre Sunnmøre, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid.

Utgreiingar

Utfordringsnotat kommunane på Sunnmøre, BDO/Sunnmøre Regionråd, februar 2015. Analyse av dagens kommunestruktur på Sunnmøre og anbefalingar til vidare lokale prosessar.

SWOT-analyse i leiargruppa og hovudtillitsvalde, mai 2015.

Runde kommune (Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid): SWOT-analyse (desember 2015) utarbeidd av

formannskapsmedlemmer/ adm. leiing og Sunnmøre Regionråd.

Val av alternativ

Kommunestyret i Herøy gjorde det formelle retningsvalet 28. januar 2016, og gav forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram intensjonsavtalar både med Sande/Herøy og mellom kommunane på ytre søre Sunnmøre, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid. Sistnemnde alternativ fekk seinare namnet Runde kommune.

Intensjonsavtalar

Herøy, Vanylven, Sande, Ulstein, Hareid: Ny Runde kommune
SWOT-analyse (formannskap, kommuneleiing): 3-4.12.15, Sæbø
Sonderingsmøter: 15/12, 6/1
Styringsgruppa: Møter 6/1, 25/1, 1/2, 8/2, 12/2, 22/2, 29/2.
Forhandlingsmøter: 27/1, 4/3, 7/3, 11/3, 30/3. Signert avtale 30. mars 2016.

Involvering av innbyggjarar

To innbyggjarhøyringar Sentio Research/Sunnmøre Regionråd i september 2014 og oktober 2015.
Spørjeundersøking blant ungdom i Herøy om kommunereform, desember 2015. Skulebesøk og undervisningsopplegg om kommunereform i skulane.

Folkemøte vart gjennomført 19. og 21. april 2016.

Folkerøysting 19. mai 2016.

Resultat av innbyggjarhøyringa

Resultat av folkerøysting 19. mai 2016:



- Valdeltaking: 39,0 %
- Herøy som eigen kommune: 63,0 %
- Herøy slår seg saman med Sande: 18,9 %*
- Runde kommune: 16,8 %
- Blanke røyster: 1,5 %

Endeleg vedtak i kommunestyret 22.06.16

Meir informasjon på [kommunen si heimeside](#):

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Herøy kommune 19. mai 2016.



Antall røyster:

2697

Antall røysteføre:

6915

Slik regjeringa ser på kommunenorge



Lokal-
demokrati
under press



Uhens
me



Kapasitet og
kompetanse



FOTO:HERØY KOMMUNE

KOMMUNESTYREVEDTAK

Kommunestyret vedtek å forsetje som eigen kommune.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Kommunen har i kraft av sin storleik gode og robuste fagmiljøa innanfor basisstenestene i den kommunale tenesteproduksjonen. Kommunen har likevel utfordringar med små og sårbare fagmiljø innan meir spesialiserte tenester og nøkkelfunksjonar.

Herøy kommune er med i mange interkommunale samarbeid. Dette svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene .

Ein stor del av sysselsettinga i Herøy er knytt til fiske og maritim verksemd,

desse næringane kan vere sårbare for konjunktursvingningar.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1516 [Ulstein kommune](#)

Innbyggartal: 8 430

Areal av land og ferskvatn: 97,19 km²

Del busette i tettbygde strøk: 75,6 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Ulstein er ein øy- og kystkommune på Søre Sunnmøre. Kommunen utgjer den vestlege delen av Hareidlandet og har eit samla areal på 97 km². Naturen og landskapet er variert og mangfaldig med kyst- og strandsonelandskap som eit dominerande trekk, men også med preg av fjordar, dalar og fjellområde.

Kommunen omfattar i tillegg til kommunesenteret Ulsteinvik, fleire mindre grendelag. Ulstein grenser mot Herøy i vest og mot Hareid i aust.

I sør har kommunen fastlandssamband til Ørsta og Volda via Eiksundtunnelen til Ørsta/Volda lufthamn Hovden, og med vidare samband sørover langs kyststamvegen E39, eller austover over Strynefjellet. Kommunikasjonane nordover via Hareid med ferje eller hurtigbåt knyter kommunen til regionsenteret Ålesund og til Ålesund Lufthamn Vigra.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2009 / arealdel: 2011

Demografi

Ulstein har den siste 10-års perioden (2005-2015) hatt sterk vekst i folketalet med 22 %, mot 7,8 % for fylket samla og 12,1 % for landet.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 24,8 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 9,5 mot 12 for fylket samla.

I Ulstein er det i 2016 4,8 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 17,2 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 3,0 yrkesaktive pr. person over 67 år og 8,9 yrkesaktive pr. person over 80 år.



Ordfører (Frp)


Knut Erik Engh

Tlf: 70 01 75 02 / sentralbord: 70 01 75 00

Mob: 957 66 692

ordforar@ulstein.kommune.no

postmottak@ulstein.kommune.no



Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 8400 innbyggjarar vil kommunen i avgrensa grad kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Ulstein har om lag 41 interkommunale samarbeid (IKS) og er vertskommune for 7 av desse.

Næringsstruktur 2015

Kommunen har ei arbeidsplassdekning på 123,8 %, godt over gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %.


Ulstein ligg under fylkessnittet i forhold til statlege og kommunale arbeidsplassar medan andelen fylkeskommunale arbeidsplassar er likt med fylkesnittet.

Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg godt under gjennomsnittet i fylket. Tala for sekundærnæringane ligg godt over gjennomsnittet i fylket.



FOTO: PER EIDE

Figur 2- Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Ulstein inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknad med Sande, Herøy og Hareid.

Kommunen har større inn- enn utpendling. Hareid og Herøy er dei viktigaste innpendlingskommunane. Utpendlinga er størst til Hareid og Herøy.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Ulstein kommune gjorde tidleg vedtak om løp II og har vore tett involvert i kommunereformarbeidet frå 2014. Kommunestyret såg i 2014 føre seg «ein betydeleg reduksjon i talet på kommunar i vår region» og ønska opphavelig ei utgreiing for heile Søre Sunnmøre. Det vart tidleg klart at Volda og Ørsta ikkje ønska ein slik prosess. Ulstein hadde i 2015 nabopratar med dei fem kommunane på Ytre Søre Sunnmøre, og deltok innleiingsvis i sonderingar om regionkommune Sunnmøre/Ålesundalternativet. I 2016 forhandla Ulstein først med Hareid, Herøy, Sande og Vanylven om Ytre Søre Sunnmøre-alternativet, seinare med Hareid om Hareidlandet kommune. Kommunestyret gjorde endelege vedtak i juni og september 2016. Ulstein kommune har hatt ei prosjektgruppe for kommunereforma der den politiske og administrative leiinga, ungdomsrådsleiaren, tillitsvalde og kontaktpersonen for reforma har vore med. I forhandlingsutvalet frå kommunen har ordføraren, varaordføraren, eit formannskapsmedlem og rådmannen vore med.

Utgreiingar

Ulstein har vore med på å greie ut tre alternativ:

- Regionkommune Sunnmøre (seinare Ålesund) med kommunar på Nordre Sunnmøre, Ulstein og Hareid
- Ytre Søre Sunnmøre med Hareid,

Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven (Runde kommune)

- Ulstein og Hareid (Hareidlandet kommune).

Val av alternativ

Kommunestyret vedtok 28.1.2016 at kommunen skulle forhandle fram ein intensjonsavtale med Hareid, Herøy, Sande og Vanylven. Avtalen om Runde kommune vart forhandla fram, men etter høyringa tok kommunestyret 16.6.2016 til vitande at dette alternativet ikkje hadde fått tilstrekkeleg oppslutnad i folkerøystingane i tre av kommunane. Kommunestyret ønska framleis at Ulstein skal verte ein del av ein større kommune, og opna for å forhandle med Hareid kommune, dersom Hareid kommune ønska det. Ulstein forhandla fram ein intensjonsavtale med Hareid om Hareidlandet kommune og heldt høyring. 1.9.2016 gjekk kommunestyret inn for at Ulstein slår seg saman med Hareid, og at intensjonsavtalen vert lagt til grunn.

Intensjonsavtalar

- Runde kommune – underskriven 30.3.2016
- Hareidlandet kommune – underskriven 7.7.2016

Involvering av innbyggjarar

- Ulstein var med i to innbyggjarundersøkingar som Sentio Research

gjorde for Sunnmøre Regionråd i september 2014 og oktober 2015.

- Ulstein har arrangert til saman seks folkemøte om reforma. I februar 2015 var det folkemøte i Ulsteinvik for å involvere innbyggjarane i ein tidleg fase av arbeidet. I februar 2016 vart det halde fire folkemøte i ulike delar av kommunen, der det vart orientert om måla og stoda i reformprosessen og innbyggjarane gav innspel. I april 2016 var det folkemøte i Ulsteinvik med orientering og ordskifte på grunnlag av intensjonsavtalen om Runde kommune. I tillegg har representantar for Ulstein kommune deltatt på fleire medlemsmøter i lag og organisasjonar i kommunen. Totalt anslår ein at det på desse møta har møtt om lag 600 personar. Representantar frå Ulstein har og deltatt på alle folkemøte i nabo-kommunane som ein har vore inviterte til

- I april 2016 gjorde Opinion AS ei opinionsundersøking for Ulstein kommune blant eit representativt utval av innbyggjarane i kommunen. Undersøkinga tok utgangspunkt i intensjonsavtalen om Runde kommune.

- I mai 2016 arrangerte Ulstein og Hareid i fellesskap ein ungdomskonferanse om kommunereforma. Om lag 400 elevar tok del.


- I mai 2016 vart det halde folkerøysting på grunnlag av intensjonsavtalen om Runde kommune.

- I august 2016 gjorde Opinion AS ei

Innbyggjarhøyring

Resultat frå innbyggjarhøyringa bestilt av Ulstein utført av Opinion 15.-19. august 2016.


Spørsmål: Er du for eller imot samanslåing med Hareid kommune?



Antall spurte: **500**


Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Ulstein 19. mai 2016.



Antall røyster:

2388



Antall røysteføre:

6438



FOTO:PER EIDE

ny opinionsundersøking blant eit representativt utval av innbyggjarane i kommunen. Undersøkinga tok utgangspunkt i intensjonsavtalen om Hareidlandet kommune.

- Innbyggjarane fekk i løpet av 2016 tilsendt to informasjonsbrosjyrar om reforma – ei om kvar av intensjonsavtalane.

KOMMUNESTYREVEDTAK

PS 16/63 ENDELEG VEDTAK OM KOMMUNEREFORM

Ulstein kommune har tidlegare (i K-sak 66/14) uttrykt behovet for større og meir robuste kommunar, behovet for ein betydeleg reduksjon i talet på kommunar i vår region og behovet for

samsvar mellom kommunal organisering og naturlege bu- og arbeidsregionar.

Ulstein kommunestyre stadfester desse behova og går inn for at Ulstein kommune slår seg saman med Hareid kommune innan 1.1.2020,

og at den inngåtte intensjonsavtalen for Hareidlandet vert lagt til grunn for den vidare prosessen.

Kommunen er ikkje bunden av den inngåtte intensjonsavtalen for Runde kommune.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Kommunen har i kraft av sin storleik gode og robuste fagmiljøa innanfor basistenestene i den kommunale tenesteproduksjonen. Kommunen har likevel utfordringar med små og sårbare fagmiljø innan meir spesialiserte tenester og nøkkelfunksjonar.

Ulstein kommune er med i mange interkommunale samarbeid. Dette svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

Ein stor del av sysselsettinga i Ulstein er knytt til verftsindustri og eksportretta

næring og dette kan vere sårbart for konjunktursvingingar.

Det er kun 10 minutter kjøretid mellom kommunesenteret i Hareid og kommunesenteret i Ullstein.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1517 [Hareid kommune](#)

Innbyggartal: 5 189

Areal av land og ferskvatn: 82,25 km²

Del busette i tettbygde strøk: 83,9 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Hareid er ein øy- og kystkommune på Søre Sunnmøre. Kommunen utgjer den nordlege og austlege delen av Hareidlandet og har eit samla areal på 82,5 km². Naturen og landskapet er variert og mangfaldig med kyst- og strandsonelandskap som eit dominerande trekk, men også med preg av fjordar, dalar og fjellområde. Kommunen omfattar i tillegg til kommunesenteret Hareid, og vidare busetting oppover i Hareiddalen, grendelaga Brandal og Hjørungavåg. Kommunen grenser mot Ulstein i vest, mot Giske og Sula i nord, og mot Ørsta i aust.

Hareid er eit kommunikasjonsknutepunkt. Kommunikasjonane nordover frå kommunesenteret med ferje eller hurtigbåt knyt kommunen til regionsenteret Ålesund og til Ålesund lufthamn Vigra. Det går hurtigbåt mellom Hareid og Ålesund via Valderøy. Frå Valderøy går det buss til Ålesund lufthamn, Vigra. Frå Hareid går det også ferje til Sulesund i Sula med vidare samband via Moa til Ålesund, eller vidare nordover langs E39. Planane om Hareid fastlandssamband opnar for brusamband mellom Hareid og Sula. Kommunen er i dag knytt til fastlandet via Eiksund-sambandet, som går frå Ulstein til Ørsta og Volda.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2006 / arealdel: 2012

Demografi

Hareid har den siste 10-års perioden (2005-2015) hatt moderat vekst i folketalet med 8,7 %, mot 7,8 % for fylket samla og 12,1 % for landet.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 22,4 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 11,8 mot 12 for fylket samla.



Ordfører (H)


Anders Riise

Tlf: 70 09 50 14 / sentralbord: 70 09 50 00

Mob: 995 09 355

anders.riise@hareid.kommune.no

postmottak@hareid.kommune.no



I Hareid er det i 2016 4,0 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 11,2 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga RR at det i 2040 vert 2,8 yrkesaktive pr. person over 67 år og 6,7 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 5 200 innbyggjarar vil kommunen ikkje kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Hareid har om lag 39 interkommunale samarbeid (IKS) og er vertskommune for 3 av desse.

Næringsstruktur 2015


Kommunen har ei arbeidsplassdekning på 78,1 %, under gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %.

Hareid ligg under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg rett over fylkessnittet. Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg under gjennomsnittet i fylket. Tala for sekundærnæringane ligg godt over gjennomsnittet i fylket.



FOTO:HAREID KOMMUNE

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Hareid inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknad med Sande, Ulstein og Herøy.

Kommunen har større inn- enn utpendling. Ulstein er den viktigaste utependlingskommunen.

Innpendinga er størst frå Ulstein

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Hareid kommune gjorde tidleg vedtak om løp II og har vore tett involvert i kommunereformarbeidet frå 2014.

Hareid utnemnde i desember 2014 ei prosjektgruppe for kommunereforma samansett av ordførar, varaordførar, rådmann, adm. kontaktperson, hovudverneombod, samt ein frå opposisjonen.

Hareid har hatt nabopratar med dei fleste kommunane på Sunnmøre. Hareid har deltatt i to konkrete alternativ; regionkommune Sunnmøre/Ålesund og 5 kommunar på ytre Søre Sunnmøre, seinare kalla Runde kommune.

Utgreiingar

Hareid kommune gjorde tidleg vedtak om løp II og har vore tett involvert i kommunereformarbeidet frå 2014. Hareid utnemnde i desember 2014 ei prosjektgruppe for kommunereforma samansett av ordførar, varaordførar, rådmann, adm kontaktperson, hovudverneombod, ein frå opposisjonen.

Hareid har hatt nabopratar med dei fleste kommunane på Sunnmøre. Hareid har deltatt i to konkrete alternativ; regionkommune Sunnmøre/

Ålesund og 5 kommunar på ytre Søre Sunnmøre, seinare kalla Runde kommune.

Val av alternativ

Kommunestyret i Ulstein gjorde det formelle retningsvalet 28.januar 2016, og gav forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram to intensjonsavtalar:

- Mellom kommunane på ytre Søre Sunnmøre: Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid. Alternativet fekk seinare namnet Runde kommune.
- Regionkommune Sunnmøre/Ålesund: Hareid, Ålesund, Sula, Haram, Giske, Sandøy, Skodje, Sykkylven, Ørskog, Stordal.

Intensjonsavtalar

Hareid kommune har utarbeidd intensjonsavtale for:

- Runde kommune: Hareid, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein
- SWOT-analyse (formannskap, kommuneleiing): 3-4.12.15, Sæbø
- Sonderingsmøter: 15/12, 6/1
- Styringsgruppa: Møter 6/1, 25/1, 1/2, 8/2, 12/2, 22/2, 29/2.
- Forhandlingsmøter: 27/1, 4/3, 7/3, 11/3, 30/3. Signert avtale 30. mars 2016.
- Regionkommune Ålesund: Intensjonsavtalen er inngått mellom

kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

- Våren 2015: Arbeidsgrupper og styringsgruppa ulike møter. Sluttrapport 21. august 2015.
- Arbeidet med Sonderingsgruppa vart avslutta onsdag 3. februar.
- Forhandlingsmøter 8/2, 19/2, 1/3, 15-16/3 2016, leia av Sunnmøre Regionråd. Signert 18.mars 2016.

Involvering av innbyggjarar

To innbyggjarhøyringar Sentio Research/Sunnmøre Regionråd i september 2014 og oktober 2015.



4 folkemøte i mai 2015 (Hareid, Bigset, Brandal, Hjørungavåg). Ope møte i september 2015 med innleiingar og paneldiskusjon.

Heildags ungdomskonferanse saman med Ulstein, Hareidshallen, 2. mai 2016.

Folkerøysting 22. august 2016.

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Hareid kommune 22. august 2016.



Antall røyster:

2072

Antall røysteføre:

3985



FOTO:ASBJØRN BØRSET

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Hareid kommune slutta seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Hareid kommune har gjennomført forhandlingar om samanslåing med «Runde kommune», «Regionkommune Ålesund» og Ulstein kommune. Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Hareid

og Ulstein vart signert 07.07.2016.

Resultatet av Innbyggjarundersøkinga av august 2016 vart at 45% svarte nei og 41% svarte ja. Stemmer for «veit ikkje» var 14 %. Rådgevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 22.08 2016. Resultatet vart at 60 % svarte nei og 39 % svarte ja. Stemmer for «veit ikkje» var 1 %. Frammøtte var 51%.

2. Med bakgrunn i resultatet av råd-

gevande folkerøysting av 22.08.2016 og innbyggjarundersøkinga av august 2016, vedtek Hareid kommunestyre at Hareid kommune skal halde fram som eigen kommune.

3. Dersom Fylkesmannen i si tilråding og Stortinget i si handsaming, likevel vel ei ny organisering av kommunestrukturen, vil Hareid kommunestyre vise til intensjonsavtalen om Hareidlandet kommune av 07.07.2016 og ber om at denne vert lagt til grunn.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Kommunen har for liten kommuneorganisasjon til å kunne løyse alle sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid.

Hareid kommune er med i mange interkommunale samarbeid. Dette svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

Familjelø innanfor kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og mindre robuste på grunn av storleik.

Ein stor del av sysselsettinga i Hareid er knytt til industri i maritim sektor og dette kan vere sårbart for konjunktursvingningar.

Det er kun 10 minuttar kjøretid mellom kommunesenteret i Hareid og kommunesenteret i Ullstein.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1519 [Volda kommune](#)

Innbyggartal: 9 037

Areal av land og ferskvatn: 547,22 km²

Del busette i tettbygde strøk: 68,8 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Volda kommune ligg på Søre Sunnmøre og har eit samla areal på 547 km². Naturen og landskapet er variert og mangfaldig prega av fjordar, dalar og fjellområde. Kommunen omfattar i tillegg til kommunesenteret Volda, fleire mindre grendelag. Volda kommune grenser i nord og aust til Ørsta, Vanylven i vest, og over fylkesgrensa i sør til Eid og Hornindal.

Volda kommune saman med Ørsta utgjer ein region på Søre Sunnmøre på knapt 20 000 innbyggjarar. Regionen har Ørsta – Volda lufthamn, og sjukehuset for Søre Sunnmøre ligg i Volda - og Volda har lange tradisjonar som senter for høgare utdanning, med Høgskulen i Volda som ein viktig leverandør av arbeidsplassar, kompetanse/forskning og kulturbærar til regionen.

Rådmannen skriv i si saksframstilling til endeleg vedtak at saman med Ørsta ønsker kommunen å:

«Utvikle Noregs fremste senter for medieutdanning og nynorsk i samarbeid med Høgskulen, Nynorsk kultursentrum og andre. Utvikle samarbeidet med Høgskulen og næringslivet, og arbeide strategisk for å sikre og utvikle regionale og statlege funksjonar, spesielt sjukehuset. Arbeide målretta for at Volda sjukehus vert vidareutvikla som eit velfungerande lokalsjukehus med gode akuttfunksjonar, herunder akuttkirurgisk beredskap og fødeavdeling for regionen. Volda-Ørsta er den største landbruksregionen på Søre Sunnmøre, og den nye kommunen skal ha fokus på landbruk, skogbruk og arbeidsplassar som bygg på primærnæringane. Realisere viktige samferdsel-, tryggleik- og miljøprosjekt i heile Volda-Ørsta kommune og regi-onen. Arbeide aktivt for å realisere tunnel Volda-Ørsta og Ørstaffjord-kryssing som del av ny E-39/stamveg.»

Kyststamvegen E39 går gjennom kommunesenteret. Gjennom Eiksundsambandet har øykommunane på Søre Sunnmøre fastlandssamband med Ørsta og Volda. Frå Ørsta/Volda lufthamn Hovden er det fleire daglege flyavgangar både til Oslo og Bergen. Kvivsvegen er ein ny parsell av



Ordførar (Ap)


Jørgen Amdam

Tlf: 954 63 942 / sentralbord 70 05 87 00

Mob: 954 63 942

jorgen.amdam@volda.kommune.no

postmottak@volda.kommune.no



Kyststamvegen E39 mellom Austefjord i Volda og Grodås i Hornindal kommune i Sogn og Fjordane. Med opninga av dette veg- og tunnelsambandet i 2012 er avstand og reisetid til Stryn og indre Nordfjord vesentleg redusert. Med Kvivsvegen og Eiksundsambandet er riksveg 15 over Strynefjellet ein naturleg hovudveg til Austlandet for alle kommunane på Søre Sunnmøre.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 1997 / arealdel: 1990

Demografi

Volda har den siste 10-års perioden (2005-2015) hatt moderat vekst i folketallet med 7,5 %, mot 7,8 % for fylket samla og 12,1 % for landet.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg likt med fylkesgjennomsnittet; 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 12,4 mot 12 for fylket samla.

I Volda er det i 2016 3,8 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 11,8 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivninga viser at det i 2040 vert 2,8 yrkesaktive pr. person over 67 år og 7,2 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 9 000 innbyggjarar vil kommunen i avgrensa grad kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar



retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013


Volda har om lag 36 interkommunale samarbeid (IKS) og er vertskommune for fem av desse.

Næringsstruktur 2015

Kommunen har ei arbeidsplassdekning på 98,2 %, rett over gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %. Volda ligg godt

over fylkessnittet i forhold til statlege arbeidsplassar. Andelen fylkeskommunale arbeidsplassar ligg rett over fylkessnittet medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg rett under fylkessnittet. Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg under gjennomsnittet i fylket. Tala for sekundærnæringane ligg under gjennomsnittet i fylket.

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Volda inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknad med Ørsta. Kommunen har større utpendling enn innpendling.

Ørsta er den klart viktigaste inn- og utpendlingskommunen.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Volda kommune gjorde tidleg vedtak om løp II og har vore tett involvert i kommunereformarbeidet frå 2014.

Haust 2014 og vår 2015: Internt analysearbeid og møtedeltaking på ulike areaer. Juni 2015: Vedtak i kommunestyret om å inngå forhandlingar med Ørsta kommune og eventuelt andre interesserte kommunar. 05.11.15, 18.12.15, 11.01.16, 21.01.16: Sonderingsmøter Volda/Ørsta. 19.12.15: Uformelt møte med Hornindal og Stryn. 20-21.01.16: Felles ope kommunestyremøte med Ørsta. 21.01.16: Førebunde samtalar slutført 29.01, 04.02, 11.02, 18.02, 23.02, 15.03.16: Forhandlingsmøter om intensjonsavtale. 15.03.16: Intensjonsavtale Volda-Ørsta kommune signert. 31.03.16: Felles kommunestyremøte Volda-Ørsta. Gjennomgang av intensjonsavtalen. 14.04.16: Intensjonsavtale Volda - Hornindal - Stryn signert. 21.04.16: Politisk vedtak i kommunestyret om at framforhandla intensjonsavtale blir lagt til grunn for folkerøysting 19. mai. 19.05.16: Folkerøysting. Juni 2016: Innbyggjarhøyring om Volda, Stryn og Hornindal. 16.06.16: Endeleg vedtak i kommunestyret

Utgreiingar

Byregionen Volda-Ørsta. Utfordringar og moglegheiter for regional utvikling og attraktivitet. Møreforskning/ Telemarksforskning, januar 2015. Utfordringsnotat kommunane på Sunn-

møre, BDO/Sunnmøre Regionråd, februar 2015. Analyse av dagens kommunestruktur på Sunnmøre og anbefalingar til vidare lokale prosessar. Kommuneanalysar: 5 rapportar frå formannskap med bakgrunnsnotat frå rådmannen om dei mest sentrale område i kommunereforma. Haust 2014/vår 2015. Felles kommunestyremøte Ørsta og Volda kommunar, Loen 20-21.januar 2016, med tema kommunereform. Open Space metodikk. Ordførarar frå Stryn og Hornindal, ungdomsråd (15) og leiarar til stades. SWOT-analyse leiargruppene Ørsta og Volda kommunar, 3. februar 2016.

Val av alternativ

Volda kommune vurderte tidleg sonderingar med kommunar i ytre (Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid) og over fylkesgrensa (Hornindal, Stryn). Det var også kontakter mot regionkommune Sunnmøre, Stranda og Eid. Politisk valde ein tidleg å prioritere førstevallet med Ørsta, og arbeidde på nyåret for ein intensjonsavtale med Ørsta. Volda har også hatt samtalar med Hornindal og Stryn, og forhandla intensjonsavtale med Stryn og Hornindal. Etter at eit fleirtal av innbyggjarane i folkerøystinga 19. mai sa nei til samanslåing med Ørsta, vedtok kommunestyret 26. mai å gå vidare med alternativet Stryn/Hornindal/Volda.

Intensjonsavtalar

Volda kommune har utarbeidd

intensjonsavtale med Ørsta kommune (signert 15.mars 2016). Hornindal og Stryn kommunar (signert 14. april 2016)


Involvering av innbyggjarar

Volda har aktivt søkt å involvere ulike grupper i arbeidet med kommunereform. Dei har aktivt hatt dialog med og følgt opp ungdomsrådet, og tillitsvalde har vore informert og inviterte til møter, også i forhandlingsmøta. To innbyggjarhøyringar Sentio Research/Sunnmøre Regionråd i september 2014 og oktober 2015. Volda (og Ørsta) kommune hadde ei eigen innbyggjarhøyring i juni 2015. Som førebuing til folkerøysting 19. mai la dei to kommunane i fellesskap ein informasjonsstrategi. Det vart utarbeidd felles brosjyre og felles informasjon på nettet. Folkemøte i Volda 3. mai. Folkemøte i Austefjorden 2.mai. Ordførar har deltatt på folkemøte i Hornindal og i Loen. Informasjonsmøte Volda vidaregåande skule med Geir Vinsand (NIVI), 31. mars 2016. Elevmøte på Volda ungdomsskule (også for vidaregåande) med ungdomsråd og ordførarane, 11.mai 2016. Ungdomsrådet arrangerer skulequiz veke 15 og Instagram-konkurranse. Ope møte med ordføraren, Volda folkebibliotek, 2. og 11.mai 2016. Kafebesøk, Ørsta og Volda, 7. mai. Begge ordførarane på ulike kafear for å svare på spørsmål. Folkerøysting 19. mai 2016. Innbyggjarhøyring primo juni om alternativet Volda, Stryn, Hornindal.

Innbyggjarhøyring

Resultat frå innbyggjarhøyringa bestilt av Volda, Stryn og Hornindal kommune utført av Opinion 27. mai - 10. juni 2016. Tal for Volda:


Spørsmål: Er du for eller mot at Volda kommune slår seg saman med ein eller fleire andre kommunar?



Antall spurte: **800**


Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Volda kommune 19. mai 2016.



Antall røyster:

3522



Antall røysteføre:

7191



KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Under føresetnad av tilslutning frå Hornindal kommune skal under kulepunktta i avsnitt 2 tilføyast:

a. Den samanslåtte Volda og Hornindal kommune vil arbeide aktivt og målretta for å ha best mulig kommunikasjonar over fjorden til bygdelaga på sør og vestsida av Voldsfjorden. Dette for å knyte kommunen i hop på best mulig vis til ei kvar tid.

2. Kommunestyret viser til vedteken intensjonsavtale med Hornindal og Stryn, K-sak 71/16. Etter som det ikkje er aktuelt med samanslåing med

Stryn, vedtek kommunestyret vedlagt intensjonsavtale med Hornindal, datert 20. juni 2016.

3. Volda kommunestyre vedtek å gjere om inkje vedtaket i PS-sak 76/16, pkt 4.

4. Under føresetnad av tilsvarende vedtak i Hornindal kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre at Volda blir samansleggen med Hornindal kommune.

5. Volda kommune vil i samband med kommunereforma stimulere til samarbeid med Ørsta og andre kommunar i regionen for mellom anna å nå miljø- og klimamål, utvikle betre

offentlege tenester og stimulere lokal og regional samfunnsutvikling.

6. Volda kommune tek vedtaket til Ørsta kommune til vitende, og erkjenner at intensjonsavtalen med Ørsta kommune ikkje lenger er gyldig. Derksom statlig mynde eller Stortinget kjem med andre føringar eller vedtak vil Volda kommune være positive til å starte nye forhandlinger med Ørsta kommune.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Kommunen har i kraft av sin storleik gode og robuste fagmiljøa innanfor basisstenestene i den kommunale tenesteproduksjonen. Kommunen har likevel utfordringar med små og sårbare fagmiljø innan meir spesialiserte tenester og nøkkelfunksjonar.

Volda kommune er med i mange interkommunale samarbeid. Dette svekker

politisk styring og kontroll med desse tenestene.

Syssettinga i Volda er i stor grad avhengig av at arbeidsplassar i offentlig sektor vert oppretthaldne, særleg gjeld dette høgskulen og sjukehuset i Volda.

Etter endeleg vedtak pr. 1. juli 2016 har kommunane Volda og Hornindal i Sogn og Fjordane bestemt seg for å slå seg saman til ein ny kommune.

Det tek berre 12 minutt å køyre mellom sentruma i Volda og Ørsta.

Ordfører (Sp)

Stein Aam
Tlf: 70 04 97 13 / sentralbord: 70 04 97 00
Mob: 971 55 401
stein.aam@orsta.kommune.no
postmottak@orsta.kommune.no

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1520 [Ørsta kommune](#)

Innbyggartal: 10 677

Areal av land og ferskvatn: 804,43 km²

Del busette i tettbygde strøk: 66 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Ørsta kommune ligg på Søre Sunnmøre og har samla areal på 805 km². Naturen og landskapet er variert og mangfaldig prega av fjordar, dalar og fjellområde. Kommunen omfattar i tillegg til kommunesenteret Ørsta, fleire mindre grendelag. I 1964 vart tidlegare Ørsta kommune slått saman med nabokommunane Vartdal og Hjørundfjord til den nye storkommunen Ørsta. Kommunen grenser i dag til Volda i sør, til Ulstein, Hareid og Sula i vest og nordvest, til Sykkylven og Stranda i nord og nordaust, og over fylkesgrensa i søraust til Hornindal kommune i Nordfjord.

Ørsta kommune saman med Volda utgjer ein region på Søre Sunnmøre på knapt 20 000 innbyggjarar. Regionen har Ørsta – Volda lufthamn som ligg i Ørsta, og sjukehus som ligg i Volda.


Rådmannen skriv i si saksframstilling til endeleg vedtak under punktet - Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar:

«Ørsta kommune har i dag god ressurstilgang, godt med areal og tilgjengelege tomter, og gode kommunikasjonar. Lokalkunnskapen er god. Dette er føremoner med tanke på samfunnsutvikling på lokalt nivå. Fagmiljø for utvikling i kommunen er små og sårbare, og kommunen har lite utviklingskraft. For å ivareta ei heilskapleg utvikling av areal- og transportinteresser, miljøhensyn mm i framtida må Ørsta kommune søke meir samarbeid, lokalt og regionalt.»

Rådmannen skriv vidare:

«Ørsta-Volda er i dag senter for Søre Sunnmøre og Nordfjord. Om lag 50 000 innbyggjarar kan nå Ørsta-Volda i løpet av ein time, og på 1,5 timar heile 120 000.»

Kyststamvegen E39 går gjennom kommunesenteret. Gjennom Eiksundsambandet har øykommunane på Søre Sunnmøre fastlandssamband med Ørsta og Volda. Frå Ørsta/Volda lufthamn Hovden er det fleire daglege flyavgangar både til Oslo og Bergen. Kvivsvegen er ein ny parsell av Kyststamvegen E39 mellom Austefjord i Volda og Grodås



i Hornindal kommune i Sogn og Fjordane. Med opninga av dette veg- og tunnelsambandet i 2012 er avstand og reisetid til Stryn og indre Nordfjord vesentleg redusert. Med Kvivsvegen og Eiksundsambandet er riksveg 15 over Strynefjellet ein naturleg hovudveg til austlandet for alle kommunane på Søre Sunnmøre.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2012 / arealdel: 1991

Demografi

Ørsta har den siste 10-års perioden (2005-2015) hatt svak vekst i folketallet med 3,5 %, mot 7,8 % for fylket samla og 12,1 % for landet.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 22,6 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 13 mot 12 for fylket samla.

I Ørsta er det i 2016 3,5 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 9,8 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,8 yrkesaktive pr. person over 67 år og 5,8 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 10700 innbyggjarar vil kommunen i avgrensa grad kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av



FOTO: GUNNAR WANGEN

den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Ørsta har 12 interkommunale samarbeid (IKS) og er vertskommune for 4 av desse.


Næringsstruktur 2015

Kommunen har ei arbeidsplassdekning på 88,5 %, under

gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %.

Ørsta ligg under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg over fylkessnittet. Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg over gjennomsnittet i fylket. Tal for sekundærnæringane ligg under gjennomsnittet i fylket.

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Ørsta inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknad med Volda. Kommunen har større ut- enn innpendling.

Volda er den viktigaste utpendlingskommunen med 17,5 %, og innpendlinga er også størst frå Volda med 18,1 %.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Ørsta kommune gjorde tidleg vedtak om løp II og har vore tett involvert i kommunereformarbeidet frå 2014.

- Haust 2014 og vår 2015: Internt analysearbeid og møtedeltaking på ulike areaner.
- Juni 2015: Vedtak i kommunestyret om å inngå forhandlingar med Volda kommune og evt andre interesserte kommunar.
- 05.11.15, 18.12.15, 11.01.16, 21.01.16: Sonderingsmøter Ørsta/Volda
- 19.12.15: Uformelt møte med Hornindal og Stryn
- 20-21.01.16: Felles ope kommunestyremøte med Volda.
- 21.01.16: Førbeuande samtalar slutført
- 29.01, 04.02, 11.02, 18.02, 23.02, 15.03.16: Forhandlingsmøter om intensjonsavtale
- 15.03.16: Intensjonsavtale Volda-Ørsta kommune signert
- 31.03.16: Felles kommunestyremøte Volda-Ørsta. Gjennomgang av intensjonsavtalen
- 21.04.16: Politisk vedtak i kommunestyret om at framforhandla intensjonsavtale blir lagt til grunn for folkerøysting 19. mai.
- 19.05.16: Folkerøysting.
- 16.06.16: Endeleg vedtak i kommunestyret.

Utgreiingar

Byregionen Volda-Ørsta. Utfordringar

og moglegheiter for regional utvikling og attraktivitet. Møreforskning/ Telemarksforskning, januar 2015.

Utfordringsnotat kommunane på Sunnmøre, BDO/Sunnmøre Regionråd, februar 2015. Analyse av dagens kommunestruktur på Sunnmøre og anbefalingar til vidare lokale prosessar. SWOT-analyse Ørsta kommune, mai 2015. Intern analyse av kommunestyret leia av Sunnmøre Regionråd. Felles kommunestyremøte Ørsta og Volda kommunar, Loen 20-21.januar 2016, med tema kommunereform. Open Space metodikk. Ordførarar frå Stryn og Hornindal, ungdomsråd (15) og leiingar til stades. SWOT-analyse leiargruppene Ørsta og Volda kommunar, 3. februar 2016.

Val av alternativ

Ørsta kommune vurderte tidleg sonderingar med kommunar på Ytre Søre Sunnmøre (Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid) og over fylkesgrensa (Hornindal, Stryn). Det var også kontakter mot regionkommune Sunnmøre og Stranda. Politisk valde ein tidleg å prioritere det klare førstevallet, og har målretta arbeid for ein intensjonsavtale med Volda. Intensjonsavtalen opnar for Hornindal og Stryn i neste fase.

Intensjonsavtalar

Ørsta kommune har utarbeidd intensjonsavtale med Volda kommune.

Involvering av innbyggjarar

Ørsta har aktivt søkt å involvere ulike grupper i arbeidet med kommunereform. Dei har aktivt hatt dialog med og følgt opp ungdomsrådet, etablerte tidleg ein tenketank rundt reformarbeidet med brei samansetting, og tillitsvalde har vore informert og inviterte til møter, også i forhandlingsmøta.

To innbyggjarhøyeringar Sentio Research/Sunnmøre Regionråd i september 2014 og oktober 2015.

Ørsta kommune hadde saman med Volda kommune ei eiga innbyggjarhøyering i juni 2015 (Sentio Research). Som førebuing til folkerøysting 19. mai la dei to kommunane i fellesskap ein informasjonsstrategi. Det vart utarbeidd felles brosjyre og felles informasjon på nettet. Kommunen har brukt heimeside, facebook og lokalaviser aktivt for å informere og involvere innbyggjarane. Folkemøte i Ørsta 10. mai og på Vartdal 12.mai.

Elevmøte på Ørsta vidaregåande skule med ungdomsråd og ordførarane, 27.april 2016. Ungdomsrådet arrangerer skulequiz veke 15 og Instagram-konkurranse.

Ope møte med ordføraren, Ørsta folkebibliotek, 4. og 11.mai 2016.

Kafebesøk, Ørsta og Volda, 7. mai. Begge ordførarane var på ulike kafear for å svare på spørsmål.


Folkerøysting 19. mai 2016.

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Ørsta kommune 19. mai 2016.

Spørsmål: Bør Ørsta og Volda bli ein kommune?

Ja	37,3%
Nei	61,8%
Blank	0,9%



Antall røyster:

4268

Antall røysteføre:

8468



FOTO: ØRSTA KOMMUNE

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Ørsta kommune slutta seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Ørsta kommune har gjennomført forhandlingar om

samanslåing med Volda kommune. Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Volda og Ørsta vart signert 15. mars 2016. Rådjevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 19. mai 2016. I Ørsta svarte 61,8 % av dei frammøtte nei, 37,3 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,9 %. I

Volda svarte 68,9 % nei, 30,5 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,8 %.

2. Med bakgrunn i resultat av rådjevande folkerøystinga tilrår Ørsta kommunestyre at Ørsta kommune held fram som eiga kommune.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Kommunen har i kraft av sin storleik gode og robuste fagmiljøa innanfor baisistenestene i den kommunale tenesteproduksjonen. Kommunen har likevel utfordringar med små og sårbare fagmiljø innan meir spesialiserte tenester og nøkkelfunksjonar.

Kommunen er avhengig av interkommunale samarbeidsordningar på fleire tenesteområde og er med i mange interkommunale samarbeid. Dette svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

For å ivareta ei samordna utvikling av mellom anna areal- og transportinteresser må kommunen søke meir samarbeid, lokalt og regionalt.

Det tek berre 12 minutt å køyre mellom sentruma i Volda og Ørsta.

Ordfører (Ap)

Karen Simonnes Aanes
Tlf: 70 16 59 04 / sentralbord 70 16 59 00
Mob: 957 67 387
karen.simonnes.aanes@orskog.kommune.no
post@orskog.kommune.no

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1523 [Ørskog kommune](#)

Innbyggartal: 2 310

Areal av land og ferskvatn: 132,36 km²

Del busette i tettbygde strøk: 64,3 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Ørskog kommune ligg ved Storfjorden i den midtre og nordlege delen av Sunnmøre. Kommunen grenser til nabokommunane Vestnes i nord og aust, Stordal i sør og til Skodje i vest. Over Storfjorden i sørvest ligg Sykkylven kommune. Sjøholt er kommunesenter.

Kommunen var i perioden 1965 -1977 ein del av storkommunen Ørskog saman med nabokommunane Stordal og Skodje.

Sjøholt er trafikkknutepunkt for E39/E136 mellom Ålesund mot Molde eller Åndalsnes - og fylkesveg 63 som fører vidare innover langs Storfjorden. Fylkesveg 63 går via Liabygda som har ferjesamband til Stranda og veg vidare sørover til Hellesylt og Nordfjord.

Ved Linge lenger inne i fjorden går ferje til Eidsdal og vidare til Geiranger. Frå Valldal er det sommarope over Trollstigen mot Romsdalen. Reiseavstand frå kommunesenteret til Ålesund sentrum er knapt 40 km, tilsvarande ei reisetid på om lag 30 minutt.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.


Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2007 / arealdel: 2006

Demografi

Ørskog har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt vesentleg auke i folketalet med 8,2 %.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet; 21,8 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 12,3 mot 12 for fylket samla.



I Ørskog er det i 2016 3,7 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 12,4 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,4 yrkesaktive pr. person over 67 år og 5,4 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 2 300 innbyggjarar vil kommunen ikkje kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Ørskog har om lag 37 interkommunale samarbeid og er vertskommune for om lag 5 av desse.

Næringsstruktur 2015

Kommunen har arbeidsplassdekning på 80,1 %, under fylkessnittet på 96,4 %.


Ørskog ligg under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg godt over fylkessnittet.

Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg over gjennomsnittsnivået i fylket. Tala for sekundærnæringane ligg godt under gjennomsnittsnivået i fylket.



FOTO:ERLEND HADDAL

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Ørskog inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabo-kommunane Giske, Haram, Ålesund, Sula, Sykkylven og Stordal. Kommunen har vesentleg større utpendling enn innpendling.

Ålesund er den viktigaste pendle-kommunen.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Ørskog kommune har deltatt i to parallelle kommunereformprosjekt.

Ørskog kommune var ein av initiativtakarane til kommunereformprosjektet Storfjord kommune, saman med Skodje kommune. Innleiingsvis var følgjande kommunar ein del av prosjektet:

Haram kommune, Sandøy kommune, Skodje kommune, Ørskog kommune, Stordal kommune, Norddal kommune, Sykkylven kommune og Vestnes kommune. Åtte kommunar totalt.

Dette kommunereformprosjektet har levert arbeid etter følgjande milepælar:

- Oppstart prosjekt – Onsdag 25. mars 2015
- Sluttrapport for utgreiing – Måndag 21. september 2015
- Sonderingsarbeid ferdig – Tysdag 2. februar 2016
- Signering av intensjonsavtale – Torsdag 17. mars 2016

Kommunereformprosjektet Regionkommunen Ålesund var eit initiativ frå Haram kommune og Ålesund kommune. Innleiingsvis var følgjande kommunar ein del av prosjektet:

Ålesund kommune, Haram kommune, Sandøy kommune, Giske kommune, Skodje kommune, Ørskog kommune, Stordal kommune, Norddal kommune, Stranda kommune, Sykkylven kommune, Sula kommune, Hareid kommune og Ulstein kommune. Totalt 13 kommunar.

Dette kommunereformprosjektet har levert arbeid etter følgjande milepælar:

- Oppstart prosjekt - Måndag 16. mars 2015
- Sluttrapport for utgreiing – Fredag 21. august 2015
- Sonderingsarbeid ferdig – Onsdag 3. februar 2016
- Signering av intensjonsavtale – Fredag 18. mars 2016.

Utgreiingar

Arbeidet med utgreiingar på Sunnmøre har blitt gjort som ein felles innsats mellom politikarar og administrative tilsette i dei involverte kommunene. Dette har medført at deltakarane har opparbeidd seg ein solid kompetanse på kommunereforma, og dei utfordringane som dei ulike kommunane har inn mot prosessen på reforma. Det har blitt skapt ein unik interkommunal kompetanse, gjennom kjennskap, vennskap og samhandling.

Utgreiinga i både «Regionkommune Ålesund» og «Storfjord kommune» har blitt gjennomført med lik metodikk, der deltakarane vart delt inn i fire arbeidsgrupper, for å svare på dei fire målsettingane i reformarbeidet. Kvar gruppe leverte delrapport, og denne vart satt saman til ein felles rapport. Skodje kommune har samla gjennomført to utgreiingar.

Intensjonsavtalar

Ørskog kommune har signert intensjonsavtale i regi av kommunereformprosjektet «Storfjord kommune», med følgjande deltakarkommunar; Skodje, Ørskog, Stordal og Nordal kommuner
Ørskog har også signert intensjonsavtale

med kommunereformprosjektet «Regionkommunen Ålesund». Intensjonsavtalen er inngått mellom kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund

Involvering av innbyggjarar

Undervegs i utgreiingsarbeidet med kommunereforma har Sunnmøre Regionråd IKS på vegne av alle eigarkommunane gjennomført to innbyggjarundersøkingar for å måle temperaturen på befolkninga. Dette har blitt nytta som innspel i framdrifta i arbeidet. Første gjennomføring i september 2014, og ei oppfølging oktober 2015. Resultata har begge gangar blitt presentert på Arena Sunnmøre, som er ein møteplass for alle formannskapspolitikarane på Sunnmøre.

Det har blitt gjennomført fleire folkemøte, og bruk av kommunen sine nettsider til informasjonsformidling. Som høyringsmetode vart det nytta folkerøysting. Vidare har politikarane vore aktive i lokalmedia for å formidle sitt sin på kommunereforma.

Resultat av høyringane



Frå folkerøystinga var resultatata slik:

- Regionkommune Ålesund: 15,2 %
- Storfjord kommune: 83,2 %
- Blank: 1,6 %

Oppmøteprosent: 44,2 %

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Ørskog kommune 19. mai 2016.



Antall røyster:

1838

Antall røysteføre:

811



FOTO: ØRSKOG KOMMUNE

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Ørskog kommunestyre er samd i at vi bør ha større og meir robuste kommunar i Norge, og ønskjer difor at Ørskog blir ein del av ein større kommune i framtida.

2. Ørskog kommunestyre meiner at innbyggjarane i Ørskog er best tjente med ein stor landkommune mellom Ålesund og Molde. Kommunestyret vil då peike på Norddal, Stordal, Skodje, Haram og Vestnes som aktuelle for ein slik kommune. Vi vil då få ein robust kommune på ca. 25 000 innbyggjarar som til tross for relativt stor geografisk utstrekning vil kunne ha desentraliser-

te og gode tenester der det er behov for dette.

3. Ørskog kommunestyre meiner ein landkommune vil ha ein del andre utfordringar enn byane rundt oss, til dømes når det gjeld samferdsel der det lett kan bli bybane og bypakkar mot rassikring og bruer. Ein slik landkommune vil også kunne vere med på å skape ein viss «konkurranse» om å tiltrekkje seg innbyggjarar og næringsliv, og derved skjerpe politikarar og administrasjonen heile tida. Ein landkommune på denne storleiken vil også vere stor nok til å delta aktivt i arbeidet med

framleis å skape ein slagkraftig region på Sunnmøre/Romsdal saman med byane våre, Ålesund og Molde.

4. Dersom dette alternativet smuldrar bort, blir for lite, eller blir lagt bort etter Fylkesmannen si tilråding/Stortinget si avgjerd, bør noverande Ørskog Kommune bli ein del av regionkommune saman med mellom anna Ålesund og Skodje.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Ørskog er demografisk sårbar og står overfor utfordringar knytt til ei aldrende befolkning.

Ørskog har låg arbeidsplassdekning. Kommunen er befolkningsmessig for liten til å vere berekraftig.

Fagmiljøa innanfor kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og mindre robust på grunn av storleik.

Kommunen har ikkje storleik til å kunne løyse sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid.

Mange interkommunale samarbeid (IKS) svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1524 [Norddal kommune](#)

Innbyggartal: 1 652

Areal av land og ferskvatn: 943,52 km²

Del busette i tettbygde strøk: 0 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Norddal kommune ligg i den indre og nordlege delen av Sunnmøre. Kommunen ligg på begge sider av Norddalsfjorden, ein sidearm til Storfjorden. Kommunen grenser til nabokommunane Stordal i nordvest, Rauma i nord og aust, Skjåk (i Oppland fylke) i søraust, og Stranda i sør og vest. Norddal er nasjonalparkkommune.

Kommunesenteret ligg på Sylte i Valldal. Andre bygdelaug i kommunen omfattar Eidsdal og Norddal (Dalsbygda) på sørsida av fjorden, Fjørå på nordsida, og Tafjord lengst inne i fjordbotnen. Store delar av arealet i kommunen er fjell- og utmarksområde. Fylkesveg 63 og fylkesveg 650 knyter bygdene saman med Åndalsnes i nord via Nasjonal turistveg Trollstigen, Geiranger i sør med ferje Linge – Eidsdal, og Ålesund i vest via Sjøholt som er trafikknutepunkt for E39/E136. Reiseavstand frå kommunesenteret til Ålesund sentrum er om lag 90 km, tilsvarande ei reisetid på om lag 1,5 time. Kommunen er prega av store landskapsmessige kontrastar og variasjonar mellom fjord og høgfjellsområde, og har stor variasjonsbreidde i ulike naturtypar. Kommunen ligg midt mellom mildt og fuktig kystklima og tørt innlandsklima med kalde vintrar og tørre somrar. Dei lokal-klimatiske forholda har gitt godt grunnlag for landbruksproduksjon med vekt på frukt- og bær dyrking. Kommunen har nær kontakt med dei andre kommunene på nordsida av fjorden.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2007 / arealdel: 2011

Demografi

Norddal har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt vesentleg nedgang i folketalet med -7,8 %.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 22,4 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen



Ordfører (Sp)


Arne Sandnes

Tlf: 70 25 88 00 / sentralbord 70 25 88 00

Mob: 976 69 990

arne.sandnes@norddal.kommune.no

post@norddal.kommune.no



med ein andel på 16,2 mot 12 for fylket samla.

I Norddal er det i 2016 2,7 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 7,8 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 1,4 yrkesaktive pr. person over 67 år og 3,2 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 1700 innbyggjarar vil kommunen ikkje kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Norddal har om lag 38 interkommunale samarbeid og er ikkje vertskommune for nokon av desse.


Næringsstruktur

Kommunen har arbeidsplassdekning på 97,5 %, rett over fylkessnittet på 96,4 %. Norddal ligg under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg godt over fylkessnittet. Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg godt over gjennomsnittsnivået i fylket. Tala for sekundærnæringane ligg tilsvarande godt under gjennomsnittsnivået i fylket. Reiseliv er ei stor og viktig næring med Nasjonal Turistveg, Norddal er nasjonalparkkommune, helse og helseturisme, det same gjeld landbruk med produksjon av frukt og bær.



FOTO: NORDDAL KOMMUNE

Figur 2- Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Norddal inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabo-kommunen Stranda.

Kommunen har litt større ut- enn innpendling. Stranda er den viktigaste utpendlingskommunen.

Nest største innpendling skjer til Ålesund. Innpendlinga er størst frå Stranda og Stordal.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Norrdal kommune har deltatt i kommunereformprosjektet Storfjord kommune, som var eit initiativ frå Ørskog kommune og Skodje kommune. Innleiingsvis var følgande kommunar ein del av prosjektet;

Haram kommune, Sandøy kommune, Skodje kommune, Ørskog kommune, Stordal kommune, Norrdal kommune, Sykkylven kommune og Vestnes kommune. Åtte kommunar totalt.

- Oppstart prosjekt – Onsdag 25. mars 2015
- Sluttrapport for utgreiing – Måndag 21. september 2015
- Sonderingsarbeid ferdig – Tysdag 2. februar 2016
- Signering av intensjonsavtale – Torsdag 17. mars 2016

Utgreiingar

Arbeidet med utgreiingar på Sunnmøre har blitt gjort som ein felles innsats mellom politikarar og administrative tilsette i dei involverte kommunene. Dette har medført at deltakarane har opparbeidd seg ein solid kompetanse på kommunereforma, og dei utfordringane som dei ulike kommunane har inn mot prosessen på reforma.

Det har blitt skapt ein unik interkommunal kompetanse, gjennom

kjennskap, vennskap og samhandling. I utgreiinga om «Storfjord kommune» vart deltakarane delt inn i fire arbeidsgrupper, for å svare på dei fire målsettingane i reformarbeidet. Kvar gruppe leverte delrapport, og denne vart satt saman til ein felles rapport.

Norrdal kommune har gjennomført ei utgreiing, i tillegg til å ha alternativet om å stå åleine.

Intensjonsavtalar

Norrdal kommune har signert intensjonsavtale i regi av kommunereformprosjektet «Storfjord kommune», med følgande deltakarkommunar; Skodje, Ørskog, Stordal og Nordal kommunar

Involvering av innbyggjarar

Undervegs i utgreiingsarbeidet med kommunereforma har Sunnmøre Regionråd IKS på vegne av alle eigarkommunane gjennomført to innbyggjarundersøkingar for å måle temperaturen på befolkninga. Dette har blitt nytta som innspel i framdrifta i arbeidet. Første gjennomføring i september 2014, og ei oppfølging oktober 2015. Resultata har begge gangar blitt presentert på Arena Sunnmøre, som er ein møteplass for alle formannskapspolitikarane på Sunnmøre.

Det har blitt gjennomført folkemøte, informasjonsskriv og bruk av kommunen sine nettsider til informasjonsformidling. Som høyringsmetode vart det nytta folkerøysting. Vidare har politikarane vore aktive i lokalmedia for å formidle sitt syn på kommunereforma.



Resultat av høyringane

Frå folkerøystinga var resultatata slik: Norrdal som eigen kommune: 48,27 % Storfjord kommune: 19,17 % Blanke røyster 35,89%

Oppmøteprosent: 48,5 %

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Norrdal kommune 19. mai 2016.



Antall røyster:

654

Antall røysteføre:

1355



KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Norddal kommune held fram som sjølvstendig kommune med same kommunegrenser som i dag.
2. Etter ein grundig prosess og etter ei rådgivande folkerøysting, står det igjen som det einaste alternativet. For alle andre alternativ som har vore vurderte, veg ulempene tyngre enn fordelane målt oppimot intensjonane med kommunereforma, jfr. k.sak 3/16 og k.sak 11/16. Det finst difor p.t. ikkje saklege argument for å lansere andre strukturmodellar for Norddal

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Norddal er demografisk sårbar og står overfor utfordringar knytt til nedgang i folketal, og ei aldrende befolkning. Kommunen er befolkningsmessig for liten til å vere berekraftig.

Fagmiljøa innanfor kommunal teneste-produksjon vil vere meir sårbare og mindre robust på grunn av storleik. Kommunen har ikkje storleik til å

kunne løyse sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid (IKS). Dette svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

Kommunen har utfordringar med sine avstandsuremper.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1525 [Stranda kommune](#)

Innbyggartal: 4 598

Areal av land og ferskvatn: 865,86 km²

Del busette i tettbygde strøk: 69,7 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Stranda kommune ligg ved Storfjorden på Indre Sunnmøre. Naturen og landskapet er variert og mangfaldig, prega av fjordar, dalar og fjellområde. Kommunen omfattar i tillegg til kommunesenteret Stranda, bygdelaga Geiranger, Helle-sylt og Liabygda.

Kommunen grenser i sør og sør-aust mot Hornindal og Stryn i Sogn og Fjordane, og vidare mot Skjåk i Oppland. Vidare mot aust, nord og vest ligg nabokommunane Nord-dal, Stordal, Sykkylven og Ørsta.

Kommunen har vegsamband sørover via Hornindal og med vidare samband vestover mot Volda og Ørsta gjennom Kvivsvegen – eller austover via Stryn over Strynefjellet.

Frå kommunesenteret er det vegsamband over Strandafjellet mot Sykkylven og vidare via ferjesambandet Aursnes – Magerhol mot Ålesund. Ferjesambandet Stranda - Liabygda knyter kommunesenteret til kommunane på nordsida av Storfjorden og vidare via Ørskog mot vest eller nord langs E39/E136.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: manglar / arealdel: 1992

Demografi

Stranda har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt stabilt folketal med 0 % vekst, mot 7, 8 % for fylket samla og 12,1 % for landet.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet; 20,5 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 15,3 mot 12 for fylket samla.



Ordfører (Sp)


Jan Ove Tryggestad

Tlf: 70 26 80 00 / sentralbord 70 26 80 00

Mob: 464 11 001

jantry@stranda.kommune.no

post@stranda.kommune.no



I Stranda er det i 2016 3,0 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 8,2 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,2 yrkesaktive pr. person over 67 år og 5,7 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 4600 innbyggjarar vil kommunen ikkje kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Stranda har om lag 26 interkommunale samarbeid og er vertskommune for om lag 2 av desse.

Næringsstruktur

Kommunen har arbeidsplassdekning på 97,7 %, rett over fylkessnittet på 96,4 %.


Stranda ligg under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar. Andelen kommunale arbeidsplassar ligg rett under fylkessnittet.

Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg rett over gjennomsnittsnivået i fylket. Tala for sekundærnæringane ligg vesentleg over gjennomsnittsnivået i fylket.



FOTO: SVEIN LUNDE

Figur 2- Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Stranda inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabo-kommunen Norddal. Kommunen har litt større ut- enn innpendling. Sykkylven er den viktigaste utpendlingskommunen. Nest største utpendling skjer til Ålesund og Norddal. Innpendlinga er størst frå Sykkylven og Ålesund.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Stranda kommune har gjennomført sonderingar mot fleire ulike alternativ, og følgd dei milepælar som var knytt til desse prosjekta.

Stranda kommunestyre gjorde følgjande vedtak den 03.02.16

- 0-alternativet skal ligge til grunn i det vidare arbeidet med kommune-reforma, og skal vere eit alternativ i ei eventuell folkerøysting/innbyggjarundersøking.
- Stranda kommune startar forhandlingar med Norddal kommune for utarbeiding av intensjonsavtale.
- Parallelt startar Stranda kommune forhandlingar med Sykkylven kommune for utarbeiding av intensjonsavtale.
- Dersom andre kommunar kjem med invitasjonar til samtalar knytt til framtidig samarbeid, vil Stranda kommune vere positive til slike samtalar.

Utgreiingar

Stranda kommune har gjennomført ei utgreiing om å stå åleine som kommune.

Intensjonsavtaler

Stranda kommune har gjennomført forhandlingar om intensjonsavtale med Sykkylven kommune. Partane signerte denne avtalen torsdag 17. mars 2016.

Involvering av innbyggjarar

Undervegs i utgreiingsarbeidet med kommunereforma har Sunnmøre Regionråd IKS på vegne av alle eigarkommunane gjennomført to innbyggjarundersøkingar for å måle temperaturen på befolkninga. Dette har blitt nytta som innspel i framdrifta i arbeidet. Første gjennomføring i september 2014, og ei oppfølging oktober 2015. Resultata har begge gongar blitt presentert på Arena Sunnmøre, som er ein møteplass for alle formannskapspolitikarane på Sunnmøre.

Det har blitt gjennomført åtte folke-møte i dei ulike bygdelaga, informasjonsskriv og bruk av kommunen sine nettsider til informasjonsformidling. Som høyringsmetode vart det nytta folkehøyring. Vidare har politikarane vore aktive i lokalmedia for å formidle sitt syn på kommunereforma.

Resultat av innbyggjarhøyringa

Frå folkehøyringa var resultatata slik:

- Stranda som eigen kommune: 65,6 %
- Stranda og Sykkylven kommune: 34,4 %.
- Blanke røyster 35,89%



FOTO: RENATE FURRE HENRIKSEN-SANDVÆR/SUNNMØRINGEN

Innbyggjarhøyring

Resultat frå innbyggjarhøyringa i Stranda kommune.

Halde fram som eigen kommune

65,6%

Stranda og Sykkylven går saman til ein kommune

34,4%

Antall svar:

1371



FOTO:STRANDA KOMMUNE

KOMMUNESTYREVEDTAK

- 1. Stranda kommune seier nei til samanslåing med Sykkylven kommune. Vedtak med 12 røyster.*
- 2. Stranda kommune har i kommunestrukturprosessen vore positive til forhandlingar med andre kommunar, utan at slike forhandlingar har ført fram. Stranda kommune er open for nye forhandlingar med ei eller fleire kommunar i framtida. Vedtak samrøystes.*

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Stranda er demografisk sårbar og står overfor utfordringar knytt til nedgang i folketal, og ei aldrande befolkning.

Kommunen har for liten kommuneorganisasjon til å kunne løyse alle sine lovpålagde oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid.

Fagmiljø innanfor kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og mindre robust på grunn av storleik.

Stranda kommune er med i mange interkommunale samarbeid. Dette svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

Kommunen har utfordringar med sine avstandsurempere.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1526 [Stordal kommune](#)

Innbyggartal: 1 020

Areal av land og ferskvatn: 247,07 km²

Del busette i tettbygde strøk: 66 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Stordal kommune ligg ved Storfjorden i den midtre og nordlege delen av Sunnmøre. Kommunen grenser til nabo-kommunane Ørskog i vest, Vestnes og Rauma i nord, Norddal i aust, Stranda i søraust og Sykkylven i sør. Kommunesenteret ligg ved fjorden nedst i dalføret som strekker seg austover mot nabogrensa til Norddal. Lenger ute på nordsida av fjorden ligg bygda Dyrkorn. Kommunen var i perioden 1965 -1977 ein del av storkommunen Ørskog.

Fylkesveg 650 går gjennom kommunen. Dette gir godt samband vestover mot Ålesund via Sjøholt som er trafikkknutepunkt for E39/E136, og mot aust til områda vidare innover langs Storfjorden. Her kan ein køyre vidare frå Vall-dal over Trollstigen mot Romsdalen. Frå Liabygda går det ferje til Stranda og veg vidare sørover til Hellesylt og Nordfjord – og frå Linge ferje til Eidsdal og vidare til Geiranger.

Reiseavstand frå kommunesenteret til Ålesund sentrum er om lag 60 km, tilsvarande ei reisetid på om lag 1 time. Kommunen er prega av store landskapsmessige kontrastar og variasjonar mellom fjord, dalar og høgareliggende utmarks- og fjellområde. Kommunen ligg midt mellom mildt og fuktig kystklima og tørrare innlandsklima med kalde vintrar og tørre somrar. Dei lokalklimatiske forholda har gitt godt grunnlag for landbruksproduksjon.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2014 / arealdel: 2003

Demografi

Stordal har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt moderat auke i folketalet med 3,6 %.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 24,4 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen



Ordfører (A)


Eva Hove

Tlf: 70 27 91 00 / sentralbord 70 27 91 00

Mob: 970 15 014

eva.hove@stordal.kommune.no

postmottak@stordal.kommune.no



med ein andel på 14,1 mot 12 for fylket samla.

I Stordal er det i 2016 3,3 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 9,0 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivninga viser at det i 2040 vert 1,8 yrkesaktive pr. person over 67 år og 4,6 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 1000 innbyggjarar vil kommunen ikkje kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Stordal har om lag 36 interkommunale samarbeid og er ikkje vertskommune for nokon av desse.


Næringsstruktur

Kommunen har arbeidsplassdekning på 96 %, rett under fylkessnittet på 96,4 %.

Stordal ligg underfylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg godt over fylkessnittet. Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg rett over gjennomsnittsnivået i fylket. Tala for sekundærnæringane ligg over gjennomsnittsnivået i fylket.



Figur 2- Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Stordal inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabo-kommunane Giske, Sula, Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog og Sykkylven. Kommunen har litt større ut- enn innpendling. Ålesund er den viktigaste utpendlingskommunen. Innpendlinga er størst frå Ørskog og Stranda.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Stordal kommune har deltatt i to parallelle kommunereformprosjekt.

Kommunereformprosjektet Regionkommunen Ålesund var eit initiativ frå Haram kommune og Ålesund kommune. Innleiingsvis var følgjande kommunar ein del av prosjektet:

Ålesund kommune, Haram kommune, Sandøy kommune, Giske kommune, Skodje kommune, Ørskog kommune, Stordal kommune, Norddal kommune, Stranda kommune, Sykkylven kommune, Sula kommune, Hareid kommune og Ulstein kommune. Totalt 13 kommunar.

Dette kommunereformprosjektet har levert arbeid etter følgjande milepælar:

- Oppstart prosjekt - Måndag 16. mars 2015
- Sluttrapport for utgreiing – Fredag 21. august 2015
- Sonderingsarbeid ferdig – Onsdag 3. februar 2016
- Signering av intensjonsavtale – Fredag 18. mars 2016

Kommunereformprosjektet Storfjord kommune var eit initiativ frå Ørskog kommune og Skodje kommune. Innleiingsvis var følgjande kommunar ein del av prosjektet; Haram kommune, Sandøy kommune, Skodje kommune, Ørskog kommune, Stordal kommune, Norddal kommune, Sykkylven kommune og Vestnes kommune. Åtte kommunar totalt.

- Oppstart prosjekt – Onsdag 25. mars 2015
- Sluttrapport for utgreiing – Måndag 21. september 2015
- Sonderingsarbeid ferdig – Tysdag 2. februar 2016
- Signering av intensjonsavtale – Torsdag 17. mars 2016

Utgreiingar

Arbeidet med utgreiingar på Sunnmøre har blitt gjort som ein felles innsats mellom politikarar og administrative tilsette i dei involverte kommunene. Dette har medført at deltakarane har opparbeidd seg ein solid kompetanse på kommunereforma, og dei utfordringane som dei ulike kommunane har inn mot prosessen på reforma. Det har blitt skapt ein unik interkommunal kompetanse, gjennom kjennskap, vennskap og samhandling.

Når det gjeld utgreiingar, så har Stordal kommune deltatt i/fått gjennomført fire slike:

- 1) Eigen kommune (Telemarksforsking)
- 2) Regionkommune Sunnmøre
- 3) Indre-Storfjord kommune (Sykkylven, Stranda, Norddal og Stordal).
- 4) Landkommunen (Vestnes, Ørskog, Skodje, Haram, Sandøy, Norddal og Stordal).

Intensjonsavtalar

Vi har inngått to intensjonsavtalar: Ein for Storfjord kommune (Norddal, Skodje, Ørskog og Stordal), og ein

intensjonsavtale for regionkommunen (Ålesund Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund).

Involvering av innbyggjarar

Undervegs i utgreiingsarbeidet med kommunereforma har Sunnmøre Regionråd IKS på vegne av alle eigarkommunane gjennomført to innbyggjarundersøkingar for å måle temperaturen på befolkninga. Dette har blitt nytta som innspel i framdrifta i arbeidet. Første gjennomføring i september 2014, og ei oppfølging oktober 2015. Resultata har begge gangar blitt presentert på Arena Sunnmøre, som er ein møteplass for alle formannskapspolitikarane på Sunnmøre.

Det har blitt gjennomført folkemøte, informasjonsbrosjyre og bruk av kommunen sine nettsider til informasjonsformidling. Som høyringsmetode vart det nytta folkerøysting. Vidare har politikarane vore aktive i lokalmedia for å formidle sitt syn på kommunereforma.


Resultat av innbyggjarhøyringa

Frå folkerøystinga var resultata slik: Regionkommune Ålesund: 8,85 %. Storfjord kommune: 34,34 %. Stordal kommune står åleine 53,88%. Oppmøtetre prosent: 48,5 %.

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Stordal kommune 19. mai 2016.

Halde fram som eigen kommune	53,9%
Saman med ein eller fleire nabokommunar	34,3%
Regionkommune Ålesund	8,9%
Blank	2,3%



Antall røyster:

399

Antall røysteføre:

822



KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Stordal kommune skal halde fram som eigen kommune. eller fleire av kommunane Ørskog, Norddal og Skodje, jamfør inngått intensjonsavtale.»
2. Dersom dette alternativet vert sett til side etter Fylkesmannen si tilråding/Stortinget si avgjerd, skal noverande Stordal kommune inngå i ein ny landkommune saman med ein

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Stordal er demografisk sårbar og står overfor utfordringar knytt til svak vekst i folketal, og ei aldrende befolkning.

Kommunen er befolkningsmessig for liten til å vere berekraftig.

Fagmiljøa innanfor kommunal teneste-produksjon vil vere meir sårbare og mindre robust på grunn av storleik.

Kommunen har ikkje storleik til å kunne løyse sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid (IKS). Mange IKS svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1528 [Sykkylven kommune](#)
Innbyggartal: 7 675
Areal av land og ferskvatn: 337,79 km²
Del busette i tettbygde strøk: 74 % (fylkessnitt 70,4 %)
[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).
[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Sykkylven kommune ligg sentralt på Sunnmøre, på sørsida av ytre del av Storfjorden. Naturen og landskapet er variert og mangfaldig, prega av fjordar, dalar og fjellområde. Kommunen omfattar i tillegg til kommunesenteret, bygdesentra Ikorntnes og Straumgjerde. Kommunen grenser i aust til Stordal og Stranda og i sørvest til Ørsta.

Nord for Storfjorden ligg Ålesund, Skodje og Ørskog. Kommunen har vegsamband vestover via ferjesambandet Aursnes – Magerholm mot Ålesund, og med vidare samband nord- eller sørover langs kyststamvegen E39/E136. Frå kommunesenteret er det vegsamband over Strandafjellet mot Stranda med vidare samband sørover mot Nordfjord. Frå Hundeidvik er det ferjesamband til Festøy i Ørsta kommune, og med vidare samband sørover langs E39.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2011 / arealdel: 2013

Demografi

Sykkylven har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt moderat auke i folketalet med 3,5 %, mot 7,8 % vekst for fylket samla og 12,1 % for landet.


Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 23,2 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 11,7 mot 12 for fylket samla.

I Sykkylven er det i 2016 3,7 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 11,3 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,0 yrkesaktive pr. person over 67 år og 5,0 yrkesaktive pr. person over 80 år.



Ordfører (Sp)

Odd Jostein Drotninghaug
Tlf: 70 24 65 00 / sentralbord 70 25 65 00
Mob: 932 55 516
odd.jostein.drotninghaug@sykkylven.kommune.no
postmottak@sykkylven.kommune.no



Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 7700 innbyggjarar vil kommunen i avgrensa grad kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Sykkylven har om lag 23 interkommunale samarbeid og er ikkje vertskommune for nokon av desse.

Næringsstruktur


Kommunen har arbeidsplassdekning på 93,2 %, under fylkessnittet på 96,4 %.

Sykkylven ligg under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar. Andelen kommunale arbeidsplassar ligg under fylkessnittet.

Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg under gjennomsnittsnivået i fylket. Tala for sekundærnæringane ligg vesentleg over gjennomsnittsnivået i fylket.



Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Sykkylven inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabo-kommunane Giske, Sula, Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog og Stranda. Kommunen har større ut- enn innpendling.

Ålesund er den viktigaste utpendlingskommunen. Nest største utpendling skjer til Stranda. Innpendlinga er størst frå Ålesund. Nest størst innpendling skjer frå Stranda.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Sykkylven kommune har deltatt i kommunereformprosjektet Regionkommunen Ålesund, som var eit initiativ frå Haram kommune og Ålesund kommune. Innleiingsvis var følgjande kommunar ein del av prosjektet;

Ålesund kommune, Haram kommune, Sandøy kommune, Giske kommune, Skodje kommune, Ørskog kommune, Stordal kommune, Norddal kommune, Stranda kommune, Sykkylven kommune, Sula kommune, Hareid kommune og Ulstein kommune. Totalt 13 kommunar.

- Oppstart prosjekt - Måndag 16. mars 2015
- Sluttrapport for utgreiing – Fredag 21. august 2015
- Sonderingsarbeid ferdig – Onsdag 3. februar 2016
- Signering av intensjonsavtale – Fredag 18. mars 2016

Utgreiingar

Arbeidet med utgreiingar på Sunnmøre har blitt gjort som ein felles innsats mellom politikarar og administrative tilsette i dei involverte kommunene. Dette har medført at deltakarane har opparbeidd seg ein solid kompetanse på kommunereforma, og dei utfordringane som dei ulike kommunane har inn mot prosessen på reforma. Det har blitt skapt ein unik interkommunal kompetanse, gjennom kjennskap, vennskap og samhandling.

Utgreiinga i Regionkommune Ålesund har blitt delt i fire arbeidsgrupper, for å svare på dei fire målsettingane i reformarbeidet. Kvar gruppe leverte delrapport, og denne vart satt saman til ein felles rapport.

Intensjonsavtaler

Sykkylven kommune har signert intensjonsavtale med kommunereformprosjektet «Regionkommunen Ålesund», med følgjande deltakarkommunar; Ålesund, Sula, Hareid, Giske, Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog, Stordal og Sykkylven.

Vidare har Sykkylven kommune gjennomført forhandlingar om intensjonsavtale med Stranda kommune. Partane signerte denne avtalen torsdag 17. mars 2016.

Involvering av innbyggjarar

Undervegs i utgreiingsarbeidet med kommunereforma har Sunnmøre Regionråd IKS på vegne av alle eigarkommunane gjennomført to innbyggjarundersøkingar for å måle temperaturen på befolkninga. Dette har blitt nytta som innspel i framdrifta i arbeidet. Første gjennomføring i september 2014, og ei oppfølging oktober 2015. Resultata har begge gangar blitt presentert på Arena Sunnmøre, som er ein møteplass for alle formannskapspolitikarane på Sunnmøre.

Det har blitt gjennomført folkemøte, informasjonsskriv og bruk av kommunen sine nettsider til informasjonsformidling. Som høyringsmetode vart det nytta innbyggjarundersøking, med distribusjon til heile befolkningar 16 år og eldre. Vidare har politikarane vore aktive i lokalmedia for å formidle sitt syn på kommunereforma.

Resultat av innbyggjarhøyringa

Hovudresultata frå innbyggjarundersøkinga:

- 57,4% vil halde fram som eigen kommune.
- 21,5% vil slå saman Stranda og Sykkylven kommune.
- 21,1% vil ha Regionkommune Ålesund.


Dersom det vert tvangssamanslåing, vil 75,6% av dei som vil halde fram som eigen kommune, gå saman med Stranda. 24,4% vil gå inn i regionkommunen.

Svarprosent 36,4% .

Innbyggjarhøyring

Resultat frå innbyggjarhøyringa utført av Sykkylven kommune siste veka i april, med høyringsfrist 8. mai 2016.

Halde fram som eigen kommune	57,4%
Slå saman Stranda og Sykkylven kommune	21,5%
Regionkommune Ålesund	21,1%



Svar:

2218

Utsendte skjema:

6086



FOTO: SYKKYLVEN KOMMUNE

KOMMUNESTYREVEDTAK

Sykkylven kommune held fram som eigen sjølvstendig kommune.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Sykkylven er demografisk sårbar og står overfor utfordringar knytt til nedgang i folketal, og ei aldrende befolkning.

Fagmiljøa innanfor kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og mindre robust på grunn av storleik.

Kommunen har ikkje storleik til å kunne løyse alle sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid (IKS).

Mange IKS svekker politikarane sine moglegheiter til politisk styring og kontroll med desse tenestene.

Ein stor del av sysselsettinga i Sykkylven er knytt til industri, dette kan vere sårbart for konjunktursvingningar.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1529 [Skodje kommune](#)

Innbyggartal: 4 620

Areal av land og ferskvatn: 120,03 km²

Del busette i tettbygde strøk: 68,3 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Skodje kommune ligg sentralt plassert i den midtre og nordlege delen av Sunnmøre. Skodje er nabokommune til Ålesund i vest, og grenser vidare mot Haram i nord, Vestnes i nordaust, Ørskog i aust og Sykkylven over fjorden i sør.

Natur og landskap er variert og mangfaldig, og prega av fjord-, skog- og fjellområde.

Det er kort veg til Ålesund sentrum og til Ålesund Lufthamn Vigra. E39 og E136 går samanfallande gjennom kommunen.

Den sentrale plasseringa, gjer at Skodje er ein attraktiv bustadskommune med kort veg til ein stor arbeidsmarknad i og omkring kommunen.

Tidlegare Skodje kommune vart frå 1965 slått saman med Stordal og Ørskog til nye Ørskog kommune. I 1977 vart storkommunen delt i tre, og Skodje vart på nytt skild ut som eigen kommune.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2016 / arealdel: 2007

Demografi

Skodje har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt svært sterk vekst i folketalet med 24, 1% auke.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 25,2 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 8,7 mot 12 for fylket samla.

I Skodje er det i 2016 5,0 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 16,5 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 3,4 yrkesaktive pr. person over 67 år og 9,0 yrkesaktive pr. person over 80 år.



Ordfører (H)


Dag Olav Tennfjord

Tlf: 70 24 40 10/ sentralbord 70 24 40 00

Mob: 971 75 730

dag.olav.tennfjord@skodje.kommune.no

postmottak@skodje.kommune.no



Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 4 600 innbyggjarar vil kommunen i liten grad kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Skodje har om lag 36 interkommunale samarbeid og er vertskommune for om lag 2 av desse.

Næringsstruktur

Kommunen har ei arbeidsplassdekning på berre 64,3 %, godt under gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %.


Skodje ligg langt under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg tilsvarande over.

Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primær- og sekundærnæringar knytt til desse næringane ligg litt under gjennomsnittsnivået i fylket.



FOTO:SKODJE FOTOKLUBB

Figur2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Skodje inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabokommunane Giske, Sula, Haram, Ålesund, Ørskog, Sykkylven og Stordal.

Skodje ligg sentralt i forhold til dagleg pendling til og frå nabokommunane. Kommunen har vesentleg større ut- enn innpendling. Ålesund er den viktigaste utpendlingskommunen. Kommunen har også betydeleg utpendling til Haram. Innpendlinga er størst frå Ålesund.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Skodje kommune har deltatt i to parallelle kommunereformprosjekt.

Kommunereformprosjektet Regionkommunen Ålesund var eit initiativ frå Haram kommune og Ålesund kommune.

Innleiingsvis var følgande kommunar ein del av prosjektet:

Ålesund, Haram, Sandøy, Giske, Skodje, Ørskog kommune, Stordal kommune, Norddal kommune, Stranda kommune, Sykkylven kommune, Sula kommune, Hareid kommune og Ulstein kommune. Totalt 13 kommunar. Dette kommunereformprosjektet har levert arbeid etter følgande milepælar:

- Oppstart prosjekt - Måndag 16. mars 2015
- Sluttrapport for utgreiing – Fredag 21. august 2015
- Sonderingsarbeid ferdig – Onsdag 3. februar 2016
- Signering av intensjonsavtale – Fredag 18. mars 2016

Kommunereformprosjektet Storfjord kommune var eit initiativ frå Ørskog kommune og Skodje kommune. Innleiingsvis var følgande kommunar ein del av prosjektet:

- Haram kommune, Sandøy kommune,

Skodje kommune, Ørskog kommune, Stordal kommune, Norddal kommune, kommune og Vestnes kommune. Åtte kommunar totalt.

- Oppstart prosjekt – Onsdag 25. mars 2015
- Sluttrapport for utgreiing – Måndag 21. september 2015
- Sonderingsarbeid ferdig – Tysdag 2. februar 2016
- Signering av intensjonsavtale – Torsdag 17. mars 2016

Utgreiingar

Arbeidet med utgreiingar på Sunnmøre har blitt gjort som ein felles innsats mellom politikarar og administrative tilsette i dei involverte kommunene. Dette har medført at deltakarane har opparbeidd seg ein solid kompetanse på kommunereforma, og dei utfordringane som dei ulike kommunane har inn mot prosessen på reforma. Det har blitt skapt ein unik interkommunal kompetanse, gjennom kjennskap, vennskap og samhandling.

Utgreiinga i både «Regionkommune Ålesund» og «Storfjord kommune» har blitt gjennomført med lik metodikk, der deltakarane vart delt inn i fire arbeidsgrupper, for å svare på dei fire målsettingane i reformarbeidet. Kvar gruppe leverte delrapport, og denne vart satt saman til ein felles rapport.

Skodje kommune har samla gjennomført to utgreiingar.

Intensjonsavtalar

Skodje kommune har signert intensjonsavtale med kommunereformprosjektet «Regionkommunen Ålesund». Intensjonsavtalen er inngått mellom kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Intensjonsavtalen med kommunereformprosjektet «Storfjord kommune», vart signert saman med følgande deltakarkommunar; Skodje, Ørskog, Stordal og Nordal.


Involvering av innbyggjarar

Undervegs i utgreiingsarbeidet med kommunereforma har Sunnmøre Regionråd IKS på vegne av alle eigarkommunane gjennomført to innbyggjarundersøkingar for å måle temperaturen på befolkninga. Dette har blitt nytta som innspel i framdrifta i arbeidet. Første gjennomføring i september 2014, og ei oppfølging oktober 2015. Resultata har begge gangar blitt presentert på Arena Sunnmøre, som er ein møteplass for alle formannskapspolitikarane på Sunnmøre. Det har blitt gjennomført fleire

Innbyggjarhøyring

Resultat frå innbyggjarhøyringa bestilt av Skodje kommune utført av Opinion 25. april – 3. mai 2016.


Spørsmål: Vurder kva alternativ du meiner er best:



Antall spurte: **300**


Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Skodje kommune 19. mai 2016.



Antall røyster:

1345



Antall røysteføre:

3668



FOTO:SKODJE FOTOKLUBB

folkemøte, og bruk av kommunen sine nettsider til informasjonsformidling. Som høyringsmetode vart det nytta høyring etter kunngjering, innbyggerundersøking og folkerøysting. Vidare har politikarane vore aktive i lokalmedia for å formidle sitt syn på kommunereforma.

Resultat av innbyggerhøyringa

Det var ingen inkomne høyringsuttalar. Av innbyggerundersøkinga var det 52% som vil bli ein del av «Regionkommunen Ålesund», medan 38% ville bli ein del av «Storfjord kommune». 10% svara «Veit ikkje/ikkje svar). Innbyggerundersøkinga avklarte også fleire relevante forhold.

KOMMUNESTYREVEDTAK

Skodje kommunestyre godkjenner den reviderte intensjonsavtalen for nye Ålesund kommune.

Skodje kommunestyre vedtek å etablere ein ny kommune saman med kommunar som inngår i samarbeidet

om nye Ålesund kommune.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Kommunen har dei siste 10 åra hatt ein særskild sterk vekst i folketalet. I stor grad skyldast auka i folketalet veksten i arbeidsplassar i Ålesundsregionen, spesielt i Ålesund.

Kommunen har for liten kommuneorganisasjon til å kunne løyse alle sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhen-

gig av interkommunale samarbeid.

Fagmiljø innanfor kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og mindre robuste på grunn av storleik.

Ei utfordring for kommunen er at dei har ei av dei lågaste arbeidsplassdekningane i fylket, og ei vesentleg

utpendling til Ålesund.

Etter endeleg vedtak pr. 1. juli 2016 har kommunane Skodje, Sandøy og Ålesund bestemt seg for å slå seg saman til ein ny kommune.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1531 [Sula kommune](#)

Innbyggartal: 8 952

Areal av land og ferskvatn: 58,5 km²

Del busette i tettbygde strøk: 92,2 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Sula kommune ligg på øya Sula, sentralt plassert i sunnmørsregionen, og der Vegsundbrua knyter kommunen til fastlandet i aust. Kommunen grenser til nabokommunane Ålesund i nord, Ørsta i sør-aust, Hareid i sør og Giske i vest.

Kommunen er nær knytt til to av dei viktigaste ferjesambanda i fylket, Solavågen - Festøya, som er ein del av kyststamvegen E39 mellom Stavanger og Trondheim, og Sulasund - Hareid langs Rv 61, som er trafikkåra mot ytre del av Sunnmøre med Hareid, Ulstein og Herøy.

Kommunen har eit samla landareal på 58,5 km². Dette gjer kommunen til ein av dei minste i fylket, men samtidig ein av dei dei mest folketette med sine 130 innbyggjarar per km².

Natur og landskap varierer frå kyst- og strandområde til skog og snaufjell. Det meste av busetnaden er lokalisert til dei flatare partia på nordsida av øya.

Frå kommunesenteret Langevåg til Ålesund er det om lag 30 km, tilsvarande ei reisetid på snau 35 minutt. Frå Langevåg går det hurtigbåt til Ålesund sentrum med om lag 20 daglege avgangar og med ei overfartstid på knapt 10 minutt.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2011 / arealdel: 2015

Demografi

Sula har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt svært sterk vekst i folketallet med 18,8 % auke.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 25,6 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen



Ordfører (Ap)


Jim Arve Røssevoll

Tlf: 70 19 91 00 / sentralbord 70 19 91 00

Mob: 970 15 014

jim-arve.rossevoll@sula.kommune.no

post@sula.kommune.no



med ein andel på 10,5 mot 12 for fylket samla.

I Sula er det i 2016 4,4 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 12,4 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 3,2 yrkesaktive pr. person over 67 år og 8,1 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine i underkant 9 000 innbyggjarar vil kommunen i avgrensa grad kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Sula har om lag 34 interkommunale samarbeid og er vertskommune for to av desse.

Næringsstruktur

Kommunen har ei arbeidsplassdekning på berre 62,6 %, godt under gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %.


Sula ligg godt under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg tilsvarande over.

Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg litt under gjennomsnittsnivået i fylket medan det for sekundærnæringar ligg noko over gjennomsnittsnivået i fylket.



FOTO: KRISTIN STØYLEN

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Sula inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabokommunane Giske, Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog, Sykkylven og Stordal. Sula ligg sentralt i forhold til dagleg pendling til og frå nabokommunane.

Kommunen har vesentleg større ut- enn innpendling.

Ålesund er den klart viktigaste innpendlingskommunen. Det same gjeld for utpendling.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Sula kommune har vore ein del av kommunereformprosjektet «Regionkommunen Ålesund», som starta etter initiativ Haram kommune og Ålesund kommune. Innleiingsvis var følgjande kommunar ein del av prosjektet;

Ålesund kommune, Haram kommune, Sandøy kommune, Giske kommune, Skodje kommune, Ørskog kommune, Stordal kommune, Norddal kommune, Stranda kommune, Sykkylven kommune, Sula kommune, Hareid kommune og Ulstein kommune. Totalt 13 kommunar.

Dette kommunereformprosjektet har levert arbeid etter følgjande milepælar:

Oppstart prosjekt - Måndag 16. mars 2015

Sluttrapport for utgreiing – Fredag 21. august 2015

Sonderingsarbeid ferdig – Onsdag 3. februar 2016

Signering av intensjonsavtale – Fredag 18. mars 2016

Utgreiingar

Arbeidet med utgreiingar på Sunnmøre har blitt gjort som ein felles innsats mellom politikarar og administrative tilsette i dei involverte kommunene. Dette har medført at deltakarane har opparbeidd seg ein solid kompetanse på kommunereforma, og dei utfordringane som dei ulike kommunane har inn mot prosessen på reforma. Det har blitt

skapt ein unik interkommunal kompetanse, gjennom kjennskap, vennskap og samhandling.

Utgreiinga i «Regionkommune Ålesund» har blitt delt i fire arbeidsgrupper, for å svare på dei fire målsettingane i reformarbeidet. Kvar gruppe leverte delrapport, og denne vart satt saman til ein felles rapport.

Sula har også greidd ut det å stå åleine.

Intensjonsavtaler

Sula kommune har signert intensjonsavtale med kommunereformprosjektet «Regionkommunen Ålesund». Intensjonsavtalen er inngått mellom kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Involvering av innbyggjarar

Undervegs i utgreiingsarbeidet med kommunereforma har Sunnmøre Regionråd IKS på vegne av alle eigarkommunane gjennomført to innbyggjarundersøkingar for å måle temperaturen på befolkninga. Dette har blitt nytta som innspel i framdrifta i arbeidet. Første gjennomføring i september 2014, og ei oppfølging oktober 2015. Resultata har begge gangar blitt presentert på Arena Sunnmøre, som er ein møteplass for alle formannskapspolitikarane på Sunnmøre.

Sula kommune har også valt å nytte folkemøte, nettsider og informasjons-

brosjyre for å informere innbyggjarane om kommunereforma. Det har også blitt gjennomført folkerøysting som høyringsmetode. Vidare har politikarane vore aktive i lokalmedia for å formidle sitt sin på kommunereforma.

Resultat av innbyggjarhøyringa

Etter at røystene var talt opp, fordelte svara seg som følger:



10,1% - kommune bør bli ein del av «Regionkommunen Ålesund»

89,0% - Sula kommune bør halde fram som eigen kommune

0,9% - Veit ikkje/blank røyst

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Sula kommune 19. mai 2016.



Antall røyster:

3617

Antall røysteføre:

6723



FOTO: KRISTIN STØYLEN

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Sula kommunestyre vedtar at Sula kommune skal halde fram som sjølvstendig kommune.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Den største utfordringa for Sula er at dei har ein av dei lavaste arbeidsplassdekningane i fylket og vesentleg større ut- enn innpendling.

Kommunen har i kraft av sin storleik gode og robuste fagmiljøa innanfor basisstenestene i den kommunale

tenesteproduksjonen. Kommunen har likevel utfordringar med små og sårbare fagmiljø innan meir spesialiserte tenester og nøkkelfunksjonar.

Kommunen er derfor avhengig av interkommunale samarbeid (IKS).

Mange IKS svekker politikarane sine moglegheiter til å ta beslutningar for disse tenestene.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1532 [Giske kommune](#)

Innbyggartal: 8 094

Areal av land og ferskvatn: 40,53 km²

Del busette i tettbygde strøk: 75,9 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Giske kommune er ei øykommune på Sunnmøre, like vest for Ålesund. Kommunen grenser vidare mot nabo-kommunane Haram, Herøy, Ulstein, Hareid og Sula. Kommunen har eit samla landareal på 40 km² fordelt på dei fire øyane Vigra, Valderøya, Giske og Godøya. Kommunenesenteret ligg på Valderøya.

Det er gode kommunikasjonar både internt i kommunen og reiser til/frå kommunen. Bruer og undersjøiske tunnelar bind øyane saman og gir også kommunen fastlands-samband. Reisetida frå kommunesenteret på Valderøy til Ålesund sentrum er om lag 15 minutt.

Ålesund Lufthamn på Vigra er den største flyplassen i Møre og Romsdal med over 1 million reisande. Reiseavstandar elles; til Ålesund: 10 km - til Kristiansund (flyplass): 176 km - til Molde (flyplass): 80 km til Åndalsnes (jernbane): 111 km.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2014 / arealdel: 2009

Demografi

Giske har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt svært sterk vekst i folketalet med 20,2 % auke.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 26,1 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 10,1 mot 12 for fylket samla.

I Giske er det i 2016 4,6 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 14,4 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 3,3 yrkesaktive pr. person over 67 år og 8,5 yrkesaktive pr. person over 80 år.



Ordfører (Krf)


Harry Valderhaug

Tlf: 70 18 80 11 / sentralbord 70 18 80 00

Mob: 913 85 761

hava@giske.kommune.no

post@giske.kommune.no



Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 8 000 innbyggjarar vil kommunen i avgrensa grad kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Giske har om lag 35 interkommunale samarbeid og er ikkje vertskommune for nokon av desse.

Næringsstruktur

Kommunen har ei arbeidsplassdekning på berre 61,1 %, godt under gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %.


Giske ligg godt under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg tilsvarande over.

Tal for sysselsatte etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg over gjennomsnittsnivået i fylket medan sekundærnæringane ligg noko under gjennomsnittsnivået i fylket.



FOTO: GISKE KOMMUNE

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Giske inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabokommunane Ålesund, Sula, Haram, Skodje, Ørskog, Sykkylven og Stordal.

Giske ligg sentralt i forhold til dagleg pendling til og frå nabokommunane. Kommunen har vesentleg større ut- enn innpendling. Ålesund er den klart viktigaste kommunen, både når det gjeld innpendling og utpendling.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Giske kommune har vore ein del av kommunereformprosjektet «Regionkommunen Ålesund», som starta etter initiativ Haram kommune og Ålesund kommune. Innleiingsvis var følgjande kommunar ein del av prosjektet;

Ålesund kommune, Haram kommune, Sandøy kommune, Giske kommune, Skodje kommune, Ørskog kommune, Stordal kommune, Norddal kommune, Stranda kommune, Sykkylven kommune, Sula kommune, Hareid kommune og Ulstein kommune. Totalt 13 kommunar.

Dette kommunereformprosjektet har levert arbeid etter følgjande milepælar:

- Oppstart prosjekt - Måndag 16. mars 2015
- Sluttrapport for utgreiing – Fredag 21. august 2015
- Sonderingsarbeid ferdig – Onsdag 3. februar 2016
- Signering av intensjonsavtale – Fredag 18. mars 2016

Utgreiingar

Arbeidet med utgreiingar på Sunnmøre har blitt gjort som ein felles innsats mellom politikarar og administrative tilsette i dei involverte kommunene. Dette har medført at deltakarane har opparbeidd seg ein solid kompetanse på kommunereforma, og dei utfordringane som dei ulike kommunane har inn mot prosessen på reforma. Det har blitt skapt ein unik interkommunal kompe-

tanse, gjennom kjennskap, vennskap og samhandling.

Utgreiinga i «Regionkommune Ålesund» har blitt delt i fire arbeidsgrupper, for å svare på dei fire målsettingane i reformarbeidet. Kvar gruppe leverte delrapport, og denne vart satt saman til ein felles rapport.

Giske har også greidd ut å stå åleine.

Intensjonsavtalar

Giske kommune har signert intensjonsavtale med kommunereformprosjektet «Regionkommunen Ålesund». Intensjonsavtalen er inngått mellom kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Involvering av innbyggjarar

Undervegs i utgreiingsarbeidet med kommunereforma har Sunnmøre Regionråd IKS på vegne av alle eigarkommunane gjennomført to innbyggjarundersøkingar for å måle temperaturen på befolkninga. Dette har blitt nytta som innspel i framdrifta i arbeidet. Første gjennomføring i september 2014, og ei oppfølging oktober 2015. Resultata har begge gangar blitt presentert på Arena Sunnmøre, som er ein møteplass for alle formannskapspolitikarane på Sunnmøre.

Giske kommune har også valt å nytte folkemøte, nettsider og informasjons-

brosjyre for å informere innbyggjarane om kommunereforma. Det har også blitt gjennomført innbyggjarundersøking og folkerøysting som høyringsmetode. Vidare har politikarane vore aktive i lokalmedia for å formidle sitt sin på kommunereforma.

Resultat av innbyggjarhøyringa

Innbyggjarundersøkinga viste at 54% av innbyggjarane vil ha Giske kommune som eigen kommune, medan 41% vil gå inn i «Regionkommunen Ålesund». 400 respondentar i aldersgruppa 16+ vart valde ut til å svare.

Etter at røystene var talt opp i folkerøystinga fordelte svara seg som følger : 17,8% - kommunen bør bli ein del av «Regionkommunen Ålesund»



78,3% - Giske kommune bør halde fram som eigen kommune

3,9% - Veit ikkje

Frammøteprosenten var 42,7.

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Giske kommune 19. mai 2016.



Antall røyster:

2303

Antall røysteføre:

5393



FOTO:GISKE KOMMUNE

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Giske kommune held fram som eigen kommune etter 2020 og deltek ikkje i vidare drøftingar om etablering av regionkommunen Ålesund. Vi syner til saksutgreiing og vurderingar som er gjort der, som argumentasjon for vår avgjerd.

2. Giske kommune er opptatt av interkommunalt samarbeid. Vi vidarefører etablerte samarbeidsordningar og held fram med nabosamarbeid og dialog om vidare utvikling til beste for regionen og Sunnmøre.

Giske kommune skal vere aktiv og framoverlent i høve til dette arbeidet.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Kommunen har dei siste 10 åra hatt ein sterk vekst i folketalet. I stor grad skyldast auka i folketalet veksten i arbeidsplassar i Ålesundsregionen, spesielt i Ålesund.

Kommunen har i kraft av sin storleik gode og robuste fagmiljøa innanfor

basisstenestene i den kommunale tenesteproduksjonen. Kommunen har likevel utfordringar med små og sårbare fagmiljø innan meir spesialiserte tenester og nøkkelfunksjonar.

Kommunen er derfor avhengig av interkommunale samarbeid.

Ei utfordring for kommunen er at dei har ein av dei lågaste arbeidsplassdekniningane i fylket, og vesentleg større ut- enn innpendling, i vesentleg grad skjer utpendlinga til Ålesund.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1534 [Haram kommune](#)

Innbyggartal: 9 200

Areal av land og ferskvatn: 261,14 km²

Del busette i tettbygde strøk: 59,9 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Kommunen ligg ved kysten like nord for Ålesund. Kommunen grenser til nabokommunane Giske i vest, Sandøy og Midsund i nord, Vestnes i aust, Skodje i sør-aust og Ålesund i sør-vest. Kommunen omfattar både eit stort fastlandsområde og ei øygruppe. Kommunesenteret ligg i Brattvåg.

Karakteristisk for landskapet er ei relativt flat stripe mot sjøen, medan dei indre delane av kommunen er prega av fjordar, dalar og fjellområde opp i mot 1000 m.o.h. Frå Brattvåg til Ålesund er det om lag 45 km, til Ålesund lufthamn - Vigra, er det 56 km. Frå Brattvåg er det ferjesamband nordover til Dryna, Fjørtofta og Harøya. Frå Skjelten går det ferje til Lepsøya og Haramsøya. I tillegg har kommunen hurtigbåtsamband i ruta Ålesund – Valderøya – Nordøyane.

Haram kommune er engasjert i fleire samferdselsprosjekt. Ny Straumsbru er fullført, og Hamnsundsambandet er under utgreiing. Nordøyvegen vil gi betre internkommunikasjon også mot Sandøy.

Rådmannen skriv i si saksframstilling til endeleg vedtak om samfunnsutviklinga:

«Haram si orientering i alt samarbeid og som pådrivar i samfunnsutviklinga er retta mot regionsutvikling i og rundt Ålesund. Samferdselsprosjekt som Hamnsundsambandet og Straumsbrua er døme på dette. Nordøyvegen vil gi betre internkommunikasjon. Haram har hatt mykje å tene på å vere del av ein større integrert og funksjonell ABS-region. Sampelet bidrar til at kommunen vert mindre sårbar for svingingar i konjunkturar og bu-settingstrendar. Å vere definert innanfor, og assosiert med Ålesund som by, tener i dei fleste samanhengar Haram. SWOT-analysane var tydelege på moglegheitene som ligg i å bygge eit sterkare region-samarbeid.»

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.



Ordfører (Sp)


Vebjørn Krogsæter

Tlf: 70 20 75 00 / sentralbord 70 20 75 00

Mob: 907 41 899

vebjorn.krogsaeter@haram.kommune.no

postmottak@haram.kommune.no



Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2007 / arealdel: 1999

Demografi

Haram har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt moderat/lav vekst i folketalet med 4,6 % auke.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 12,9 mot 12 for fylket samla.

I Haram er det i 2016 3,5 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 9,9 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,3 yrkesaktive pr. person over 67 år og 5,5 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 9200 innbyggjarar vil kommunen i avgrensa grad kunne forvente å utnytte stodriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Haram har 41 interkommunale samarbeid og er vertskommune for eit av desse.

Næringsstruktur

Kommunen har ei arbeidsplassdekning på 93,6 %, som er noko under gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %. Haram ligg langt under fylkessnittet i forhold til statlege,




FOTO:HARAM KOMMUNE

fylkeskommunale og kommunale arbeidsplassar. Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg på same nivå som

gjennomsnittsnivået i fylket medan sekundærnæringar ligg vesentleg over gjennomsnittsnivået i fylket.

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Haram inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med kommunane Giske, Sula, Ålesund, Skodje, Ørskog, Sykkylven og Stordal.

Haram ligg sentralt i forhold til dagleg pendling til og frå nabokommunane.

Kommunen har større ut- enn innpendling. Ålesund er den viktigaste utpendlingskommunen, og innpendlinga er også størst frå Ålesund.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Haram kommune var ein av initiativtakarane til kommunereformprosjektet «Regionkommunen Ålesund», saman med Ålesund kommune. Innleiingsvis var følgjande kommunar ein del av prosjektet;

Ålesund kommune, Haram kommune, Sandøy kommune, Giske kommune, Skodje kommune, Ørskog kommune, Stordal kommune, Norddal kommune, Stranda kommune, Sykkylven kommune, Sula kommune, Hareid kommune og Ulstein kommune. Totalt 13 kommunar.

Dette kommunereformprosjektet har levert arbeid etter følgjande milepælar:

- Oppstart prosjekt - Måndag 16. mars 2015
- Sluttrapport for utgreiing – Fredag 21. august 2015
- Sonderingsarbeid ferdig – Onsdag 3. februar 2016
- Signering av intensjonsavtale – Fredag 18. mars 2016

Utgreiingar

Arbeidet med utgreiingar på Sunnmøre har blitt gjort som ein felles innsats mellom politikarar og administrative tilsette i dei involverte kommunene. Dette har medført at deltakarane har opparbeidd seg ein solid kompetanse på kommunereforma, og dei utfordringane som dei ulike kommunane har inn mot prosessen på reforma. Det er utvikla auka interkommunal kompetanse gjennom samhandlinga i reformprosessen.

Utgreiinga i «Regionkommune Ålesund» har blitt delt i fire arbeidsgrupper, for å svare på dei fire målsettingane i reformarbeidet. Kvar gruppe leverte delrapport, og denne vart satt saman til ein felles rapport.

Haram kommune var også med i utgreiingane om Storfjord kommune, etter tilsvarande mal som for Regionkommunen Ålesund. Sandøy gjekk ut av dette prosjektet før forhandlingane om intensjonsavtale tok til. Haram gjekk også ut av dette prosjektet før forhandlingane om intensjonsavtale vart slutført.

Det har også blitt greidd ut å stå åleine.

Intensjonsavtalar

Haram kommune har signert intensjonsavtale med kommunereformprosjektet «Regionkommunen Ålesund». Intensjonsavtalen er inngått mellom kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Haram kommune har også framforhandla ein intensjonsavtale saman med Sandøy kommune.

Involvering av innbyggjarar

Undervegs i utgreiingsarbeidet med kommunereforma har Sunnmøre Regionråd IKS på vegne av alle eigarkommunane gjennomført to innbyggjarundersøkingar for å måle temperaturen på befolkninga. Dette har blitt nytta som innspel i framdrifta

i arbeidet. Første gjennomføring i september 2014, og ei oppfølging oktober 2015. Resultata har begge gangar blitt presentert på Arena Sunnmøre, som er ein møteplass for alle formannskapspolitikarane på Sunnmøre.

Det har også blitt gjennomført folkerøysting som høyringsmetode. Vidare har politikarane vore aktive i lokalmedia for å formidle sitt syn på kommunereforma.

Det er utvikla auka interkommunal kompetanse gjennom samhandlinga i reformprosessen.

Kommunen har valt å nytte folkemøte, nettsider og informasjonsbrosjyre for å informere innbyggjarane.

Resultat av innbyggjarhøyringa

Etter at røystene vart talt opp i folkerøystinga fordelte svarea seg som følger: 29,0% - Haram held fram som eigen kommune.

51,9% - Haram slår seg saman med Sandøy under føresetnad av at Nordøyvegen vert bygt.


19,1% - Haram slår seg saman med inntil 9 andre kommunar (Giske, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog, Ålesund) i regionkommunen Ålesund.

Frammøteprosenten var 38%.

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Haram kommune 19. mai 2016.

Samanslåing med Sandøy	51,9%
Halde fram som eigen kommune	29,0%
Regionkommune Ålesund	19,1%



Antall røyster:

2768

Antall røysteføre:

7285



KOMMUNESTYREVEDTAK

1. På grunnlag av framforhandla intensjonsavtale og resultat av folkerøystinga, vil Haram kommunestyre gå inn for ei samanslåing med Sandøy kommune. Ei avklaring om at Nordøyvegen vert bygd er ein føresetnad for dette alternativet.

2. Dersom Haram- Sandøy alternativet syner seg å verte mindre aktuelt, vil

kommunestyret gå inn for å halde fram som eiga kommune.

3. I intensjonsavtalen med Sandøy kommune står det at det er formannskapa i dei to kommunane som skal vere fellesnemd. Dette er ikkje likeverdig då det er fleire medlemmer i Haram. Haram kommunestyre meiner dette bør justerast og vil velje 5 medlemmer frå

Haram formannskap til denne nemnda, slik at talet på medlemmer vert likt.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Kommunen er demografisk sårbar og står overfor utfordringar knytt til nedgang i folketal, og ei aldrande befolkning. Vekst i folketal skyldast i stor grad innvandring.

Kommunen har ein ein-sidig næringsstruktur med nærare 50% av sysselsettinga i industrinæringar. Hovudsakleg er dette globalt eksponert industri som er sårbar for konjunktursvingingar. Haram er avhengig av ein velfunge-

rande regional arbeidsmarknad for å kunne tilby eit mangfald av arbeidsplassar.

Kommunen har i kraft av sin storleik gode og robuste fagmiljøa innanfor basisstenestene i den kommunale tenesteproduksjonen. Kommunen har likevel utfordringar med små og sårbare fagmiljø innan meir spesialiserte tenester og nøkkelfunksjonar.

Kommunen har ikkje storleik til å kunne løyse alle sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid (IKS). Mange IKS svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1535 [Vestnes kommune](#)

Innbyggartal: 6 611

Areal av land og ferskvatn: 352,01 km²

Del busette i tettbygde strøk: 60,6 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Vestnes kommune ligg i den sørlege delen av Romsdalsregionen. Kommunen ligg på sørsida av Romsdalsfjorden med kommunane Midsund og Molde på nordsida. Vestnes kommune grenser i aust mot Rauma, i sør mot Stordal og Ørskog, og i vest mot Skodje og Haram. E-136 mellom Ålesund og Dombås går gjennom austlege delar av kommunen, medan E-39 går via kommunesenteret med ferjekryssing av Romsdalsfjorden til Molde og vidare til Trondheim. I tillegg til kommunesenteret Vestnes/Helland omfattar kommunen dei mindre tettstadane Tomrefjord, Fiksdal og Tresfjord, samt bygdelaga Rekdal, Øverås/Nerås, Daugstad og Vikbukta.

Kommunen har god og tett kommunikasjon både mot nord, sør og aust. FRAM trafikkerer strekinga Volda – Kristiansund med timesavgangar både nordover og sørover. Kommunesenteret Helland er eit viktig trafikknutepunkt. Reiseavstanden til Molde med ferje eller hurtigbåt tar omlag 40 minutt, medan reisetida til Ålesund er omlag ein time. Med opning av Tresfjordbrua i 2015 er reisetida til Åndalsnes ca 40 min.

Kommunen er prega av store landskapsmessige kontrastar og variasjonar mellom fjord og høgfjellsområde, og har stor variasjonsbreidde i ulike naturtypar. Kommunen har over 30 fjelltoppar med høgde over 1000 m.o.h.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2015 / arealdel: 2015

Demografi

Vestnes har i siste 10-årsperiode (2005 – 2015) hatt moderat/svak vekst i folketalet med 5,0% auke, mot 7,8% for fylket samla.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet; 20,5 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen



Ordfører (Sp)


Geir Inge Lien

Tlf: 71 18 40 10 / sentralbord 71 18 40 00

Mob: 911 84 000

ordforar@vestnes.kommune.no

postmottak@vestnes.kommune.no



med ein andel på 12,1 mot 12 for fylket samla.

I Vestnes er det i 2016 3,6 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 12,4 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,0 yrkesaktive pr. person over 67 år og 5,0 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 6600 innbyggjarar vil kommunen i avgrensa grad kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjonen er kjenneteikna av små fagmiljø og utfordringar knytt til nyrekruttering.

Interkommunale samarbeid 2013

Vestnes løyser mange av sine oppgåver gjennom interkommunale samarbeidsordningar. Vestnes har om lag 35 interkommunale samarbeid. Molde er vertskommune for dei fleste av desse. Vestnes har sjølv ikkje status som vertskommune.

Næringsstruktur

Kommunen har ei arbeidsplassdekning på berre 86 %, godt under gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %.


Vestnes ligg under fylkessnittet i forhold til statlege arbeidsplassar, medan andelen fylkeskommunale og kommunale arbeidsplassar ligg godt over.

Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for sekundærnæringar og for helse- og sosialtenester ligg vesentleg over fylkesgjennomsnittet.



FOTO:REIDUN BJØLVERUD

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Vestnes inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabo-kommunane Molde, Aukra, Midsund, Fræna, Eide, Gjemnes og Nesset. Vestnes ligg sentralt i forhold til dagleg pendling til og frå nabo-kommunane.

Kommunen har vesentleg større ut- enn innpendling. Molde er den viktigaste utpendlingskommunen. Kommunen har også stor utpendling til Ålesund, Haram og Rauma. Innpendlinga er størst frå Rauma og Molde.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Gjennom hausten 2014, heile 2015 og våren 2016 har Vestnes kommune, saman med kommunane på Sunnmøre, følgt denne planen

- 10.08.15: Frist for utgreiing
- 31.01.16: Frist for retningsval
- 20.03.16: Frist for avslutning av forhandlingar
- 15.04.16: Frist for politisk behandling av intensjonsavtale
- 08.05.16: Frist for gjennomført høyring/ folkerøysting
- 30.06.16: Frist for endeleg vedtak

Utgreiingar

Kommunane i Romsdal Regionråd har samarbeid om ei felles utgreiing i kommunereformarbeidet. Denne vart laga av Telemarksforskning og NIVI analyse i tett samarbeid med kommunane. I samband med kvar delrapport var det politiske møter med 4 representantar frå kvar kommune og kommunane presenterte og diskuterte kvar delrapport i eige kommunestyre, råd og utval. Telemarksforskning leverte fire delrapportar og ein slutt-rapport. Totalt 12 ulike alternativ for nye kommunar er greidd ut frå måla med reforma som er satt av Storting og Regjering:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane

- Heilskapleg og samordna samfunns-utvikling
- Berekraftig og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati og gi større kommunar fleire oppgåver

Vestnes kommune har inngått i 3 av dei alternativa som var med i utgreiinga:

- Heile ROR
- Vestnes – Midsund – Aukra
- Vestnes – Rauma

Rapportane frå utgreiinga ligg på nettsida til Romsdal Regionråd: <http://www.romsdalregionrad.no/kommunereformen>

Vestnes kommune har og fått lage ei utgreiing om Vestnes som eigen kommune utført av Telemarksforskning. Utgreiingar på Sunnmøre som Vestnes har tatt del i:

- Landkommune Sunnmøre
- BDO, Sunnmøre

Val av alternativ

Kommunen valde to alternativ som dei mest aktuelle for Vestnes kommune å gå vidare med. Dette vart det fatta vedtak om i kommunestyret 28.01.2016 – PS 6/2016 og utvida formannskapsmøte 14.02.2016 - PS 21/2016.

- Vestnes – Rauma
- Vestnes som egen kommune

Intensjonsavtalar

Vestnes kommune er med i ein intensjonsavtale: Vestnes – Rauma

Involvering av innbyggjarar

Vestnes kommune hadde to innbyggjarhøyringar i 2014 i lag med Sunnmøre Regionråd. Dei har hatt ei rekke folke-møte: 22.06.15, 19.04.16. 20.04.16 og 21.04.16. Vestnes kommune hadde både innbyggjarhøyring – avslutta 25. april 2016 – og folkerøysting som vart offentleg kjend 25. april. 2016.

Resultat av innbyggjarhøyringa

Nøkkeltal frå Vestnes kommune, folkerøysting og innbyggjarhøyring.

Folkerøysting 25. april 2016:

- Valdeltaking: 36,22 %
- Vestnes – Rauma: 11,6 %
- Aleine: 59,7 %
- Blank: 28,7 %

Innbyggjarhøyring – offentleg kjend 25. april 2016:

- For samanslåing: 57 %
- Aleine: 38 %
- Alternativ ved samanslåing:
- Mot Romsdal: 17 %
- Vestnes – Rauma: 20 %
- Landkommune Sunnmøre: 15 %
- Mot Ålesund: 5 %

Innbyggjarhøyring

Resultat frå innbyggjarhøyringa bestilt av Vestnes kommune utført av Opinion dei to siste ukane av april.

Spørsmål: Er du for eller imot ei samanslåing av Vestnes og Rauma kommune?

For  39%

Mot  40%


Veit ikkje  21%

Antall spurte: **500**

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Vestnes kommune 25. april 2016.

Vestnes aleine  59,2%

Samanslåing med Rauma  12,1%

Blank  28,7%

Antall røyster:

1973

Valdeltaking:

36,8%

Antall røysteføre:

5359



FOTO: HELENE HENRIKSEN, VESTNESAVISA

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. På grunnlag av lokalpolitiske prosessar og innbyggjarhøringar vedtek Vestnes kommunestyre at Vestnes skal halde fram som eigen kommune med moglege grensejusteringar.

2. Vestnes kommunestyre ser at

endringar i kommunikasjonsmønster etter realiserte og eventuelle framtidige samferdselsinvesteringar kan auke samarbeidet med nabokommunar, og kan på sikt også medføre endringar i kommunegrenser. Dei mest aktuelle kommunane for Vestnes no vil vere Ør-

skog eller Rauma. Ei slik samanslåing vil berre vere tenleg dersom basisteneseter og spesialtenester med beredskapspreg vert nært tilgjengeleg for våre innbyggjarar.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Kommunen er avhengig av interkommunale samarbeidsordningar på fleire tenestekområde.

Kommunen er med i mange interkommunale samarbeid. Dette svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

Fagmiljø innan kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbar og

mindre robuste på grunn av storleik.

Kommunen har låg arbeidsplassdekning. Utpendlinga frå kommunen er vesentleg større enn innpendlinga.

Folketalsveksten i kommunen for siste tiårsperioden viser ein svak positiv tendens, men ligg lågare enn gjennomsnittet for fylket.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1539 [Rauma kommune](#)

Innbyggartal: 7 492

Areal av land og ferskvatn: 1502,13 km²

Del busette i tettbygde strøk: 57,6 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Rauma kommune ligg i indre delar av Romsdalsregionen. Kommunen omfattar bygdene rundt indre delane av Romsdalsfjorden og dei kortare sidefjordane Rødvenfjorden, Innfjorden og Isfjorden. Kommunen grenser mot nabo-kommunane Nesset og Molde i nord, mot Vestnes i vest - og mot Stordal og Norddal i sør. I sør-aust er kommunegrensa samanfallande med fylkesgrensa mot Oppland og mot kommunane Skjåk og Lesja. Europaveg 136 mellom Ålesund og Dombås går gjennom kommunen. Parallelt med denne går Raumbananen frå Åndalsnes til Dombås.

Frå kommunesenteret Åndalsnes går Fv 64 vidare rundt Isfjorden til Molde og Kristiansund via ferjestrekninga Åfar-nes – Sølsnes. Trollstigvegen (Fv 63) går opp Isterdalen og vidare over til Valldal i Norddal kommune. Avstanden til Molde er 58 km og til Ålesund 120 km. Dagens kommunegrenser vart fastlagt etter ei kommunesamanslåing i 1964. Dei tidlegare nabokommunane Grytten, Voll, Eid, Hen og delar av Veøy til ein ny storkommune, Rauma, med eit areal på omlag 1500 km².

I tillegg til kommunesenteret Åndalsnes omfattar kommunen ei rekke mindre tettstader og bygdelag. I 1996 vedtok Rauma kommunestyre at Åndalsnes skulle få status som by. Kommunen er prega av store landskapsmessige og lokalklimatiske kontrastar og variasjonar mellom fjord og høgfjellsområde. Kommunen har stor variasjonsbreidde i ulike naturtypar. Over halvparten av arealet i kommunen ligg over 900 m.o.h. Turisme og reiseliv basert på fjellsport, friluftsliv og naturopplevingar har i tråd med dette vore eit viktig satsingsområde.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2013 / arealdel: 2003

Demografi

Rauma har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt moderat auke i folketallet med 1,5 %.



Ordfører (H)


Lars Olav Hustad

Tlf: 71 16 64 19 / sentralbord 71 16 66 00

Mob: 901 77 782

lars.hustad@rauma.kommune.no

post@rauma.kommune.no



Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet; 22 mot 21 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 14,8 mot 12 for fylket samla.

I Rauma er det i 2016 3,1 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 8,4 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,0 yrkesaktive pr. person over 67 år og 4,8 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 7500 innbyggjarar vil kommunen i avgrensa grad kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Rauma har om lag 34 interkommunale samarbeid og er vertskommune for eit av desse.

Næringsstruktur


Kommunen har arbeidsplassdekning på 92,2 %, under fylkessnittet på 96,4 %.

Rauma ligg under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg rett over fylkessnittet.

Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg over gjennomsnittsnivået i fylket. Tala for sekundærnæringane ligg under gjennomsnittsnivået i fylket.



Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Rauma inngår i ein eigen bu- og arbeidsmarknadsregion. Kommunen har større ut- enn innpendling. Molde er den viktigaste utpendlingskommunen. Innpendinga er størst frå Vestnes og Molde.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Gjennom 2015 og fram til endeleg vedtak våren 2016, har Rauma kommune, følgd denne planen:

- Vår 2015: Utgreiingsfase med dei fire delrapportane og sluttrapport 20. mai 2015. Ei rekke møter vart arrangert for å diskutere innretning i utgreiingane og resultat av utgreiingane.

- Juni 2015: Vedtak i kommunestyret om å inngå i sonderings- og forhandlingsfase
- 10.08.15: Første sonderingsmøte
- 01.11.15: Førrebuande samtalar slutført
- 15.11.15: Innleiande forhandlingsfase starta opp
- 01.02.16: Innleiande forhandlingsfase ferdig
- 14.02.16: Politisk vedtak i kommunestyret om å inngå i prosess om intensjonsavtale og med kva kommunar
- 14.02.16: Igangsetting utarbeiding av intensjonsavtalar
- 01.04.16: Intensjonsavtale og beskriving av ny kommune ferdig
- 01.05.16: Innbyggjarhøyring og evt. folkerøysting ferdig
- 01.07.16: Vedtak i kommunestyret om ny kommune.

Utgreiingar

Kommunane i Romsdal Regionråd har samarbeid om ei felles utgreiing i kommunereformarbeidet. Denne vart laga av Telemarksforskning og NIVI analyse i tett samarbeid med kommunane. I samband med kvar delrapport var det politiske møter med

4 representantar frå kvar kommune og kommunane presenterte og diskuterte kvar delrapport i eige kommunestyre, råd og utval. Telemarksforskning leverte fire delrapportar og ein slutt-rapport. Totalt 12 ulike alternativ for nye kommunar er greidd ut frå måla med reforma som er satt av Storting og Regjering:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftig og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati og gi større kommunar fleire oppgåver

Rauma kommune har inngått i to av dei alternativa som var med i utgreiinga:

- Heile ROR
- Vestnes – Rauma

Rauma kommune har og fått lage ei utgreiing om Rauma som eigen kommune utført av Telemarksforskning.

Rapportane frå utgreiinga ligg på nettsida til Romsdal Regionråd: <http://www.romsdalregionrad.no/kommune-reformen>.

Val av alternativ

Kommunen valde tre alternativ som dei mest aktuelle for Rauma kommune å gå vidare med. Dette vart det fatta vedtak om i kommunestyret 02.02.2016 – KS 04/2016.

- Rauma – Vestnes
- Størst mogleg Romsdalskommune
- Rauma som eigen kommune

Intensjonsavtalar

Rauma kommune er med i to intensjonsavtalar:

- Romsdalsalternativet mellom Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Midsund, Nesset og Rauma.
- Rauma – Vestnes .

Involvering av innbyggjarar

Rauma kommune fekk utført ei innbyggjarhøyring i regi av NIVI/Respons i perioda 5.-20. mai 2015. Undersøkinga viste at 54 % var imot ei kommunesamanslåing, medan 31% var for. 77 % ønska ei folkerøysting om spørsmålet. Om ei kommunesamanslåing skulle bli aktuelt, meinte 32 % at Rauma burde orientere seg mot Molde, medan 29 % peikte på Vestnes og 12 % mot Lesja. Dei hadde ei rekke folkemøte: 16.03.16 (for ungdommen), 12.04.16, 13.04.16, 14.04.16 og 18.04.16. Folkerøystinga vart halde 25. april 2016.


Resultat av innbyggjarhøyringa

Nøkkeltal frå folkerøystinga i Rauma kommune 25. april 2016:

- Valdeltaking: 54,58 %
- Eigen kommune: 83,86 %
- Romsdalsalternativet: 7,68 %
- Rauma – Vestnes: 8,39 %

Folkerøysting

Prosentfordeling av fyrstepreferanserøystene i Rauma kommune 25. april 2016.



GRAFIKK: FREDRIK HOVDE, BITTELITE STUDIO

Antall røyster:

3322

Antall røysteføre:

6087



KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Med bakgrunn i gjennomførte utredninger, forhandlinger om intensjonsavtaler og avholdte folkeavstemninger, har Rauma kommunestyre kommet til at beste og mest aktuelle alternativet for Rauma kommune i foreliggende situasjon er å fortsette som egen kommune.

2. På lengre sikt kan dannelse av en regionkommune i Romsdal som har

samme grenser som Moldere regionens bo- og arbeidsmarked, være et vel så godt alternativ. Da må imidlertid en ferjefri kryssing over Langfjorden være på plass og regionkommunene få tilført økt ansvar og ressurser for nettopp den regionale samfunns- og næringsutviklingen.

3. Telemarksforskning sin delrapport viser at Rauma kommune del-

tar i 34 interkommunale samarbeid i Romsdalsregionen. Kommunestyret anmoder regionrådet ROR å foreta en gjennomgang av alle samarbeidsformer og foreslå hensiktsmessige tilpasninger etter dagens- og fremtidige behov.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Rauma har avstandsutfordringer både internt i kommunen og i forhold til andre kommuner.

Kommunen har lite offentlige arbeidsplasser og er såleis avhengig av at andre næringer går bra.

Kommunen har i kraft av sin storleik gode og robuste fagmiljøa innanfor basistjenestene i den kommunale

tenesteproduksjonen. Kommunen har likevel utfordringar med små og sårbare fagmiljø innan meir spesialiserte tenester og nøkkelfunksjonar.

Kommunen er derfor avhengig av interkommunale samarbeid (IKS).

Mange interkommunale samarbeid svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1543 [Neset kommune](#)

Innbyggartal: 2 970

Areal av land og ferskvatn: 1046,08 km²

Del busette i tettbygde strøk: 40,9 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Neset kommune ligg i indre delar av Romsdalsregionen. Kommunen grenser mot nabokommunane Molde og Rauma i aust, mot Gjemnes og Tingvoll i nord - og mot Sunndal i aust. I søraust er kommunegrensa samanfallande med fylkesgrensa mot Oppland og mot Lesja kommune. Fylkesveg 62 mellom Molde og Sunndalsøra går gjennom kommunesenteret Eidsvåg. Avstanden til Molde er 53 km og til Sunndalsøra 35 km.

Dagens kommunegrenser vart fastlagt etter ei kommunesamanslåing i 1964. Dei tidlegare nabokommunane Nesset, Eresfjord og Vistdal vart slått saman til ein ny kommune med eit folketal på 3649 og eit areal på 1046,08 km². I tillegg til kommunesenteret Eidsvåg omfattar kommunen ti bygder.

Kommunen er prega av store landskapsmessige og lokalklimatiske kontrastar og variasjonar mellom fjord og høg fjellområde. Kommunen har stor variasjonsbreidde i ulike naturtypar. Nær halvparten av kommunen sitt samla areal er verna i form av nasjonalparkområde, landskapsvernområde, biotopvernområde eller naturreservat.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2012 / arealdel: 2012

Demografi

Neset har i siste 10-årsperiode (2005 – 2015) hatt ein nedgang i folketalet med -6,5 %.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet; 22 mot 19 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 15 mot 12 for fylket samla.



Ordfører (H)


Rolf Jonas Hurlen

Tlf: 71 23 11 21

Mob: 901 46 076

rolf.jonas.hurlen@nesset.kommune.no

postmottak@nesset.kommune.no



I Nesset er det i 2016 3,1 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 8,9 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 1,7 yrkesaktive pr. person over 67 år og 4,0 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 3 000 innbyggjarar vil kommunen ikkje kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester.

Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenne-teikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Neset har om lag 43 interkommunale samarbeid og er ikkje sjølv vertskommune for nokon av desse.

Næringsstruktur

Kommunen har arbeidsplassdekning på 58,6 %, godt under fylkessnittet på 96,4 %.


Neset ligg godt under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg over fylkessnittet.

Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg over gjennomsnittsnivået i fylket medan sekundærnæringane ligg under gjennomsnittsnivået i fylket.



FOTO:EINAR ENGDAL

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Neset inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabo-kommunane Molde, Aukra, Midsund, Vestnes, Eide, Fræna og Gjemnes. Kommunen har større ut- enn innpendling. Molde er den viktigaste utpendlingskommunen. Kommunen har også stor utpendling til Sunndal. Innpendlinga er størst frå Gjemnes og Sunndal.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Gjennom hausten 2014, heile 2015 og våren 2016 har Nesset kommune, saman med alle ROR-kommunane, følgt denne planen:

- Haust 2014 og vår 2015: Utgreiingsfase med dei fire delrapportane og sluttrapport 20. mai 2015. Ei rekke møter vart arrangert for å diskutere innretning i utgreiingane og resultat av utgreiingane.
- Juni 2015: Vedtak i kommunestyra om å inngå i sonderings- og forhandlingsfase
- 10.08.15: Første sonderingsmøte
- 01.11.15: Førrebuande samtalar slutført
- 15.11.15: Innleiande forhandlingsfase starta opp
- 01.02.16: Innleiande forhandlingsfase ferdig
- 14.02.16: Politisk vedtak i kommunestyret om å inngå i prosess om intensjonsavtale og med kva kommunar
- 14.02.16: Igangsetting utarbeiding av intensjonsavtalar
- 01.04.16: Intensjonsavtale og beskriving av ny kommune ferdig
- 01.05.16: Innbyggjarhøyring og evt. folkerøysting ferdig.
- 01.07.16: Vedtak i kommunestyret om ny kommune

Utgreiingar

Kommunane i Romsdal Regionråd har samarbeid om ei felles utgreiing i kommunereformarbeidet. Denne vart laga av Telemarksforskning og NIVI analyse i tett samarbeid med kommunane. I samband med kvar

delrapport var det politiske møter med 4 representantar frå kvar kommune og kommunane presenterte og diskuterte kvar delrapport i eige kommunestyre, råd og utval. Telemarksforskning leverte fire delrapportar og ein slutt-rapport. Totalt 12 ulike alternativ for nye kommunar er greidd ut frå måla med reforma som er satt av Storting og Regjering:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftig og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati og gi større kommunar fleire oppgåver.

Nesset kommune har inngått i tre av dei alternativa som var med i utgreiinga:

- Heile ROR
- Romsdalshalvøya
- Nesset – Sunndal

I same utgreiing på Nordmøre har Nesset kommune óg greidd ut alternativet Sunndal-Nesset-Tingvoll.

Nesset kommune har og fått laga ei utgreiing om Nesset som eigen kommune utført av Telemarksforskning.

Rapportane frå utgreiinga ligg på nettsida til Romsdal Regionråd: <http://www.romsdalregionrad.no/kommune-reformen>

Val av alternativ

Kommunen valde tre alternativ som dei mest aktuelle for Nesset kommune å gå vidare med. Dette vart det fatta vedtak om i kommunestyret 18.06.2015 – Utvalssak 51/15 og 18.02.2016 – PS 24/16.

- Størst mogleg Romsdalskommune (forutsetning: minst tre andre landkommuner i tillegg til Nesset)
- Nesset – Sunndal
- Nesset som eigen kommune

Intensjonsavtalar

Nesset kommune er med i to intensjonsavtalar:

- Romsdalsalternativet mellom Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Midsund, Nesset og Rauma.
- Nesset – Sunndal
- Gjemnes-Molde-Nesset

Involvering av innbyggjarar

Nesset kommune hadde ei innbyggjarhøyring i mars 2015 og ei i oktober 2015. Dei har hatt ei rekke folkemøte: 19.05.14, 21.05.15, 26.05.15, 02.06.15, 08.06.15, 10.06.15, 04.04.16 og 11.04.16. Folkerøystinga vart halde 25. april 2016.

Resultat av innbyggjarhøyringa


Nøkkeltal frå folkerøystinga i Nesset kommune 25. april 2016:

- Valdeltaking: 60,63 %
- Romsdalsalternativet: 41,1 %
- Nesset – Sunndal: 49,1 %
- Aleine: 8,91 %

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Nesset kommune 25. april 2016.

Samanslåing med Sunndal	49,10%
Flest mogleg Romsdalskommunar	41,13%
Nesset aleine	8,91%
Blank	0,87%



Antall røyster:

1493

Antall røysteføre:

2457



FOTO: NESSET KOMMUNE

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Med bakgrunn i intensjonsavtale signert og datert 19. mai 2016 etablerer Molde, Gjemnes og Nesset i fellesskap en ny kommune fra 1. januar 2020.
2. Nesset kommune godkjenner intensjonsavtalen mellom Molde, Gjemnes og Nesset.
3. Nesset kommune gir tilslutning til at Midsund kan bli med i den nye kommunen.
4. Nesset kommune stiller seg positiv i tiden fram til 01.10.2016 til søknader/henvendelser fra evt. andre kommuner på Romsdalshalvøya/Romsdal som har gjort vedtak om å etablere nye Molde kommune. Dette på de premissene som ligger i intensjonsavtalen med Gjemnes og Molde.
5. Nesset kommune oppfordrer fellesnemnda i den nye kommunen til å velge kommunedelsutvalg ved direkte valg.
6. Tilbudene i indre med barnehage, skole og bofellesskap skal opprettholdes som i dag fram til 01.01.2020. Årlige konsesjonsinntekter på ca 8 mill. kroner skal fra 01.01.2020 brukes fortrinnsvis i indre delar av kommunen etter vedtektene i Mardølafondet. Samansetningen av styret skal være som i Mardølafondet.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Nesset er demografisk sårbar og står overfor utfordringar knytt til nedgang i folketal og ei aldrende befolkning. Nesset har lav arbeidsplassdekning.

Fagmiljøa innanfor kommunal teneste-produksjon vil vere meir sårbare og mindre robust på grunn av storleik.

Kommunen har ikkje storleik til å kunne løyse alle sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid (IKS).

Mange IKS svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

Etter endeleg vedtak pr. 1. juli 2016 har kommunane Nesset, Midsund og Molde bestemt seg for å slå seg saman til Nye Molde kommune.



Ordfører (Sp)

Odd Helge Gangstad
Tlf: 71 27 05 31
Mob: 402 87 112
odd.helge.gangstad@midsund.kommune.no
postmottak@midsund.kommune.no

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1545 [Midsund kommune](#)

Innbyggartal: 2 088

Areal av land og ferskvatn: 94,65 km²

Del busette i tettbygde strøk: 26,4 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Midsund kommune er ein øykommune i ytre del av Romsdalsregionen. Kommunen grenser mot nabo-kommunane Sandøy i nordvest, Aukra mot nord, Molde i aust, Vestnes i sør og Haram i sørvest. Kommunen omfattar øyane Otrøy, Midøy, Dryna, Magerøy og Tautra. Kommunesenteret Midsund ligg på Otrøya.

Kommunen heitte tidlegare Sør-Aukra, men skifta namn til Midsund i samband med ei kommuneutviding i 1965, der Søre-Midøy, som tidlegare tilhørte gamle Vatne kommune, vart ein del av Midsund kommune.

Kommunen har stor variasjonsbreidde i forhold til landskap, naturtypar og lokalklima. Viktigaste kommunikasjonsvegane ut av kommunen går via ferjesambanda Solholmen - Mordalsvågen mot Romsdal og Molde, og Dryna - Brattvåg mot Sunnmøre og Ålesund. Internt i kommunen, med unntak av Tautra, er øyane bundne saman gjennom veg- og brusamband.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.


Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2011 / arealdel: 1997

Demografi

Midsund har i siste 10-årsperiode (2005 – 2015) hatt moderat vekst i folketalet med 6,7% auke, mot 7,8% for fylket samla. Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 22 mot 24,6 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 14,2 mot 12 for fylket samla.

I Midsund er det i 2016 2,9 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 7,8 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,4 yrkesaktive pr. person over 67 år og 6,2 yrkesaktive pr. person over 80 år.



Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 2100 innbyggjarar vil kommunen ikkje forvente å kunne utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester.

Delar av den kommunale tenesteproduksjonen er kjenne-teikna av små fagmiljø og utfordringar knytt til nyrekruttering.

Interkommunale samarbeid 2013

Midsund løyser mange av sine oppgåver gjennom interkommunale samarbeidsordningar. Midsund har over 44 interkommunale samarbeid.

Molde er vertskommune for dei fleste av desse. Midsund har sjølv ikkje status som vertskommune.

Næringsstruktur

Kommunen har ei arbeidsplassdekning på 98 %, noko over gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %.


Midsund ligg godt under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg tilsvarande over.

Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primær- og sekundærnæringar har ein vesentleg høgare andel knytt til desse næringane enn gjennomsnittsnivået i fylket.



FOTO: MIDSUND KOMMUNE

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Midsund inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabokommunane Molde, Aukra, Vestnes, Fræna, Eide, Gjemnes og Nesset. Midsund ligg sentralt i forhold til dagleg pendling frå nabokommunane.

Kommunen har vesentleg større ut- enn innpendling. Molde er den klart viktigaste utpendlingskommunen. Dette gjeld også i forhold til innpendling. Utpendlinga er om lag det doble av innpendlinga.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Gjennom hausten 2014, heile 2015 og våren 2016 har Midsund kommune, saman med alle ROR-kommunane, følgt denne planen:

- **Haust 2014 og vår 2015:** Utgreiingsfase med dei fire delrapportane og sluttrapport 20. mai 2015. Ei rekke møter vart arrangert for å diskutere innretning i utgreiingane og resultat av utgreiingane.
- **Juni 2015:** Vedtak i kommunestyra om å inngå i sonderings- og forhandlingsfase
- **10.08.15:** Første sonderingsmøte
- **01.11.15:** Førrebuande samtalar slutført
- **15.11.15:** Innleiande forhandlingsfase starta opp
- **01.02.16:** Innleiande forhandlingsfase ferdig
- **14.02.16:** Politisk vedtak i kommunestyret om å inngå i prosess om intensjonsavtale og med kva kommunar
- **14.02.16:** Igangsetting utarbeiding av intensjonsavtalar
- **01.04.16:** Intensjonsavtale og beskriving av ny kommune ferdig
- **01.05.16:** Innbyggjarhøyring og evt. folkerøysting ferdig
- **01.07.16:** Vedtak i kommunestyret om ny kommune.

Utgreiingar

Kommunane i Romsdal Regionråd har samarbeid om ei felles utgreiing i kommunereformarbeidet. Denne vart laga av Telemarksforskning og NIVI analyse i tett samarbeid med

kommunane. I samband med kvar delrapport var det politiske møter med 4 representantar frå kvar kommune og kommunane presenterte og diskuterte kvar delrapport i eige kommunestyre, råd og utval. Telemarksforskning leverte fire delrapportar og ein sluttrapport. Totalt 12 ulike alternativ for nye kommunar er greidd ut frå måla med reforma som er satt av Storting og Regjering:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftig og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati og gi større kommunar fleire oppgåver

Midsund kommune har inngått i 6 av dei alternativa som var med i utgreiinga:

- Heile ROR
- Romsdalshalvøya
- Midsund - Aukra - Fræna - Eide
- Vestnes - Midsund - Aukra
- Midsund - Aukra
- Midsund - Aukra - Fræna

Rapportane frå utgreiinga ligg på nettsida til Romsdal Regionråd: <http://www.romsdalregionrad.no/kommune-reformen>.

Val av alternativ

Kommunen valde to alternativ som dei mest aktuelle for Midsund kommune å gå vidare med. Dette vart

det fatta vedtak om i kommunestyret 11.02.2016 – PS 16/15.

- Kommunar i Romsdalsregionen
- Midsund – Aukra

Intensjonsavtalar

Midsund kommune er med i tre intensjonsavtalar:

- Romsdalsalternativet Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Midsund, Nesset og Rauma.
- Midsund - Aukra
- Midsund - Molde

Involvering av innbyggjarar

Midsund kommune hadde ei innbyggjarhøyring 28.09.-06.10.15. Det har vore ei rekke folkemøte: 27.10.15, 05.04.16, 06.04.16, 07.04.16, 11.04.16, og 28.08.16.

Folkerøystinga vart halde 25. april 2016, samt ei innbyggjarhøyring etter folkerøystinga.

Resultat av innbyggjarhøyringa


Nøkkeltal frå folkerøystinga i Midsund kommune 25. april 2016:

- Valdeltaking: 56,5 %
- Romsdalsalternativet: 23,1 %
- Aukra – Midsund: 74,7 %
- Blank: 2,2 %

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Midsund kommune 25. april 2016.

Samanslåing med Aukra	74,7%
Saman med Romsdalskommunar	23,1%
Blank	2,2%



Antall røyster:

870

Antall røysteføre:

1557

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Midsund kommune godkjenner intensjonsavtalen mellom Midsund og Molde.
2. Midsund kommune har gjennomført ein prosess ved utgreiing av ulike alternativ forkommunestruktur. Det er framforhandla 3 intensjonsavtalar. Det er også gjennomført høringar (innbyggjarundersøkingar, folkemøte og rådgivande folkerøysting). Med bakgrunn i intensjonsavtalen og utifrå ei samla fagleg vurdering, rår rådmannen til at Midsund og Molde i fellesskap dannar ein ny kommune.
3. Midsund kommune gir tilslutning til at Gjemnes og Nesset kan bli med i den nye kommunen.
4. Midsund kommune stiller seg positiv i tida fram til 01.10.2016 til søknader/henvendelsar frå evt. andre kommunar på Romsdalshalvøya/Romsdal om å slå seg saman med dei kommunane som har gjort vedtak om å etablere nye Molde kommune.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Midsund står overfor demografiske utfordringar knytt til nedgang i folketal og ei aldrende befolkning.

Kommunen har for liten kommuneorganisasjon til å kunne løyse sine lovpålagde oppgåver sjølv, og er avhengig av interkommunale samarbeidsordningar på fleire tenestemråde.

Kommunen er med i mange interkommunale samarbeid. Dette svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

Fagmiljø innan kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og mindre robuste på grunn av storleik.

Kommunen har låg arbeidsplassdekning. Utpendlinga frå kommunen er vesentleg større enn innpendlinga.

Folketalsveksten i kommunen for siste ti-årsperioden viser ein svak positiv tendens, men ligg lågare enn gjennomsnittet for fylket.

Kommunen har ein vesentleg lågare tettstadandel enn fylkesgjennomsnittet; 26,4% mot 70,2%

Etter endeleg vedtak pr. 1. juli 2016 har kommunane Midsund, Nesset og Molde bestemt seg for å slå seg saman til Nye Molde kommune.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1546 Sandøy kommune

Innbyggartal: 1 270

Areal av land og ferskvatn: 21,43 km²

Del busette i tettbygde strøk: 38,5 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde \(sjå url i kildelista\).](#)

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Sandøy er ein øykommune ytst på Romsdalskysten. Kommunen ligg ved skipsleia mellom Ålesund og Molde og grenser til nabokommunane Aukra i nord-aust, Midsund i aust, og Haram i sør. Kommunen er knytt til fastlandet via ferjesambanda Brattvåg – Dryna – Fjørtofta – Harøya og Småge – Orten – Finnøya – Sandøya – Ona. Det er også hurtigbåtsamband Ålesund – Valderøy – Nordøyane.

Frå Harøya er det fire hurtigbåtvangar på kvardagar og to på helgedagar. Reisetida til Ålesund er på 1 – 1,5 time.

Sandøy kommune vart danna i 1867, då den vart skild ut frå Aukra kommune. Kommunegrensene har vore uendra sidan 1965, då Sandøy fekk overført delar av Harøya som høyrde til Haram kommune. Sandøy kommune omfattar ei rekke større og mindre øyar. Seks av øyane er busette; Harøya med kommunesenteret Steinshamn. I tillegg kjem øyane Ona, Husøya, Sandøya, Finnøya og Orten.

Kommunen har eit samla landareal på berre 21,43 km², og er med det den minste av kommunane i fylket. Natur og landskap er prega av flate og myrlendte kyst- og strandområde.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2011 / arealdel: 2015

Demografi

Sandøy har den siste 10-årsperioden hatt ein svak nedgang i folketalet med 0,9 %.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg rett under fylkesgjennomsnittet; 21,9 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 15,5 mot 12 for fylket samla.



Ordfører (Ap)


Oddvar Myklebust

Tlf: 71 27 75 05 / sentralbord 71 27 75 00

Mob: 906 58 452

oddvar.myklebust@sandoy.kommune.no

post@sandoy.kommune.no



I Sandøy er det i 2016 3,0 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 7,3 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivninga viser at det i 2040 vert 1,8 yrkesaktive pr. person over 67 år og 4,1 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 1300 innbyggjarar vil kommunen ikkje kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Sandøy har om lag 45 interkommunale samarbeid og er sjølv vertskommune for ein av desse.

Næringsstruktur

Kommunen har ei arbeidsplassdekning på berre 86,2 %, godt under gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %.


Sandøy ligg godt under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg over fylkessnittet.

Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringane ligg over gjennomsnittsnivået i fylket, medan sekundærnæringane har ein vesentleg høgre andel enn gjennomsnittsnivået i fylket.



FOTO: SANDØY KOMMUNE

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Sandøy inngår ikkje i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion. Sandøy ligg ikkje sentralt i forhold til dagleg pendling til og frå nabokommunane. Kommunen har litt større ut- enn innpendling.

Ålesund, Molde og Haram er dei tre viktigaste utpendlingskommunane. Innpendlinga er størst frå Haram.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Kommunereformprosjektet Regionkommunen Ålesund var eit initiativ frå Haram kommune og Ålesund kommune. Innleiingsvis var følgjande kommunar ein del av prosjektet:

Ålesund kommune, Haram kommune, Sandøy kommune, Giske kommune, Skodje kommune, Ørskog kommune, Stordal kommune, Norddal kommune, Stranda kommune, Sykkylven kommune, Sula kommune, Hareid kommune og Ulstein kommune. Totalt 13 kommunar.

Dette kommunereformprosjektet har levert arbeid etter følgjande milepælar:

Oppstart prosjekt - Måndag 16. mars 2015

Sluttrapport for utgreiing – Fredag 21. august 2015

Sonderingsarbeid ferdig – Onsdag 3. februar 2016

Signering av intensjonsavtale – Fredag 18. mars 2016

Utgreiingar

Arbeidet med utgreiingar på Sunnmøre har blitt gjort som ein felles innsats mellom politikarar og administrative tilsette i dei involverte kommunene. Dette har medført at deltakarane har opparbeidd seg ein solid kompetanse på kommunereforma, og dei utfordringane som dei ulike kommunane har inn mot prosessen på reforma. Det har blitt

skapt ein unik interkommunal kompetanse, gjennom kjennskap, vennskap og samhandling.

Utgreiinga i «Regionkommune Ålesund» har blitt delt i fire arbeidsgrupper, for å svare på dei fire målsettingane i reformarbeidet. Kvar gruppe leverte delrapport, og denne vart satt saman til ein felles rapport.

Sandøy kommune var også med i utgreiingane om Storfjord kommune, etter tilsvarande mal som for Regionkommunen Ålesund. Sandøy gjekk ut av dette prosjektet før forhandlingane om intensjonsavtale tok til.

Intensjonsavtalar

Sandøy kommune har signert intensjonsavtale med kommunereformprosjektet «Regionkommunen Ålesund», med følgjande deltakarkommunar; Ålesund, Sula, Hareid, Giske, Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog, Stordal og Sykkylven.

Sandøy kommune har også framforhandla ein intensjonsavtale saman med Haram kommune.

Involvering av innbyggjarar

Undervegs i utgreiingsarbeidet med kommunereforma har Sunnmøre Regionråd IKS på vegne av alle eigarkommunane gjennomført to innbyggjarundersøkingar for å måle temperaturen på befolkninga. Dette har blitt nytta som

innspel i framdrifta i arbeidet. Første gjennomføring i september 2014, og ei oppfølging oktober 2015. Resultata har begge gangar blitt presentert på Arena Sunnmøre, som er ein møteplass for alle formannskapspolitikarane på Sunnmøre.

Det har blitt gjennomført fleire folkemøte, og bruk av kommunen sine nettsider til informasjonsformidling. Innbyggerundersøking vart nytta som høyringsmetode. Vidare har politikarane vore aktive i lokalmedia for å formidle sitt sin på kommunereforma.

Resultat av innbyggjarhøyringa


Resultatet frå innbyggjarundersøkinga viser at 39 % er positiv til å slå seg saman med dei ni kommunene i Regionkommune Ålesund, 13 % verken positiv eller negativ, og 43 % negativ. Dersom Regionkommunealternativet ikkje blir noko av er 70 % for samanslåing med Haram.

357 innbyggjarar frå 15 år og oppover har deltatt i innbyggjarundersøkinga.

Innbyggjarhøyring

Resultat frå innbyggjarhøyringa bestilt av Sandøy kommune utført av Opinion 26. april – 18. mai 2016.

Spørsmål: Dersom Sandøy skal slå seg saman med nokon av dei ni kommunane Hareid, Sykkylven, Stordal, Sula, Ørskog, Giske, Skodje, Ålesund, Haram, kva for ein meiner du er avgjerande at er med i den nye kommunen?



Antall spurte: **357**



FOTO: SANDØY KOMMUNE

KOMMUNESTYREVEDTAK

Sandøy kommune vel å bygge på ei ny kommune basert på intensjonsavtalen Nye Ålesund kommune, datert 15. juni 2016. Den nye kommunen skal etablert fra 1.1.2020

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Sandøy er befolkningsmessig for liten til å vere berekraftig.

Kommunen har avstandsutfordringer både internt i kommunen og i forhold til andre kommuner.

Kommunen er demografisk sårbar og står overfor utfordringar knytt til nedgang i folketalet og ei aldrande befolkning.

Fagmiljøa innanfor kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og mindre robust på grunn av storleik.

Kommunen har ikkje storleik til å kunne løyse sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid (IKS). Mange IKS svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

Etter endeleg vedtak pr. 1. juli 2016 har kommunane Sandøy, Skodje og Ålesund bestemt seg for å slå seg saman til ein ny kommune.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1547 [Aukra kommune](#)

Innbyggartal: 3 518

Areal av land og ferskvatn: 59,08 km²

Del busette i tettbygde strøk: 44,5 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Aukra kommune ligg på Romsdalskysten. Kommunen grenser mot nabokommunane Sandøy, Midsund, Fræna og Molde. Aukra er ein typisk kystkommune der fiske og fangst i kombinasjon med jordbruk tradisjonelt har sett sitt preg på busetting og næringsliv.

Kommunen har dei seinare åra opplevd stor industriell utbygging knytt til etablering av ein av dei største gassterminalanlegga i Nord-Europa for ilandføring av gass. Aukra kommune omfatta tidlegare Gossen, Otrøya, Midøya, øyane i Sandøy, samt Julsundet og Mordal på Romsdalshalvøya. Sandøy vart seinare skild ut som eigen kommune før kommunen i 1924 vart delt i Nord-Aukra, som omfatta Gossen og fastlandsdelen, og Sør-Aukra, som omfatta Otrøya og ein del av Midøya i det som no er Midsund kommune. Dagens kommunegrenser vart fastlagt etter ei avståing av Mordal krins til Molde 1. januar 1964. Kommunen har heitt Aukra sidan 1. januar 1965. Dette samstundes som Sør-Aukra blei slått saman med resten av Midøya og Dryna frå Vatne kommune og bytte namn til Midsund. Med eit samla landareal på 59,08 km² er kommunen mellom dei minste i fylket. Storparten av dei vel 3500 innbyggjarane i kommunen bur på øya Gossen, medan om lag 600 bur på fastlandsdelen Julsundet. Frå Molde sentrum til ferjeleiet på Hollingsholm tek det omlag 20 min. Ferjeturen over Julsundet er på ca 10. min.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2011 / arealdel: 2006

Demografi

Aukra har i siste 10-årsperiode (2005 – 2015) hatt sterk vekst i folketalet med 13,6% auke mot 7,8% for fylket samla.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 24,5 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen



Ordfører (Ap)


Bernhard Riksfjord

Tlf: 71 17 15 54

Mob: 918 69 285

bernhard.riksfjord@Aukra.kommune.no

postmottak@Aukra.kommune.no



med ein andel på 12,7 mot 12 for fylket samla.

I Aukra er det i 2016 3,4 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 11,2 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 3,1 yrkesaktive pr. person over 67 år og 7,8 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 3500 innbyggjarar vil kommunen ikkje kunne utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjonen er kjenneteikna av små fagmiljø og utfordringar knytt til nyrekruttering.

Interkommunale samarbeid 2013

Aukra løyser mange av sine oppgåver gjennom interkommunale samarbeidsordningar. Aukra kommune har over 46 interkommunale samarbeid. Kommunen er vertskap for tre av desse.

Næringsstruktur


Kommunen har ei arbeidsplassdekning på berre 84,5 %, godt under gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %. Aukra ligg godt under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg tilsvarande over.

Aukra er ilandføringsstad for gass frå Ormen Lange feltet, og landanlegget på Nyhamna stod ferdig hausten 2007. Dette har i sterk grad sett sitt preg på næringsliv og sysselsetting dei seinare åra. Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kategorien bergverksdrift og utvinning utgjer heile 10.9 % mot 1.3 % for fylket samla.



FOTO: ANDREAS WINTER, TIBE

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Aukra inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabokommunane Molde, Midsund, Vestnes, Fræna, Eide, Gjemnes og Nesset.

Aukra ligg sentralt i forhold til dagleg pendling frå nabokommunane. Kommunen har vesentleg større ut-enn innpendling.

Molde er den klart viktigaste utpendlingskommunen med Fræna som ein klar nummer to. Dette gjeld også i forhold til innpendling.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Gjennom hausten 2014, heile 2015 og våren 2016 har Aukra kommune, saman med alle ROR-kommunane, følgd denne planen

- Haust 2014 og vår 2015: Utgreiingsfase med dei fire delrapportane og sluttrapport 20. mai 2015. Ei rekke møter vart arrangert for å diskutere innretning i utgreiingane og resultat av utgreiingane.
- Juni 2015: Vedtak i kommunestyra om å inngå i sonderings- og forhandlingsfase
- 10.08.15: Første sonderingsmøte
- 01.11.15: Førrebuande samtalar slutført
- 15.11.15: Innleiande forhandlingsfase starta opp
- 01.02.16: Innleiande forhandlingsfase ferdig
- 14.02.16: Politisk vedtak i kommunestyret om å inngå i prosess om intensjonsavtale og med kva kommunar
- 14.02.16: Igangsetting utarbeiding av intensjonsavtalar
- 01.04.16: Intensjonsavtale og beskriving av ny kommune ferdig
- 01.05.16: Innbyggjarhøyring og evt. folkerøysting ferdig
- 01.07.16: Vedtak i kommunestyret om ny kommune

Utgreiingar

Kommunane i Romsdal Regionråd har samarbeid om ei felles utgreiing i kommunereformarbeidet. Denne vart laga av Telemarksforskning og NIVI analyse i tett samarbeid med kommunane. I samband med kvar delrapport var det politiske møter med 4

representantar frå kvar kommune og kommunane presenterte og diskuterte kvar delrapport i eige kommunestyre, råd og utval. Telemarksforskning leverte fire delrapportar og ein sluttrapport. Totalt 12 ulike alternativ for nye kommunar er greidd ut frå måla med reforma som er satt av Storting og Regjering: Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane. Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling. Berekraftig og økonomisk robuste kommunar. Styrka lokaldemokrati og gi større kommunar fleire oppgåver.

Aukra kommune har inngått i sju av dei alternativa som var med i utgreiinga:

- Heile ROR
- Romsdalshalvøya (Aukra, Eide, Fræna, Gjernes, Molde, Midsund og Nesset)
- Midsund – Aukra – Fræna – Eide
- Vestnes – Midsund – Aukra
- Molde – Aukra
- Midsund – Aukra
- Midsund – Aukra – Fræna

Rapportane frå utgreiinga ligg på nettsida til Romsdal Regionråd: <http://www.romsdalregionrad.no/kommune-reformen>

Val av alternativ

Kommunen valde tre alternativ som dei mest aktuelle for Aukra kommune å gå vidare med. Dette vart det fatta vedtak om i kommunestyret 02.02.2016 – PS 7/16:

- Aukra – Midsund (føresetnad: bru mellom Gossen – Otrøya)
- Aukra som eigen kommune
- Romsdalshalvøya

Intensjonsavtalar

Aukra kommune er med i to intensjonsavtalar:

- Romsdalsalternativet mellom Aukra, Eide, Fræna, Gjernes, Molde, Midsund, Nesset og Rauma.
- Aukra – Midsund

Involvering av innbyggjarar

I perioden 21-30 september 2015 vart det gjennomført ei innbyggjarundersøking i form av telefonintervju til eit representativt utval. I samband med at ein skulle halde folkerøysting vart det halde folkemøte 13. april 2016 og 14. april 2016. Folkerøystinga vart halde 25. april 2016.


Resultat av innbyggjarhøyringa

Av sentrale resultat frå undersøkinga 21.-30 september 2015 kan nemnast: 64% i liten grad meiner at det er behov for ei kommunesamanslåing. 57% meiner kommunen bør vere organisert som i dag, medan 40% meiner at ei samanslåing med ein eller fleire kommunar. 73 % ser Midsund som den mest ønskelege kommunen for ei samanslåing. PPå spørsmål om kva for ein kommune ein vil slå seg saman med, om ein må, svarar 82% Midsund. 64% (78% på Julsedet) meiner kommunen ikkje kan delast. Sjølv om eigedomsskatten fell bort svarar signifikant fleire nei (55%) på spørsmål om behov for samanslåing. 72% ser heller ikkje behov for samanslåing sjølv om veggambandet «Kjerringsundet» ikkje blir bygd. 60% ser ikkje behov for samanslåing sjølv om fleire/nokre av nabokommunane slår seg saman.

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Aukra kommune 25. april 2016.

Aukra aleine	59,3%
Samanslåing med Midsund	24,3%
Med ein eller fleire Romsdalskommunar	15,6%
Blank	0,8%



Antall røyster:

1236

Antall røysteføre:

2707



FOTO:AUKRA KOMMUNE

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Aukra kommunestyre viser til utgreiingar, intensjonsavtale, innbyggjarundersøking, rådgjevande folkerøysting og tidlegare kommunestyrevedtak, som tilfredsstillande for eit samla grunnlag til avgjersle om kommunereform. Aukra kommunestyre vedtek med dette som bakgrunn at

Aukra fortset som eigen kommune.

2. Når bru over Kjerringsundet let seg realisere vil vi ta opp på nytt om kommunane Aukra og Midsund kan slå seg saman. Aukra kommunestyre er positive til å ta opp att prosessen med Midsund etter vedtak om Kjerringsundet.

3. Aukra kommunestyre er positiv til initiativ om grensejusteringar, for eksempel ved «innbyggjarinitiativ» eller som på anna måte er naturleg, tenleg og ønska.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Kommunen har for liten kommuneorganisasjon til å kunne løyse alle sine lovpålagde oppgåver sjølv, og er avhengig av interkommunale samarbeidsordningar på fleire tenesteområde.

Kommunen er med i mange interkommunale samarbeid. Dette svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

Fagmiljø innan kommunal teneste-

produksjon vil vere meir sårbare og mindre robuste på grunn av storleik.

Kommunen har låg arbeidsplassdekning. Utpendlinga frå kommunen er større enn innpendlinga.

Aukra er ilandføringsstad for gass frå Ormen Lange feltet, og landanlegget på Nyhamna stod ferdig hausten 2007. Dette har i sterk grad sett sitt preg på næringsliv, sysselsetting og kommune-

økonomi dei seinare åra, men representerer samstundes ei utfordring med tanke på avhengnad; jf. t.d. spørsmål knytt til eventuelle endringar i lov om eigedomsskatt.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1548 [Fræna kommune](#)

Innbyggartal: 9 717

Areal av land og ferskvatn: 369,72 km²

Del busette i tettbygde strøk: 53,6 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Fræna ligg på Romsdalshalvøya nord for Molde. Kommunen grenser til Eide og Gjemnes i nordaust, Molde i sør og Aukra i sørvest. Fræna er ein kyst- og fjordkommune.

Elnesvågen er administrasjonssenter og største tettstad i kommunen. Riksveg 64/Atlantehavsvegen går gjennom kommunen og gjer at Fræna er sentralt plassert midt mellom byane Kristiansund og Molde.

Ei alternativ køyrerute gjennom kommunen går langs fylkesveg 664 via Elnesvågen til Bud og Hustad. Atlantehavsvegen på kysten mellom Eide og Averøy, kåra som århundrets byggverk 1905 – 2005, er eit populært reisemål for norske og utanlandske bilturistar, som også Fræna kan utnytte i reiselivsnæringa. Frå Elnesvågen er det 20 km til Molde lufthamn Årø.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2005 / arealdel: 2014

Demografi

Fræna har i siste 10-årsperiode (2005 – 2015) hatt moderat vekst i folketalet med 8,5 % auke, mot 7,8 % for fylket samla.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 23,1 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 11 mot 12 for fylket samla.

I Fræna er det i 2016 4,0 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 14,6 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,4 yrkesaktive pr. person over 67 år og 6,1 yrkesaktive pr. person over 80 år.



Ordfører (Sp)


Tove Henøen

Tlf: 71 26 81 05

Mob: 926 89 727

tove.henoen@frana.kommune.no

postmottak@frana.kommune.no



Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 9700 innbyggjarar vil kommunen i avgrensa grad kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjonen er kjenneteikna av små fagmiljø og utfordringar knytt til nyrekruttering

Interkommunale samarbeid 2013

Fræna løyser mange av sine oppgåver gjennom interkommunale samarbeidsordningar. Fræna har om lag 50 interkommunale samarbeid. Molde er vertskommune for dei fleste av desse. Fræna er sjølv vertskommune for to samarbeidsordningar.


Næringsstruktur

Kommunen har låg arbeidsplassdekning med berre 67,9 %, godt under gjennomsnittet for fylket samla på 96,4 %. Fræna ligg litt under fylkessnittet i forhold til statlege arbeidsplassar, medan andelen fylkeskommunale og kommunale arbeidsplassar ligg tilsvarande over. Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primær- og sekundærnæringar har ein vesentleg høgde del knytt til desse næringane enn fylket samla. Fræna kommune er den største landbrukskommunen i Møre og Romsdal, med stor kjøtt- og mjølkeproduksjon.



FOTO: EIVIND KRINGSTAD

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Fræna inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabokommunane Molde, Aukra, Midsund, Vestnes, Eide, Gjemnes og Nesset.

Fræna ligg sentralt i forhold til dagleg pendling til/frå nabokommunane. Kommunen har vesentleg større utpendling enn innpendling. Molde er den klart viktigaste utpendlingskommunen med 31,4 %.

Dette gjeld også i forhold til innpendling frå Molde, men i mindre grad. Utpendlinga frå Fræna er om lag fire gonger større enn innpendlinga.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Gjennom hausten 2014, heile 2015 og våren 2016 har Fræna kommune, saman med alle ROR-kommunane, følgd denne planen

- Haust 2014 og vår 2015: Utgreiingsfase med dei fire delrapportane og slutt rapport 20. mai 2015. Ei rekke møter vart arrangert for å diskutere innretning og resultat av utgreiingane.
- Juni 2015: Vedtak i kommunestyra om å inngå i sonderings- og forhandlingsfase
- 10.08.15: Første sonderingsmøte
- 01.11.15: Førrebuande samtalar slutført
- 15.11.15: Innleiande forhandlingsfase starta opp
- 01.02.16: Innleiande forhandlingsfase ferdig
- 14.02.16: Politisk vedtak i kommunestyret om å inngå i prosess om intensjonsavtale og med kva kommunar
- 14.02.16: Igangsetting utarbeiding av intensjonsavtalar
- 01.04.16: Intensjonsavtale og beskriving av ny kommune ferdig
- 01.05.16: Innbyggjarhøyring og evt. folkerøysting ferdig
- 01.07.16: Vedtak i kommunestyret om ny kommune

Utgreiingar

Kommunane i Romsdal Regionråd har samarbeid om ei felles utgreiing i kommunereformarbeidet. Denne vart laga av Telemarksforskning og NIVI analyse i tett samarbeid med kommunane. I samband med kvar

delrapport var det politiske møter med 4 representantar frå kvar kommune og kommunane presenterte og diskuterte kvar delrapport i eige kommunestyre, råd og utval. Telemarksforskning leverte fire delrapportar og ein slutt rapport. Totalt 12 ulike alternativ for nye kommunar er greidd ut frå måla med reforma som er satt av Storting og Regjering:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftig og økonomisk robuste kommunar
- Styrt lokaldemokrati og gi større kommunar fleire oppgåver.

Fræna kommune har inngått i sju av dei alternativa som var med i utgreiinga:

- Heile ROR
- Romsdalshalvøya
- Midsund – Aukra – Fræna – Eide
- Molde – Fræna – Eide
- Molde – Fræna
- Fræna – Eide
- Midsund – Aukra – Fræna

I same utgreiing på Nordmøre har Fræna vore med i alternativet Eide – Fræna – Averøy. Fræna kommune har og fått utarbeida alternativet Fræna som eigen kommune, denne er og laga av Telemarksforskning.

Rapportane frå utgreiinga ligg på nettsida til Romsdal Regionråd: <http://www.romsdalregionrad.no/kommunereformen>

Val av alternativ

Kommunen valde fire alternativ som dei mest aktuelle for Fræna kommune å gå vidare med. Dette vart det fatta vedtak om i kommunestyret 11.02.2016 – PS 30/2016.

- Eide – Fræna
- Fræna som eigen kommune
- Romsdalshalvøya
- Eide – Fræna – Averøy

Fræna deltok i arbeidet med beskriving av ny kommune med både kommunane på Romsdalshalvøya og Eide - Fræna. Forhandlingsutvala i Fræna og Eide hadde ei rekke møte der dei saman utarbeidde eit dokument som viste fordelar og ulemper med ein ny kommune med Eide og Fræna.

Intensjonsavtalar

Fræna kommune er med i tre intensjonsavtalar:

- Romsdalsalternativet Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Midsund, Nettet og Rauma.
- Eide – Fræna
- Eide – Fræna – Averøy

Involvering av innbyggjarar


Fræna kommune hadde ei spørreundersøking 13.-20.05.15. Det har vore ei rekke folkemøte: tre folkemøte i løpet av mai 2015. 2. juni 2015 i samarbeid mellom Fræna kommune og Fræna Næringsforum. Før folkerøystinga hadde Fræna kommune tre nye folkemøte: 5., 6. og 7. april 2016. Folkerøystinga vart halde 25. april 2016.

Ungdommen har vore involvert i

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Fræna kommune 25. april 2016.

Fræna aleine	12,37%
Samanslåing med Eide	44,44%
Samanslåing med Eide og Averøy	23,60%
Saman med andre Romsdalskommunar	19,21%
Blank	0,38%



Antall røyster:

2869

Antall røysteføre:

7720



FOTO: EIVIND KRINGSTAD

kommunereformprosessen gjennom Ungdomsrådet som hadde med ein representant inn i arbeidsutvalet, har hatt workshop om kommunerform på samtlege ungdomskular, og vore bidragsytar på folkemøta.

Resultat av innbyggjarhøyringa

Nøkkeltal frå folkerøystinga i Fræna kommune 25. april 2016:

- Valdeltaking: 37,4 %
- Romsdalsalternativet: 19,21 %
- Fræna – Eide: 44,44 %

- Fræna – Eide – Averøy: 23,6 %
- Aleine: 12,37 %
- Blank: 0,38 %

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Fræna kommune har gjennomført en grundig og godt forankret prosess ved utredningen av ulike alternativer for kommunestruktur. Med bakgrunn i denne, er der forhandlet fram 3 intensjonsavtaler. Det er også gjennomført høyringer av disse avtalene (innbyggerundersøkelse, folkemøter og rådgivende folkeavstemming). Med bakgrunn i de foreliggende intensjons-

avtalene, resultatene fra høyringene, og ut fra rådmannens faglige vurdering, tilrår kommunestyret i Fræna at vi danner en ny kommune i felleskap med Eide.

2. En helhetlig og god samfunnsutvikling i området Jendem/Julsundet er utfordrende ved at området i dag deles av kommunegrensen mellom Fræna og

Aukra. Fræna ønsker å legge til rette for et godt samarbeid med Aukra for å finne gode løsninger for kommunalt tjenestetilbud for innbyggerne i dette området. Det er imidlertid slik at dette ofte viser seg å være krevende i praksis. Gjeldende kommunegrense kan derfor vurderes av fellesnemnda i samråd med innbyggerne i området.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Kommunen har i kraft av sin storleik gode og robuste fagmiljøa innanfor basisstenestene i den kommunale tenesteproduksjonen. Kommunen har likevel utfordringar med små og sårbare fagmiljø innan meir spesialiserte tenester og nøkkelfunksjonar.

Kommunen er med i mange interkommunale samarbeid. Dette svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

Kommunen har låg arbeidsplassdekning. Utpendlinga frå kommunen er vesentleg større enn innpendlinga.

Etter endeleg vedtak pr. 1. juli 2016 har kommunane Fræna og Eide bestemt seg for å slå seg saman til ein ny kommune. Dagens innbyggartal i dei to kommunane blir til saman 13 184.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1551 [Eide kommune](#)

Innbyggartal: 3 467

Areal av land og ferskvatn: 152,09 km²

Del busette i tettbygde strøk: 39,2 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Eide kommune ligg på Nordmøre på kystaksen mellom Molde og Kristiansund. Kommunen grenser i sørvest mot Fræna, og i søraust mot Gjemnes. Nord for Kvernesfjorden ligg Averøy kommune.

Riksveg 64/Atlantehavsvegen går gjennom kommunen og gjer at Eide er sentralt plassert midt mellom byane Kristiansund og Molde. Atlantehavsvegen på kysten mellom Eide og Averøy, kåra som århundrets byggverk 1905 – 2005, er eit populært reisemål for norske og utanlandske bilturistar. Det er elles kort reiseavstand både til Kristiansund lufthamn Kvernberget og Molde lufthamn Årø.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2005 / arealdel: 2005

Demografi

Eide har i siste 10-årsperiode (2005 – 2015) hatt svak vekst i folketalet med 4,8% auke, mot 7,8% for fylket samla.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 24,2 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 11,4 mot 12 for fylket samla.

I Eide er det i 2016 3,9 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 12,2 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,2 yrkesaktive pr. person over 67 år og 5,6 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 3500 innbyggjarar vil kommunen ikkje forvente å kunne utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommu-



Ordfører (H)


Egil K. Strand

Tlf.: Sentralbord 71 29 91 00

Mob: 976 88 022

egil.karstein.strand@eide.kommune.no

postmottak@eide.kommune.no



nale tenesteproduksjonen er kjenneteikna av små fagmiljø og utfordringar knytt til nyrekuttering.

Interkommunale samarbeid 2013

Eide løyser mange av sine oppgåver gjennom interkommunale samarbeidsordningar. Eide har om lag 50 interkommunale samarbeid. Molde er vertskommune for dei fleste av desse, medan Eide sjølv er vertskap for to.

Næringsstruktur

Kommunen har låg arbeidsplassdekning med berre 67,4 %, godt under gjennomsnittet for fylket samla med 96,4 %.


Eide ligg svært lågt målt mot fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg tilsvarande over.

Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primær- og sekundærnæringar har ein vesentleg høgare andel knytt til desse næringane enn fylket samla. Også for helse- og sosialtenester ligg kommunen over fylkesgjennomsnittet. Næringslivet i Eide omfattar i dag ei rekke ulike bransjar knytt til landbruk, industri, handel, offentleg og privat tenesteyting m.m. Steinindustrien i kommunen har lange tradisjonar og står framleis sterkt.



FOTO:EIDE KOMMUNE

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Eide inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabokommunane Molde, Aukra, Midsund, Vestnes, Fræna, Gjemnes og Nesset. Eide ligg sentralt i forhold til dagleg pendling frå nabokommunane. Kommunen har vesentleg større ut- enn innpendling.

Molde er den klart viktigaste utpendlingskommunen med Fræna som ein god nummer to.

Innpendlinga er størst frå Fræna, med Averøy og Molde på dei neste plassane.



PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Gjennom hausten 2014, heile 2015 og våren 2016 har Eide kommune, saman med alle ROR-kommunane, følgt denne planen:

- Haust 2014 og vår 2015: Utgreiingsfase med dei fire delrapportane og sluttrapport 20. mai 2015. Ei rekke møter vart arrangert for å diskutere innretning i utgreiingane og resultat av utgreiingane.
- Juni 2015: Vedtak i kommunestyra om å inngå i sonderings- og forhandlingsfase
- 10.08.15: Første sonderingsmøte
- 01.11.15: Førebauende samtalar slutført
- 15.11.15: Innleiande forhandlingsfase starta opp
- 01.02.16: Innleiande forhandlingsfase ferdig
- 14.02.16: Politisk vedtak i kommunestyret om å inngå i prosess om intensjonsavtale og med kva kommunar
- 14.02.16: Igangsetting utarbeiding av intensjonsavtalar

- 01.04.16: Intensjonsavtale og beskriving av ny kommune ferdig
- 25.04.16: Folkerøysting i Eide kommune
- 24.05.16 Ny intensjonsavtale med Eide og Fræna underteikna
- 16.06.16: Endeleg vedtak i kommunestyret om ny kommune

Utgreiingar

Kommunane i Romsdal Regionråd har samarbeida om ei felles utgreiing i kommunereformarbeidet. Denne vart laga av Telemarksforskning og NIVI analyse i tett samarbeid med kommunane. I samband med kvar delrapport var det politiske møter med 4 representantar frå kvar kommune og kommunane presenterte og diskuterte kvar delrapport i eige kommunestyre, råd og utval. Telemarksforskning leverte fire delrapportar og ein sluttrapport. Totalt 12 ulike alternativ for nye kommunar er greia ut frå måla med reforma som er satt av Storting og Regjering:

Gode og likeverdige tenester til innbygarane. Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling. Berekraftig og økonomisk robuste kommunar. Styrka lokaldemokrati, og gi større kommunar fleire oppgåver.

Eide kommune har inngått i 5 av dei alternativa som var med i utgreiinga:


- Heile ROR
- Romsdalshalvøya
- Midsund – Aukra – Fræna – Eide
- Molde – Fræna – Eide
- Fræna – Eide
- I same utgreiing på Nordmøre har Eide kommune inngått i alternativa:
- Storkommune Nordmøre
- Kristiansund – Averøy – Gjemnes – Tingvoll – Halså – Eide
- Averøy – Eide
- Eide – Fræna – Averøy

Rapportane frå utgreiinga ligg på nettsida til Romsdal Regionråd: <http://www.romsdalregionrad.no/kommunereformen> . Ny utgreiing frå Telemarksforskning bestilt; Eide kommune

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Eide kommune 25. april 2016.

Eide, Fræna og Averøy	34,85%
Eide aleine	31,63%
Eide og Fræna	23,47%
Romsdalsalternativet	10,05%



Antall røyster:
1274

Antall røysteføre:
2781



– Fordelar og ulemper ved å fortsette som eigen kommune, datert 25.5.2016.

Val av alternativ

Kommunen valde fire alternativ som dei mest aktuelle for Eide kommune å gå vidare med. Dette vart det fatta vedtak om i kommunestyret 11.02.2016 – PS 16/1 Romsdalshalvøya (sjølv om enkeltkommunar fell frå eller kjem til undervegs)

Eide – Fræna

Eide – Fræna – Averøy

Eide som eigen kommune

Intensjonsavtalar

Eide kommune har gått inn tre intensjonsavtalar:

- Romsdalsalternativet Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Midsund, Nesset og Rauma.
- Eide – Fræna

• Eide – Fræna – Averøy

• Ny avtale mellom Eide og Fræna

Involvering av innbyggjarar

Eide kommune hadde ei spørjeundersøking 13.-19.05.15. I samband med at ein skulle halde spørjeundersøking vart det halde folkemøte 9. april 2015. I samband med at ein skulle halde folkerøysting vart det halde folkemøter 7. april 2016. Folkerøystinga vart halde 25. april 2016.

Resultat av innbyggjarhøyringa

Nøkkeltal frå folkerøystinga i Eide kommune 25. april 2016:

Valdeltaking: 45,81 %

Romsdalsalternativet: 10,05 %

Eide – Fræna: 23,47 %

Eide – Fræna – Averøy: 34,85 %

Åleine: 31,63 %

KOMMUNESTYREVEDTAK

Eide kommunestyre vedtar å danne en ny kommune sammen med Fræna kommune.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Kommunen har for liten kommuneorganisasjon til å kunne løyse alle sine lovpålagde oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeidsordningar på fleire tenesteområde.

Kommunen er med i mange interkommunale samarbeid. Dette svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

Kommunen har låg arbeidsplassdekning. Utpendlinga frå kommunen er vesentleg større enn innpendlinga.

Folketalsveksten i kommunen for siste ti-årsperioden viser ein svak positiv tendens, men ligg lågare enn gjennomsnittet for fylket.

Etter endeleg vedtak pr. 1. juli 2016 har kommunane Eide og Fræna bestemt seg for å slå seg saman til ein ny kommune. Dagens innbyggartal i dei to kommunane blir til saman 13 184.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1554 [Averøy kommune](#)

Innbyggartal: 5 826

Areal av land og ferskvatn: 175,28 km²

Del busette i tettbygde strøk: 18,3 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Averøy kommune ligg på kysten av Nordmøre mellom nabokommunane Eide i sør og Kristiansund i nord. I aust grenser kommunen mot Gjemnes. Kommunen omfattar fleire større og mindre øyar og har i dag fastlandssamband via Atlanterhavsvegen mot Eide, Fræna og Molde i sør – og via Atlanterhavstunnelen (opna i desember 2009) mot Kristiansund i nord.

Averøy kommune vart danna 1. januar 1964, då tidlegare Bremsnes, Kornstad og Kvernes kommunar blei slått saman. Det har seinare vore nokre mindre grensejusteringar mot Eide kommune i 1983. Kommunesenteret ligg på Bruhaugen.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2015 / arealdel: 2009

Demografi

Averøy har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt moderat auke i folketalet med 6,4 %.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 22,3 mot 22,0 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 12,1 mot 12,0 for fylket samla.

I Averøy er det i 2016 3,7 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 13,2 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,3 yrkesaktive pr. person over 67 år og 5,5 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 5 800 innbyggjarar vil kommunen i avgrensa grad kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot



Ordførar (Ap)


Ingrid Ovidie Rangønes

Tlf: 71 51 35 01/sentralbord: 71 51 35 00

Mob: 918 08 045

Ingrid.rangones@averoy.kommune.no

post@averoy.kommune.no



sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Averøy har om lag 40 interkommunale samarbeid og er sjølv vertskommune for to av desse.

Næringsstruktur

Kommunen har arbeidsplassdekning på 75,8 %, godt under fylkessnittet på 96,4 %. Averøy ligg under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg omtrent på fylkessnittet.


Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primær- og sekundærnæringane ligg godt over gjennomsnittsnivået i fylket.

Næringslivet i kommunen har tradisjonelt sett vore knytt til primærnæringane landbruk og fiske. Nye næringar har etter kvart kome til og næringslivet omfattar i dag ei rekke ulike bransjar knytt til industri, handel, offentleg og privat tenesteyting m.m. Hjørnesteinsbedrifta Skrettings er ei av verdas største fiskeførfabrikkar. Det meste av industrien er knytt til fiskerinæringa. Averøy er mellom dei største innan fiskeoppdrett og har ein moderne fiskeflåte. Turistnæringa har vakse sterkt dei siste åra, mykje på grunn av Atlanterhavsvegen.



FOTO: AVERØY KOMMUNE

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Averøy inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabokommunane Kristiansund og Tingvoll.

Kommunen har vesentleg større ut- enn innpendling.

Den klart viktigaste utpendlingskommunen, og samtidig innpendlingskommunen, er Kristiansund.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Kommunane på Nordmøre har organisert felles utgreiingsprosess gjennom ORKidé – Nordmøre Regionråd, og har laga ein felles framdriftsplan:

- Utgreiingsfase - Haust 2014 – haust 2015.
- Sonderingsfase – redusere tal på alternativ/innleie forhandlingar - Okt. 2015- feb 2016.
- Utarbeide intensjonsavtalar - mars 2016.
- Innbyggjarhøyringar - april 2016.
- Saksførebuingar og dialog etter innbyggjarhøyring - mai-juni 2016.
- Endeleg vedtak - Innan 1. juli 2016.

Averøy kommunestyre gjorde vedtak om prosess og gjennomføring av arbeidet med kommunereforma 19. desember 2014. Denne var basert på oppdraget frå Stortinget og regjeringa, samt forventningsbrev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Prosessen blei gjennomført som planlagt, men med nokre utsetjingar for å halde felles takt med dei andre kommunane i Nordmøre Regionråd Orkide.

Utgreiingar

Telemarksforskning fekk våren 2015 oppdraget med å lage ei felles utgreiing for kommunane, ut frå dei fire måla i kommunereforma og kriteria frå det nasjonale Ekspertutvalet. Fire delrapportar blei levert sommar og haust 2015, og slutt rapporten med forskarane sine anbefalingar blei presentert 5. november same år. I tillegg har Mind the Gap AS laga ei framtidspanalyse for Nordmøre, for å kaste lys over framti-

dig samfunnsutvikling.

Totalt greia Telemarksforskning ut 15 alternativ, basert på kvar kommune sine ønsker. Averøy kommune har inngått i følgjande alternativ:

- Storkommune Nordmøre – Kristiansund, Averøy, Eide, Gjemnes, Tingvoll, Aure, Smøla, Halså og Surnadal
- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså, Aure og Smøla
- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså og Eide
- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll
- Averøy-Eide-Fræna
- Averøy og Eide

Samla oversikt over alternativ som er greidd ut og Telemarksforskning sine rapportar finnast på www.orkideportalen.no/kommunereform.

Averøy kommune bestilte i desember 2015 utgreiing om konsekvensane av å bestå som eigen kommune, levert i januar 2016. Denne er tilgjengeleg her: <http://www.averoy.kommune.no/politikk/kommunereformen/0-alternativet-averoy-som-egen-kommune-er-klar.22718.aspx>

Utgreiinga viste at Averøy kan klare seg som eigen kommune, men med nokre viktige vilkår. Averøy har ein utfordrande økonomi og er avhengig av innbyggartilvekst.

Val av alternativ

Telemarksforskning tilrådde i sin slutt rapport ein kommune beståande av Kristiansund, Averøy, Tingvoll og heile eller delar av Gjemnes.

Hausten 2015 vedtok Averøy kommunestyre at det skulle framforhandlast intensjonsavtale om samanslåing mellom Averøy, Kristiansund, Smøla, Halså, Gjemnes, Tingvoll og Aure. Sonderingane starta 17. november og pågjekk ut februar 2016. I februar 2016 blei det i tillegg vedtatt av Averøy kommunestyre at forhandlingsutvalet skulle framforhandle ein intensjonsavtale til, om samanslåing mellom Eide, Fræna og Averøy. Arbeidet blei gjennomført i løpet av tre-fire veker.

Intensjonsavtalar

- 29. februar 2016 blei det signert ein intensjonsavtale mellom Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså og Aure.
- 16. mars blei det signert intensjonsavtale mellom Averøy, Eide og Fræna.

Forhandlingsutvalet vurderte at begge dei framforhandla avtalane var gode nok til å kunne bli lagt fram for folkerøysting og som vurderingsgrunnlag for Averøy kommunestyre.


Involvering av innbyggjarar

Det blei lagt opp til prosjektorganisering med innbyggjarundersøking (sommaren 2014), folkemøter, deltaking frå særgrupper (eldre, funksjonshemma og ungdom), regelmessig info til befolkninga og kommunestyret (kvart møte) og avsluttande folkerøysting. Oppmøtet på folkemøta har vore god og aukande fram til folkerøystinga.

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Averøy kommune 25. april 2016.

Averøy aleine	61,5%
Samanslåing med Aure, Kristiansund, Tingvoll, Gjemnes og Halså	28%
Samanslåing med Eide og Fræna	10,5%
Blank	8%



Antall røyster:

2634

Antall røysteføre:

4686



FOTO: AVERØY KOMMUNE

KOMMUNESTYREVEDTAK

Averøy kommune har utredet alternativer til kommunesammenslåing i tråd med oppdraget fra stortinget, og har i tillegg gjennomført rådgivende folkeavstemning med bakgrunn i intensjonsavtaler og utredninger. Ut fra dette vel-

ger Averøy kommunestyre:

- 1. Å bestå som egen kommune.*
- 2. Averøy vil fortsatt arbeide tett og godt mot Nordmøre, men også mot andre kommuner i forbindelse med*

interkommunalt samarbeid, der det er naturlig.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Fagmiljøa innanfor kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og mindre robust på grunn av storleik.

Kommunen har ikkje storleik til å kunne løyse alle sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid (IKS).

Mange IKS svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.



KOMMUNEFAKTA

Namn: 1557 [Gjemnes kommune](#)

Innbyggartal: 2 593

Areal av land og ferskvatn: 381,63 km²

Del busette i tettbygde strøk: 19,6 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Gjemnes kommune ligg på Nordmøre, i grenselandet mellom kyst og innland. Kommunen har ei langstrakt kystlinje langs fjordarmene Kvernesfjorden, Batnfjorden og Tingvollfjorden. Kommunen grenser i vest mot kommunane Eide og Fræna, i sør mot Molde, i sør-aust mot Nesset, og i nord mot Tingvoll, Kristiansund og Averøy.

E-39 går gjennom kommunen og gjer at Gjemnes er sentralt plassert midt i nordfylket mellom byane Kristiansund og Molde. Kommunesenteret er tettstaden Batnfjordsøra inst i Batnfjorden. Med opninga av Krifast-sambandet i 1992 er kommunen tettare knytt til nabokommunane nordover. Det er elles kort reiseavstand både til Kristiansund lufthamn Kvernberget og Molde lufthamn Årø. Timeekspressen som trafikkerer strekninga mellom Volda og Kristiansund gir eit godt kollektivtilbod nord-sør i fylket.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2003 / arealdel: 2003

Demografi

Gjemnes har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt ein nedgang i folketalet med -4,4 %.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg over fylkesgjennomsnittet; 22,3 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 13,0 mot 12,0 for fylket samla.

I Gjemnes er det i 2016 3,1 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 10,1 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 1,9 yrkesaktive pr. person over 67 år og 4,1 yrkesaktive pr. person over 80 år.



Ordfører (Sp)


Knut Sjømæling

Tlf.: 71 29 11 01/sentralbord: 71 29 11 11

Mob: 950 45 202

knut.sjomaling@gjemnes.kommune.no

post@gjemnes.kommune.no



Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 2 600 innbyggjarar vil kommunen ikkje kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Gjemnes har om lag 41 interkommunale samarbeid og er sjølv vertskommune for om lag tre av desse.

Næringsstruktur

Kommunen har arbeidsplassdekning på 60,9 %, langt under fylkessnittet på 96,4 %.


Gjemnes ligg godt under fylkessnittet i forhold til statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg over fylkessnittet. Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg godt over gjennomsnittsnivået i fylket, medan ein for sekundærnæringane ligg lavare enn gjennomsnittsnivået i fylket.

Næringslivet i Gjemnes har tradisjonelt sett vore knytt til primærnæringane landbruk og skogbruk. Nye næringar har etter kvart kome til og næringslivet omfattar i dag ei rekke ulike bransjar knytt til industri, handel, offentleg og privat tenesteyting m.m. Tal for næringsliv og sysselsetting viser at primærnæringane landbruk og skogbruk framleis er viktige næringsvegar i kommunen.



FOTO: GJEMNES KOMMUNE

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Gjemnes inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabo-kommunane Midsund, Aukra, Fræna, Eide, Molde, Vestnes og Nesset. Kommunen har vesentleg større ut-enn innpendling.

Molde er den klart viktigaste utpendlingskommunen. Den nest største utpendlinga skjer til Kristiansund. Innpendinga er størst frå Molde og med Kristiansund på andre plass.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Gjemnes kommune vurderte kommunesamanslåing allereie i 2012, men saka blei den gang lagt på is. I 2014-2016 har kommunen deltatt i prosessane både i Romsdal og på Nordmøre.

Kommunane på Nordmøre har organisert felles utgreiingsprosess gjennom ORKidé – Nordmøre Regionråd, og har laga ein felles framdriftsplan:

Utgreiingsfase - Haust 2014 – haust 2015.

Sonderingsfase – redusere tal på alternativ/innleie forhandlingar - Okt. 2015-feb 2016.

Utarbeide intensjonsavtalar - mars 2016.

Innbyggjarhøyringar - april 2016.

Saksførebuingar og dialog etter innbyggjarhøyring - mai-juni 2016.

Endeleg vedtak - Innan 1. juli 2016.

Kommunane i Romsdal har også hatt felles utgreiingsprosess, med noko tidlegare oppstart enn på Nordmøre, og Gjemnes har også slutta seg til denne. Frå seinhausten 2015 blei framdrift i Romsdal og på Nordmøre i stor grad samkøyrte av omsyn til kommunar som deltok i begge prosessane.

Utgreiingar

I november 2014 slutta Gjemnes seg til ei utgreiing i regi av Telemarksforsking

for kommunane i Romsdal. I 2015 blei en tilsvarande utgreiing satt i gang for Nordmøre. Telemarksforsking produserte ein rapport for kvart av måla i kommunereforma, og ein sluttrapport. I tillegg har Mind the Gap AS laga ei framtidsanalyse for Nordmøre, for å kaste lys over framtidig samfunnsutvikling.

Gjemnes kommune har inngått i følgjande alternativ:

- Storkommune Nordmøre – Kristiansund, Averøy, Eide, Gjemnes, Tingvoll, Aure, Smøla, Halså og Surnadal
- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså, Aure og Smøla
- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså og Eide
- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll
- Romsdalshalvøya: Aukra, Eide, Fræna, Midsund, Molde, Nesset og Gjemnes

Kommunen har i tillegg vurdert konsekvensar ved å bestå som eigen kommune (SWOT-analyse i kommunestyret). I juni 2016 leverte Telemarksforsking ei tilleggsutgreiing om fordelar og ulemper med framforhandla alternativ. Alle utgreiingane er tilgjengelege frå nettsida www.gjemnes.kommune.no/kommunereformen

Val av alternativ

Telemarksforsking tilrådde i sluttrap-

porten for ROR at Gjemnes blei ein del av Romsdalshalvøya-alternativet. I sluttrapporten for Nordmøre har forskarane peikt på at delar av Gjemnes eventuelt kan gå inn i ein kommune med Kristiansund, Averøy og Tingvoll. På bakgrunn av rapportane frå Telemarksforsking starta 7 kommunar sonderingar/forhandlingar; Averøy, Aure, Halså, Gjemnes, Kristiansund, Smøla og Tingvoll. Alle kommunane på Nordmøre kunne slutte seg til forhandlingane fram til januar 2015.

På Romsdalssida blei det forhandla om ein ny kommune beståande av Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Misund, Molde, Nesset og Rauma.

Intensjonsavtalar

29. februar 2016 blei det signert ein intensjonsavtale mellom Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså og Aure. 3. mars blei det signert intensjonsavtale mellom Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Misund, Molde, Nesset og Rauma.

Resultatet av folkerøystingane i dei andre deltakarkommunane i intensjonsavtalane 25. april viste at grunnlaget for dei opphavelige intensjonsavtalane ikkje lenger var til stades. Det blei derfor framforhandla to nye intensjonsavtalar i mai 2016 – ein med Kristiansund, og ein med Nesset og Molde. Desse blei lagt ut som grunnlag for

Innbyggjarhøyring

Resultat frå innbyggjarhøyringa bestilt av Gjemnes kommune utført av Opinion 4.-9. april 2016.

Spørsmål: Dersom Gjemnes skal slå seg saman med andre kommunar, kva for eit alternativ er best?

Ny kommune med Molde som senter **50%**

Ny kommune med Kristiansund som senter **46%**

Veit ikkje **4%**

Antall spurte: **300**

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Gjemnes kommune 6. juni 2016. Alternativ med flest røyster:


1: Større kommune. 2: Molde og Nesset **31,19%**

1: Eigen kommune. 2: Kristiansund **29,35%**

To spørsmål, to val:

1: Større kommune eller eigen kommune.
2: Kristiansund eller Molde og Nesset.

Antall røyster: **1305**



Antall røysteføre: **2022**



FOTO:GJEMNES KOMMUNE

folkerøystinga. Gjemnes hadde folkerøysting 6. juni 2016.

Involvering av innbyggjarar

Det vart halde fleire folkemøter våren 2015 og våren 2016, også med deltaking frå ungdomsrådet. I tillegg kommunereformdag for vidaregåande elever og ungdomstrinnet, samt allmøte for ansatte våren 2016.

Gjemnes kommune gjennomførte ei spørjeundersøking om kommunereforma i april 2016. Det blei halde folkerøysting på framforhandla avtalar 6. juni same år, med 65 % valdeltaking.

Resultat av innbyggjarhøyringar

På ein skala frå 1 (dårlegast) til 5 (best)

viste innbyggjarundersøkinga ein snittskår på 3,0 for alternativet med å bestå som eigen kommune, 2,9 for Romsdalshalvøya og 2,8 for Nordmøre (6K). Innbyggjarane blei også spurt om kva for alternativ dei meiner er best dersom det uansett blir bestemt at Gjemnes kommune skal slå seg saman med andre kommunar.

Svaret er ikkje eintydig: Totalt gitte stemmer var 1305. 666 for eigen kommune som utgjør 51% av stemmene og 613 stemmer for ein større kommune som utgjør 47% av dei gitte stemmer. Av dei som ville ha ein større kommune ville 50,19% til Molde/Neset og 45,13 til Kristiansund. 4,67% av stemmene på retningsval var blanke.

Av dei som vil ha ei kommunesamanslåing, er det eit fleirtal for Molde.

Av dei som har stemt for eigen kommune, er det eit fleirtal som ønsker samanslåing med Kristiansund, dersom kommunesamanslåing skulle bli aktuelt. Reknar ein saman svara for alternativa, uansett om det er gitt for større eller eigen kommune, blir det 50 % som ønsker Molde/Neset, og 45 % som ønsker Kristiansund. 5 % av stemmene for retningsval er blanke.

For Gjemnes kommune samsvarar stort sett resultatet av innbyggjarhøyring og folkerøysting.

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Gjemnes kommunestyre mener at Stortingets pålegg om å utrede kommunesammenslåing er utført. Flere alternativer for sammenslåing er belyst gjennom utgreiingar fra Telemarksforsking. Det er inngått to intensjonsavtaler, gjennomført mange folkemøter, spørreundersøkelse blant innbyggerne og folkeavstemming.

2. Gjemnes kommunestyre vedtar at

Gjemnes kommune videreføres som egen kommune. Dette er i tråd med resultatet av gjennomført innbyggjarhøyring og folkeavstemming. Gjemnes kommune viderefører samarbeidet med Orkide, bla i forbindelse med IKT og Byregionsprogrammet.

3. Kommunestyret er innforstått med utfordringene som ligger i å videreføre Gjemnes kommune, når det gjelder

både økonomi og sårbare tjenester på kort og lengre sikt.

4. Dersom statlige myndigheter legger frem forslag om kommunesammenslåing som vedrører Gjemnes, forutsetter kommunestyret at forslaget blir sendt kommunen til høyring. Kommunen vil da ta stilling til evt. retningsvalg.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Gjemnes er demografisk sårbar og står overfor utfordringar knytt til nedgang i folketalet og ei aldrende befolkning.

Kommunen har lav arbeidsplassdekning.

Kommunen har ikkje storleik til å kunne løyse sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid (IKS).

Mange IKS svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

Kommuneøkonomien vil vere sårbar for nedgang i folketalet, og inntektstap som følge av manglande samanslåing.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1560 [Tingvoll kommune](#)

Innbyggartal: 3 103

Areal av land og ferskvatn: 336,76 km²

Del busette i tettbygde strøk: 31,7 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Tingvoll kommune ligg sentralt på Nordmøre. Kommunen grenser mot nabokommunane Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Nesset, Sunndal, Surnadal, Halså og Aure. Tingvoll kommune ligg på ei landtunge som er vel 40 km lang og knapt 10 km brei. Kommunen har ei strandlinje på 162,5 km.

Topografi og landskap er prega av bratte fjordlier med åsdrag opp i 5-600 m.o.h. oppdelt av fleire aust-vestgåande eid der det meste av busettinga og næringsveksemda er lokalisert. Administrasjonssenteret ligg i Tingvollvågen.

Tingvoll har samband til omverda, med togbussen gjennom det meste av kommunen fleire ganger om dagen, kort reise til flyplassane i Kristiansund og Molde, og kyststamvegen E39 på tvers av Tingvollhalvøya. Timeekspressen er eit godt tilbud for kollektivreisande nord-sør gjennom fylket.

Tingvoll kommune har over lang tid arbeidd for betre kollektivtilbud gjennom kommunen, særleg på RV 70. I 2013 fekk kommunen KID støtte til utgreiing av pendler-rute til Kristiansund og bestillingsruter for befolkninga. Som økokommune er det viktig å få redusert privatbilisme og auka kollektivreiser.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har gjort vedtak om å busette 948 flyktingar i 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2014 / arealdel: 2015.

Demografi

Tingvoll har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt ein svak nedgang i folketalet med -0,5 %.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet; 19,8 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 15,7 mot 12 for fylket samla.



Ordfører (Ap)


Milly Bente Nørsett

Tlf: 71 53 24 10/sentralbord: 71 53 24 00

Mob: 913 41 202

milly.bente.norsett@tingvoll.kommune.no

postmottak@tingvoll.kommune.no



I Tingvoll er det i 2016 2,8 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 9,2 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,0 yrkesaktive pr. person over 67 år og 4,8 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 3100 innbyggjarar vil kommunen ikkje kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale teneste-produksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Tingvoll har om lag 35 interkommunale samarbeid og er sjølv vertskommune for om lag tre av desse.

Næringsstruktur

Kommunen har arbeidsplassdekning på 69,9 %, godt under fylkessnittet på 96,4 %. Tingvoll ligg godt under fylkessnittet i forhold til statlege arbeidsplassar.


Kommunen ligg noko over fylkessnittet for fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg godt over fylkessnittet.

Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg godt over gjennomsnittsnivået i fylket medan sekundærnæringar ligg vesentleg lågare enn gjennomsnittsnivået i fylket.



FOTO: TINGVOLL KOMMUNE

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Tingvoll inngår i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion med nabo-kommunane Kristiansund og Averøy. Kommunen har vesentleg større ut- enn innpendling. Kristiansund er den klart viktigaste utpendlings-kommunen.

Utpendling til Sunndal ligg på andre plass. Innpendlinga er størst frå Molde og Kristiansund.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Kommunane på Nordmøre har valt å organisere felles utgreiingsprosess gjennom ORKidé – Nordmøre Regionråd, og har laga ein felles framdriftsplan:

Utgreiingsfase - haust 2014-haust 2015.

Sonderingsfase – redusere tal på alternativ/innleie forhandlingar - Okt. 2015-feb 2016.

Utarbeide intensjonsavtalar - mars 2016.

Innbyggjarhøyringar - april 2016.

Saksførebuingar og dialog etter innbyggjarhøyring - mai-juni 2016.

Endeleg vedtak - Innan 1. juli 2016.

Utgreiingar

Våren 2015 fekk Telemarksforskning oppdraget med å lage ei felles utgreiing for kommunane, ut frå dei fire måla i kommunereforma, og kriteria frå det nasjonale Ekspertutvalet. Fire delrapportar blei levert sommar og haust 2015, og sluttrapporten med forskarane si anbefaling blei presentert 5. november same år. I tillegg har Mind the Gap AS laga ei framtidssanalyse for Nordmøre, for å kaste lys over framtidig samfunnsutvikling.

Totalt greia Telemarksforskning ut 15 alternativ, basert på kvar kommune sine ønsker. Tingvoll kommune har inngått i følgjande alternativ:

- Storkommune Nordmøre – Kristiansund, Averøy, Eide, Gjemnes, Tingvoll, Aure, Smøla, Halså og Surnadal

- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså, Aure og Smøla

- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså og Eide

- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll

Samla oversikt over alternativ som er greidd ut og Telemarksforskning sine rapportar finnast på www.orkideportalen.no/kommunereform.

Tingvoll kommune har og tinga ei analyse av Tingvoll som eigen kommune inn i framtida. Rapporten kan lastast ned frå www.tingvoll.kommune.no/kommunereform.

Val av alternativ

Telemarksforskning tilrådde at Kristiansund, Averøy, Tingvoll og eventuelt delar av Gjemnes kommune gjekk saman til en ny kommune på Nordmøre. Ein ny kommune med Nesset, Sunndal og Tingvoll var og eit alternativ.

I november 2015 møttes Kristiansund, Averøy, Tingvoll, Gjemnes, Halså, Aure og Smøla til sonderingar om ein mogeleg ny kommune. Samtalane gjekk over i forhandlingar vinteren 2016. Smøla kommune gjekk ut av prosessen 18. februar.

Etter vedtak i kommunestyret 7. januar 2016 sto Tingvoll att med tre alternativ til nye kommunar:

- Tingvoll som eigen kommune

- Tingvoll som en del av en kommune på ytre Nordmøre med kommunane Tingvoll, Gjemnes, Averøy, Kristiansund, Halså, Aure og Smøla.

- Tingvoll, Sunndal og Nesset som en kommune.

Kommunestyret rådde til at minst tre omlandskommunar burde vere med i Kristiansundsalternativet.

I sonderingsfasen vart det på nytt reist debatt om strukturalternativet Tingvoll – Sunndal- Nesset. Politisk dialog viste at Sunndal var open for alternativet, medan Nesset berre ville forhandle om delar av Tingvoll. Av den grunn fall alternativet bort.

Intensjonsavtalar

Tingvoll kommune har underteikna ein intensjonsavtale, med Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Aure, Smøla og Halså (det såkalla 6K-alternativet). 17. mars fatta kommunestyret vedtak om å legge dette alternativet og eigen kommune fram til folkerøysting.

Involvering av innbyggjarar

Tingvoll kommune har halde fleire folkemøte og andre informasjonstiltak, mellom anna retta mot vidaregåande skule.

Innbyggjarhøyring


Resultat frå innbyggjarhøyringa bestilt av Tingvoll kommune utført av Norstat AS og Telemarksforskning juni 2015.

- Alternativet Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll får høgst skår av strukturalternativa med **3,3**.
- Alternativet å halde fram som eigen kommune får **3,9**.
- Resultatane viser at eit flertall av innbyggjarane meiner det er behov for færre og større kommunar (**3,6**).
- **Gjennomsnittsverdi:** 1,0 viss alle hadde svart dårlegast, 6,0 dersom alle hadde svara best (3,5 er middeltalet).

Antall spurte: **350**


Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Tingvoll kommune 25. april 2016.



Antall røyster:

1179



Antall røysteføre:

2529



FOTO:TINGVOLL KOMMUNE

Kommunen har hatt tre innbyggjarhøyringar:

- Innbyggjarundersøking juni 2015 – 350 respondentar
- Folkerøysting 25. april 2016
- Innbyggjarundersøking april 2016 – 433 respondentar

Resultat av innbyggjarhøyringa

Innbyggjarundersøkinga i 2015 ga best skåre til å oppretthalde eigen kommune, med verdi 3,9 på ein

skala frå 1 (dårlegast) til 6 (best). Kristiansund, Averøy, Tingvoll Gjemnes fekk skåre 3,3 og Tingvoll, Sunndal, Nettet fekk skåre 3,2.

Folkerøystinga 25. april gav ein klar siger til alternativet med eigen kommune, som fekk 70,7 % av stemmane. 24,4 % ville gå inn i ein ny kommune med Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Aure og Halså. 4,8 % røysta blankt. Valdelta-

kinga var 46,6 %.

Innbyggjarundersøkinga i april 2016 viser same tendens som folkerøystinga, men har eit meir variert bilete av innbyggjarane si meining, der 36 % ønsker at Tingvoll skal bestå som eigen kommune, og 32 % ønskte ein ny kommune med Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Halså og Aure.

KOMMUNESTYREVEDTAK

Kommunestyret i Tingvoll meiner at vi har gjennomført Stortinget sitt krav om å utgreia kommunereforma. Det har skjedd gjennom faglege utgreiingar av 15 strukturalternativ på Nordmøre, der Tingvoll er ein del av 5 alternativ, og ein

omfattande lokal og regional prosess. Vi har gjennomført fem folkemøter, dialog med ungdom, ungdomsråd og eldreråd, innbyggjarundersøking og lokal rådgjevande folkerøysting.

Kommunestyret i Tingvoll tilrår at Tingvoll kommune skal bestå som eigen kommune. Vi rår til at Stortinget vedtek dette i si handsaming av kommunereforma.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Tingvoll er demografisk sårbar og står overfor utfordringar knytt til nedgang i folketalet og ei aldrende befolkning. Fagmiljøa innanfor kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og mindre robust på grunn av storleik.

Kommunen har ikkje storleik til å kunne løyse alle sine lovpålagte oppgaver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid (IKS).

Mange IKS svekker politisk styring og kontroll med desse tenestene.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1563 [Sunndal kommune](#)

Innbyggartal: 7 160

Areal av land og ferskvatn: 1713,44 km²

Del busette i tettbygde strøk: 67,2 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Sunndal kommune ligg på Indre Nordmøre og grenser i aust mot Oppland og Sør-Trøndelag fylke. Nesset, Tingvoll og Surnadal utgjer dei næraste nabokommunane på vestsida av fylkesgrensa. Av kommunen sine vel 7160 innbyggjarar bur rundt 4.000 i kommunesenteret Sunndalsøra.

Sunndal er den største kommunen i fylket i utstrekning. Kommunen er elles prega av storslått natur med høge fjell, fjordar og dalbotnar der Sunndalen er hovuddalføre. Av det samla landarealet i kommunen utgjer utmark 58 %, skog 12 % skog og dyrka mark 1,3 %. Omlag 67 % av kommunen sitt areal er verna etter naturvernlova, og om lag 1/3 av Dovrefjell–Sunndalsfjella nasjonalpark ligg i Sunndal. Kommunikasjonsmessig ligg Sunndal plassert mellom by- og regionsentra Trondheim, Kristiansund og Molde.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2014 / arealdel: 2007

Demografi

Sunndal har den siste 10-årsperioden (2005-2015) hatt nedgang i folketalet med -2,9 %.


Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet; 20,4 mot 22,0 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen over når fylkessnittet med ein andel på 14,2 mot 12,0 % for fylket samla.

I Sunndal er det i 2016 3,4 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 9,3 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,0 yrkesaktive pr. person over 67 år og 4,9 yrkesaktive pr. person over 80 år.



Ordfører (Ap)

Ståle Refstie
Tlf.: 71 69 90 20/sentralbord: 71 69 90 00
Mob: 481 23 126
stale.refstie@sunndal.kommune.no
post@sunndal.kommune.no



Kapasitet og kompetanse

Med sine om lag 7 200 innbyggjarar vil kommunen i avgrensa grad kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. Delar av den kommunale tenesteproduksjon er kjenneteikna av små fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Sunndal er med i om lag 39 interkommunale samarbeid og er sjølv vertskommune for om lag åtte av desse.

Næringsstruktur

Kommunen har ei arbeidsplassdekning på 107 %, godt over fylkessnittet på 96,4 %.

Sunndal ligg godt under fylkessnittet i forhold til statlege arbeidsplassar. Kommunen ligg rett under fylkessnittet for fylkeskommunale arbeidsplassar, medan andelen kommunale arbeidsplassar ligg over fylkessnittet.


Tal for sysselsette etter arbeidsstad og næring viser at kommunen for primærnæringar ligg under gjennomsnittsnivået i fylket medan sekundærnæringane har ein vesentleg høgare andel i høve gjennomsnittsnivået i fylket.

Tal for næringsliv og sysselsetting viser at industri er ein viktig næringsveg i kommunen. Hydro Aluminium Sunndal er det største aluminiumsverket i Europa og den største arbeidsplassen i Sunndal kommune med rundt 800 tilsette. Kommunen har også eit relativt stort forskingsmiljø både ved Hydro og ved Nofima AS.



FOTO: ØYVIND LEREN

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Sunndal blir rekna som ein eigen bu- og arbeidsmarknadsregion. Kommunen har større inn- enn utpendling.

Molde er den klart viktigaste utpendlingskommunen. Innpendinga er størst frå Nesset, Tingvoll og Surnadal.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Sunndal kommunestyre gjorde vedtak om prosess og gjennomføring av arbeidet med kommunereforma 14. januar 2015. Sunndal kommune har deltatt i utgreiingsprosessar både for Romsdal og for Nordmøre.

Nordmøre - Kommunane på Nordmøre har valt å organisere felles utgreiingsprosess gjennom ORKidé – Nordmøre Regionråd, og har laga ein felles framdriftsplan:

Utgreiingsfase - haust 2014-haust 2015.

Sonderingsfase – redusere tal på alternativ/innleie forhandlingar - Okt. 2015-feb 2016.

Utarbeide intensjonsavtalar - mars 2016.

Innbyggjarhøyringar - april 2016.

Saksførebuingar og dialog etter innbyggjarhøyring - mai-juni 2016.

Endeleg vedtak - Innan 1. juli 2016.

Romsdal - Romsdalskommunane gjennomførte tilsvarende prosess, men val av utgreiingsalternativ og gjennomføring av desse blei gjennomført tidlegare enn på Nordmøre.

Utgreiingar

Sunndal har deltatt i utgreiingsprosessar både for Romsdals- og Nordmørskommunane. I begge utgreiingane har Telemarksforskning vurdert aktuelle alternativ ut frå dei fire måla i kommunereforma og kriteria frå det nasjonale Ekspertutvalet. I begge tilfel-

ler blei det levert fire delrapportar og ein sluttrapport med forskarane sine anbefalingar i 2015.

Totalt greia Telemarksforskning ut 15 alternativ, basert på kvar kommune sine ønsker. Sunndal kommune har inngått i følgjande alternativ:

Sunndal – Surnadal

Sunndal - Nesset

Sunndal - Nesset - Tingvoll

Sunndal – Oppdal

I tillegg har Mind the Gap AS laga ei framtdiansalyse for Nordmøre, for å kaste lys over framtidig samfunnsutvikling. Oversikt over alternativ som er greidd ut og Telemarksforskning sine rapportar finnast på www.orkideportalen.no/kommunereform.

www.romsdalregionrad.no/kommunereformen.

Val av alternativ

Telemarksforskning konkludera med at Sunndal vil kunne greie seg åleine.

Men ut i frå ei heilskapsvurdering tilrådde Telemarksforskning i sin sluttrapport ein kommune bestående av Sunndal og Nesset.

Intensjonsavtalar

Sunndal kommune oppnemnte eit sonderingsutval 14. oktober 2015 og vedtok 12. januar 2016 å gå inn i forhandlingar med Nesset om ein ny felles kommune. Forhandlingane blei gjennomført i perioden januar-mars 2016.

Sunndal og Nesset signerte intensjonsavtale om ein ny kommune

4. mars 2016 og den blei vedtatt av kommunestyret 17. mars 2016.

Involvering av innbyggjarar

Det blei lagt opp til å involvere innbyggjarar og næringsliv gjennom heile prosessen. I løpet av 2015 og 2016 blei det halde ei rekke folkemøte, møter med næringsliv, møte med ungdommen, eldreråd, fagforeningar, tilsette på Hydro Sunndal, tilsette i kommunen etc. med fortløpande informasjon og diskusjonar undervegs i prosessen og om arbeidet med kommunereforma nasjonalt, regionalt og lokalt.

I februar-mars 2015 blei det gjennomført ei innbyggjarundersøking i regi av NIVI Analyse. Målet var å avdekke haldninga til kommunesamanslåing generelt og - dersom samanslåing – kva kommune vil vere mest aktuell. Undersøkinga viste eit fleirtal mot samanslåing (54 %). Av moglege alternativ var det relativt lik oppslutning rundt Nesset (36 %), Tingvoll (35 %) og Oppdal (33 %), noko mindre for Surnadal (26 %). Desse resultatata blei lagt til grunn for valet av våre 5 utgreiingsalternativ.

Resultat av innbyggjarhøyringa

Sunndal kommune la den framforhandla intensjonsavtalen med Nesset fram til folkerøystinga 25. april 2016. Valdeltakinga var på 51,7 % og med følgjande resultat:

- Sunndal som eigen kommune: 77,4 %
- Sunndal - Nesset: 22,6 %


Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Sunndal kommune 25. april 2016.

Spørsmål: Bør Sunndal og Nesset slås saman?

Ja  22,2%

Nei  77,8%



Antall røyster:

3093

Antall røysteføre:

5981



FOTO:SUNNDAL KOMMUNE

KOMMUNESTYREVEDTAK

- 1. Sunndal kommune fortsetter som egen kommune etter at 77,8 % stemte nei til sammenslåing med Nasset. godt samarbeid med andre kommuner og være en pådriver for økt samarbeid med nabokommunene.*
- 2. Sunndal kommune skal arbeide for et*

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Sunndal står overfor demografiske utfordringar knytt til nedgang i folketal, aldrande befolkning og låge fødselstal.

Sunndal ligg i eit folketalssvakt område og er på alle måtar avhengig av sine naboar for vekst og utvikling.

Kommunen har i kraft av sin storleik gode og robuste fagmiljøa innanfor basisstenestene i den kommunale tenesteproduksjonen. Kommunen har likevel utfordringar med små og sårbare fagmiljø innan meir spesialiserte tenester og nøkkelfunksjonar.

Næringslivet støtter seg i stor grad til hjørnesteinsbedrifta Hydro Sunndal. Dette gjer at kommunen vert påverka sterkt av konjunktursvingingar.

Kommunen har utfordringar med sine avstandsulemper, og er avhengig av gode vegstandardar og ferjesamband.

Surnadal

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1566 [Surnadal kommune](#)

Innbyggartal: 5 969

Areal av land og ferskvatn: 1365,31 km²

Del busette i tettbygde strøk: 45,8 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Surnadal kommune har utarbeidd eit eige grunnlagsdokument som viser viktige utviklingstrekk.

Surnadal kommune med sine 5 969 innbyggjarar har forventa ein svak befolkningsvekst fram mot 2040 til 6357 innbyggjarar. Saman med Rindal og Halså utgjer Surnadal i dag eit naturleg geografisk område med moglegheit for felles vekst, og med stor pendlaraktivitet.

Sett frå ein arealfagleg ståstad har kommunen ikkje behov for å sjå på arealbruken i nabokommunane for å ivareta ein heilskap i areal og transportinteresser tilpassa klima og miljøomsyn.

Kommunen har dei seinare åra arbeidd med kultur- og omdømmebygging, som ein del av at Surnadal skal vere og bli ein god kommune å bu i, med gode oppvekstvilkår.

Kommunikasjonsmessig ligg Surnadal ein god køyretur frå dei næraste byane med flyplass. Kristiansund 87 km, Molde 114 og til Trondheim by 122 km - med tilhøyrande flyplass i Stjørdal 157 km.

Når det gjeld vegstruktur ligg Surnadal eit stykke frå E39 som går gjennom nabokommunen Halså gjennom Molde i sør og Trondheim i nord. Det same er tilfelle med hovudvegen frå Molde til Sunndal – Oppdal (Rv 62 og Rv 70) og vidare anten sørover eller nordover. I begge tilfelle er det ferjestrekningar for å kome seg til Sunndal, Molde og Kristiansund. Det er sett i gang eit arbeid for å kunne betre kommunikasjonen til/frå Surnadal til Sunndal og vidare til Molde og Kristiansund med ferjefri strekning mot Sunndal; Todalsfjordprosjektet. Dette ville ha betra kommunikasjonsutfordringane for Surnadal i stor grad for generell vekst for næringslivet, og for arbeids- og skulependling.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2014 / arealdel: 2007



Ordfører (Ap)


Lilly Gunn Nyheim

Tlf.: Sentralbord: 71 65 58 00

Mob: 481 56 609

lilly.gunn.nyheim@surnadal.kommune.no

post@surnadal.kommune.no



Demografi

Surnadal hadde i 2005- 2015 ein svak folketalsvekst på 3 %. Fordelinga av befolkinga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet; 20,3 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 14,3 mot 12 for fylket samla.

I Surnadal er det i 2016 3,1 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 10,7 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 1,9 yrkesaktive pr. person over 67 år og 4,8 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med eit innbyggartal på tett under 6000 vil kommunen ikkje kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. På enkelte område er fagmiljøa små og sårbare.

Interkommunale samarbeid 2013

Kommunen ivaretek nokon av dei mest spesialiserte tenestemråda med interkommunale samarbeid, t.d.: legevakt, PP-teneste og barnevern. Surnadal kommune deltar i ca. 40 interkommunale samarbeid.


Næringsstruktur

Surnadal kommune ligg over landsnittet, men lågare enn fylkessnittet, innan sekundærnærings, og ligg høgare i snitt enn fylket og landet innan jordbruk, skogbruk og fiske. Surnadal har ei arbeidsplassdekning på 93,5%, fylkessnittet er på 96,4%.



FOTO: SURNADAL KOMMUNE

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Surnadal inngår i bu- og arbeidsmarknadsregion med Rindal og Halså, der også Sunndal utgjør største utpendingskommunen til Surnadal.

Kommunen har større utpendling enn innpendling. Rindal er største innpendlingskommunen.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Kommunane på Nordmøre har valt å organisere ein felles utgreiingsprosess gjennom ORKidé – Nordmøre Regionråd, og har laga ein felles framdriftsplan:

Utgreiingsfase - haust 2014-haust 2015.

Sonderingsfase – redusere tal på alternativ/innleie forhandlingar - Okt. 2015-feb 2016.

Utarbeide intensjonsavtalar - mars 2016.

Innbyggjarhøyringar - april 2016.

Saksførebuingar og dialog etter innbyggjarhøyring - mai-juni 2016.

Endeleg vedtak - Innan 1. juli 2016.

Surnadal kommune fatta vedtak om å gjennomføre ein kommunereformprosess i møte 07.10.14. Vedtaket var basert på oppdraget frå Stortinget og regjeringa, og forventingsbrevet frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Utgreiingar

Telemarksforskning fekk våren 2015 oppdraget med å lage ei felles utgreiing for kommunane, ut frå de fire måla i kommunereforma og kriteria frå det nasjonale Ekspertutvalet. Fire delrapportar blei levert sommar og haust 2015, og sluttrapporten med forskarane sine anbefalingar blei presentert 5. november same år.

Totalt utgreidde Telemarksforskning 15 alternativ, basert på kvar kommune sine ønske. Surnadal kommune

inngjekk i følgjande alternativ:

- Alternativ 1: Storkommune Nordmøre – Kristiansund, Averøy, Eide, Gjemnes, Tingvoll, Aure, Smøla, Halså og Surnadal.
- Alternativ 8 :Surnadal og Halså
- Alternativ 9: Surnadal og Rindal
- Alternativ 10: Sunndal og Surnadal kommune
- Alternativ 14: Surnadal, Rindal og Halså

I tillegg til dette har Telemarksforskning i ein eigen rapport utgreidd alternativet der Surnadal held fram som eigen kommune, det såkalla 0-alternativet.

Samla oversikt over utgreidde alternativ og Telemarksforskning sine rapportar er å finne på <http://www.surnadal.kommune.no/kommunereformen/utgreiingar/>

Val av alternativ

I sin sluttrapport foreslår Telemarksforskning ein kommunestruktur som i størst mogleg grad samsvarar med dei naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionane. Dei tilrådde for Surnadal kommune alternativet Halså-Surnadal-Rindal (evt. utan Halså), og grunn-gjev dette med at kommunane har fleire tenestesamarbeid seg imellom i dag, og at dei tre kommunane utgjer ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion.

I sin rapport om Surnadal som eigen kommune skriv Telemarksforskning at økonomisk ser det ut til at Surnadal per i dag har rammene til å bestå som

eigen kommune, men at kommunen er avhengig av samarbeid på fleire område som dei i dag er for liten til å handtere åleine. Dei viser elles til at lokaldemokratiet i Surnadal fungerer bra i dag.

Intensjonsavtalar

Etter innleiande sonderingssamtalar vart Surnadal, Rindal og Halså einige om å forhandle fram ein intensjonsavtale. Det vart sett som krav frå Rindal kommune at skulle dei vere med på å forhandle fram ein intensjonsavtale mellom Surnadal, Rindal og Halså, måtte Surnadal og Halså gjere eit vedtak om at dette var under føresetnad av framtidig fylkestilhøyrslø til (Sør-)Trøndelag. Surnadal kommune gjorde vedtak om slik fylkestilhøyrslø i møte 18.02.16.

- Forhandlingsutvala arbeidde seg fram til ein intensjonsavtale, som vart underskriven i Rindal den 3. mars 2016. Kommunestyret fekk framlagt avtalen for endeleg vedtak den 17. mars. Det vart vidare bestemt at det blir gjennomført folkerøysting over to alternativ:
- Alternativ 1: Halså, Rindal og Surnadal etablerer ein ny kommune.
- Alternativ 2: Surnadal fortsett som eigen kommune med dagens grenser.

Involvering av innbyggjarar

Det har vore gjennomført ei innbyggjarundersøking (sommaren 2015), til saman 10 folkemøte (mars 2015 og mars og april 2016), deltaking

Folkerøysting


Resultat frå folkerøystinga i Surnadal kommune 25. april 2016.

Samanslåing med Rindal og Halså

61,3%

Halde fram som eigen kommune

38,7%



Antall røyster:

1604

Antall røysteføre:

4890



FOTO: SURNADAL KOMMUNE

frå særgrupper (eldre, funksjonshemma og ungdom (mellom anna alle ungdomsskuleelevar på kulturhuset), informasjon over heimesidene, regelmessig info til kommunestyret og avsluttande folkeavstemming. Det var godt oppmøte på folkemøta både i 2015 og 2016.

Resultat av innbyggjarhøyringar

Innbyggjarundersøkinga juni 2015: I denne undersøkinga var det alternativet Surnadal, Rindal og Halså som fekk høgast skår med 4,5 (skala 1-6).

Nullalternativet fekk ein skår på 4,6. Alternativet Surnadal og Rindal fekk ein skår på 4,4, medan Surnadal og

Halså fekk 3,7 og Surnadal og Sunndal 3,0. Storkommune Nordmøre med Kristiansund som senter fekk 1,8, medan alternativet med Orkdal fekk 2,6. Folkeavstemminga april 2016: Det var 1 604 personar som stemte, og det utgjorde 32,8 prosent av dei med stemmerett.

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Surnadal kommune ønsker å bli ein del av ein ny kommune samansett av Surnadal, Rindal og Halså.

2. Dersom det ikkje er fleirtal for dette 3-kommunersalternativet i Rindal og Halså, vil Surnadal kommune halde fram som eigen kommune.

3. Forhandlingsutvala i Surnadal og Halså har etter initiativ frå Halså arbeidd fram ein ny intensjonsavtale etter møtet i arbeidsutvalet den 07.06.16.

4. Denne avtalen gjeld for dei to kommunane Halså og Surnadal.

5. Surnadal avventer den politiske behandlinga i Halså før vi eventuelt går til vidare politisk behandling av denne.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Surnadal står overfor demografiske utfordringar knytt til nedgang i folketal. Surnadal ligg i eit folketalssvakt område – og er på alle måtar avhengig av sine naboar for vekst og utvikling.

Kommunen har for liten kommuneorganisasjon til å kunne løyse alle sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid.

Fagmiljø innanfor kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og mindre robuste på grunn av storleik. Kommunen har utfordringar med sine avstandsulemper, og er avhengig av gode vegstandardar og ferjesamband.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1567 [Rindal kommune](#)

Innbyggartal: 2 036

Areal av land og ferskvatn: 631,84 km²

Del busette i tettbygde strøk: 33,6 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Rindal kommune på Nordmøre ligg 95 km frå Trondheim. Kommunen grenser i nord mot Hemne og Orkdal, i aust mot Meldal, i sør mot Rennebu og Oppdal, og i vest mot Surnadal. Kommunesentrum er Rindal sentrum, og tettstaden ligg på Rindalsplatået (145 moh.) og har ca. 700 innbyggjarar. Rindal er den einaste kommunen i Møre og Romsdal som ikkje grenser mot havet og blir ofte omtalt som "Porten til Trollheimen", med vakker og variert natur. Kommunen feira 150-jubileum i 2007, etter at kommunen blei fråskild frå Surnadal i 1857.

Rindal kommune søkte om overflytting til Sør-Trøndelag fylke i 1929, 1949 og 2015. Området Fossdalen i Rindal blei overført til Hemne i Sør-Trøndelag 1. januar 2008.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2015 / arealdel: 2014

Demografi

Rindal har hatt ein svak nedgang i folketalet dei siste 30 åra.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet; 21,4 mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 16,5 mot 12 for fylket samla.

I Rindal er det i 2016 2,7 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 7,9 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 2,2 yrkesaktive pr. person over 67 år og 5,7 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med eit innbyggartal på 2036 innbyggjarar vil kommunen ikkje kunne forvente å utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester. På mange område er



Ordfører (Sp)


Ola T. Heggem

Tlf.: sentralbord: 71 66 47 00

Mob: 908 47 032

ola.heggem@rindal.kommune.no

post@rindal.kommune.no



fagmiljøa små og sårbare. Det oppleves stadig vanskelegare å rekruttere fagfolk og oppretthalde gode fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Rindal kommune har løyst mange sårbarheitsutfordringar med interkommunale samarbeid. Kommunen er med i 38 interkommunale samarbeid, t.d.: legevakt, barnevern, kulturskule og PP-teneste.

Næringsstruktur

Syssettingsstatistikken viser at jord- og skogbruk, industri, bygg og anlegg er viktige næringsvegar i kommunen. Andel sysselsette i desse næringane ligg godt over gjennomsnittstala for fylket samla.

Rindal ligg over landssnittet i høve jordbruk, skogbruk og fiske. Kommunen er ein typisk jordbrukskommune.


Rindal ligg også over både fylkes- og landssnittet innan sekundærnæringer.

Rindal har ei arbeidsplassdekning på 87,6%, fylkessnittet er på 96,4%.



FOTO: RINDAL KOMMUNE

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Rindal inngår i ein bu- og arbeidsmarknadsregion med Surnadal og Halså, den klart største utpendlinga er til Surnadal. Kommunen har større utpendling enn innpendling.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Rindal kommune har deltatt i to prosessar; nordover i regi av Orkdalsregionen og sørover i regi av ORKidé - Nordmøre Regionråd.

Følgande framdriftsplan var ein felles mal for orkidekommunane, men prosessen lokalt i Rindal var litt annleis på enkelte punkt:

Utgreiingsfase - haust 2014-haust 2015.

Sonderingsfase – redusere tal på alternativ/innleie forhandlingar - Okt. 2015-feb 2016.

Utarbeide intensjonsavtalar - mars 2016.

Innbyggjarhøyringar - april 2016.

Saksførebuingar og dialog etter innbyggjarhøyring - mai-juni 2016.

Endeleg vedtak - Innan 1. juli 2016.

Tidsplanen for Orkdalsregionen har dei same elementa i seg som for ORKidé, men tidsplanen er noko forskjellig frå Nordmørsalternativet.

Utgreiingar

Nordmøre - Telemarksforskning fekk våren 2015 oppdraget med å lage ei felles utgreiing for kommunane, ut frå dei fire måla i kommunereforma og kriteria frå det nasjonale Ekspertutvalet. Fire delrapportar vart levert sommar og haust 2015, og sluttrapporten med forskarane sine anbefalingar blei presentert 5. november same

år. I tillegg har Mind the Gap AS laga ei framtdsanalyse for Nordmøre, for å kaste lys over framtidig samfunnsutvikling.

Totalt har Telemarksforskning greidd ut 15 alternativ, basert på dei enkelte kommunane sine ønsker. Rindal kommune var med i alternativa Surnadal-Rindal og Halsal-Surnadal-Rindal. Sist nevnte alternativ kom godt ut i desse analysane.

Orkdalsregionen - Kommunane Agdenes, Meldal, Orkdal, Skaun, Snillfjord og Rindal har sjølv greia ut korleis ein kan møte framtidige utfordringar på ein betre måte saman. Ei felles utgreiing vart ferdigstilt hausten 2015.

Alle utgreiingane er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider under overskrifta "Kommunereforma".

Val av alternativ

I etterkant av Orkdalsutgreiinga har kommunane som deltok der, forhandla om ein intensjonsavtale.

Etter at kommunestyret i Surnadal på nyåret i 2016 åpna for at ein ny samanslått kommune på indre Nordmøre kan bli en del av Trøndelag, blei det forhandla mellom Surnadal, Rindal og Halsal.

Intensjonsavtalar

Avtale for Halsal, Surnadal og Rindal blei undertekna 7. mars. Den nye

kommunen føresetast å bli ein del av (Sør-)Trøndelag fylke, eller ein framtidig samanslått region i Midt-Noreg. Dersom denne føresetnaden ikkje blir realisert som ein del av reforma, reknast avtalen som ikkje oppfylt. Agdenes, Meldal, Orkdal, Snillfjord og Rindal skreiv under avtalen 1. april. Skaun har seinare slutta seg til avtalen.

Nordmørsalternativet fell bort dersom ein av dei tre kommunane der seier nei til å gå vidare. Orkdalsalternativet kan realiserast utan alle dei seks kommunane.

Involvering av innbyggjarar


Rindal kommune gjennomførte ei innbyggjarundersøking i juni 2015, for å kartlegge innbyggjarane sitt syn på alternativa som blei greia ut. På ein skala frå 1 (dårligast) til 6 (best) fekk alternativet med å bestå som eigen kommune ein skår på 5,0. Alternativet Surnadal og Rindal var beste nykommunealternativ (4,1), deretter Surnadal, Rindal, Meldal, Orkdal og Agdenes (4,0). Dette var den store fellesundersøkinga i regi av Orkide. Den viste også at folk i Rindal føler sterk tilknytning til Trøndelag.

Etter at intensjonsavtalane var klare våren 2016 blei det gjennomført folkemøter og møter med ulike grupper og interesseorganisasjonar, kommunalt tilsette og ungdomsrådet.


Innbyggjarhøyring

Resultat frå innbyggjarhøyringa bestilt av Rindal utført av Opinion 13. - 30. mai.


Halde fram som eiga kommune



Rindal, Surnadal og Halsal til Trøndelag



Med Orkdal, Agdenes, Snillfjord, Skaun og Meldal



Anna gruppering



Veit ikkje



Antall spurte: **200**

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Rindal kommune 29. - 30. mai 2016.


Ja til kommunesamanslåing



Nei til kommunesamanslåing



Ikkje avkryssa



578 personer eller 62,0% stemte ja til Orkdalsalternativet. 332 personer eller 35,6% stemte ja til Nordmørsalternativet

Antall røyster:

932

Valdeltaking:

58,5%

Antall røysteføre:

1593



FOTO: RINDAL KOMMUNE

I samband med innbyggjarhøyringa kunne alle også sende inn skriftlege høyringsfråsegner. Rindal gjennomførte folkeavstemning 29. og 30. mai 2016, og innbyggjarundersøkingar med 200 respondentar i perioden 18. - 30. mai.

Resultat av innbyggjarhøyringar

I folkerøystinga skulle innbyggjarane svare på to spørsmål. Først om dei meinte kommunen burde bestå eller gå

saman med andre kommunar. Derneft kva for eit alternativ dei ønskte om det blei kommunesamanslåing.

Resultatet blei slik: 476 personar eller 51,1 prosent stemte ja til kommunesamanslåing. 440 personar eller 47,2 prosent stemte nei til kommunesamanslåing. 578 personar eller 62,0 prosent stemte ja til Orkdalsalternativet. 332 personar eller 35,6 prosent stemte ja til Nordmørsalternativet. I innbyggjarundersøkinga blei innbyggjarane

bedt om å velge mellom tre alternativ: 37 % meiner at det er best at Rindal kommune fortsett åleine

33 % meiner det er best at Rindal slår seg saman med Surnadal og Halså og søke seg over til Trøndelag (Nordmørsalternativet). 25 % meiner det er best at Rindal slår seg saman med Orkdal og så mange som mogleg av kommunane Agdenes, Snillfjord, Skaun og Meldal (Orkdalsalternativet). (Totalt 58 % som ønsker ein ny kommune).

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Rindal fortsetter som egen kommune. å foreta tvangssammenslutning av kommuner, foretrekker kommunestyret en sammenslåing med kommuner i Orkdalsregionen.
2. Dersom regjering og Storting ønsker

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Rindal står overfor demografiske utfordringar knytt til nedgang i folketal, og ei aldrande befolkning. Rindal ligg i eit folketalssvakt område – og er på alle måtar avhengig av sine naboar for vekst og utvikling.

Kommunen har for liten kommuneorganisasjon til å kunne løyse alle sine lovpålagte oppgåver sjølv, og er avhengig av interkommunale samarbeid. Fagmiljø innanfor kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og

mindre robuste på grunn av storleik. Kommunen har utfordringar med sine avstandsullemper.



KOMMUNEFAKTA

Namn: 1571 [Halsa kommune](#)

Innbyggartal: 1 547

Areal av land og ferskvatn: 300,53 km²

Del busette i tettbygde strøk: 0 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Halsa kommune ligg på Nordmøre, heilt nord i fylket på grensa mot Hemne kommune i Sør-Trøndelag. Kommunen grenser vidare mot nabokommunane Aure, Tingvoll og Surnadal.

Administrasjonssenteret ligg på Liabø, mellom Vågland og Betna. Kyststamvegen E39 går rett gjennom kommunen.

Etter ferdigstilling av KRIFAST og Valsøyfjordprosjektet er reisetida til Kristiansund og Kvernberget lufthamn om lag 1 time, medan reisetida til Trondheim og Værnes lufthamn er omlag 2 – 2.5 timar.

Det interne kommunikasjonsnettlet i kommunen er også relativt godt utbygd, og følger busettingsstrukturen i stor grad.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2012 / arealdel: 1998

Demografi

Halsa har sterk nedgang i folketalet dei siste 10 år.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet; 19,1 mot 22 %.. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 17,7 mot 12 for fylket samla.

I Halsa er det i 2016 2,4 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 7,8 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 1,5 yrkesaktive pr. person over 67 år og 3,2 yrkesaktive pr. person over 80 år.

Kapasitet og kompetanse

Med eit innbyggartal på 1547 innbyggjarar vil kommunen ikkje forvente å kunne utnytte stordriftsfordelar retta mot



Ordfører (Sp)


Ola E. Rognskog

Tlf.: 71 55 96 10/sentralbord: 71 55 96 00

Mob: 992 25 606

ola.rognskog@halsa.kommune.no

post@halsa.kommune.no



sentrale og administrative tenester. På mange område er fagmiljøa små og sårbare. Det opplevast stadig vanskelegare å rekruttere fagfolk og oppretthalde gode fagmiljø.

Interkommunale samarbeid 2013

Halsa kommune har løyst mange sårbarheitsutfordringar med interkommunale samarbeid. Halsa har med sine vel 1500 innbyggjarar 39 interkommunale samarbeid, dei fleste med Surnadal og Rindal, t.d. barnevern og PP-teneste.

Næringsstruktur

Halsa ligg over landssnittet i høve jordbruk, skogbruk og fiske. Kommunen er ein typisk jordbrukskommune.

Halsa ligg også over landssnittet innan sekundærnæringar, men næringsstrukturen er til dels einseitig.


Jord- og skogbruk er dei viktigaste næringane i kommunen. Halsa har også fleire mindre industribedrifter innan næringsmiddel-, transportmiddel- og maskinindustri. Fiskeoppdrett er ei næring i sterk vekst. Kommunen har båtbyggeri for fiskebåtar på Vågland og Bårdset. Vaagland Båtbyggeri er kommunen sin største industriarbeidsplass med omlag 40-50 tilsette.

Halsa har ei arbeidsplassdekning på 83,1%, fylkessnittet er på 96,4%.



FOTO:HALSA KOMMUNE

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Halsa inngår i ein bu- og arbeidsmarknadsregion med Surnadal og Rindal, der største utpendling er til Surnadal. Kommunen har større utpendling enn innpendling.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Kommunane på Nordmøre har valt å organisere ein felles utgreiingsprosess gjennom ORKidé – Nordmøre Regionråd, og har laga ein felles framdriftsplan:

- Utgreiingsfase - haust 2014-haust 2015.
- Sonderingsfase – redusere tal på alternativ/innleie forhandlingar - Okt. 2015- feb 2016.
- Utarbeide intensjonsavtalar - mars 2016.
- Innbyggjarhøyringar - april 2016.
- Saksførebuingar og dialog etter innbyggjarhøyring - mai-juni 2016.
- Endeleg vedtak - Innan 1. juli 2016.

Utgreiingar

Telemarksforskning fekk våren 2015 oppdraget med å lage ei felles utgreiing for kommunane, ut frå dei fire måla i kommunereforma og kriteria frå det nasjonale Ekspertutvalet. Fire delrapportar vart levert sommar og haust 2015, og sluttrapporten med forskarane sine anbefalingar blei presentert 5. november same år. I tillegg har Mind the Gap AS laga ei framtidssanalyse for Nordmøre, for å kaste lys over framtidig samfunnsutvikling.

Totalt greidde Telemarksforskning ut 15 alternativ, basert på dei enkelte kommunane sine ønsker.

Halsa kommune var med i følgjande strukturalternativ:

- Storkommune Nordmøre (Kristiansund, Averøy, Eide, Gjemnes, Smøla, Tingvoll, Aure, Smøla, Halsa og Surnadal)
- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halsa, Aure og Smøla
- Kristiansund, Averøy, Halsa, Gjemnes, Tingvoll, Eide
- Aure, Smøla, Halsa
- Surnadal og Halsa
- Hemne, Hitra, Aure, Smøla, Halsa
- Halsa, Surnadal, Rindal
- Halsa, Aure, Hemne, Snillfjord

I tillegg bestilte kommunen ei 0-punktsanalyse for å kartlegge konsekvensar dersom kommunen fortsatt består som eigen kommune.

Oversikt over rapportane og alle andre aktuelle dokument som angår Halsa kommune ligg på kommunens heimesider: <http://www.halsa.kommune.no/kommunereform/dokumentasjon/>

Val av alternativ

Telemarksforskning anbefalte i sin sluttrapport ei samanslutning av kommunane Surnadal, Halsa og Rindal. Forskerane påpeika at Halsa kan gå i fleire retningar; også Aure, Hemne, Snillfjord og Halsa blei sett på som eit godt alternativ.

Halsa kommunestyre vedtok i 17.03.2016 å legge følgjande strukturalternativ til grunn for rådgivande folke-

avstemning 25. april 2016 og innbyggjarundersøkingane i april:

Halsa som eigen kommune med dagens grenser

Halsa som del av ny kommune saman med Tingvoll, Gjemnes, Aure, Averøy og Kr.sund.

Halsa som del av ny kommune saman med Aure, Hemne og Snillfjord.

Halsa som del av ny kommune saman med Surnadal og Rindal.

Intensjonsavtalar

Halsa kommune har signert følgjande intensjonsavtalar:

- Halsa, Aure, Hemne og Snillfjord, signert 25. februar
- Halsa, Tingvoll, Gjemnes, Kristiansund, Aure og Averøy (opp-havleg var også Smøla med), signert 29. februar
- Surnadal, Rindal og Halsa, signert 7. mars

Etter innbyggjarhøyringane på Nordmøre sto det klart at Aure kommune ønska å stå åleine. Ein reforhandla avtale mellom Halsa, Hemne og Snillfjord vart signert 29. mai.

Involvering av innbyggjarar

Det er til saman gjennomført fire innbyggjarhøyringar, to i juni 2015 og to i april 2016. Halsa kommune har halde folkemøter om kommunereforma både i 2015 og ein serie folkemøter i forkant av innbyggjarhøyringane i

Innbyggjarhøyring

Resultat frå innbyggjarhøyringa bestilt av Halsa kommune utført av Opinion 13. - 30. mai. Hovudfunn:

- **66 %** av kommunens innbyggjare oppgir at spørsmålet om kommunesamanslåing er viktig for dei, **10 %** svarar ganske eller svært uviktig, medan **23 %** vel midtpunktet.
- **Samanslåingsalternativ:** Halsa, Aure, Hemne og Snillfjord kommune **3,2**. Halde fram som eigen kommune **3,0**. Halsa, Surnadal og Rindal kommune **2,7**. Halsa, Tingvoll, Aure, Gjemnes, Averøy og Kristiansund **2,2**.
- **Gjennomsnittsverdi:** 1,0 viss alle hadde svart dårlegast, 5,0 dersom alle hadde svarta best (3,0 er midtpunktet).

Antall spurte: **200**

Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Halsa kommune 25. april 2016. Alternativ med flest røyster:

1. val: Halsa, Aure, Hemne og Snillfjord	44,83%
2. val: Ingen andreval	43,93%

To val, fire alternativ: Halsa aleine, samanslåing med Surnadal og Rindal, samanslåing med Aure, Hemne og Snillfjord, samanslåing med Kristiansund, Tingvoll, Gjemnes, Aure og Averøy

Antall røyster:

783

Valdeltaking:

60,8%

Antall røysteføre:

1288



2016; i tillegg til andre tiltak som tema-dag på ungdomsskole, allmøte for ansatte, ungdomstreff og informasjon til innbyggerane via kommunen si nettside.

Resultat av innbyggerhøyringar

Innbyggerundersøkinga i juni 2015 viste høgast skår for Halså som eigen kommune (4,0 på ein skala frå 1 (dårligast) til 6 (best)). Alle nykommunealternativa fekk vesentleg lågare skår; høgast skår fekk eit alternativ med

Halså og Surnadal (3,2) og deretter Halså, Smøla, Aure, Hemne og Hitra. Innbyggerundersøkinga (telefonintervju) i april 2016 viste at alternativet Halså, Aure, Hemne og Snillfjord fekk høgast skår (3,2) på ein skala frå 1 til 6. Halså kommune åleine fekk ein skår på 3,0. Halså, Surnadal og Rindal fekk ein skår på 2,7. Halså, Tingvoll, Aure, Gjemnes, Averøy og Kristiansund fekk ein skår på 2,2.

Resultatet i innbyggerundersøkinga blei forsterka i den rådgivande folkeavstemninga, der Halså saman med Aure, Hemne og Snillfjord var det alternativet som fekk flest stemmer:

Halså som eigen kommune, 209
 Halså, Surnadal og Rindal, 141
 Halså, Aure, Hemne og Snillfjord, 352
 Halså, Kristiansund, Tingvoll, Gjemnes, Aure og Averøy, 68
 Blanke stemmer, 1

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Halså kommunestyre stadfester at vi har utredet alternativ til kommunesammenslåing i tråd med oppdraget fra stortinget, og har i tillegg gjennomført rådgivende folkeavstemning med bakgrunn i intensjonsavtaler og utredninger.

2. Halså kommunestyre godkjenner reviderte 1. utgave av intensjonsavtale mellom Halså, Snillfjord og Hemne.

3. Halså kommune søker å bli en ny kommune med Hemne og Snillfjord.

4. Hvis alternativet med Halså, Snillfjord og Hemne blir sett på som uaktuelt, ønsker Halså å fortsette videre som egen kommune.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Halså står overfor demografiske utfordringar knytt til nedgang i folketal, og ei aldrende befolkning. Halså ligg i eit folketalssvakt område, og er på alle måtar avhengig av sine naboar for vekst og utvikling.


Kommunen har for liten kommuneorganisasjon til å kunne løyse alle sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid. Fagmiljø innanfor kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og mindre robuste på grunn av storleik.

Kommunen har utfordringar med sine avstandssulemper.



FOTO: SMØLA KOMMUNE

Figur 2 - Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Smøla blir rekna som ein eigen bu- og arbeidsmarknadsregion. Smøla har ferge/båtsamband med Kristiansund og Aure.

Det er mest utpendling til Kristiansund, deretter til oljebaserte næringar på sokkelen. Det er større utpendling enn innpendling.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Kommunane på Nordmøre har valt å organisere felles utgreiingsprosess gjennom ORKidé – Nordmøre Regionråd, og har laga ein felles framdriftsplan: Utgreiingsfase - haust 2014-haust 2015. Sonderingsfase – redusere tal på alternativ/innleie forhandlingar - Okt. 2015- feb 2016. Utarbeide intensjonsavtalar - mars 2016. Innbyggjarhøyringar - april 2016. Saksførebuingar og dialog etter innbyggjarhøyring - mai-juni 2016. Endeleg vedtak - Innan 1. juli 2016.

Utgreiingar

Telemarksforskning fekk våren 2015 oppdraget med å lage ei felles utgreiing for kommunane, ut frå dei fire måla i kommunereforma og kriteria frå det nasjonale Ekspertutvalet. Fire delrapportar blei levert sommar og haust 2015, og sluttrapporten med forskarane si anbefaling vart presentert 5. november same år. I tillegg har Mind the Gap AS laga- ei framtidssanalyse for Nordmøre, for å kaste lys over framtidig samfunnsutvikling.

Totalt greidde Telemarksforskning ut 15 alternativer, basert på kvar kommune sine ønsker. Smøla kommune har

inngått i følgjande alternativ:

- Storkommune Nordmøre – Kristiansund, Averøy, Eide, Gjemnes, Tingvoll, Aure, Smøla, Halså og Surnadal
- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså, Aure og Smøla
- Hemne, Hitra, Aure, Smøla og Halså
- Aure, Smøla og Halså

Smøla har i 2014 fått greidd ut 0-alternativet (Smøla som eigen kommune). Den utgreiinga vart gjennomført i 2014 av Bygdeforskning i regi av det såkalla "Øykommuneprosjektet".

Val av alternativ

Smøla har deltatt i sonderingssamtalar for alternativa:

- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså, Aure og Smøla
- Hemne, Hitra, Aure, Smøla og Halså (og Snillfjord).

I begge dei faglege utgreiingane som er gjennomført meiner forskarane at det er aktuelt for Smøla å bestå som eigen kommune, og Telemarksforskning har i si oppsummering for Nordmøre tilråda dette. På bakgrunn av dette og gjennomførde innbyggjarhøyringar valde kommunestyret i sitt vedtak 18. februar 2016 å avslutte arbeidet med kommunereforma.

Intensjonsavtalar


Smøla kommune trekte seg ut med sitt vedtak 18.02 av pågåande sonderingar og har ikkje underteikna nokon intensjonsavtale om kommunesaman-slåing.

Involvering av innbyggjarar

Resultat av innbyggjarhøyringar

Smøla kommune har i utgreiingsprosessane fått gjennomført to innbyggjarundersøkingar, høvesvis i regi av Bygdeforskning (2014) og Telemarksforskning (juni 2015). I Bygdeforskningsundersøkinga opplevde innbyggjarane det som vanskeleg å diskutere eller spå ein framtidig situasjon, fordi ein veit lite om rammevilkåra for ein framtidig kommune. Resultatet viste likevel ei klar overvekt for at Smøla fortsatt skal bestå som eigen kommune.

I undersøkinga gjennomført av Telemarksforskning i 2015 fikk 0-alternativet klart høgast skår med 4,9 på ein skala frå 1 (dårlegast) til 6 (best). Alternativet med Hemne, Hitra, Aure, Smøla og Halså fekk best skår av nykommunealternativa, med 3,5.





KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Smøla kommune skal bestå som egen kommune uten sammenslåing.
2. Smøla kommune skal arbeide godt for interkommunale samarbeidsløsninger.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Smøla står overfor demografiske utfordringar knytt til nedgang i folketal, og ei aldrande befolkning. Smøla ligg i eit folketalssvakt område, og er på alle måtar avhengig av sine naboar for vekst og utvikling.

Kommunen har for liten kommuneorganisasjon til å kunne løyse alle sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid. Fagmiljø innanfor kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og mindre robuste på grunn av storleik.

Kommunen har utfordringar med sine avstandsulempar til fastland, og er avhengig av gode ferje- og båtsamband.

KOMMUNEFAKTA

Namn: 1576 [Aure kommune](#)

Innbyggartal: 3 536

Areal av land og ferskvatn: 641,37 km²

Del busette i tettbygde strøk: 18,5 % (fylkessnitt 70,4 %)

[Kommunebilde](#) (sjå url i kildelista).

[Fylkesstatistikk/kommunestatistikk](#)

Generelt om kommunen

Aure kommune ligg på Ytre Nordmøre, heilt i nordvest i Møre og Romsdal fylke. Kommunen grenser mot nabo-kommunane Smøla i nordvest, Kristiansund i sørvest, Halså i sør og til Hitra og Hemne kommune i Sør-Trøndelag fylke.

Reisetid frå Aure sentrum til regionsenteret Kristiansund og Kvernberget lufthamn er ca 1t og 15min, medan reise-tida til Trondheim er ca 2t og 15min.

Samla areal er 641,37 km² og samla strandlinje utgjer 477 km. Aure er den største hyttekommunen i Møre og Romsdal. Aure og Tustna slo seg saman til ein kommune 01.01.06. Namnet på den nye kommunen skulle vere Aure kommune og kommunesenteret skulle ligge i tidlegare Aure sentrum.

Alle kommunane i fylket har fatta vedtak om å busette til saman 948 flyktningar i løpet av 2016.

Kommuneplan

Sist rullert samfunnsdel: 2008 / arealdel: 2008

Demografi

Aure kommune har hatt kraftig nedgang i folketalet fram til 2007. Åra etter 2007 har hatt moderat nedgang i folketalet, og dei fleste åra har fødselsunderskot.

Fordelinga av befolkninga på aldersgrupper viser at kommunen for gruppa 0 – 17 år ligg under fylkesgjennomsnittet; 19,6 % mot 22 %. For gruppa 70 år og eldre ligg kommunen med ein andel på 15,5 mot 12 for fylket samla.

I Aure er det i 2016 2,8 yrkesaktive pr. person over 67 år, og 9,2 yrkesaktive pr. person over 80 år. Aldersframskrivinga viser at det i 2040 vert 1,7 yrkesaktive pr. person over 67 år og 4,2 yrkesaktive pr. person over 80 år.



Ordfører (Sp)


Ingunn Oldervik Golmen

Tlf: 71 64 74 04/sentralbord: 71 64 74 00

Mob: 995 16 430

ingunn.golmen@aure.kommune.no

postmottak@aure.kommune.no



Kapasitet og kompetanse

Med eit innbyggartal på 3536 innbyggjarar vil kommunen ikkje kunne forvente å kunne utnytte stordriftsfordelar retta mot sentrale og administrative tenester.

Aure kommune har periodevis rekrutteringsutfordringar, og det vurderast at desse kan forsterkast framover med tanke på folketalesframskrivingane.

På mange område er fagmiljøa små og sårbare.

Interkommunale samarbeid 2013

Aure har 36 interkommunale samarbeid med sine nabo-kommunar, dei fleste med kommunane på Nordmøre med Kristiansund som motor.

På mange mindre spesialiserte fagområde er Aure avhengig av interkommunalt samarbeid, og i framtida kanskje nye tenesteområde for å utføre sine lovpålagte oppgåver.

Næringsstruktur

Primærnæringane er viktigaste næringane på Aure, og ligg difor langt over fylkes- og landsgjennomsnittet.


Aure har også ei viktig inntektskjelde frå industrianlegget på Tjeldbergodden, gjennom eigedomsskatt.

Aure har ei arbeidsplassdekning på 87,9%, fylkessnittet er på 96,4%. Kommunen har svak næringsutvikling og nedgang i talet på arbeidsplassar.



FOTO:AURE KOMMUNE

Figur 2- Hovedstraumar inn- og utpendling



Bu- og arbeidsmarknad

Aure bli rekna som eigen bu- og arbeidsmarknadsregion.

Aure har fastlandssamband med Hemne kommune, men grenser i sjø til kommunane Halså, Kristiansund, Tingvoll, Smøla og Hitra.

Aure har størst utpendling til Kristiansund. Aure har mykje større utpendling enn innpendling.

PROSESSEN I KOMMUNEN

Milepælsplan

Kommunane på Nordmøre valde å organisere ein felles utgreiingsprosess gjennom Nordmøre Regionråd, og engasjerte våren 2015 ein prosessleiar for å støtte kommunane sitt arbeid og koordinere felles aktiviteter i kommunereforma. Kommunane valde i august same år å slutte seg til ein felles framdriftsplan:

- Utgreiingsfase - haust 2014-haust 2015.
- Sonderingsfase – redusere tal på alternativ/innleie forhandlingar - Okt. 2015- feb 2016.
- Utarbeide intensjonsavtalar - mars 2016.
- Innbyggarhøyringar - april 2016.
- Saksførebuingar og dialog etter innbyggarhøyring - mai-juni 2016.
- Endeleg vedtak - Innan 1. juli 2016.

Aure kommune vedtok i desember 2015 ein eigen framdriftsplan fram mot endeleg vedtak juni 2016, og etablerte ei lokal styringsgruppe som har følgd prosessen frå start til slutt.

Utgreiingar

Aure kommune vedtok våren 2015 kva for alternativ som skulle ligge til grunn for vidare utgreiing:

- Bestå som eigen kommune
- Samanslåing med Hemne og evt. fleire kommunar (t.d. Snillfjord, Hitra, Halså, Smøla)

- Inngå i ein større kommune på Nordmøre med utgangspunkt i Kristiansund Samanslåing av Aure, Halså og Smøla

Telemarksforskning blei våren 2015 gitt oppdraget med å gjennomføre ei felles utgreiing for kommunane på Nordmøre, ut frå dei fire måla i kommunereforma og kriteria foreslått av det nasjonale Ekspertutvalet. Med bakgrunn i kommunestyrets vedtak i mars 2015 inngjekk Aure kommune i 5 av dei i alt 15 samanslåingsalternativa som Telemarksforskning greidde ut:

- Kristiansund, Averøy, Eide, Gjemnes, Tingvoll, Aure, Smøla, Halså og Surnadal
- Kristiansund, Averøy, Gjemnes, Tingvoll, Halså, Aure og Smøla
- Hemne, Hitra, Aure, Smøla og Halså
- Aure, Smøla og Halså
- Hemne, Aure, Halså og Snillfjord

Fire delrapportar blei levert sommaren og hausten 2015, og sluttrapporten med forskerane si anbefaling vart presentert 5. november same år. Alternativa 1, 2, 5 og 15 oppnådde alle god samla skår sett opp mot målsetningane for kommunereforma, mens alternativ 6 blei vurdert som ei dårleg løysing. Ut frå ei heilskapleg vurdering av Nordmørskartet opp mot måla i kommunereforma tilrådde Telemarksforskning ein ny kommune av Aure – Hemne – Snillfjord (evt. med Halså).

Val av alternativ

Med utgangspunkt i kommunestyrets vedtak i desember 2015, og seinare Hitra og Smølas avgjerd om å trekke seg frå vidare forhandlingar, gjekk Aure kommune inn i to ulike forhandlingsløp:

- 4K-alternativet: Aure, Halså, Hemne og Snillfjord
- 6K-alternativet: Aure, Halså, Tingvoll, Kristiansund, Averøy og Gjemnes

Intensjonsavtalar

Aure har signert følgjande intensjonsavtalar:

- Halså, Aure, Hemne og Snillfjord, signert 25. februar
- Halså, Tingvoll, Gjemnes, Kristiansund, Aure og Averøy (opp-haveleg var også Smøla med), signert 29. februar


Involvering av innbyggarar

- Fortløpande publisert viktige nyheiter, dokumenter og avgjerdar på kommunen sine nettsider, gitt spesiell informasjon til 9. og 10. klassetrinn, utsendt informasjonsmateriell til alle husstandar
- Gjennomført 5 folkemøter: eit i oppstarten av prosessen, eit etter innhenting av faktagrunnlag, og tre folkemøter i forkant av folkerøysting
- Gjennomført to innbyggarundersøkingar og ei eiga undersøking for ungdom
- Gjennomført folkerøysting om framtidig kommunestruktur



Folkerøysting

Resultat frå folkerøystinga i Aure kommune 25. april 2016.

Spørsmål 1: Samanslåing eller ikkje



Spørsmål 2: Val viss samanslåing



Antall røyster: 1598

Antall røysteføre: 2895



FOTO:AURE KOMMUNE

Resultat av innbygarhøyringar

Innbygarundersøkingar

- Undersøking februar 2015: 60 % av dei spurte svarte at Aure bør slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar, og Hemne blei sett på å vere den mest aktuelle samanslåingspartnar.

- Undersøking juni 2016: Å bestå som eigen kommune fikk høgast skår: 4,2 på ein skala frå 1(dårlegast) til 6 (best). Alternativa Halså, Aure, Smøla og Halså, Smøla, Aure, Hemne, Hitra fekk begge skår 3.7. Andre alternativ fikk vesentleg lågare skår.

I folkerøystinga 25. april 2016 blei innbygarane stilt to spørsmål:

- Spørsmål 1: Bør Aure slå seg saman med andre kommunar, eller bestå som eigen kommune?
- Spørsmål 2: Viss fleirtal for samanslåing, kva for eitt av to alternativ bør velgast (4K eller 6K)?

KOMMUNESTYREVEDTAK

1. Aure kommune består som egen kommune.

2. Aure kommune vil arbeide for et godt samarbeid med andre kommuner i regionen.

STATUS OG UTFORDRINGSBILDE FRÅ FAKTADELEN

Aure står overfor demografiske utfordringar knytt til nedgang i folketal, og ei aldrende befolkning. Aure ligg i eit folketalssvakt område – og er på alle måtar avhengig av sine naboar for vekst og utvikling.

Kommunen har for liten kommuneorganisasjon til å kunne løyse alle sine lovpålagte oppgåver sjølv og er avhengig av interkommunale samarbeid. Fagmiljø innanfor kommunal tenesteproduksjon vil vere meir sårbare og mindre robuste på grunn av storleik.

Kommunen har svak næringsutvikling og nedgang i talet på arbeidsplassar. Eigedomsskatteinntekter frå Tjeldbergodden er ei av årsakene til ein stabil økonomisk situasjon for kommunen no, men det er ikkje gitt at kommunen får behalde desse inntektene i framtida.

Kommunen har utfordringar med sine avstandsulemper til fastland, og er avhengig av gode vegstandarar og ferje/båtsamband.

Kommune	Saksframlegg	Vedtak	Intensjons-avtale/-ar	Interkommunale-samarb IKS	Kjelder
1502 Molde	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	<p>Elektroniske lenker til viktige kjelder og grunnlagsdata. Sjå også: www.fylkesmannen.no/mr www.regjeringen.no/kmd</p> <p>Fylkesmannen i Møre og Romsdal si ressursside for kommunereformen.</p> <p>Kommunal- og moderniseringsdepartementet</p> <p>Kommuneproposisjonen 2015 - Prop. 95 S (2013-2014)</p> <p>Kommunereformen – oppdragsbrev til Fylkesmannen</p> <p>Statistisk Sentralbyrå</p> <p>Møre og Romsdal fylkeskommune</p> <p>KS</p> <p>NIVI analyse</p> <p>Distriktssenteret</p> <p>Meldingsdel til kommuneproposisjon 2015 (Prop. 95 S)</p> <p>Prosjektplan for Fylkesmannen i Møre og Romsdal</p> <p>Prosjektskjønn 2014-2016</p> <p>Regionale utviklingstrekk 2016</p> <p>Hovedmåla for kommuneforma (Prop. 95 S, 2015, side 29)</p> <p>Ekspertutvalget, delrapport 1 og 2</p> <p>Regjeringa sitt ekspertutval for kommuneforma.</p> <p>Scheikomiteen</p> <p>Fylkesmannen i Sør-Trøndelag</p> <p>Endeleg kommunale vedtak</p> <p>Intensjonsavtalar</p>
1504 Ålesund	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1505 Kristiansund	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1511 Vanylven	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1514 Sande	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1515 Herøy	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1516 Ulstein	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1517 Hareid	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1519 Volda	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1520 Ørsta	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1523 Ørskog	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1524 Norddal	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1525 Stranda	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1526 Stordal	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1528 Sykkylven	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1529 Skodje	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1531 Sula	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1532 Giske	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1534 Haram	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1535 Vestnes	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1539 Rauma	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1543 Nesset	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1545 Midsund	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1546 Sandøy	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1547 Aukra	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1548 Fræna	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1551 Eide	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1554 Averøy	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1557 Gjemnes	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1560 Tingvoll	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1563 Sunndal	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1566 Surnadal	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1567 Rindal	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1571 Halså	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1573 Smøla	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	
1576 Aure	Saksframlegg	Vedtak	Intensjonsavt.	IKS	

